

# Han Johan og dei

Veneskrift til Johan Myking  
ved syttiårsleitet

BeLLS 12 (2022)

Randi Neteland og Torodd Kinn  
(redaktører)

Bergen Language and Linguistics Studies

ISSN 1892-2449

DOI 10.15845/bells.v12i1



## Innhold

|   |     |
|---|-----|
| <b>Randi Neteland og Torodd Kinn:</b> Forord  | 5   |
| <b>Johan Myking:</b> Fagleg sjølvbiografi   | 7   |
| <b>Johan Myking:</b> Publikasjonar  | 13  |
| <b>Ivar Utne:</b> Kva er drivkreftene bak namnet <i>Johan</i> ?   | 21  |
| <b>Peder Gammeltoft:</b> <i>Myking</i> – hvad er det for et navn? Et indblik i norske <i>ing-</i> navne   | 39  |
| <b>Gjert Kristoffersen:</b> Still tonal after all these years?  | 71  |
| <b>Agnete Nesse:</b> Ungdommelig tekstpraksis rundt 1900. Analyse av språk og tekst i fire minnebøker   | 91  |
| <b>Ann-Kristin Helland Gujord, Else Berit Molde, Anna-Marie Kjøde Olsen og Ilka Wunderlich:</b> Vilkår for læring og bruk av andrespråk i academia. Internasjonalt tilsette sine erfaringar med språk på norske universitet og høgskular i lys av rådande språkpolitikk | 113 |
| <b>Endre Brunstad:</b> Språk og stril. Om språkleg og lokal identitet i Fjell   | 141 |
| <b>Helga Mannsåker:</b> Referansebasert analyse av referentkopling. Forslag til ein operasjonell modell   | 167 |
| <b>Margunn Rauset:</b> Merkelappar brukte på bokmål og nynorsk med subvarietetar  | 207 |
| <b>Mikkel Ekeland Paulsen:</b> Snikstigmatisering. Metonymisk representasjon av muslimar i kronikkar om <i>islamofobi</i> og <i>snikislamisering</i>  | 233 |
| <b>Odd Einar Haugen og Nina Stensaker:</b> Didrik rir igjen. Trykt og digital utgivelse av <i>Diðriks saga af Bern</i>  | 255 |
| <b>Ragnhild Lie Anderson:</b> «Stao no pao» eller «stå no på»? <i>Ao</i> -lyden hjå to ungdomskull i Sogndal  | 271 |
| <b>Randi Neteland, Magnhild Selås og Ann-Kristin Helland Gujord:</b> Kor e alle <i>k</i> -ar hen? Variasjon mellom <i>k</i> - og <i>v</i> - i spørjeord blant bergenske barnehagebarn   | 295 |
| <b>Rune Kyrkjebø:</b> Gamle og nye blick på <i>Sverresoga</i>   | 319 |
| <b>Thorsteinn G. Indridason:</b> Suffikskombinasjoner i norsk med adjektivsuffiks på første plass. Hva er tillatt, og hva er ikke tillatt?  | 335 |
| <b>Torodd Kinn:</b> <i>År etter år, skritt for skritt og lag på lag</i> . Tre NPN-konstruksjonar  | 353 |
| <b>Øivin Andersen:</b> Verbalsubstantiver, ikke-verbalsubstantiver, tellelighet og bruk av ubestemt artikkel  | 377 |





## Forord

Den 5. mars 2022 fylte professor Johan Myking 70 år. Dette veneskriftet er ei gratulasjonshelsing frå alle ved nordisk språk på Universitetet i Bergen – med lut og lunnende – og frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. – Til lukke, Johan!

Veneskriftet er ei artikkelsamling med stor fagleg breidd. Eit fellestrekk er at mange av artiklane våre knyter seg til han Johan sitt liv og til undervisnings- og forskingsinteressene hans på ulike vis. Det høver godt, for som lærar og forskar, som kollega og leiar har han Johan knytt oss til seg. – Til lukke, Johan!

Alle artiklane er vurderte anonymt av to fagfellar. Dei som ikkje sjølv har skrive artiklar, vil gjerne òg helsa og gratulera han Johan med dagen. Me nemner dei i alfabetisk rekkjefølgje: Signe Rix Berthelin, Trude Bukve, Per Sigmund Sævik Bøe, Eli Anne Eiesland, Jan Ragnar Hagland, Vidar Haslum, Botolv Helleland, Stig Helset, Jon Gunnar Jørgensen, Paul Kerwill, Oda Røste Odden, Rune Røstad, Dagrun Skjelbred, Karine Stjernholm, Jan Svennevig og Urd Vindenes. – Til lukke, Johan!

Bergen i mars 2022

Randi Neteland og Torodd Kinn



## Fagleg sjølvbiografi

### Johan Myking

Det er eit vanleg sjangerdrag at eit vitenskapleg festskrift skal innleiast med ein biografi over mottakaren av skriftet. At mottakaren sjølv får ansvaret for å skriva sin eigen sjølvbiografi, er derimot mindre vanleg, og det er ei krevjande oppgåve. Forskarar likar vel ofte best å setja karakterar på kollegaer. Det talar for at ein god vitenskapleg sjølvbiografi bør halda seg mest mogeleg til nøkterne fakta. Det må nok likevel gjerast plass for ein del sjølvrefleksjon undervegs.

Eg vart fødd den 5. mars 1952 på Myking i Manger. Etter niårig ungdomsskule gjekk eg tre år på latinlinja på Bergen katedralskole, der eg tok artium i 1971. Deretter tok eg til med filologistudiet ved Universitetet i Bergen, først med mellomfag i nordisk, seinare med fransk mellomfag og samfunnskunnskap grunnfag. I 1981 vart eg cand. philol. med nordisk hovudfag og gjennomførte samstundes Pedagogisk seminar. Hovudoppgåva handla om innføringa av landsmålet i Nord- og Midhordland. Arbeidet var lokalhistorisk lagt opp, initiert og rettleidd av Ole-Jørgen Johannessen.

Universitetskarrieren min tok til i 1982, då eg fekk arbeid som vitenskapleg assistent på prosjektet «Talemål hos ungdom i Bergen» (TUB), som då var leia av Helge Sandøy. Eit forsøk på å få stipend frå NAVF mislukkast, og eg kom derfor aldri aktivt med i den bølga av sosiolingvistisk gransking som fløynde over nordiskfaget og fornya det i åra før og etter tusenårsskiftet. Til vederlag kom eg til gagns med i det store arbeidet med oljeterminologi som Universitetet i Bergen tok på seg for Statoil frå 1983. Dette arbeidet førte til ei vokstertid for norsk terminologiarbeid og det nye forskingsfeltet fagspråk på 1990-talet. Karrieren min tok ei ny retning, eller rettare: Han fekk ei retning.

Fram til 1990 arbeidde eg ved Norsk termbank som terminolog, seinare som stipendiat. Det var ei krevjande, men rik tid, som gav oss unge og nyutdanna filologar ei kjensle av å vera med på noko stort – å byggja opp ei terminologiteneste til vern om norsk språk og å etablera eit fagfelt som var nytt og ukjent i universitetsmiljøet. Arne

S. Svindland frå lingvistikkfaget kom til å spela ei viktig rolle i denne faglege oppbygginga. Fleire av medrekruittane mine i dette miljøet fekk karrierar i fagmiljøet i og utanfor universiteta. Det vart etablert ein fagleg tradisjon som overlevde Norsk termbank og har gjeve langtidsverknader for norsk fagspråksarbeid. Den unge staben fekk òg innprenta eit sterkt medvit om å ta ansvar for å tryggja sin eigen arbeidsplass.

Frå 1990 vart eg tilsett som førsteamanuensis ved Nordisk institutt, og eg hadde arbeidsdagen min der fram til eg gjekk av med pensjon i 2019. Arbeidsoppgåvene var mange og varierte, mellom anna var eg i to år undervisningsleiar og i to år dagleg leiar for Norsk termbank midt på 1990-talet. Eg får elles berre slå fast at ti av desse yrkesaktive åra gjekk med til å vera instituttstyrar ved Nordisk institutt (2000–2003) og instituttleiar ved LLE (2011–2018). Klokskapen i slike prioriteringar kan det nok vera delte meiningar om, men eg har alltid vore overtydd om at fagleg leiing vert best når ho er forankra i faget.

Etter dei første åra med sociolingvistikk vart altså den vitenskaplege aktiviteten min knytt til terminologiarbeidet ved Norsk termbank, og deretter utvida med meir allmenne språkvitenskaplege tilnærmingar til terminologi og fagspråk gjennom åra i fast vitenskapleg stilling. I åra som undervisar og rettleiar i fagmiljøet fekk eg ansvaret for utviklinga av dei nye retningane pragmatikk og tekstlingvistikk, og dette vart ein hovudaktivitet. Eg ser med glede at fleire studentar eg rettleidde, har skapt seg gode karrierar i universitets- og høgskulesystemet innanfor desse fagområda. Den internasjonale forskinga i fagspråk utvikla seg òg i desse åra i tydeleg pragmatisk retning.

Arbeidet mitt med terminologi gjennom forskning og fagpolitikk etter 1990 hadde nok eit «oljestempel» som det vart vanskeleg å kvitta seg med, særleg sidan eg som ein av svært få heldt fram med å utnytta desse erfaringane og denne empirien i vitenskapleg publisering. Ikkje før i 2008 samla eg trådane med ei doktoravhandling om temaet, det var for graden *filosofie doktor* ved Vasa universitet. Dei teoretiske perspektiva og kontakten med forskingsmiljøet gjorde det naturleg å skriva avhandlinga der. I dag går oljeutvinninga mot slutten, og stikkordet *olje* har slett ikkje fått berre positive konotasjonar i det politiske klimaet som no rår, for å seia det varsamt. Som språkpolitisk modell vekte oljeterminologien internasjonal interesse – det at eit stort og viktig fagleg domene kunne utsetjast for «erobring» gjennom ei blanding av statleg og halvstatleg inntrykksstyring, er ikkje vanleg. Denne sosialdemokratisk orienterte språkpolitikken frå 1980-talet gav språklege resultat ein ikkje treng å skjemmaast over. Det står att å sjå om «det grønne skiftet» utviklar ein eigen språkpolitisk profil.

I den første tida ved Norsk termbank kom eg òg i kontakt med det nordiske fagmiljøet. På 1980- og 1990-talet var terminologi og fagspråk ei veksande forskingsgrein i Norden og internasjonalt, og miljøet i Bergen såg klårt at det var nødvendig å kopla seg på denne internasjonale forskingsaktiviteten dersom det skulle lukkast å byggja

eit varig miljø. Saman med kollegaer ved UiB og NHH var eg såleis med på å arrangera det niande europeiske fagspråkssymposiet i Bergen i 1993, og dette gav tvillaust det samla fagspråkmiljøet i Bergen ein status som respektert internasjonal medspelar og norsk tyngdepunkt dei neste par tiåra.

For meg personleg vart arbeidsfellesskapen med Christer Laurén, Heribert Picht og Sigurður Jónsson ei avgjerande vitskapleg plattform. Vi gav ut den første boka i fellesskap i 1997, *Terminologi som vetenskapsgren*, som seinare kom i tysk utgåve og vart følgd opp av nye bøker i 2008 og 2013. Bakgrunnen for desse bøkene var ei allmenn internasjonal kjensle av at teoriutviklinga for terminologisk forskning var forsømd og derfor hadde stagnert. Nye retningar dukka opp med alvorlege utfordringar, særleg må nemnast den kognitive språkvitskapen og korpuslingvistikken. I mange tradisjonar har heller ikkje normative tilnærmingar og språkpolitikk nokon stor plass, dei kan beint fram vera utdefinerte frå legitim vitskapleg forskning. Målet med bøkene våre vart såleis å revurdera og utvida det tradisjonelle teorigrunnet med tilnærmingar både frå sociolingvistikk og språkplanleggingsteori, med empiri frå Norden. I nordisk samanheng kan dette fokuset på språkplanlegging verka trivielt, men vi merka at slike tilnærmingar vart oppfatta som nye og interessante i mange fagmiljø internasjonalt. Det er ikkje for sterkt sagt at dette arbeidet medverka til å halda Norden inne på det vitskaplege kartet, endå om fagbøker skrivne på dei nordiske språka aldri kan rekna med stor spreiding utanfor Norden.

For min del vart det naturleg å representera bergensmiljøet i det nordiske terminologiforumet Nordterm i åra 1989 til 2007, noko som òg førte med seg arrangøransvaret for Nordterm-symposiet i 2007 saman med NHH og Språkrådet. Nordterm er ikkje ein vitskapleg institusjon, men vi var fleire som i desse åra arbeidde for å gje terminologisk forskning ein naturleg plass i dette samarbeidsforumet.

Det vart òg lagnaden min å ta plass i styret for Rådet for teknisk terminologi (RTT), det norske sentralorganet for terminologi. Då måtte eg òg ta min del av prosessen med avvikling av organet i 2001, etter at Norsk termbank kort tid før var avvikla som eigen seksjon ved UiB. Nedleggingsfasar kan gje nyttig læring, men er ingen rike erfaringar på det personlege planet. Då var det meir gjevande å få lov å vera med på reetableringa av det norske terminologiansvaret under Språkrådet i åra etterpå. Frå 2007 til 2010 leia eg fagrådet for terminologi og fagspråk og følgde oppbygginga av terminologitenesta tett. Dette har vorte eitt av dei viktigaste arbeidsområda for Språkrådet fram mot den nye språklova og den intensiveringa av arbeidet med parallellspråksbruk i universitetssektoren som vi ser no.

Også internasjonalt har terminologiorganiseringa gått i bølger. Med utgangspunkt i dei sterke terminologimiljøa i Wien vart det på 1970-talet skipa ein organisasjon som skulle fremja terminologi som akademisk forskingsdisiplin, *Internationales Institut für*

*Terminologieforschung*, IITF. Organisasjonen medverka til utgjeving av bøker og organisering av konferansar og dreiv sitt eige tidsskrift, *Terminology Science and Research*, dei siste åra med base i Norden. I 2009 vart eg vald til leiar («president») i organisasjonen, parallelt med at arbeidet kom inn i ein permanent motbakke som følgje av endra arbeidsvilkår i mange universitetsmiljø rundt om i verda. Mellom 2013 og 2017 tok derfor arbeidet med styrt avvikling av IITF mykje tid og krefter. Til dels var det ein einsam jobb.

Terminologi kom inn som fagleg felt fordi oljespråket vart oppfatta som eit kulturpolitisk problem i samfunnet. Det sprengde seg inn på universitetet frå utsida, utanfor den ordinære akademiske vokstere og ikkje som ledd i ei medviten og langsiktig strategisk planlegging. På mange måtar var dette ein «sjokkstart», og vi var mange som tok del i dette arbeidet ut frå kvar våre roller. Dei siste arbeidsåra mine vart prega av ein ny «sjokkstart» – den store saka om nedlegging av språksamlingane og ordbokarbeidet ved Universitetet i Oslo, som enda med at Universitetet i Bergen overtok dette nasjonale ansvaret. Eg har andre stader gjort greie for kven som skal ha æra for at det gjekk slik: Det er mange, men rektornivået var avgjerande. Eg kan likevel leva godt med at mitt namn òg er knytt til resultatet. I ei slik sak var det nok ein fordel å ha ein instituttleiar og «operatør» med forankring i det faget samlingane tilhørde, nordisk språkvitskap. Kanskje var medverknaden min i denne saka den viktigaste samfunnsinnsatsen eg fekk lov til å gjera når eg ser heile karrieren min under eitt.

Nordiskfaget i Bergen voks fram frå 1918 gjennom arbeid med samlingar, først Folkeminnesamlinga, deretter Stadnamnsamlinga, det norrøne diplomarkivet og Prosjekt for datamaskinell språkbehandling, der Norsk termbank etter kvart vart den viktigaste delen. På same måten som oljeterminologien på 1980-talet kom flyttinga av språksamlingane i åra 2014–2016 inn som ei utfordring frå samfunnet utanfor på kort varsel, og dette kravde vilje og evne til å snu seg rundt snøgt. Nordiskmiljøet var kjenneteikna av høgt medvit om samlingstradisjonane og har alltid hatt medarbeidarar med politisk teft og handlag. Dette var god ballast og nyttig lærdom for yngre rekruttar. Utan den fagpolitiske oppsedinga og forankringa i tradisjonen som eg fekk som ung rekrutt i nordiskmiljøet, og utan den mentaliteten til å ta ansvar for faget som vi måtte tileigna oss i terminologiarbeidet, tvilar eg på at haldninga mi til flyttinga av språksamlingane hadde vore den same. Problemstillinga verka i overkant radikal.

At det likevel var ei rett avgjerd å ta mot språksamlingane, kan ein mellom anna sjå når ein les Proposisjon 108 L (2019–2020), framlegget om ny språklov, som gjer utførleg greie for det statlege ambisjonsnivået for norsk språkpolitikk og den rolla Universitetet i Bergen er tiltenkt i åra frametter. Når satsinga på språksamlingar og

ordbøker no til overmål skal inkludera ei ny satsing på terminologi, gjev det meg verkeleg ei kjensle av å stå i ein lang fagleg samanheng.

Ein akademisk karriere går i bølger; det er både medgang og motbakkar. Samla sett har desse åra vore rike på erfaringar, opplevingar og viktige personlege relasjonar. Eg er stor takk skuldig både eldre kollegaer og jamaldringar i faget. Det er òg interessant å følgja med på korleis fagmiljøet no endrar seg og tilpassar seg nye utfordringar i tida – men eit privilegium å kunna gjera det på ein viss avstand.

Å få eit festskrift er ei stor ære og slett ikkje noko alle får oppleva. Eg er djupt takksam mot instituttet og redaktørane som har teke initiativet til dette skriftet. Og ikkje minst takkar eg dei kollegaene som i eit par år har sveitta og slite i ledig tid dei ikkje har hatt, med å levera faglege bidrag som gjer dette skriftet til ei fagleg nyvinning.





## Publikasjonar

### Johan Myking

#### A. Monografiar og bøker

1981. «Språk og stril: målreising i Nord- og Midthordland 1885–1922». Hovudoppgåve i nordisk, Universitetet i Bergen. 298 s.
1997. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. *Terminologi som vetenskapsgren*. Lund: Studentlitteratur. 293 s.
1998. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. *Terminologie unter der Lupe*. Wien: TermNet. [= Tysk utgåve av Laurén, Myking og Picht 1997.] 353 s.
2008. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. *Insikter om insikt. Nordiska teser om fackkommunikation. Under medverkan av Sigurður Jónsson*. Oslo: Novus. 207 s.
2008. «Motivasjon som termdanningsprinsipp. Ein teoretisk diskusjon med grunnlag i norsk oljeterminologi». [*Acta Wasaensia* 191]. Doktoravhandling, Vasa universitet. 424 s.
2013. Jónsson, Sigurdur, Christer Laurén, Johan Myking og Heribert Picht. *Parallellspråk og domene. Nordisk språkplanlegging på 2000-tallet, med særlig vekt på forsknings- og utdanningssektoren*. Oslo: Novus. 196 s.

#### B. Redigerte konferanserapportar og antologiar

1994. Brekke, Magnar, Øivin Andersen, Trine Dahl og Johan Myking (red.). *Applications and Implications of Current LSP Research. Proceedings from the 9th European Symposium on LSP. Vol. I/II*. Bergen: Fagbokforlaget. 969 s.
1994. Myking, Johan, Helge Sandøy og Ivar Utne (red.). *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. 224 s.

1995. Vassenden, Lars og Johan Myking (red.). *Teksten i fokus: artiklar om tekstlingvistiske spørsmål i forskning og undervisning* [Nordica Bergensia 5]. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. 200 s.
1996. Myking, Johan, Randi Sæbøe og Bertha Toft (red.). *Terminologi – system og kontekst. Nordisk minisymposium 1996*. Oslo: NFR/KULT. 298 s.
1999. Laurén, Christer og Johan Myking (red.). *Treng små språksamfunn fagspråk? Nordiske fagspråkstudier* [Nordica Bergensia, 20/99]. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. 270 s.
2000. Nuopponen, Anita, Bertha Toft og Johan Myking (red.) *I terminologins tjänst. Festskrift för Heribert Picht på 60-årsdagen*. Vasa: Vasa universitet. 296 s.
2007. Gunnstein Akselberg og Johan Myking (red.) *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*. Oslo: Novus. 260 s.

### C. Artiklar, bokkapittel og tilsvarande

1983. «'Å ligge i ovnen og sitte på kaffikjelen'. Parverb i bergensmålet: ligge/legge og sitte/sette». *Talemål i Bergen 1*: 29–42. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
1983. «Adverba *då* og *no* i bergensmålet. Lingvistisk og sosiolingvistisk variasjon». *Talemål i Bergen 2*: 5–66. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
1983. «Fem leksikalske variablar i bergensmålet». *Talemål i Bergen 2*: 67–121. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
1986. «Rapport om arbeidet med språkleg kvalitetskontroll». I *Terminol: sluttrapport fra et terminologisk prosjekt* [Norske språkdata 11], redigert av Jan Roald, Johan Myking og Per-Bjørn Pedersen, 30–36. [Bergen]: Universitetet i Bergen, Norsk termbank, Avdeling for norsk leksikologi.
1987. *Gullfaks B. Språk og terminologi i driftshandbøker og kurspakkar. Sluttrapport*. [Norske språkdata 15] Bergen: Norsk termbank – Avdeling for norsk leksikologi. 34 s.
1987. «Tekniske termar med preposisjon: Nokre synspunkt på delar av Terminol-materialet». I *Flerspråklig leksikografi og terminologi. Seminarrapport, Bergen 22.–23. mai 1987* [Særnummer av *Tribune*], redigert av Tove Jakobsen og Jan Roald, 57–69. Bergen: Romansk institutt, Universitetet i Bergen og Institutt for språk, NHH.
1987. «Complex Noun Phrases as a Problem of Terminological Practice». I *Special Language: From Humans Thinking to Thinking Machines*, redigert av Christer Laurén og Marianne Nordman, 265–274. Clevedon/Philadelphia: Multilingual Matters.
1988. «Grammatiske kv-ord som sosiolingvistisk variabel». *Talemål i Bergen 4*: 5–38. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

1989. «Cultural Policy or Specialized Communication? Norwegian Oil Terminology in the Eighties». I *Sprachpflege in europäischen Ländern* [Schriften des Germanistischen Instituts der Universität Bergen 11], redigert av Robert Fallenstein og Tor Jan Ropeid, 91–112. Bergen: Germanistisk institutt.
1989. *Det sjuande [europeiske] fagspråksymposiet, Budapest, 20.-26. august 1989. Ei personleg oppsummering.* [Småskrifter 21]. Bergen: Norsk termbank. 39 s.
1991. «Terminologi som normeringsproblem. Ideologiar og prinsipp bak terminologiarbeidet i Noreg». I *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*, redigert av Helge Sandøy, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør, 164–196. Bergen: Nordisk institutt.
1993. «Terminologisk språkplanlegging». I *Fagspråk i Norden. Rapport fra en konferanse i Lund 4.-6. desember 1992* [Nordisk språksekretariats skrifter 19], 50–66. Oslo: Nordisk språksekretariat.
1994. «Genus ved språkhandlingstermar på suffikset –iv». I *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*, redigert av Johan Myking, Helge Sandøy og Ivar Utne, 123–132. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
1995. «Kva for følgjer bør internasjonaliseringa få for arbeidet med norsk fagspråk og terminologi?» I *Norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv.* [Norsk språkråds skrifter 1]: 94–99.
1996. «Innhald, uttrykk, referent. Om terminologiske teiknmodellar». I *Terminologi – system og kontekst. Nordisk minisymposium 1996*, redigert av Johan Myking, Randi Sæbøe og Bertha Toft, 151–170. Oslo: NFR/KULT.
1996. «Mottakarproblemet i terminologisk språkplanlegging». I *Språknormering og språkbrukar*, redigert av Helge Omdal, 81–92. Kristiansand: HiA.
1996. Ahmad, Kurshid, Magnar Brekke, Johan Myking. «Terminology and lesser-used living languages. A critique of the corpus-based approach». I *Terminology and Knowledge Engineering. Proceedings of the 4th Conference on Terminology and Knowledge Engineering. Vienna, 26-28 August 1996*, redigert av Christian Galinski og Klaus-Dirk Schmitz, 179–189. Frankfurt: INDEKS-Verlag.
1997. «Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium. Eit tverrfagleg perspektiv på terminologisk språkplanlegging». *Terminologi og kvalitet. Nordterm-symposium 1995* [Nordterm 8]: 71–82.
1997. Paul Meurer og Johan Myking. *Norsk terminologisk database. Struktur og applikasjonar.* [Småskrifter 5.] Bergen: Norsk termbank. 9 s.
1997. «Ein grensegang i terminologisk teori». I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*, redigert av Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes og Helge Sandøy, 103–110. Bergen: Alma Mater.

1997. «Language Planning and Terminology: The Norwegian Experience». I *International conference on Terminology and Language Planning*, 227–248. San Sebastian: USEI/IVAP.
1997. «The concept of ‘motivation’ in terminology». I *Identity and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th LSP Symposium*, redigert av Lita Lundqvist, Jacques Qvistgaard og Heribert Picht, 328–338. Copenhagen: CBS.
1997. «Sign models in terminology and LSP – a need for revision?». I *Identity and Interface. Research, Knowledge and Society. Proceedings of the 11th LSP Symposium*, redigert av Lita Lundqvist, Jacques Qvistgaard og Heribert Picht, 1002–1005. Copenhagen: CBS.
1997. «Termmotivasjon – ein fordom?». I *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-Symposium XVI*, [Publikationer av Forskargruppen för översättningsteori och fackspråk vid Vasa universitet 22], redigert av Rune Ingo, Christer Laurén, Henrik Nikula og Patricia Poussa, 182–193. Vasa: Vasa universitet.
1998. «‘Kunnskap’ som ikonisk variabel». I *Nation och individ i fackspråk. Forskning i Norden*, redigert av Christer Laurén og Marianne Nordman, 39–50. Vasa: Vasa universitet.
1998. «Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium». *Syn og Segn* 2/1998: 242–249.
1998. «Norsk terminologisk database». *LexicoNordica* 5: 39–50.
1998. «The Sign Models of Terminology – Recent Development and Current Issues». *Terminology Science & Research. IITF Journal* 8 (1–2): 51–62.
1999. «Norsk fagspråkforskning – ein manglande (?) tradisjon». I *Treng små språksamfunn fagspråk? Nordiske fagspråkstudiar*, redigert av Christer Laurén, og Johan Myking, 17–62. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
1999. «Oljespråket: frå domeneerobring til domenetap?». *Proceedings fra Nordterm '99. Schæffergården 13.–15. juni 1999* [Nordterm 10]: 19–26.
1999. «Utfordringane for terminologiforskninga i Norden». *Proceedings fra Nordterm '99. Schæffergården 13.–15. juni 1999* [Nordterm 10]: 145–149.
2000. «Sosioterminologi – ein modell for Norden?». I *I terminologins tjänst. Festskrift för Heribert Picht på 60-årsdagen*, redigert av Anita Nuopponen, Bertha Toft og Johan Myking, 92–109. Vasa: Vasa universitet.
2001. «Against prescriptivism? The ‘socio-critical’ challenge to terminology». *Terminology Science & Research. IITF Journal* 11 (1–2): 49–65.
2001. «Sign Models in Terminology: Tendencies and Functions». *LSP & Professional Communication* 1 (2): 45–62.

2001. «Wüster – den første 'sosioterminologen'?» I *Från terminologisk teori till vetenskaplig kommunikation*, redigert av Christer Laurén og Marianne Nordman, 76–85. Vasa: Vasa universitet.
2002. Myking, Johan og Randi Sæbøe. «Språkplanlegging, identitet og marknad – Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium». I *KULT – i kulturforskningens tegn. En antologi*, redigert av Håkon Andersen, Sissel Lie og Marit Melhus, 180–196. Oslo: Pax.
2002. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. «Språk och domäner. Ett förslag till taxonomi för domändynamik». I *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-Symposium XXII*, [Publikationer av Forskargruppen för översättningsteori och fackspråk vid Vasa universitet 29]: 225–233.
2003. «Récolte et promotion des ressources terminologiques dans les pays nordiques». I *Politiques et législations linguistiques comparées. Actes du colloque international tenu à Barcelone les 4, 5 et 6 octobre 1999*. Quebec: Office de la langue française.
2003. «Oljeterminologien – røynsler med vinning og tap». I *Med 'bil' i 100 år*, redigert av Helge Sandøy, 82–94. Oslo: Novus.
2004. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. «Sprache, Domäne und Domänenendynamik». *Fachsprache* 26 (1–2): 5–13.
2005. «Terminologi i Noreg – historisk oversyn». I *Hvem tar ansvaret for fagterminologien?*, redigert av Jan Hoel, 2–15. Oslo: Språkrådet.
2005. «Presist fagspråk – eit avgjerande vilkår». I *Norsk i hundre!*, redigert av Gjert Kristoffersen m.fl., 135–146. Oslo: Språkrådet.
2005. «Oversyn over fagspråk- og terminologiarbeid i Noreg og Norden i dag» [Vedlegg 2]. I *Norsk i hundre!*, redigert av Gjert Kristoffersen m.fl., 156–159. Oslo: Språkrådet.
2005. Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. «Språk, domene og domenedynamikk». *Terminologiskt smörgåsbord. Rapport från Nordterm 2003* [Nordterm 12]: 54–68.
2005. «Terminologi og språktypologi». I *Fackspråk och översättningsteori. VAKKI-Symposium XXV* [Publikationer av Forskargruppen för översättningsteori och fackspråk vid Vasa universitet 32], redigert av Karita Måd-Miettinen og Nina Niemelä, 196–204. Vasa: Vasa universitet.
2006. «[Melding av] Norsk Ordbok band 5 (med sideblikk til tidlegare band)». *LexicoNordica* 13: 309–324.

2006. «'Ord vs. term' – ein terminologisk ambivalens?» I *Ord og termer. Proceedings fra Nordterm 2005* [Nordterm 14], redigert av Á. Þorbergsdóttir, 29–41. Íslensk málstöð: Reykjavík.
2006. «Terminologie in der Praxis der Ukraine – a Commentary». I *The Theoretical Foundations of Terminology Comparison between Eastern Europe and Western Countries. Proceedings of the Colloquium held on 18 August 2003 in Surrey, Guildford, UK, in conjunction with the 14th European Symposium on Language for Special Purposes (LSP)*, redigert av Gerhard Budin m.fl., 137–152. Würzburg: Ergon Verlag.
2007. «[Melding av] Nordiske studiar i leksikografi 7, Fjeld, Ruth Vatvedt og Dagfinn Worren (red.). Rapport frå Konferansen om leksikografi i Norden. Volda 20.–24. mai 2003». *Norsk lingvistisk tidskrift* 25 (2): 288–292.
2007. «Dichotomies – indispensable and impossible?» I *Evidence-based LSP. Translation, Text and Terminology* [Linguistic insights 47], redigert av Kurshid Ahmad og Margaret Rogers, 265–284. Bern etc.: Peter Lang.
2007. «No fixed boundaries». *Indeterminacy in terminology and LSP. Studies in honor of Heribert Picht*, redigert av Bassegy Edem Antia, 73–92. Amsterdam/Philadelphia: Benjamins.
2008. Johan Myking og Sigurður Jónsson. «Terminologicentrum sett frá vest». I *Med tydlig intension: en festskrift för Anna-Lena Bucher på 60-årsdagen*, redigert av Henrik Nilsson, 99–103. Stockholm: TNC.
2008. «Sekundær termdanning – mellom økonomi og informativitet». I *Banebryter og brobygger i andrespråksfeltet. En samling artikler i anledning Jon Erik Hagens 60-årsdag*, redigert av Cecilie Carlsen, Eli Moe, Reidun Oanæs Andersen og Kari Tenfjord, 191–201. Oslo: Novus.
2009. «(Yet another) taxonomy of motivations». *Terminology Science and Research – Journal of the International Institute for Terminology Research – IITF* 20: 39–53.
2010. «Har leksikografien bruk for omgrepet 'motivasjon'?» I *Nordiska studier i leksikografi 10. rapport från Konferensen om leksikografi i Norden. Tammerfors 3–5 juni 2009*, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 376–385. Tammerfors: Skrifter utgivna av Nordiska föreningen för leksikografi.
2011. «'Domenetap' eller 'kunnskapsstruktur'? Om motstridande diskursar i nordisk terminologisamarbeid». I *Sprog i Norden 2011*, redigert av Pia Jarvad m.fl., 131–156. [København:] Nordisk sprogkoordination.
2011. «Language management is always possible: parameters of special language planning». *The 18th European Symposium on Language for Special Purposes*, redigert av Larissa Alekseeva, 40–61. Perm: Perm State National research University.

2011. «Special Language Management – Parameters and constraints». *Terminology Science and Research – Journal of the International Institute for Terminology Research – IITF* 22: 30–42.
2012. «Bilete av ein heimelsmann». *Nytt av gammalt. Formidling av Ola R. Midtbøs verk*, redigert av Rune Garmann og Alf Strand, 51–75. Bergen: Bodoni.
2013. «Norsk oljeterminologi: i dag, i morgon – men mest i går?» I *Norsk terminologi og fagspråk i tre næringslivsbransjer – ideal og virkelighet. Foredrag fra et seminar i Stavanger i november 2012*, redigert av Jan Hoel, 32–46. Oslo: Språkrådet.
2017. Kyrkjebø, Rune og Johan Myking. «Språk på flyttefot – språksamlingane til Bergen». *Årbok for Universitetsmuseet i Bergen* 22: 161–166.
2017. Myking, Johan og Sigurður Jónsson. «Det institusjonaliserte terminologiarbeidet – til liten nytte?» *Forvaltning af fagsprog i samfundet. Hvem har ansvaret? Hvem tager ansvaret? Rapport fra Nordterm 2015. Reykjavik 9.–12. juni 2015*. [Nordterm 19, redigert av Ágústa Þorbergsdóttir]: 71–76.
2018. Andersen, Øivin og Johan Myking. «Norwegian LSPs». I *Languages for Special Purposes: An international handbook*, redigert av John Humbley, Gerhard Budin og Christer Laurén, 234–254. Amsterdam: Benjamins.
2018. Andersen, Øivin og Johan Myking. «Terminology work for specific problem areas and issues: The case of oil terminology». I *Languages for Special Purposes: An international handbook*, redigert av John Humbley, Gerhard Budin og Christer Laurén, 535–547. Amsterdam: Benjamins.
2018. Johan Myking, Sylvi Dysvik og Håvard Hjulstad. «Fagspråksarbeid». I *Norsk språkhistorie, bd. II: Praksis*, redigert av Brit Mæhlum, 365–416. Oslo: Novus.
2020. «Norsk Ordbok og heimelsfolk frå Nordhordland». *Leksikografen frå Leksvika. Festskrift til Laurits Killingbergtrø på åttiårsdagen 20. februar 2020*, redigert av Olaf Almenningen, Oddrun Grønvik, Lars Sigurdsson Vikør og Dagfinn Worren, 83–95. Oslo: Novus.
2020. Rauset, Margunn og Johan Myking. «Norsk Ordbok no og i framtida (og i nær fortid)». *Leksikografen frå Leksvika. Festskrift til Laurits Killingbergtrø på åttiårsdagen 20. februar 2020*, redigert av Olaf Almenningen, Oddrun Grønvik, Lars Sigurdsson Vikør og Dagfinn Worren, 167–173. Oslo: Novus.
2020. Myking, Johan, Oddrun Grønvik og Stig Jarle Helset. «Nettbrukaren i fokus: digitalisering av Norsk ordbok a–h». I *Nordiska studier i lexikografi, Rapport från 15 konferensen om lexikografi i Norden*, redigert av Caroline Sandströmm Ulla-Maija Forsberg, Charlotta af Hällström-Reijonen, Maria Lehtonen og Klaus Ruppel, 235–244. Helsingfors: Nordisk förening för lexikografi.
2020. «Term Formation – Is There a State of the Art?» *Terminologija* 27: 6–30.





# Kva er drivkreftene bak namnet *Johan*?

Ivar Utne

Bruken av namnet *Johan* har grunnlag i døyparen Johannes i *Bibelen*. Variantar av namnet *Johannes* kom til Noreg med kristendommen. I mellomalderen var *Jón* mest brukt, men òg *Jóan*. Skriftforma *Johan* kom i bruk frå 1400-talet frå tysk *Johann*. Bruken auka mykje i og etter kong Karl Johan si regjeringstid 1818–1844, som idoloppkalling. Namnet nådde 1.-plassar rundt år 1900. Ut over 1900-talet sakk bruken, og *Johan* blei helst brukt sist i dobbeltnamn, som vidareføring av tradisjon og oppkalling. Namnet blei igjen litt meir brukt som første førenamn på 2000-talet, på ei tid då mange namn brukte rundt år 1900 og hundreåret før kom i bruk. På 1000-talet var namnet *Jóan* uttala med trykk på den første stavinga og med *å*-lyd. Seinare blei det *o*-lyd. Uttale med trykk på den siste stavinga og ei uttale av *h*-en har auka sidan midt på 1900-talet. Ei opphavleg høgare sosial uttale tek såleis over for ei folkeleg.

## 1 Den kristne arven

### 1.1 Størst blant kristne mannsnamn

Namnet *Johan* er ein nordisk variant av tyske *Johann*. Opphavet er Bibelens *Johannes*. I delar av verda der kristendommen er den klart viktigaste religionen, er variantar av *Johannes* det mest brukte mannsnamnet. *Johannes* er dessutan eit arabisk namn fordi same person er med i *Koranen* (sura 6:85, 2000, oms. av Berg). Den arabiske forma blir med latinsk alfabet blant anna *Yahya* (Salahuddin 1999, 222).

### 1.2 Frå døyparen Johannes og evangelisten/disippelen Johannes

Bakgrunnen for den sterke spreinga av *Johannes*-variantar i område med kristendom er mest den sterke rolla til døyparen Johannes. Det kristne grunnlaget for dyrkinga av

døyparen Johannes, som særleg auka i Europa frå mellomalderen, hadde grunnlag i ei utsegn frå Jesus i Matteusevangeliet 11, 11, som gjer klart at Johannes døyparen er den viktigaste personen innanfor kristendommen (Mitterauer 1993, 345): «Sanneleg, eg seier dykk: Mellom dei som er fødte av kvinner, har det aldri stått fram nokon større enn døyparen Johannes. [...]» (Matt. 11:11, 2011, oms. av Bibelselskapet).

Dessutan reknar ein med at disippelen og forfattern, eller ein av forfattarane, av Johannesevangeliet og fleire av skrifter i *Bibelen* har verka mykje inn på namnegjeving. Det kjem av at denne Johannes har vore ein viktig person i kristendommen, og som følgje av det dessutan har vore minna med fleire merkedagar. Slike merkedagar, som har vore førte i helgenkalendrar, har vore grunnlag for oppkalling for barn i land med katolsk og ortodoks kristendom. Først var det oppkalling etter helgendagen nærast barns fødedag, seinare etter helgendagen nærast dåpsdagen (Mitterauer 1993, 345, 351 mfl.). Bruken av *Johannes*-variantar i Noreg etter reformasjonen har vore vidareføring av førreformatorisk namnetradisjon i Noreg og kontakt med andre land.

### 1.3 Språkleg opphav for namnet Johannes, forløparen til namnet Johan

Som nemnt var kristendommen eit viktig grunnlag for bruken av namneformer som sprang ut frå *Johannes*-namnet. Opphavet til *Johannes* er hebraisk, helst transkribert frå hebraisk skrift til *Jôhānān*. Der er *Jo* ei kortform av *Jahve*, som er namnet brukt for Gud i *Det gamle testamentet* (Krispenz 2014, 1; Klein 2008, 395; s.v. *John*, med referansar vidare i same bok). Namnet finst mange stader i *Det gamle testamentet* og for døyparen Johannes i *Det nye testamentet*. Delen *hanan* er perfektumform i hankjønn av eit verb som betyr å vera nådig/barmhjertig. Tydinga av namnet er 'Jahve viser seg som nådig/barmhjertig' (Krispenz 2014, 1; Klein 2008, 395; Seibicke 1998, 578; s.v. *Johannes*). Delen *hanan* i *Johannes* er dessutan den same ordrota som vi òg finn i det hebraiske *Hannah* og i *Anna* som er gresk og latinsk form av det same namnet (Schmidt 2008, 1; Klein 2008, 395, 333; s.v. *Hannah*).

## 2 Johan i Noreg – tre store bølger og tradisjonsnamn vidare

*Johan* har kome i bruk i Noreg i tre store rundar. Først var det i forma *Joan* i mellomalderen, rundt år 1000 og dernest som *Johan* frå 1400-talet med jamn auke fram mot 1800-talet. Den største spreininga av namnet kom som følgje av den svensk-norske kongen Karl Johan, som regjerte i første halvdel av 1800-talet. Namnet har vore noko brukt på 1900- og 2000-talet som vidareføring av den sterke tradisjonen namnet har hatt. All denne bruken blir teken opp vidare i framstillinga.

## 2.1 Mellomalderen

Den eldste namneforma som ligg nær *Johan* i Noreg, er *Jóan*. Norsk uttale i mellomalderen på grunnlag av skrivemåten var (med IPA-lydskrift) [ˈjoːan] altså med lang *å*-lyd, vist med skrifteiknet *ó*. Trykket var på første staving i alle ord på den tida. Det er kjent frå 1000-talet, men *Jón* har mest sannsynleg dominert frå rundt år 1000 eller før, med uttala [joːn], som vil seia lang *å*-lyd. Slik er det rimeleg å oppfatte bruken ut frå *Heimskringla* av Snorre Sturlason. Der er *Jóan* stort sett er forma som er brukt på 1000-talet, og *Jón* tek over rundt år 1100. På same tid blei òg namn på same personar endra i framstillinga, frå *Jóan* til *Jón*, stort sett i overgangen mellom dei to hundreåra. Kjelda for dette er Finnur Jónssons normaliserte utgåver med norrøn tekst frå rundt år 1900 (Jónsson [1911] 1966). I teksten finst desse mennene som 3 *Jóan*, 11 *Jón* og 2 førte både som *Jóan* og *Jón*.

Grunnlaget for dette er rett nok usikkert. Førekomstane er litt annleis fordelte i namneregisteret i boka, noko som tyder på vekslande praksis i utgjevingsarbeidet. Dessutan kan skrivaren Snorre ha vore påverka av namnebruken på Island frå tidleg på 1200-talet. *Jón* kan for eksempel ha blitt lagt til på grunn av vanleg bruk på Island på den tida, eller *Jóan* kan ha blitt brukt fordi det har vore oppfatta som ei meir fullstendig form (hyperkorreksjon). Uansett omfang og tid for namneformer kan vi rekne med eit tidleg *Jóan* som blei til *Jón*.

Forma for *Johan* utan *h*, som *Joan*, har vore ei tidleg form også i Sverige og Danmark frå rundt år 1000, ved sidan av det meir brukte *Jon*, som også der kan ha vore i bruk i endå eldre tid (Hald 1974, 46-47; SMP 2011; spalte 1, s.v. *Iohan*). Ofte har namna vore skrivne med *I* først, som for eksempel *Ion* og *Ioan* i mellomalderen. *Johan* med *h* er også kjent i Sverige og Danmark frå 1400-talet, og eitt eller få tilfelle før det (SMP 2011; spalte 1, s.v. *Iohan*; DGPN; spalte 652–682).

Ei utvikling av liknande former som *Joan* utan *h* finst på dei fleste språk, og kan heller vera ei parallell utvikling på mange språk enn at dei har et felles opphav. Vi kjenner det i former som det franske *Jean*, spanske *Juan*, italienske *Giovanni*, russiske *Ivan*, og det engelske *John*, utan *h*-en uttala.

Den mykje brukte nordiske varianten *Joan* er neppe brukt på tysk og er ei nordisk utvikling frå tyske *Johann*. På tysk er forma *Johann* klart dokumentert frå 1300-talet, men er før det vanskeleg å skilje frå *Johannes* og andre former med det same opphavet. *Joan* er ikkje blant dei. (Seibicke 1998, 573; s.v. *Johann*, 578–579; s.v. *Johannes*). Innlånet til Noreg har mest sannsynleg i hovudsak gått munnleg, slik at det endra form i tale.

Før 1400-talet var *Johan*, som omtala, i Noreg noko brukt i forma *Jóan*. Forma *Johan*, med *h*, er kjent i eitt tilfelle i Noreg frå litt før midten av 1200-talet (DN I, nr. 51, om ein prest; dokumentet er udatert, men plassert innanfor åra 1226–1254, utan opplysning om stad). *Johan* kom først og fremst i noko bruk i skrift frå 1400-talet, men

uttale veit vi lite om, anten som eldre norsk, men etter kvart helst med *o*-lyd ([ˈju:ɑn]), eller som tysk med trykk på første staving, *å*-lyd og *h*-en uttala ([ˈjo:hɑn]). Mange andre former med opphav i *Johannes* kom òg i bruk i Noreg på 1300-talet og seinare, slik som *Jon*, *Joan*, *Hans*, *Jens* og variantar av dei (NPL 2013, 223; s.v. *Hans*, 287; s.v. *Jens*); Vågslid 1930, 141–142; s.v. *Johannes*). *Jo*, óg helst skrive *Joe* til midt på 1800-talet, er lite brukt i skriftlege kjelder, men var mest sannsynleg vanleg i dagleg bruk for *Johannes*, *Johan* og *Jon/John*, slik det er vore opp til vår tid (Digitalarkivet; folketeljingar for 1801, 1865 og 1910).

## 2.2 Frå 1700-talet

På 1700-talet kan vi sjå på importen av *Johan* og konkurransen med andre namn.

### 2.2.1 Importen på 1700-talet

Bruken av *Johan*, også for uttale og skrift utan *h*, var låg på 1600-talet og auka gjennom 1700-talet (NPL 2013, 292; s.v. *Johan*, 621; s.v. *Mannsnamn 1645/1647*, 624; s.v. *Mannsnamn 1781–1800*; Kruken 2018, 332). Det kan ein rekne med følgde naturleg av kontakt mellom landa, særleg for tysk kontakt med handel og gruvedrift, og med embetsfolk med tysk familiebakgrunn dels gjennom Danmark. Tysk bruk, der skriftforma var og er *Johann*, har truleg òg medverka vidare utover 1800-talet, men då var det truleg mest svensk og kongeleg bruk som har verka, omtalt seinare.

Frå 1700-talet og seinare er forma *Joan* lite brukt i skrift, og no utan lengdeteiknet frå norrøn tid på grunn av endra skriftkonvensjonar. Men mykje bruk av *Joan* i nokre kjelder og lite i andre kan tyde på at uttala ofte har vore som for *Joan* for mange tilfelle av *Johan*, mest truleg [ˈju:ɑn]. Skrivemåten *Johan* har stort sett teke over etter midten av 1800-talet, sannsynlegvis etter skrivemåten for kongen, men truleg framleis mykje med den tidlegare norske uttalen. (Uttalen av namnet *Johan* er meir omtalt i del 3.)

Påverknaden med *Johan* frå tyske *Johann* er rimeleg sett i forhold til at namnet var svært mykje brukt i tyske område på 1700- og 1800-talet. I tyske område var *Johann* på denne tida så mykje brukt at det blei sett på som eit overforbrukt namn. Det var blant anna eit typisk namn for betjentar (underordna funksjonærar), slik at dette overforbruket førte til at namnet fall i verdi (status). Dette går fram i eitt av Dudenverlag sine namneleksikon: «Der Name kam im 18. og 19. J[ahr]h[undert] so heufig vor, daß er – als typischer Bedienstetenname – abgewertet wurde.» (Drosdowski 1974, 123; s.v. *Johann*).

### 2.2.2 Konkurransen på 1700-talet mellom *Johannes-* og *Olav-former*

Bruken av *Johan* og variantar av *Johannes*, som bl.a. *Jon*, har stått svakare i Noreg enn tilsvarende variantar i andre land, bl.a. i England. I London fekk ¼ av dei nyfødde gutane namnet *John* i 1540-åra (Stewart 1986, 159). I mange land hadde namnevariantar av *Johannes* drahjelp frå helgenkalendrar for namnegjeving. Oppkalling etter helgendagar kom i bruk blant anna i Tyskland frå rundt 1000-/1100-talet (Mitterauer 1993; særleg 330–350). I Noreg gjaldt ikkje den katolske kalendertradisjonen etter reformasjonen, og kor utbreidd denne skikken var i Noreg før reformasjonen, ser ikkje ut til å vera undersøkt. Men bruken på grunnlag av kalendrar i Tyskland kan indirekte ha verka i Noreg gjennom import av namnebruk.

I Noreg var spreinga av *Johannes-former* hindra av *Olav-former*. Her stod *Johan-/Jon*-variantar i Noreg frå rundt 1300-talet om lag like sterkt som den norske helgen-tradisjonen etter Olav den heilage, med namn som bl.a. *Oluf* og *Ole* i skrift, og vel *Ola* i tale. Tidleg på 1300-talet hadde *Johannes-former* lege så vidt framfor *Olav-former* i bruk (tal for enkeltnamn i NPL 2013, 620; Gunnes 1983, 154). På 1600-talet var det rundt 30 % fleire *Olav*-variantar enn *Johannes*-variantar. Då omfatta *Olav*-variantar 13,5 % av den manlege delen av folket, medan *Johannes*-variantar, inkludert bl.a. *Jon*, *Hans* og *Jens*, omfatta 10,5 % (NPL 2013, 621; tabell 1 nedanfor). Blant fødde sist på 1700-talet var *Johannes*-variantane med 14,9 % gått forbi *Olav*-variantane, som talde 13,4 %, slik at *Olav*-variantane låg rundt 10 % under *Johannes*-variantane (NPL 2013, 624; tabell 1). Før 1800 var forma *Johan* mindre viktig blant *Johannes*-formene, men ho var i noko vekst frå seint på 1700-talet. *Johan* hadde knapt fem tusen berarar i 1801-folketeljinga (tabell 1). Vi kan sjå veksten ved at prosentten *Johan* blant fødde i 1781–1800 (1,4 %) var høgare enn for alle menn i 1801 (1,2 %). I 1801 låg namnet *Johan* på 15. plass i folket (NPL 2013, 624).

### 2.3 *Johan* i sterk vekst og utflating på 1800-talet

Namneforma *Johan* blei svært populær frå før midten av 1800-talet, slik vi kan sjå i tala for fødde i 1781–1800 og 1850 i tabell 1. Det er mest sannsynleg særleg inspirert av namnet til den svensk-norske unionskongen Karl Johan, konge frå 1818 til 1844, og påverknad frå Sverige i det heile. Veksten frå 1700-talet og populariteten på tysk område kan òg ha støtta opp om auken i Noreg, slik høgare tal for fødde i 1781–1800 enn levande i 1801 viser.

|             | Alle 1600-talet (eitt namn) | Alle 1801 (alle namn) | Fødde 1781-1800 (alle namn) | Fødde 1850 (alle namn) | Alle 1865 (alle namn) | Fødde 1875-99 (1. namn) | Alle 1910 (alle namn) | Fødde 1925-29 (1. namn) | Alle 1.1.1998 (1. namn) | Alle 1.1.2020 (1. namn) |
|-------------|-----------------------------|-----------------------|-----------------------------|------------------------|-----------------------|-------------------------|-----------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|
| Johannes    | 1,6                         | 2,5                   | 2,8                         | 2,2                    | 2,5                   | 1,7                     | 1,2                   | 0,8                     | 0,3                     | 0,3                     |
| Johan       |                             | 1,2                   | 1,4                         | 5,5                    | 4,5                   | 3,9                     | 5,1                   | 1,4                     | 0,5                     | 0,4                     |
| Jon*        | 4,9                         | 3,3                   | 3,2                         | 1,8                    | 2,1                   | 1,5                     | 1,7                   | 2,3                     | 1,8                     | 1,3                     |
| <i>Jon</i>  | 4,9                         | 1,64                  | 3,2                         |                        |                       | 0,3                     | 0,4                   | 0,56                    | 0,8                     | 0,6                     |
| <i>John</i> |                             | 0,93                  |                             |                        |                       | 1,2                     | 1,3                   | 1,72                    | 1,0                     | 0,7                     |
| <i>Joen</i> |                             | 0,76                  |                             |                        |                       |                         |                       |                         |                         |                         |
| Jens        | 1,3                         | 2,1                   | 2,0                         | 1,5                    | 1,6                   | 0,9                     | 1,1                   | 0,6                     | 0,4                     | 0,3                     |
| Jan**       |                             | 0,2                   |                             |                        |                       | < 0,2                   | 0,1                   | 0,8                     | 2,5                     | 1,8                     |
| Hans        | 2,7                         | 5,5                   | 5,5                         | 5,8                    | 5,6                   | 3,4                     | 4,0                   | 1,8                     | 1,2                     | 0,8                     |
| SUM         | 10,5                        | 14,8                  | 14,9                        | 16,8                   | 16,3                  | 13,8                    | 13,2                  | 7,7                     | 6,7                     | 4,9                     |

Tabell 1. *Johannes*-variantar i Noreg frå 1600-talet til 2020, for alle i landet og for fødde, i prosent av alle levande eller fødde<sup>1</sup>

<sup>1</sup> *Jon*\* omfattar formene *Jon*, *John* og *Joen*, som òg er førte opp med eigne tal der dette har vore mogleg å hente ut frå kjeldene. I mange kjelder kan slike former ha blitt brukte forskjellig av ulike skrivarar. *Jan*\*\* omfattar òg formene *Jahn* og *Jann*, som begge har vore lite brukte. Kjelder til tabell 1: Alle 1600-talet: NPL (2013, 621). Alle 1801: Søk i Digitalarkivet, og delt på alle menn. (For 1801 finst òg oppteljing frå Statistisk sentralbyrå med dei 20 vanlegaste namna. Ho samsvarar i hovudsak med tala ovanfor, men med 2,3 % for *Johannes*, 5,7 % for *Hans* og utan *Johan* (SSB 2001).) Fødde 1781-1800: Kruken (1982, 55-56); NPL (2013, 624). Fødde 1850: NPL (2013, 626). Alle 1865: Utne (2001, 25), bygt på søk i Digitalarkivet, delt på alle menn. Fødde 1875-99: Utne (1991, 42-43). Alle 1910: Søk i Digitalarkivet, delt på alle menn. Fødde 1925-29: Utne (1991, 54-55). Alle 1.1.1998: Kristiansen og Ouren (1998, 79, 82-84). Alle 1.1.2020: Søk hos Statistisk sentralbyrå (2020a), delt på alle menn.

I 1850 låg *Johan* på 3. plass som første førenamn blant fødde (NPL 2013, 626), 2. plass for perioden 1850–74 (Utne 1991, 553), og mykje på 2. plass frå 1880 til 1899 (Statistisk sentralbyrå 2020a). Vidare fram til 1908 låg namnet på 1.- og 2.-plassar og sokk etter det.

At bruken av *Johan* heldt seg godt i over eit halvt hundreår etter at kong Karl Johan døydde i 1844, kan ha fleire grunnar som verka saman med ulik vekt over tid:

I samfunnsvitskaplege studiar av seinmodernitet på 1990-talet var det ein sentral idé at tilhøvet mellom identitet og lokalitet var i radikal endring. Ifølgje teoretikarar som Giddens (1997), Beck og Beck-Gemsheim (2004) og Ziehe (2004) hang desse endringane saman med den allmenne samfunnsutviklinga: auka mobilitet, ny teknologi, meir intens språk- og kulturkontakt og fleire diskursar tilgjengelege for samfunnsmedlemene. Sosiale relasjonar og identitetsband kunne strekkjast over lengre avstandar, og opplevde fellesskap vart mindre avhengige av det fysiske fellesskapet, dvs. av naboen og lokalsamfunnet. Individet vart, slik Giddens (1997) såg det, frigjort frå dei lokale rammene. «Geography was history», vart eit slagord (jf. Withers 2009, 637).

Seinmodernitetsteoriar om avlokalisering er brukte for å gi årsaksforklaringar på dialektendringar (jf. Mæhlum 2007). For dersom språkbrukarane vert mindre lokalt orienterte, ville dei vel velje bort dei mest lokalt avgrensa språktrekka til fordel for meir regionale, overlokale eller standardiserte varietetar? Talemålsgranskingar som prosjektet «Talemålsendring i Noreg» tyder på at det berre delvis held stikk (jf. Akselberg 2002; Mæhlum og Hårstad 2018): På den eine sida vert språktrekk med ei avgrensa lokal tilknytning avløyste av språktrekk med større utbreiing, anten nasjonalt eller regionalt. På den andre sida har utviklinga av talemålsregiolektar vore ganske avgrensa i Noreg, og det ser ut til å vere ulike utviklingsprosessar i ulike område og kontekstar. Det viktigaste for oss er at lokale identitetstrekk framleis er relevante for folk, og at dialektal språkbruk spelar ei rolle i den samanhengen.

At folk flest lever store delar av livet sitt lokalt, ser vi òg gjeld for ungdomsgrupper med sterke globale identitetsband (jf. Brunstad 2006; Brunstad, Røynealand og Opsahl 2010; Pennycook 2010; Mæhlum og Hårstad 2018, 316f.). Hipphoppmiljø er eit døme på det – dei er globalt orienterte med ein omfattande språkleg og kulturell påverknad frå engelsk, samtidig som dei tilpassar seg lokale tilhøve, som del av ei språkleg og kulturell glocalisering. Difor vil ikkje urbanisering, globalisering og meir digital kontakt over større fysiske rom seie det same som at lokalsamfunn og lokal identitet vert mindre relevante. Derimot vert det lokale relevant på andre måtar, fordi oppfatningane av det endrar seg i takt med samfunnsutviklinga. At nye disiplinær gjer sine egne «spatial turns», som literacyforskinga med t.d. *Spatializing Literacy Research and Practice* (Leander og Shealy 2004), er eit uttrykk for det.

### 3 Lokaliteten: Fjell kommune

Tidlegare Fjell kommune vest for Bergen (sjå kart i figur 1) var fram til rundt 1970 prega av stabilitet. Det store skiftet kom då Sotrabraua opna i 1971 og Fjell vart landfast med Bergen. Det opna for tilflytting, i tillegg til ny næringsverksemd, nye vegar, nye buområde og nytt kommunesenter. Folkeveksten og samfunnsendingane i Fjell er karakteriserte som eit «sosiologisk jordskjelv» (Kobbeltveit 2002). I perioden etter bruopninga har nemleg folketallet tredobla seg, frå 6936 i 1971 (Statistisk sentralbyrå 1972, 22) til 26369 i 2019 (Statistisk sentralbyrå 2020). Det er visstnok ingen andre kommunar med høgare prosentvis folkevekst i Noreg i denne perioden (Skurtveit og Losnegård 2020, 349). Særleg sterk og rask var folkeveksten i den delen av kommunen som låg nærmast Bergen, Litle-Sotra. Mykje av innflyttinga her kom frå Bergen, og innflyttinga fekk karakter av å vere eit bergensk landnåm der Bergen utvida territoriet sitt (jf. Skurtveit og Losnegård 2020, 355). På Litle-Sotra kom nyetablerte bustadfelt som fungerte som bergensorienterte parallellsamfunn (jf. Brunstad 2020). Identitetsrammene til innflyttarane vart såleis prega av den bergenske bakgrunnen.

Demografi og språkutvikling heng saman. I «språklege smeltediglar» som Odda, Tyssedal og Høyanger har demografiske endringar vore drivkrafta for utviklinga av nye dialektformer gjennom koineisering (jf. Neteland 2014a). Også i Fjell har det vore omfattande dialektendingar, parallelt med folkeveksten. Rett nok er det ikkje gjort talemålsgranskingar i sjølve Fjell, men fleire talemålsgranskingar i tilsvarande strileområde dokumenterer talemålsendingar som ser ut til å skuldast påverknad frå Bergen (jf. Revheim 1997; Birkeland 2008; Villanger 2010; Aasmundseth 2010; Sandøy 2016, 98). Rapportar frå ungdomsskulelærarar og eigenrapportar frå elevane indikerer at dialektnivelleringa har vore sterkare i Fjell enn t.d. gamle Øygarden kommune, der påverknaden frå bergensk er granska (Villanger 2010).



Figur 1. Tidlegare Fjell kommune utanfor Bergen. Kjelde: Google maps.

Når det gjeld nynorsken, er det verdt å merke seg at han historisk sett vart innført seinare på øyane vest for Bergen enn i fjord- og fjellregionen i Midhordland og Hardanger (jf. Myking 1981). Fjell høyrer nemleg til den kulturregionen som Gabriel Øidne (1957) kalla «den mørke kyststripa», prega av ein pietistisk bedehuskultur der konservative politiske parti stod sterkt, og der nynorsken kom seinare inn. Frå 1935 og fram til 1976 hadde likevel alle skulekrinsane i kommunen nynorsk som hovudmål (Langeland 1988).

På 1990- og 2000-talet gjekk skulemålsprosenten for nynorsken gradvis nedover, frå 78 % i 1992/93, då dei offisielle målingane starta, til 32 % i 2019 (jf. Grunnskolens informasjonssystem [GSI] 2021). Nynorsken har altså gått frå å vere fleirtalsspråket i skulen til å verte mindretalsspråket, og det har skjedd i vekstperioden for Fjell.

At skulemålsprosenten for nynorsken har gått ned, handlar i første omgang om språkvala til foreldra. Dei valde i større grad bokmål enn nynorsk som opplæringspråk til barna i barneskulen. Her var igjen demografien avgjerande: Det var i dei typiske innflyttarområda i Fjell at bokmålet kom inn, først med krav om språklege parallellklassar, deretter med skulemålsrøystingar der bokmålet etter kvart fekk fleirtal og vart opplæringspråk ved ein del skular (Brunstad 2020, 180). Dei som valde bokmål til barna sine, oppfatta neppe språkvala sine som uttrykk for noko språkskifte – deira individuelle utgangspunkt frå Bergen var jo bokmålet. At bokmålet vann fram, handla såleis ikkje primært om at identitetsrammene til folk endra seg, men om at det kom nye folk inn i lokalsamfunnet og endra lokalsamfunnet. Det hadde òg sin sær-eigne dynamikk at bokmålsskulane kom i området med størst tilflytting og høgast folkevekst, og der sentrumsfunksjonane vart utbygde (med kjøpesenter, rådhus, buss-terminal og ulike sørviskontor). Kjøpesenteret Sartor senter vart både ei fysisk ramme

og ein arena for sosial samhandling, med bokmålet som skriftspråk. I den sosiale samhandlinga med innflyttarforeldre kom så bokmålet inn i idrettslaget, foreldregrupper, songkor etc.

Samtidig skal vi ikkje underkommunisere det individuelle skriftspråkskiftet frå nynorsk til bokmål. Skal vi tru eigenrapportane frå spørjegranskinga i 2017, hadde om lag 42 % av elevane med nynorsk som opplæringspråk i barneskulen skifta til bokmål innan utgangen av ungdomsskulen (Brunstad 2020, 181). Det er svært høge tal og understrekar at Fjell er eit språkleg pressområde. Omfanget av individuelle skriftspråkskifte utgjer då òg ei alvorleg utfordring for statusen til nynorsken i Fjell. Sett i eit historisk perspektiv er det likevel demografien og ikkje dei individuelle språkskifta blant skuleelevane som har lagt grunnlaget for endringane i språksituasjonen i Fjell.



Figur 2. Skulemålsutvikling i Fjell. Avtrykk frå Skurtveit og Losnegård (2020, 607).

Som vi kan sjå i figur 2, har det vore fleire skulenedleggingar i Fjell dei aller siste åra. Det er vanskeleg å vurdere kva det vil ha å seie for nynorsken i tida framover, men

generelt har Fjell hatt ein ganske desentralisert skulestruktur fram til dei siste åra, og det er ikkje grunnlag for å tru at skulesamanslåingar har spela ei *vesentleg* rolle for skulemålsutviklinga.

Nynorsken har halde seg best i dei vestlege delane av Fjell. Desse delane er meir grisgrendte, men busetnadsstrukturen er annleis enn på Litle-Sotra ved at ein i større grad har etablert bustadfelt rundt dei gamle grendene som Ågotnes, Knappskog, Landro, Kolltveit og Ulveset (jf. Nordvik 2010, 33). Dei som flytte til Store-Sotra, kom dermed til område der tradisjonen stod sterkare enn tilfellet var t.d. på Straume. Her har med andre ord utbyggingspolitikk og busetnadsstruktur hatt språkpolitiske verk- nader.

#### 4 Dei mest strilete strilane

Anders Bjarne Fossen (2009) skriv følgjande om bergensarane sitt syn på strilen: «Strilen ble for ham en likegyldig og uvesentlig person.» Strilekategorien har likevel ikkje vore einsarta, og nokre strilegrupper har tradisjonelt hatt høgare status enn andre. Dei som sat best i det, var innlandsstrilane («mjølkestrilar» frå Fana, «byggningsstrilar» frå Osterøy og «fjordstrilar» frå Lindås). Dårlegast stilte var havstrilane, dvs. dei som kom frå kyststrok som Fjell. Ivar Aasen hadde i 1843 merka seg at «Havfolket [...] ofte spottes af deres mere pyntelige Naboer» (Aasen 1917, 31). Eilert Sundt skreiv i *Om Huslivet i Norge* (1873): «Havstrilernes øer ere jo næsten berømte – så tidt har man hørt bergensernes fremstilling om den uhumskhed og stakkarsdom, som der skal være.» Då boka *Havstrilerne* av C.W. Juuhl kom ut i 1912 (jf. Juuhl 2012), skreiv *Aftenposten* følgjande: «Nu skal altså også strilerne, disse besynderlige tunge og halvt latterliggjorte mennesker der langt yderst mod Vesterhavet, få sin digter» (Skurtveit 2012).

Den store økonomiske, sosiale og kulturelle ulikskapen mellom Bergen og strilelandet på Sotra gjorde at tilhøvet mellom bergensarar og havstrilar var skeivt i mange hundreår. Havstrilane vart håna og latterleggjorde og var meir uvesentlege enn dei andre strilane.

Skal ein tru journalist Trine Eilertsen, var fordommane mot havstrilane framleis til stades under hennar oppvekst i Fjell på 1980-talet: «Sotra og sotrastrilene er nederst på enhver statusliste. Sotrastrilene er til og med nederst på strilehierarkiet blant strilekommunene rundt Bergen» (Eilertsen 2002). Eilertsen viste til at på 1980-talet var det slik at «enkelte av Sotrarussen skjulte Sotra videregående-logoen på russedressen for å slippe slengbemerkinger». Grunngevinga var dei negative haldningane til strilar i Bergen: «For i Bergen var det nulltoleranse mot alt som minnet om stril, og de aller mest strilete strilene kom fra Sotra» (Eilertsen 2002).



Sjølv om Eilertsen spissformulerer seg, illustrerer ho ei generell oppfatning om at strilane frå Sotra framleis har låg status, og at strilane sjølve har internalisert denne låge statusen i form av ei kulturell mindreverdskjensle.

At nynorsken har greidd seg dårlegare i Fjell enn i andre tilsvarende omlandskommunar til Bergen, som t.d. Os, har nok samanheng med kulturpsykologiske og kultursosiologiske faktorar (jf. Nordvik 2010). Det er likevel omdiskutert kva rolle ei eventuell kulturell mindreverdskjensle har spela. Redaktør Olav Kobbeltveit (2002) gjekk i *Bergens Tidende* i rette med Gunnstein Akselberg, som hadde vist til at folk på Voss var meir «stolte» av sin kultur og sin dialekt enn folk på Sotra. Kobbeltveit sitt syn var at det var folkeinnflyttinga frå Bergen som var motoren i språkutviklinga på Sotra; det var ifølgje han ein «krig» mot ei demografisk overmakt, og då ville ord som «stolt» dra merksemda vekk frå dei grunnleggjande kreftene.

Skurtveit og Losnegård (2020) viser i den nyare allmennhistoria for Fjell til at på 1980-talet var det fleire i Fjell kommune som åtvare imot for stor innflytting og mangel på medviten lokalplanlegging. I praksis var det i hovudsak private entreprenørar som styrte utviklinga av større utbyggingsprosjekt på den tida. Det er først dei siste åra med bl.a. prosjektet «Sotra kystby» at ei meir medviten by- og bygdeplanlegging har kome i gang (Roald 2010; Kværnum 2012). Dei språklege og lokalkulturelle aspekta er likevel enno ikkje vortne integrerte i planleggingsarbeidet (Brunstad 2020).

## 5 Kjeldegrunlaget

Datagrunnlaget for den empiriske studien som eg skal gå inn på her, er primært ei spørjegransking som vart utført i 2017 blant ungdomsskulelevar i alderen 13–16 år i Fjell. Granskinga vart gjennomført digitalt i skuletida på alle dei tre ungdomsskulane i kommunen, anten på mobiltelefon eller datamaskin, med verktøyet *SurveyXact*. Føremålet med granskinga var primært å granske språkveksling, språkskifte og språkoppfatningar hos ungdomar i ei typisk randzone for nynorsken. Tidlegare er andre data frå studien brukte bl.a. i ein studie av språkskifte frå nynorsk til bokmål (Brunstad 2020; Helset og Brunstad 2020).

I spørjegranskinga er der 675 svar, og det gir ein svarprosent for skulane som heilskap på om lag 60 %. At svarprosenten ikkje var endå høgare, heng primært saman med at nokre klassar var bortreiste på grunn av skuletur eller andre arrangement. Det var elles frivillig å svare, og nokre fåe elevar valde å ikkje levere svar. Sidan mange av informantane var under 15 år, var det dessutan krav frå NSD om samtykke frå føresette. Svar som mangla stadfesting frå føresette er difor ikkje inkluderte i studien.

I svara er der ein kjønnskilnad på 53 % jenter og 47 % gutar. Den skilnaden samsvorar med ei generell skeivfordeling mellom kjønna i desse aldersgruppene (jf. GSI

2021). Fordelinga mellom elevar med nynorsk og bokmål som hovudmål var òg stort sett i samsvar med skulemålsprosenten som GSI har gitt opp for ungdomsskulesteget. Også fordelinga av minoritetsspråklege verkar representativ.

Spørjegranskinga gir svar på direkte spørsmål, i tillegg er der eigenrapporteringar om hypotetisk språkbruk. Det følgjer fleire avgrensingar med slike data. Ein kan blant anna ikkje slutte frå eigenrapportar om språkbruk til faktisk språkbruk. Det er dessutan primært medvitne språkoppfatningar som vi får direkte tilgang til. Gjennom å korrelere svar på ulike spørsmål er det likevel mogleg å finne mønster som gjer at vi kan kople oppfatningar om språk, språkbruk og kulturelle stereotypiar som informantane ikkje er medvitne om. Det var dessutan moglegheiter for å gi opne svar, og fleire nytta høvet til å gjere det.

Studien nytta seg òg av gruppeintervju med eit strategisk utval elevar. Desse intervju vart filma og transkriberte og svara kunne jamførast med dei svara elevane hadde gitt i spørjegranskinga. Alle intervju vart gjennomførte av artikkelforfattaren, som òg sjølv stod bak spørjegranskinga.

## 6 Resultat


### 6.1 Språkbruk og språkval blant ungdomar i Fjell

I spørjegranskinga har informantane fått spørsmål om kva dei ville kalle talemålet sitt. Dei har fått val mellom fem kategoriar: «tradisjonell sotradialekt», «moderne sotradialekt», «blanding av sotradialekt og bergensk», «bergensk» og «annan dialekt» (austnorsk, trøndsk o.l.). Desse kategoriane vart utvikla i samarbeid med lærarar i ungdomsskulen og vart òg piloterte på eit utval elevar. At kategorien «sotradialekt» vart nytta i staden for «strilemål», skuldast ønsket om å unngå prefabrikerte svar. Fleire sociolingvistiske studiar har nemleg synleggjort at nemninga *strilemål* vert kopla til tradisjonelle dialektformer (jf. Anderson 2020, 42) og vert oppfatta som som noko arkaisk, gammalt og umoderne – former som er «snakka av folk frå primærnæringane» (Anderson 2020, 42). Der er med andre ord fleire stereotypiar knytte til nemninga (Anderson 2020; Kerswill 1994; Birkeland 2008; Villanger 2010; Aasmundseth 2010). I og med at ungdomane sjølve snakkar ein meir moderne dialekt (jf. Villanger 2010; Anderson 2020, 44), var utgangspunktet at «sotradialekt» kunne fungere meir inkluderande, ikkje minst gjennom underkategoriane «tradisjonell» og «moderne».

Sidan det er tale om eigenrapportering, kan ikkje svara sjåast på som objektive talemålskategoriar. Ein informant som oppgir at han eller ho snakkar «moderne sotradialekt», kan i og for seg ha ein dialekt som er lik dialekten til ein som oppgir å snakke «blanding av sotradialekt og bergensk». Føremålet er likevel ikkje å kartleggje tale-

målet, men å få innsikt i språklege og kulturelle identitetsoppfatningar. Då er det relevant å sjå på den språklege sjølvkategoriseringa, måten elevane set ord på sitt eige talemål på.

I figur 3 ser vi korleis elevane har kategorisert talemålet sitt. Den samla svarprosenten for dei ulike talemålskategoriene står i den nedsta linja, merkt med «i alt». I tillegg vil vi finne svar baserte på kva hovudmål elevane har, i dei to første linjene, merkte «nynorsk» og «bokmål».



Figur 3. «Kva vil du kalle talemålet ditt/dialekten din?»

Tabellen viser at flest elevar, 37 %, ville kategorisere talemålet sitt som «blanding av sotradialekt» og bergensk». Det gjeld både nynorsk- og bokmålelevane. Å identifisere talespråket sitt som «blanding» er ikkje heilt vanleg i norsk, skal ein tru Røyneland (2017, 96). Ho viser til ei spørjegransking blant 600 elevar i vidaregåande skule der svært fåe sjølve ville kategorisere sin eigen dialekt som *blanda* (jf. Røyneland 2017, 96). Mange av ungdomane i Fjell oppfattar derimot tydeleg sjølve at dei driv med dialektblanding, og at dei har ein blandingsdialekt. Det kom òg fram i intervju med elevane.

For to av svarkategoriene er det eit vesentleg skilje mellom nynorsk- og bokmålelevane. Det gjeld for det første talemålskategorien «bergensk», som samla sett 25 % svarar at dei vil kalle talemålet sitt. Det er 14 % av nynorskelevane og 29 % av bokmålelevane som oppgir at dei snakkar «bergensk». Det er altså ein sterkare tendens til å orientere seg mot bergensk blant bokmålelevane enn blant nynorskelevane.

Det andre skiljet finn vi når det gjeld «sotradialekt». Samla sett er det 23 % som svarar at dei snakkar «moderne sotradialekt», og 8 % som svarar «tradisjonell sotradialekt», dvs. 31 % for sotradialekt samla sett. Her er det nynorskgruppa som markerer seg ved at 42 % svarar at dei snakkar sotradialekt, medan bokmålsgruppa

har 29 %. Det er såleis ein sterkare tendens til å orientere seg mot sotradialekten blant nynorskelevane.

Eitt av spørsmåla handla om talemålet i Straume, sentrumsområdet i Fjell. Straume er det området som er tettast integrert med Bergen, og talemålet der ligg nærmare bergensk enn talemålet. Informantane fekk difor spørsmål om dei høyrde forskjell på talemålet til ein 15-åring frå Straume og ein 15-åring frå Bergen. Det spørsmålet var det 43 % som svara «ja» på, 25 % svara «nei», medan 32 % svara «veit ikkje». Det var altså ikkje opplagt at straumemålet var identisk med bergensk. Informantane fekk så oppfølgingsspørsmål om kva talemålsskilnadene overfor bergensk gjekk ut på. Det kom 251 individuelle svar (av dei var 180 seriøse). Fleire av dei som svara, var opptekne av at det ikkje var heilt enkelt å jamføre med bergensk, fordi det var skilnader internt i bergensdialekten, og at talemålet i bydelen Fana skilde seg ut med former som «jeg» og «ikke». Ein informant såg føre seg eit dialektkontinuum frå Fana og til den delen av Bergen som låg nærmast Sotra, Drotningvik:

Eg kan høyre forskjellen frå ein frå Stor-Sotra og Bergen. Eg kan høyre forskjellen frå ein frå Litle Sotra og ein frå Fana. Men eg kan ikkje høyre forskjellen frå ein frå Litle Sotra og ein frå Drotningvik.

Det var fleire som meinte at skiljet mellom talemålet i Fjell og i Bergen var flytande, og her kom blandingsmetaforen inn: «vi på Sotra snakker blanding av bergensk, dialekt og litt nynorsk». Det var for dei fleste vanskeleg å peike på kva for konkrete trekk som skilde talemålet i Fjell frå talemålet i Bergen. Det kom òg fram i gruppeintervjua, som med desse 10.-klassingane:

Sigrid: Det er nokre som snakkar sånn skikkeleg stril, men eg trur dei fleste snakkar bergensk.

Ella: Det er jo ikkje sånn fullstendig, sånn ordentleg bergensk som du tenkjer på når ein tenkjer bergensk, det er jo litt blanding.

Intervjuaren: Kva er forskjellen då?

Ella: Eg veit-kje eg. Du høyrer at det er litt forskjell. (Intervju.)

Éi av dei som hadde spesifikasjonar på språkskilnadene, var Maria i ein annan 10.-klasse, ho viste til palatal-k-uttale. I intervju med henne spesifiserte ho at denne uttalen var knytt til «strilamål», dvs. talemålet som dei ifølgje henne snakka litt lenger ute på Sotra, i Sund og i gamle Øygarden:

Eg trur at Sotra, ikkje sant, så har du dei som seier ikkje, viss du drar lenger ut på Sotra, du skjønner kva eg meiner, ikkje sant? Sånn dei seier eg veit ikkje og sånn, uti Sund og

Øygarden og sånn (...). Du kan ikkje snakke nynorsk, men det høyrest ut som nynorsk. Viss vi skulle sagt at nynorsk var eit talespråk eller dialekt så var dei meir på det. Eg føler at strilamål på ein måte er nynorsk, berre munnleg, på ein måte. Utover på Sotra, du skal ikkje så langt ut før det slår over til strilamål, som liknar veldig mykje på nynorsk. (Intervju.)

Måten Maria kategoriserte talemålet i Sund og Øygarden på (dei var eigne kommunar på denne tida), illustrerer at ho såg på *stril* og *strilamål* (som konsekvent fekk a-fuge) som fjernt frå sin individuelle kvardag. Samtidig anerkjente ho stril og strilamål som delar av den kollektive lokalkulturen ho gjekk inn i.

I intervjuet vart informantane bedne om å utdjupe kva slags talemål dei snakka. Det var fleire som hadde vanskeleg for å gjere det, sjølv om dei var innforstått med ulike måtar å dele opp dialektar på. Talemålet deira var ikkje «strilamål», men heller ikkje heilt «bergensk» eller «bokmål». Det kunne eventuelt vere «bokmålish-aktig», som informanten Emma kalla sitt talemål. Hos henne verka det som om tilnærming til bokmål og til bergensk var eitt og det same. Emma var samtidig inne på at ho kunne veksle mellom talemålsformer: «Plutseleg kan eg begynne å snakke sånn stril.» Her illustrerer Emma eit gjennomgåande trekk som fleire informantar var inne på, nemleg at dei dreiv med veksling mellom ulike talemålsvarietetar (jf. 6.5).

I spørjegranskinga brukte informantane ulike adjektiv for å karakterisere skilnaden mellom bergensk og talemålet i Fjell. Om bergensk var det brukt adjektiv som «fin», «forsiktig», «pen», «bredere», «raspete», «mjukare», «lett», dvs. adjektiv som kunne gi assosiasjonar til estetiske og prestisjefulle verdiar, men òg til det å vere brautete. Om talemålet i Fjell nytta informantane adjektiv som «stril», «nynorsk», «fortare», «blanda», «skarpt», «slappare», «robust», «overdriven». Adjektiv som «tydeleg» og «hard» vart brukt om begge dialektformene. Om bergensk var det òg tillagt eigenskapar som «meir bokmål», «meir austlandsk» og «meir kebabnorsk», dvs. språktrekk som er relativt «dynamiske» i Noreg. Eigenskapen *dynamisk* vart dermed kopla til bokmål og bergensk i større grad enn til nynorsk og strilemål.

## 6.2 Sjølvkategorisering som stril


Alle informantane fekk spørsmålet «Er du ein stril?». Det var til saman 670 informantar som svarta på spørsmålet, og vi fekk denne svarfordelinga:

- Ja: 36 % (232 informantar)
- Nei: 43 % (281 informantar)
- Veit ikkje: 24 % (157 informantar)

Det var altså eit mindretal av ungdomsskuleelevane i Fjell som definerte seg sjølve som strilar. I gruppeintervjua kom det samtidig fram at fleire informantar var usikre på innhaldet i omgrepet, særleg når dei måtte tenkje seg om, og dei var usikre på korleis dei skulle plassere seg sjølve. På direkte spørsmål kopla dei fleste strile-nemninga til språk, anten til dialekt eller til nynorsk, medan nokre kopla stril først og fremst til geografi, det å bu i periferien av Sotra.

Det er ikkje overraskande, men likevel påfallande kor tydeleg sjølvkategoriseringa som stril fell saman med det å ha nynorsk som hovudmål. Blant nynorskelevane ville så mange som 59 % karakterisere seg som stril (medan 24 % svara dei ikkje var stril, og 18 % svara at dei ikkje visste). Tilsvarende tal for bokmåselevane var 28 % strilar, 50 % ikkje-strilar og 22 % som ikkje visste om dei var stril.<sup>1</sup> Skilnaden mellom nynorskelevane og bokmåselevane kan sjølvstykke henge saman med geografi – i utkantområda var det fleire med nynorsk som hovudmål enn i dei meir sentrale stroka. Samtidig var det slik at også blant elevane frå utkantområda ville dei med nynorsk som hovudmål i større grad definere seg som strilar enn kva tilfellet var for bokmåselevar frå dei same skulane.

Vi ser vidare ein samanheng mellom sjølvkategorisering som stril og talemål. Det er langt fleire av dei som sa at dei var strilar, som oppgav at dei snakka sotradialekt, enn dei som sa at dei ikkje var strilar. Som vi ser i figur 4, er det her tale om ein skilnad på 46 % og 20 %. Når det gjeld bergensk, var det annleis: Blant ikkje-strilane var det 41 % som oppgav at dei snakka bergensk, medan berre 9 % av strilane gjorde det same.



Figur 4. Talemålscategorisering basert på om ein har kategorisert seg sjølv som stril

<sup>1</sup> Dei som hadde skifta frå nynorsk til bokmål permanent, skilde seg noko ut. Blant dei var det 35 % som sa at dei var strilar, 33 % som sa at dei ikkje var det, medan 36 % sa at dei ikkje visste.

### 6.3 Stril og geografi

I spørjegranskinga gav elevane opp kva for barneskule dei hadde gått på, og dermed får vi innsikt i oppvekstområdet deira. Det viser seg at det helst var dei som budde mest ruralt og lengst vekk frå Sotrabrua, som ville definere seg sjølve som strilar. Dei som budde meir sentralt og nærmare Sotrabrua, ville i mindre grad definere seg sjølve som strilar.<sup>2</sup>

Det er ikkje grunnlag for å seie at det å vere stril på ein eintydig måte gir grunnlag for stadbundne, tradisjonelle og rurale verdiar. Ein god del av dei som definerte seg som strilar, kunne t.d. tenkje seg å bu i Bergen eller ein storby i utlandet – informantane fekk nemleg spørsmål om kvar dei kunne tenkje seg å bu seinare i livet. Det var likevel fleire strilar enn ikkje-strilar som oppgav at dei i framtida ville bu på Sotra eller i ei anna bygd i Noreg.

Sidan tilhøvet til Bergen har stått sentralt i kategoriseringa av strilane, ville det vere interessant å sjå på korleis tilhøvet vart oppfatta i dag. Informantane i spørjegranskinga fekk ta stilling til følgjande påstand: «Folk på Straume er i praksis bergensarar». Det var 31 % som var *einige* i påstanden (10 % «heilt einige» og 23 % «ganske einige»), medan 26 % var «ganske» eller «heilt» *ueinige* i den. Det var likevel så mange som 41 % som *verken var einige eller ueinige* i påstanden, og det talet var felles for både bokmåls- og nynorskelevane. Det var heller ingen vesentlege ulikskapar i svara frå dei som hadde vakse opp nær Straume og andre. Ei slutning kan her vere at mange såg på tilhøvet til Bergen som ope. Ei slik openheit har òg kome til uttrykk i andre studiar. Innbyggjarundersøkingar i 2006 og 2013 indikerte at mange av innbyggjarane i Fjell hadde doble identitetsband til både Bergen og Fjell, og særleg dei yngre uttrykte tilhøyrsla til Bergen (Respons 2013). Likevel viste det seg at tilhøyrsla til Sotra og Fjell var sterkare enn tilhøyrsla til Bergen, jamvel blant dei yngre (Respons 2013).

---

<sup>2</sup> Blant dei som hadde gått på skule på Litle-Sotra, dvs. øya nærmast Sotrabrua, sa dei fleste at dei *ikkje* var strilar. (Det galdt 68 % av dei frå Hjelteryggen skule, 52 % av dei frå Danielsen Sotra, 57 % av dei frå Liljevatnet skule og 62 % av dei frå Foldnes skule.) Den einaste nynorskskulen på Litle-Sotra, Brattholmen skule, skilde seg litt ut ved at «berre» 41 % sa at dei *ikkje* var strilar.

Flest som kategoriserte seg som strilar, fann vi blant dei som hadde gått på barneskule i utkantane: Misje skule 60 %, Tellnes skule 55 %, Landro skule 44 % og Skålevik skule 44 %. Interessant er det at blant informantar som hadde gått på Ågotnes skule, var det 52 % som sa at dei var strilar. Ågotnes utgjer eit eige sentrumsområde i nordre delen av Stor-Sotra, med mykje tilflytting, nyare rekkjehusbusetnad og prega av industri og sørvis (og ikkje primærnæringar). Samstundes utgjer det ein utkant i kommunen som heilskap og ligg lenger frå Bergen enn kva Straume gjer. Ved Ågotnes var det samtidig berre 16 % som svara «veit ikkje». Berre elevar frå Foldnes skule har færre svar i denne kategorien (8 %).

Det var fåe informantar som ønskte kommunetilhøyrslle med Bergen (20 % av informantane). Samtidig ser vi at elevar med høvesvis nynorsk og bokmål som hovudmål markerte seg ulikt. Blant nynorskelevane var 50 % heilt ueinige og 15 % ganske ueinige i følgjande påstand: «Fjell kommune burde bli ein del av Bergen». Blant bokmåselevane var det 34 % som var heilt ueinige og 13 % som var ganske ueinige, dvs. at 47 % av dei var imot kommunesamanslåing (mot 65 % av nynorskelevane). Blant bokmåselevane var samtidig så mange som 31 % verken einige eller ueinige, medan dei som ønskte å bli del av Bergen kommune, utgjorde til saman 22 %.

For å vurdere den lokale tilhøyrsla fekk elevane ta stilling til påstanden «Eg er likegyldig til det som skjer på Sotra». Her sa fleirtalet på 55 % at dei var verken einige eller ueinige i påstanden. Her er det nok sjølve påstanden som det er vanskeleg å ta stilling til. For kva skulle alternativet deira vere? Som tenåringar lever elevane mesteparten av livet sitt på Sotra, med buss til og frå ungdomsskulen, og det gir truleg lite meining å spørje om dei er likegyldige til det som skjer der. Det minner oss om ein viktig føresetnad for alt snakk om seinmodernitet og avlokalisering: Frikopling frå staden har som premiss at ein har valmoglegheiter. Dei valmoglegheitene er blant anna definerte av alder.

#### 6.4 Stril og kjønn

Kjønn viser seg å spele ei vesentleg rolle for strileidentiteten, i kombinasjon med hovudmål. Nynorskgutane og bokmålsjentene utgjer her dei store motsetnadene. Blant elevane med nynorsk som hovudmål var det heile 65 % av gutane som ville karakterisere seg som stril. Blant elevane med bokmål som hovudmål var det derimot berre 26 % av jentene som svara ja på at dei var strilar, medan 51 % av dei svara nei. (Sjå tabell 1.)


| Informantar   | Ja   | Nei  | Veit ikkje |
|---------------|------|------|------------|
| Nynorskgutar  | 65 % | 18 % | 17 %       |
| Nynorskjenter | 51 % | 28 % | 22 %       |
| Bokmålsghutar | 29 % | 44 % | 27 %       |
| Bokmålsjenter | 26 % | 51 % | 23 %       |

Tabell 1. Svar på spørsmålet «Er du stril?» etter kjønn og hovudmål


Kombinasjonen gut, nynorsk og stril gir, ut frå andre svar i spørjegranskinga, ei kulturell orientering mot det lokale, rurale og tradisjonelle, medan kombinasjonen jente, bokmål og ikkje-stril gir orienteringar mot Bergen, det urbane og det moderne. Desse to gruppene, nynorskgutane og bokmålsjentene, fungerer såleis som ekstrepunkt.



Også når det gjeld rapportert talemålsbruk, spelar kjønn ei rolle (sjå figur 5 og 6). Her er det kategorien «blanding av sotradialekt og bergensk» som slår mest ut, og no er det nynorskjentene som markerer seg. Heile 50 % av dei oppgir at dei snakkar «blanding av sotradialekt og bergensk», markant fleire enn dei 22 % av nynorskgutane som svarar det same. Blant bokmålsjentene er det 40 % som oppgir at dei snakkar ei blanding, mot 34 % hos bokmålsgutane.



Figur 5. Talemålskategorisering hos gutar, fordelte etter hovudmål



Figur 6. Talemålskategorisering hos jenter, fordelte etter hovudmål

At nynorskjentene er dei som oppgir at dei «blandar» mest i talespråket, er neppe tilfeldig. Vi veit frå andre svar at nynorskjentene er dei som bruker mest dialekt i skriving, samtidig som dei er svært medvitne om når dei ikkje skal gjere det (jf. 6.5). Nynorskjentene er generelt mest medvitne dei tekstnormene som er knytte til den fleirspråklege talemåls- og skriftspråksituasjonen dei lever i (jf. Helset og Brunstad 2020).

Kjønn spela òg ei rolle for om ein ville oppgi at ein snakka «sotradialekt». Så mange som 50 % av nynorskgutane oppgav at dei snakka anten «tradisjonell» eller «moderne» sotradialekt. Hos bokmålsgutane var talet 29 %, medan tala for bokmålsjentene var 26 % og for nynorskjentene 36 %.

## 6.5 Språkveksling: Ada som den moderne strilen

I dei opne svara og i intervjugranskinga kom det fram at fleire elevar veksla mellom ulike talemålsvarietetar i ulike situasjonar. Fleire gav dessutan uttrykk for at tale-språket deira hadde endra seg opp gjennom oppveksten. Når elevane så skulle utdjupe om talemålsbruken sin, vart ofte strilenemninga nytta. Ein gut fortalde i eit intervju at han hadde snakka «stril» heilt fram til han starta på ungdomsskulen. No var det berre unntaksvis til besteforeldra at han snakka «stril». Andre elevar fortalde at dei veksla mellom dialekten heime og den dei brukte på skulen. I intervjuet var særleg kategoriane «stril» (av og til «strilamål») og «nynorsk» brukt for å karakterisere tradisjonell sotradialekt, medan bergensk gjekk igjen om det talemålet som ikkje var «stril», som i dette intervjuutdraget med tre jenter i 9. trinnet. Igjen ser vi at informantane er medvitne om at dei driv med dialektveksling:

Intervjuar: Er de strilar?

Gina: Ja

(Dei andre ser litt på kvarandre.)

Intervjuar: Litt?

Kristine: Ja, det er av og til eg er heilt heilt bergensk, og så er eg stril igjen.

Vi skal stoppe litt ved ein einskildinformant i 10. klasse, *Ada*, som kjem med eit fyldig svar i eit ope felt i spørjeskjemaet. Ada har nynorsk som hovudmål, og i spørjegranskinga har ho kategorisert dialekten sin som «moderne sotradialekt». I dette svaret koplar ho dialekten både til å snakke «nynorsk» og å ha ein identitet som «stril»:

Vi som snakkar nynorsk på Sotra, blir veldig påverka av alle dei rundt oss som snakkar bymål. Når eg snakkar med foreldra mine snakkar eg som regel på nynorsk. Meg og nokre venninner kan kan godt snakke nynorsk, men dersom eg held presentasjon i klassen, byttar eg ofte til bokmål. Den moderne sotradialekta går vell eigentleg ut på at vi likar det «gamle strila livet» og har det ganske kjekt på Sotra. Men vi blir påverka av alle som snakka bokmål, men eg som ihvetfall ha foreldre som snakka nynorsk, held på nynorsken, men blit påverka av venner. Så det blir ei lett blanding, blant anna bytter eg ofte, når deg kjem til feks kva aldersgrupper eg snakkar med.

At Ada kategoriserer talemålet sitt som «nynorsk», er ikkje ukjent frå andre folkelingvistiske studiar (jf. Neteland 2014b). Det vert òg brukt når elevar skal grunngi språkskifte (jf. Brunstad 2020). Vi ser frå sitatet at Ada koplar seg identitetsmessig til eit meir tradisjonelt og ruralt livsmønster på Sotra («det gamla strila livet»). Samtidig verkar det som om sotradialekten og nynorsken er kopla til intimsfæren med foreldre og venninner. Presentasjonar i klassen er sett på som ei meir formell og offisiell handling, og då bruker ho «bokmål». At ho gjer det på skulen, med nynorsk som hovudmål, kan

ein truleg sjå i samanheng med at klassen er språkblanda, og at fleirtalet av elevane i klassen har bokmål. Ada har såleis internalisert premisen om at bokmål er det dominerande språket i samfunnet, og bruker her bokmålet instrumentelt. Ada demonstrerer på den måten at ho er medviten at ho opererer i ulike språkbruksdomene. Ho er tilpassingsdyktig, og val av talemål og skriftspråk i ulike kontekstar er ein del av tilpassinga til normforventingane. Samtidig skal vi ikkje underslå at desse normforventingane går inn i det som Bourdieu (2002) kalla *doxa*. Ada har ein taus kunnskap om at nynorsken ikkje «passar» like godt i alle samanhengar som bokmålet gjer det. I så måte reflekterer ho den språklege hegemoniske tilstanden som rår i Noreg generelt (jf. Wold 2019), men ho gjer det utan samtidig å forlate nynorsken heilt.

Ada har det som kan kallast ein strileidentitet, som ho koplår både til dialekten og til nynorsken. I svara i spørjegranskinga oppgir ho at ho skriv mest på nynorsk i timane, og at ho kjenner seg trygg på nynorsken. På spørsmål om kva ho hypotetisk sett ville skrive i ulike samanhengar, oppgir ho dialekt til venner i sosiale medium, nynorsk til foreldre og besteforeldre. I likskap med dei fleste med nynorsk som hovudmål vil ho skrive på bokmål på Facebook-sida til venner, men på nynorsk til ordføraren. Sjølv om sjølvrapportert språkbruk ikkje er det same som faktisk språkbruk, vitnar tankane om skriftspråksveksling mellom ulike sjangrar og mottakarar om eit sterkt utvikla språkleg medvit.

Vi veit at det skjer omfattande kontekstuell skriftspråksveksling blant ungdom med nynorsk som hovudmål, og det er jentene som ser ut til å vere mest medvitne dei etablerte sjanger- og tekstnormene for språkvekslinga (jf. Helset og Brunstad 2020). Såleis er det primært gutar som oppgir at dei kan tenkje seg å skrive dialektprega når dei skriv til ordføraren eller søker ein sommarjobb i Bergen. Jentene er her heilt tydelege på kva dei vil bruke standardspråket på.

## 6.6 Foreldra

Blant elevane med bokmål som hovudmål som sa at dei var strilar, var det 77 % som oppgav at éin av eller begge foreldra var strilar. Nynorskgutane var endå meir opphavsorienterte: Her var det heile 90 % som svara at éin av eller begge foreldra var strilar, medan det tilsvarande talet for nynorskjentene var 84 %. Omvendt ser vi at blant bokmålsjentene som svara at dei ikkje var stril, var det 78 % som opplyste om at ingen av foreldra var stril, medan 66 % av bokmålsgutane gav tilsvarande svar. Går vi til dei nynorskelevane som ikkje ville definere seg som strilar, var det 57 % som oppgav at ingen av foreldra var strilar, medan 7 % svara «veit ikkje».

Poenget er tydeleg nok. Det er eit samanfall mellom det å oppfatte foreldra som strilar og det å kategorisere seg sjølv som stril. Strilekategorien kan ut frå desse svara sjåast på som ein medfødd eigenskap, noko som går i arv, og i mindre grad noko ein

tileignar seg gjennom subjektiv identifikasjon. I så fall framstår *stril* som ein lukka kategori. Ein kan likevel vri på svara. Dei som kategoriserer seg sjølve som strilar eller som ikkje-strilar, har her makta til å definere foreldra sine, og då definerer dei foreldra ganske likt seg sjølve. Såleis illustrerer svara vel så mykje at det er tette band mellom foreldra og ungdomane.

## 7 Avslutning

Denne artikkelen har diskutert moglege samanhengar mellom identitetskategorien *stril* og bruk av dialekt og nynorsk blant ungdomsskuleelevar i tidlegare Fjell kommune.

Hovudtendensen i resultatata frå den empiriske studien at det er eit samanfall mellom strileidentitet og bruken av dialekt og nynorsk. Dei som oppgir å snakke «sotradialekt» og har nynorsk som hovudmål, vil i større grad karakterisere seg som stril enn dei som snakkar «bergensk» og har bokmål som hovudmål. Dei som mest tydeleg *ikkje* vil definere seg som strilar, er *jenter* i sentrale strøk med bokmål som hovudmål og som oppgir at dei snakkar bergensk eller blanding av bergensk og sotradialekt. Nynorskgutane og bokmålsjentene utgjer såleis dei mest markante motsetnadene. Der er òg andre kjønnskilnader, t.d. mellom nynorskjentene og nynorskgutane når det gjeld kva talemål dei bruker, kva samanhengar dei skriv dialekt, nynorsk og bokmål i, og graden av språkleg medvit.

Ein annan relevant variabel for strileidentiteten er geografi. Dei som bur i rurale strøk vest på Sotra, vil i større grad kalle seg for strilar enn dei som bur på Litle-Sotra (dvs. nærmast Bergen). Sidan nynorsken står sterkast i dei rurale områda, vil vi òg her finne eit samanfall med nynorsk som hovudmål.

Ein tredje variabel er familiebakgrunn. Dei som kallar seg stril, vil i hovudsak karakterisere foreldra som strilar.

Samla sett ser vi altså ein samheng mellom hovudmål, kjønn, geografi og foreldrebakgrunn når det gjeld eigenkategoriseringar som *stril*. Mest viktig er vekselverknaden mellom hovudmål og kjønn.

Det er tydeleg at stril ikkje er ei allment akseptert nemning for ungdomen i Fjell. Rett nok framstår ikkje strileomgrepet som eintydig negativt. Akkurat det uttrykkjer truleg ei generell haldningsendring som har gått føre seg over tid. På den andre sida framstår strileomgrepet i endå mindre grad som eintydig positivt. For mange av informantane verkar *stril* som noko litt fjernt, perifert og gamalvore, og det dekkjer eit avgrensa livsfelt. Det fell såleis ikkje inn som ei nøytral lokalorientert nemning på det livet og det språket som er relevant for ungdomane i dag. Samtidig merkar vi oss at

fleire av ungdomane er usikre på kva strilenemninga inneber. Det indikerer at nemninga kan vere open for forhandlingar og nytolkingar, slik tidlegare Fjell kommune har prøvd seg med når ein tala om «den moderne strilen».

Også oppfatningane av talemålet verkar opne. Mange oppgir at dei oppfattar talemålet sitt som «blanding av sotradialekt og bergensdialekt», og det kan indikere at dei ikkje heilt klarer å plassere seg identitetsmessig. I tillegg oppgir fleire at dei driv med veksling mellom ulike talemålsvarietetar, men òg mellom ulike skriftspråksvarietetar. I det siste tilfellet er det tydeleg at elevar med nynorsk som hovudmål i stor grad vekslar mellom å skrive på nynorsk, bokmål og dialekt. I det siste tilfellet er det òg tale om eit hegemonisk språkpress, men undervegs gjer òg ungdomane fleire refleksjonar og vurderingar over språkvala sine. Desse refleksjonane får fram at talemålsvala og skriftspråkvala ofte heng saman, og at strileomgrepet kan gå inn som eit element i desse vala. På den måten er då òg strileomgrepet relevant for å forstå språkval, språkbruk og språkleg identitet i Fjell.

At det er trekk ved språksituasjonen i Fjell som verkar opne, vil ikkje seie at tendensen i språkutviklinga er vilkårleg. To tendensar har vore tydelege gjennom fleire tiår: Talemålet går i retning bergensdialekten, og bokmålet tek over for nynorsken. Som vi har vore inne på, heng desse tendensane saman med meir grunnleggjande demografiske, økonomiske, sosiale og kulturelle endringar i Fjell-samfunnet. Men heller ikkje strukturelle endringar i språksamfunnet følgjer naturlover. Dei handlar òg om bustadpolitikk, skulepolitikk og mangelen på språkpolitikk (særleg på 1970-, 1980- og 1990-talet). Dei siste åra Fjell eksisterte som eigen kommune, var det eit visst fokus på språkpolitiske spørsmål, bl.a. gjennom målbruksplanen (Fjell kommune 2013) og gjennom prosjektet «Stolt av eige språk» som Fjell kommune og Universitetet i Bergen samarbeidde om. Slike tiltak indikerer at det er mogleg å setje i gang lokale tiltak for å påverke språksituasjonen. At språkoppfatningane, slik dei kjem fram hos informantane i denne studien, ikkje er lukka, illustrerer eit meir generelt poeng, nemleg at det finst eit resonansrom for språkpolitisk påverknad. Her kjem strileomgrepet inn igjen. Det *er* der og det kan tolkast på nytt, dersom nokon ønskjer det.

## Referansar

- Agnew, John A. 1987. *Place and politics. The geographical mediation of state and society*. Boston & London: Allen and Unwin.
- Akselberg, Gunnstein. 2002. «Gransking av regionaltalemål i Noreg. Bakgrunn og særtrekk». *Nordica Bergensia* 28: 3–34.

- Anderson, Ragnhild Lie. 2020. «Haldningar til strilemål i og rundt Bergen». *Målbryting* 11: 23–52.  
DOI: <https://doi.org/10.7557/17.4871>
- Barth, Fredrik. 1969. *Ethnic groups and boundaries. The social organization of cultural difference*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Birkeland, Mariann. 2008. ««Dei e teite og dei e mær stril enn oss». Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i nordhordlandskommunane Meland og Radøy». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Bourdieu, Pierre. 2002. *Distinksjonen. En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: De norske bokklubbene.
- Beck, Ulrich og Elisabeth Beck-Gemshheim. 2004. *Individualization. Institutionalized individualization and political consequences*. Thousand Oaks/New Dehli: Sage Publications.
- Brunstad, Endre. 2006. «Globalisering og språkleg mangfald». I *Den nye norsken. Nokre peilepunkt under globaliseringa*, redigert av Helge Sandøy og Kari Tenfjord, 40–72. Oslo: Novus forlag.
- Brunstad, Endre. 2017. «Nynorsk under press. Folkerøystingar om opplæringspråk i bergensområdet på 2000-talet». I *Bók Jógvan*, redigert av Zakaris Svabo Hansen, Anfinnur Johansen, Hjamlar P. Petersen og Lena Reinert, 63–81. Tórshavn: Froðskapur.
- Brunstad, Endre. 2020. «Det saumlause språkskiftet – om overgangar frå nynorsk til bokmål i Fjell». I *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge*, redigert av Gudrun Kløve Juuhl, Stig Helset og Endre Brunstad, 171–202. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Brunstad, Endre, Unn Røyneland og Toril Opsahl. 2010. «Hip-hop. ethnicity and linguistic practice in rural and urban Norway». I *Languages of Global Hip-hop*, redigert av Marina Terkourafi, 223–255. London: Continuum.
- Bucholz, Mary og Kira Hall. 2004. «Language and identity». I *A companion to linguistic anthropology*, redigert av Alessandro Duranti, 369–394. Oxford: Blackwell.
- Bucholz, Mary og Kira Hall. 2005. «Identity and interaction: a sociocultural linguistic approach». *Discourse Studies* 7 (4–5): 585–614.
- Cornips, Leonie og Vincent A. de Rooij, red. 2018. *The sociolinguistics of place and belonging. Perspectives from the margins*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Darvin, Ron og Bonny Norton. 2015. «Identity and a model of investment in applied linguistics». *Annual Review of Applied Linguistics* 35: 36–56.
- Eilertsen, Trine. 2002. «En byggefeltstrils bekjennelser». *Bergens Tidende*, 29. november, 2002.  
<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/M7GwB/en-byggefeltstrils-bekjennelse>.
- Erikson, Erik H. 2000. «Livscyklens identitetens epigenese». I *Tekster om læring*, redigert av Knud Illeris, 134–138. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.

- Fjell kommune. 2013. «Målbruksplan». Fjell: Fjell kommune. [Er ikkje lenger tilgjengeleg på Internett etter kommunesamanslåing i 2020, men finst som brosjyre.]
- Fossen, Anders Bjarne. 2009. «Byen og strilelandet». *Grind*.  
<https://www.grind.no/busetnad-bygd/byen-strilelandet>
- Giddens, Anthony. 1997. *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. (Omsett til dansk av Søren Schulz Jørgensen.) Cambridge: Hans Reitzel.
- Grunnskolen informasjonssystem [GSI]. 2021. Oslo: Utdanningsdirektoratet. Henta 01.04.2021 frå  
[www.gsi.udir.no](http://www.gsi.udir.no)
- Helset, Stig og Endre Brunstad. 2020. «Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mot-takarforventingar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet». I *Vilkår for nynorsk mellom born og unge*, redigert av Gudrun Kløve Juuhl, Stig Helset og Endre Brunstad, 93–118. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Higgins, Christina. 2020. «Space, place, and language». I *The routledge handbook of migration and language*, redigert av Suresh Canagarajah, 102–116. London: Routledge.
- Idsøe, Thea. 2016. «Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? Ei undersøking av språk-skiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Juuhl, Johan C. W. 2012. *Det grå riket*. Bergen: Vigmostad & Bjørke. [Nyutgiving av Juuhls *Havstrilerne* frå 1912 med føreord av Halvor Skurtveit.]
- Johnstone, Barbara. 2010. «Language and place». I *Cambridge handbook of sociolinguistics*, redigert av Walt Wolfram og Raj Mesthrie. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kerswill, Paul. 1994. *Dialects converging. Rural speech in urban norway*. Oxford: Clarendon Press.
- Kværnum, Kirsti. 2012. *Omstridte landskap. Stedstilhørighet og endring på Sotra. Rapport 8/12*. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning.
- Kobbeltveit, Olav. 2002. «Rapport frå (strile)krigen». *Bergens Tidende* 07.12.2002.
- Langeland, Alfred. 1988. *Grunnskolen i Fjell 250 år. Jubileumsskrift 1739–1989*. Straume: Fjell kommune.
- Leander, Kevin M. og Margaret Shealy. 2004. *Spatializing literacy reseach and practice*. New York: Peter Lang.
- Myking, Johan. 1981. «Språk og stril. Målreising i Nord- og Midthordland 1885–1922». Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus.
- Mæhlum, Brit og Stian Hårstad. 2018. «Nasjonale og regionale identitetar». I *Norsk språkhistorie III. Ideologi*, redigert av Tove Bull, 145–326. Oslo: Novus forlag.

- Neteland, Randi. 2014a. «Koinéforming av industristedtalemål. En sosiolingvistisk studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene». Ph.d.-avhandling, Universitetet i Bergen.
- Neteland, Randi. 2014b. «Å snakke bokmål og å snakke nynorsk». I *Rom for språk*, redigert av Endre Brunstad, Ann-Kristin Gujord og Edit Bugge, 267–297. Oslo: Novus forlag.
- Nordvik, Bernt Eirik. 2010. «Lokalavisa – nynorskbastion under press. Eit språkkulturelt blikk på avisene Vestnytt og Os og Fusaposten». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Pablé, Adrian, Marc Haas og Noël Christie. 2010. «Language and social identity: an integrationist critique». *Language Science* 32 (6): 671–676.
- Pennycook, Alastair. 2010. *Language as a local practice*. London & New York: Routledge Taylor & Francis Group.
- Respons. 2013. «Innbygger- og flyttemotivundersøkelse i Fjell». Publisert på nett i 2013. [Upublisert rapport utarbeidd av Respons Analyse, med tilvisingar til tilsvarende gransking i 2006.]  
[https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2012/12/rapport\\_flyttemotiv-og-trivselsundersokelse\\_fjell.pdf](https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2012/12/rapport_flyttemotiv-og-trivselsundersokelse_fjell.pdf)
- Revheim, Irene. 1997. «Sosiolingvistisk variasjon i Sund kommune på Sotra». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Roald, Hans-Jacob. 2010. *Byplanen. En historie om utviklingen av Bergen by*. Oslo: Spartacus forlag.
- Røyneland, Unn. 2017. «Hva skal til for å høres ut som du hører til? Forestillinger om dialektale identiteter i det senmoderne Norge». *Nordica Helsingensia* 48: 91–106.
- Sandøy, Helge, red. 2016. *Norsk språkhistorie 1. Mønster*. Oslo: Novus.
- Skurtveit, Halvor. 2012. «Juuhl og havstrilane». I *Det grå riket*, av Juuhl 2012, føreord. Bergen: Vigmostad & Bjørke.
- Skurtveit, Halvor og Gaute Losnegård. 2020. *Fjell bygdebok band VII. Allmennhistoria 1910–2019*. Bergen: Bedoni forlag.
- Solberg, Erna. 2020. «Statsministerens tale på folkefest for nye Øygarden kommune, Sotra Arena 4. januar 2020».  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/statsministerens-tale-pa-folkefest-for-nye-oygarden-kommune/id2684479/>
- Statistisk sentralbyrå. 1972. *Folketallet i kommunene 1971–1972*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.  
Henta 01.04.2021 frå  
[https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos\\_a476.pdf](https://www.ssb.no/a/histstat/nos/nos_a476.pdf)
- Statistisk sentralbyrå. 2020. «Statistikkbanken. Befolkning». Henta 01.04.2021 frå  
<https://www.ssb.no/statbank/table/01222/tableViewLayout1/>



- Sundt, Eilert. 1873. *Om Huslivet i Norge. Fortsettelse af Bogen fra 1873 «Om Renlighedsstellet i Norge» og med særligt Hensyn til de tre vestlandske Amter Romsdal samt Nordre og Søndre Bergenhus*. Christiania: J. Chr. Abelsted.
- Taifel, Henri. 1981. *Human groups and social categories*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Villanger, Silje. 2010. «Da hadde vært kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år». Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Withers, Charles W. J. 2009. «Place and the «Spatial turn» in geography and history». *Journal of the History of Ideas* 70 (4): 637–658.
- Wold, Ingrid. 2019. «Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar av språkbortval i randsoner». *Målbryting* 10: 77–99.  
<https://doi.org/10.7557/17.4825>.
- Ziehe, Thomas. 2004. *Øer af intensitet i et hav av rutiner. Nye tekster om ungdom, skole og kultur*. Omsett av Hans Christian Fink. København: Politisk revy.
- Øidne, Gabriel. 1957. «Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet». *Syn og Segn* 3: 97–114.
- Aasen, Ivar. 1917. *Reise-Erindringer og Reise-Indberetninger 1842–47*. Trondheim: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.
- Aasmundseth, Kathrine. 2010. ««I den store sammenhengen er me jo bergensarar». Bevisste og underbevisste språkholdninger i Øygarden». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.

## Abstract

This article is about the relationship between linguistic identity and spatial identity among adolescents between the age of 13 and 16. Based on historical data, a survey and interviews, this article examines the concept of *stril* and its role as an identity marker among adolescents in the former municipality of Fjell outside Bergen. This language society, traditionally an area of the so-called strils, is today characterized by pressure against the Nynorsk written language and by dialectal levelling. The results of the study indicates that the concept of *stril* is relevant in order to understand language choice, language use and language identity. Furthermore, it shows a connection between self-categorization as *stril* and main written language, gender, local geography and parental background. Most significant is the interaction between main written language and gender.

Endre Brunstad

Universitetet i Bergen

[endre.brunstad@uib.no](mailto:endre.brunstad@uib.no)

# Referansebasert analyse av referentkopling

## Forslag til ein operasjonell modell

### Helga Mannsåker

Denne artikkelen gjer greie for framstillinga av referentkopling i nokre sentrale verk innanfor tekstbindingsfeltet, sett med skandinaviske auge, og diskuterer problema som kan oppstå når ein brukar desse framstillingane som grunnlag for referentkoplingsanalyse av autentiske tekstar skrivne av relativt røynde språkbrukarar. På basis av denne problematikken vert det presentert eit forslag til ein ny forståingsmodell og eit nytt analyseapparat for referentkopling som baserer seg på relasjonar mellom referentane til frasar i staden for semantiske relasjonar mellom ordstammer. Målsetninga med arbeidet har vore å freista å finna ei løysing på utfordringane knytte til forholdet mellom denotasjon og referanse i referentkopplingsanalysesamanheng, og arbeidet er basert på innsikter henta frå kognitiv lingvistik og relevante teori. Som illustrasjon til både eksisterande problem og moglege løysingar er det i all hovudsak brukt døme henta frå ulike tekstar publiserte på Internett.

## 1 Innleiing

*Tekstbinding* er ein samleterm for fleire ulike fenomen som skapar samanheng og struktur i tekstar. Dei såkalla kohesjonsmekanismane, som er sagt å uttrykkja samanheng i tekst (ofte kalla *koherens*) på tekstoverflata, utgjer ei av «søylene» innanfor tekstbindingsfeltet. Halliday og Hasan sitt verk *Cohesion in English* (1976) vert rekna som sentralt for utviklinga av tekstbindingsfeltet, og dette verket var det første som undersøkte fenomenet kohesjon (Renkema og Schubert 2018, 126).

Kohesjonsmekanismer vert vanlegvis delte i to kategoriar: referentkopling og setningskopling. Setningskopling dreiar seg om bruk av markørord for å eksplisiterast relasjonar mellom situasjonar som er refererte til i ulike setningar. Referentkopling er når to tekstkonstituentar<sup>1</sup> (òg kalla *tekstreferentar*) kan seiast å referera til same referent eller til kvar sin referent som på ein eller annan måte er relatert til den andre. Det er sistnemnde type kopling, altså referentkopling, denne artikkelen skal handla om.

Referentkoplingsanalyse vert mellom anna nytta i analyse og vurdering av elevtekstar, herunder innlærartekstar, sjå t.d. Eide (2018), Zwicky (1984), Danbolt (2001) og Øgreid (2005). Analyse av referentkopling inneber først og fremst å identifisera kopling og koplingstype «bakover» mellom to og to refererande tekstkonstituentar, dvs. å fastslå om, og i så fall korleis, konstituent nummer 2 er relatert til konstituent nummer 1, og deretter korleis konstituent nummer 3 eventuelt er relatert til konstituent nummer 2, osv. Og deretter vil ein ofte supplera analysen med å setja opp og undersøkje langsgåande kjeder av samankopla konstituentar i teksten. Til dømes undersøkte Zwicky (1984) referentkjeder i elevtekstar med høge versus låge karakterar og fann at tekstane som hadde fått høge karakterar, inneheldt færre kjeder, men fleire lange kjeder (> 5 ledd), samanlikna med tekstane som hadde fått låge karakterar.

I motsetnad til analyseapparatet for setningskopling, som er relativt oversiktleg og einskapleg i litteraturen, varierer analyseapparatet for referentkopling frå framstilling til framstilling med omsyn til kategoriar og underkategoriar, og mange av modellane er svært omfattande. Analyseapparata som er presenterte, er kompliserte å bruka i praksis, kategoriseringsprinsippa er til dels uklære, og nokre av dei illustrerande døma tykkjest noko «veltilpassa» i høve til korleis autentiske tekstar ser ut. Men hovudproblemet med tidlegare modellar, slik eg ser det, er at dei i altfor stor grad er baserte på formelle aspekt og semantiske relasjonar mellom ord, og i altfor liten grad på den kontekstuelle referansen til frasar.

Mottakar gjer slutningar om referansen til eit språkleg uttrykk basert på ei rekkje ulike ressursar: semantikk, grammatikk, kontekst, slutningskapasitet og bakgrunnskunnskap. Som Langacker (2008, 458) skriv:

Conventional linguistic units are just one resource exploited in usage events. In speaking and understanding, we draw on our full range of knowledge, mental abilities, and interpersonal skills. Also essential is our apprehension of the context, one facet of which is the ongoing discourse itself. The various factors contributing to usage events should not be thought of as separate and discrete. In particular, the specific contributions of language cannot be segregated and

---

<sup>1</sup> Ein konstituent skal her forståast som eit uttrykk som refererer til noko(n).

precisely delimited. The linguistic meaning of a word, for example, is not a distinct and self-contained entity, divorced from other knowledge and cognitive abilities – instead it recruits and exploits them.

Å laga referentkoplingskategoriar baserte på semantiske relasjonar som synonymi, antonymi, hyponymi og meronymi, slik det tradisjonelt har vore gjort (Halliday og Hasan 1976; Källgren 1979; Fossetøl 1983; Nyström 2001), er derfor problematisk. Eit ordpar som semantisk og isolert sett er hyperonym/hyponym, kan ha same referent i ein gjeven tekst, som t.d. når éi og same gruppe flodhestar først vert referert til med konstituenten *flodhestane* og deretter med konstituenten *dyra*. Denne koplinga er å finna i den første biletteksten i Schjølberg (2020): «Turister advares mot flodhestene som bor i Magdalenaelva i Colombia. Dyrene stammer fra fire flodhester som ble importert av Pablo Escobar.» I denne spesifikke konteksten er dei to substantiva *flodhestene* og *Dyrene* koreferente, dvs. at dei refererer til den same referenten. At substantivet *flodhest* semantisk sett er eit hyponym til substantivet *dyr*, gjer sjølvsagt at substantiva kan seiast å vera semantisk beslekta, og dette utgjer éin av leietrådane for disambiguering av referansen til konstituenten *Dyrene*: Ein flodhest er de facto ein type dyr. Og det er i den umiddelbare konteksten ikkje nemnt andre deltakarar som kan vera aktuelle referantar for konstituenten *Dyrene*. Bruken av bestemt form av substantivet *dyr* er ein annan leietråd, for dette signaliserer at referenten er rekna av avsendar for å vera identifiserbar for mottakar (i dette tilfellet fordi han er nemnd i føregående setning). All eventuell tvil vert eliminert ved den påfølgjande opplysinga om at *dyra* stammar frå fire importerte flodhestar. Bruken av ubestemt form av substantivet *flodhest* i den andre setninga signaliserer sameleis at det er eit skifte i referent. Ubestemt form blir typisk brukt når ein skal referera til ein referent som ikkje er identifiserbar for mottakar, dvs. ikkje kjent eller omtalt tidlegare. *Flodhestene* i den første setninga og *flodhester* i den andre setninga refererer altså *ikkje* til dei same individa.

Det er ikkje tilstrekkeleg å sjå på kjernen i frasen når ein skal finna fram til den eksakte referansen. Ofte vert den ønskete referansen oppnådd eller tydeleggjord ved å bruka ein utbygd substantivfrase, til dømes med ei innskrenkande relativsetning, som i *flodhestene som bor i Magdalenaelva* og *fire flodhester som ble importert av Pablo Escobar* over, eller som i (1):

- (1) **Stoffene forskerne først hadde tenkt å bruke**, viste seg vanskelige å kombinere fordi det ikke var noe overlapp i temperaturer **stoffene** kan trives i. Dermed ble forskerne tvunget ut på netthandel etter **stoffer som kanskje kunne la seg bruke**. (Melteig 2020; mine uthevingar)

Den første og den andre markerte konstituenten i (1) refererer til dei same stoffa (konstituentane er altså koreferente), medan den tredje markerte konstituenten refererer til

nokre (heilt) andre stoff, og sistnemnde konstituent er dermed ikkje koreferent med dei to førstnemnde konstituentane; han refererer tvert om til ein referent som i teksten står i eit motsetnadsforhold til referenten til dei to føregåande konstituentane, nærare bestemt ein motsetnad mellom 'ubrukelege stoff' og '(forhåpentlegvis) brukande stoff', sett i relasjon til det aktuelle forskingseksperimentet. Det nyttar ikkje å berre sjå isolert på denotasjonen til substantivet *stoff* i desse frasane! Det er som kjent heile frasen som refererer, ikkje kjernen i frasen (eller meir presist: stamma til kjernen i frasen). Referansen til konstituenten *stoffene* mot slutten av den første perioden i (1) kjem blant anna fram ved at han består av det same substantivet som utgjer kjernen i den første konstituenten. Den tredje og siste konstituenten, som òg har substantivet *stoff* som kerne, har ikkje same referanse som dei to føregåande konstituentane, noko bruken av ubestemt form av substantivet og den innskrenkande relativsetninga som utgjer tillegget til kjernen, tydeleg indikerer. Men det at substantivet som utgjer kjernen, er det same som i dei to føregåande konstituentane, bidreg sjølvsagt til at mottakar oppfattar at denne konstituenten står i éi eller anna form for bindingsforhold til dei to føregåande. Det er her ikkje snakk om eit bindingsforhold i form av koreferanse, men om det eg vel å kalla ein type «parallell referanse», nærare bestemt ein motsetnadsrelasjon.

I (1) såg vi at konstituentar med same kerne kan referera til referentar som ikkje har nokon overlapp i referanse. Motsett kan konstituentar som er fullstendig koreferente, ha kjernar der stamma til kjernene isolert sett har heilt ulike denotasjonar. I ein gjeven tekst kan nær sagt kva som helst referera til kva som helst så lenge konteksten legg til rette for det, som i Wergeland sitt dikt «Den første Sommerfugl», der konstituentane *Min Sommerfugl – du søde lille Gjest – du Luftens Blomme – du Kræ – Barn* alle refererer til éin og same referent, nemleg ein sommarfugl<sup>2</sup> (Wergeland og Beyer 1947, 274–275). Frasane fungerer som koreferente konstituentar i akkurat dette diktet, men substantiva *sommarfugl – gjest – blome – kre – barn* er ikkje synonyme isolert sett.<sup>3</sup>

Sidan denotasjonelle termar står i eit mange-til-mange-forhold til relasjonelle termar, bør ein analysemodell for tekstbinding ikkje ta utgangspunkt i semantikk, men i pragmatikk, dvs. i korleis mottakar dreg slutningar om referanse på basis av ei rekkje tilgjengelege ressursar. Som det vert peika på i relevansteorien til Sperber og Wilson, er tydinga til språklege ytringar alltid kontekstsensitiv og inferensiell. All kommunikasjon avheng av vår evne til avansert «tankelesing» (*theory of mind*), dvs. evna

<sup>2</sup> Dette er sjølvsagt ei grov overforenkling – eg vil presisera at eg siktar til **motiv** og ikkje **tema** her.

<sup>3</sup> Dette er noko som òg vert understreka av Halliday og Hasan (1976, 288): «EVERY lexical item MAY enter into a cohesive relation, but by itself carries no indication whether it is functioning cohesively or not. That can be established only by reference to the text.»

til å trekkja slutningar om den kommunikative intensjonen til avsendar. Språklege uttrykk underspesifiserer i regelen det som vert kommunisert ved hjelp av dei, så mottakar må gå inn i ein tolkingsprosess og danna teoriar om kva som er den intenderte budskapet til avsendar. Sjølv om ei ytring i prinsippet alltid kan tolkast på fleire måtar, er det vanlegvis slik at i den aktuelle konteksten er dei ulike mogelege tolkingane meir eller mindre tilgjengelege, og som regel er det éi av dei som skil seg ut som den klårt mest sannsynlege. Når mottakar har funne fram til denne tolkinga, stoppar tolkingsprosessen (Wilson og Sperber 2006).

Referentkopling dreiar seg altså om mykje meir enn ord(stamme)semantikk, noko (2) demonstrerer.

- (2) På en plass oppe i Vågå i Gudbrandsdalen bodde det engang i gamle dager et par fattige folk. De hadde mange barn, og **to av sønnene**, som var så ved lag halv voksne, måtte støtt reke omkring på bygda og tiggje. Derfor var **de** vel kjent med alle veier og stier, og **de** visste også benveien til Hedalen. Engang ville **de** gå dit. Men **de** hadde hørt at noen falkefengere<sup>4</sup> hadde bygd seg en hytte ved Mæla; der ville **de** gå innom med det samme og se *fuglene*, og hvordan de fanget *dem*, og derfor tok **de** benveien over Langmyrene. (Asbjørnsen og Moe [1843–44] 1994; mine uthevingar: dei tre ulike kjedene er markerte med høvesvis feit skrift, understreking og kursiv)

I (2) har vi eit brot i referanse i eitt av tilfella av pronomenet *de* i den delen av teksten som har svart skrift. (Delen med grå skrift er ikkje inkludert i referentkjedeanalysen.) Tilfelle nummer 1–5 av *de* refererer til same referent, medan tilfelle nummer 6 refererer til ein annan referent, nemleg falkefengarane. Leietrådane mottakaren får til å registrera dette skiftet i referanse, finst i konteksten, der hen vert presentert for eit bestemt perspektiv: Referenten til *de* i tilfelle 1–5 ønskjer å gå til Hedalen, har høyrte om nokre falkefengarar og vil gå innom hytta deira på vegen til Hedalen for å observera og læra. På bakgrunn av dette er det opplagt at det er falkefengarane som er referenten til det sjette tilfellet av *de*, sidan *de* her refererer til nokon som blir sett av referenten til *de* i tilfelle 1–5, **og** som fangar fuglar. Vidare er det klart at referansen skiftar tilbake att i det sjuande tilfellet av *de* fordi det her igjen er snakk om gåturen/ruta til *de* i 1–5. Vidare er det den generiske referansen til forleddet i samansettinga *falkefenger* som er leietråden til den spesifikke referansen til konstituenten *fuglene*, og heile samansettinga (*falkefenger*) er leietråd for referansen til det påfølgjande *dem*. Med Langacker (2008, 493) kan vi kanskje seia at vi har «a path of mental access that starts with the specified location» i den første setninga, «en plass oppe i Vågå i Gudbrandsdalen», destinasjonen Hedalen og vegen mellom desse stadene, som fører over Mæla via Langmyrene.

<sup>4</sup> *Falkefenger*: 'person som fanger (jakt)falker', jf. <https://naob.no/ordbok/falkefenger>.

Det er dei to gutane som heile tida er i fokus, jf. at dei vert refererte til med subjektsleddet i alle heilsetningane i den sekvensen av (2) som står med svart skrift. På bakgrunn av dette er referanseskiftet midt i ei kjede av det same pronomenet vellukka.

I denne artikkelen lanserer eg eit forslag til ein ny forståingsmodell og eit nytt analyseapparat for referentkopling som baserer seg på relasjonar mellom referentane til frasar i staden for semantiske relasjonar mellom ordstammer. Målsetninga med arbeidet har vore å freista å finna ei løysing på utfordringane knytte til forholdet mellom denotasjon og referanse i referentkoplingsanalysesamanheng.

I det vidare skal eg først gjera kort greie for analyseapparatet i nokre sentrale verk innanfor tekstbindingsfeltet, sett med skandinaviske auge. Målet er å visa bakgrunnen for og framveksten av dei framstillingane av tekstbinding som finst i dag, og problema som heftar ved dei. Til slutt vil eg presentera mitt eige forslag til ein modell for analyse av referentkoplingstypar. Som illustrasjon til både eksisterande problem og moglege løysingar brukar eg i all hovudsak døme henta frå ulike tekstar publiserte på Internett.

Men først skal vi altså ta for oss noko av framveksten av referentkoplingsanalyse frå Halliday og Hasan fram til i dag. Så vidt eg kan sjå, er det framleis Halliday og Hasan si framstilling frå 1976 som er generelt gjeldande internasjonalt,<sup>5</sup> og i Skandinavia byggjer ulike framstillingar i tillegg på Fossetøl (1983) og/eller Källgren (1979). Framstillinga i desse tre verka vert derfor presentert og drøfta i det følgjande. Deretter presenterer eg framstillinga til Nyström (2001), som etter det eg kjenner til, er den einaste monografien om tekstbinding i skandinavisk samanheng frå dette tusenåret, og framstillinga til Tanskanen (2006), som undersøker referentkopling i munnleg og skriftleg engelsk, og som har ein fyldig teoretisk del i sin monografi.

## 2 Bakgrunn

Tekstlingvistikken oppstod på 1960- og 70-talet som ein reaksjon mot grammatikken si «vegring» mot å gå over setningsgrensa og opp på tekstnivået. Føremålet til tekstlingvistikken er å undersøkje kva mekanismar som gjer at ein sekvens av setningar tykkjest som ein samanhengande tekst for mottakaren – eller ikkje gjer det.

### 2.1 Halliday og Hasan

Halliday og Hasan si bok *Cohesion in English* (1976) kan seiast å markera starten på forskingsfeltet tekstbinding innanfor tekstlingvistikken. Dei to forfattarane hevdar at

---

<sup>5</sup> Jamfør at boka vert omtalt som «the standard work» når det gjeld kohesjon, i Renkema og Schubert (2018, 149).



det som gjer at eit sett med setningar utgjer ein tekst, er såkalla **tekstur**. Tekstur oppstår som følgje av kohesjonsrelasjonar (*cohesive relations*) i og mellom setningane. På s. 2 i boka illustrerer forfattarane dette med følgjande døme:

Wash and core six cooking apples. Put them into a fireproof dish.

Konstituenten *them* i den andre setninga viser anaforisk tilbake til konstituenten *six cooking apples* i den første setninga. Kohesjonsrelasjonen, eller referentkoplinga, mellom dei to frasane gjer at dei to setningane blir oppfatta som (del av) ein tekst. Forfattarane definerer kohesjon slik: «Cohesion occurs where the INTERPRETATION of some element in the discourse is dependent on that of another. The one PRESUPPOSES the other, in the sense that it cannot be effectively decoded except by recourse to it.» (Halliday og Hasan 1976, 4.) Poenget er at vi kan ikkje vita kva *them* refererer til ved å berre sjå på setninga som inneheld pronomenet. Vi må gå ut over setningsgrensa – eller ut av teksten – for å finna ut dette. Dersom eit presupponert element er teksteksternt, dvs. knytt til situasjonskonteksten, er det ifølgje Halliday og Hasan eit **eksoforisk** samband mellom dei to elementa, og vi har ikkje med tekstleg kohesjon å gjera. Vi snakkar berre om kohesjon i dei tilfella der begge elementa er tekstinterne og har eit såkalla **endoforisk** samband seg imellom. Det er to typar endoforisk referanse: **anafor**, der det presupponerte elementet opptrer tidlegare i teksten, og **katafor**, der det presupponerte elementet opptrer seinare i teksten. Brown og Yule (1983, 193) gjev følgjande illustrasjon på desse kategoriane:

- a. *Exophora*: Look at that [*that* = 'the sun', som er synleg for både sendar og mottakar]
- b. *Endophora*:
  - i. anaphoric - Look at the sun. It is going down quickly.  
(*It* refers back to *the sun*.)
  - ii. cataphoric – It's going down quickly, the sun.  
(*It* refers forwards to *the sun*.)

Merknad: Dømet i (ii) er noko uvanleg i tekstbindingssamanheng, då det ikkje er snakk om konstituentar frå to ulike **fullstendige** setningar her. Kan det vera at forfattarane markerer ein konstituent i ei slags elliptisk setning her? (? 'It's going down quickly, the sun is.?) Jamfør t.d. Nyström (2001), som har som prinsipp å ikkje gjera nettopp det. Tradisjonen med å berre markera koplingar mellom konstituentar i kvar si setning, stammar frå Halliday og Hasan (1976, 7–9), som skriv at kohesjon sjølvstøtt kan finnast innanfor setningsgrensene så vel som mellom to setningar, men at «As a general rule, the examples cited in this book will be of cohesion across sentence boundaries, since here the effect is more striking and the meaning more obvious: cohesive ties between sentences stand out more clearly because they are the ONLY source of texture, whereas

within the sentence there are the structural relations as well» (s. 9). Det er altså ingen fagleg basert grunn til å ikkje markera koplingar mellom konstituentar i éi og same setning – praksisen er basert på gamal sedvane. Ein kan tenkja seg eit argument som går på at det er meir arbeidskrevjande å markera koplingar òg innanfor setninga, sidan det blir fleire koplingar å analysera, men eg vil hevda at det er meir arbeidskrevjande (og frustrerande) å konsekvent lata vera å gjera det, fordi det så opplagt finst mange koplingar inne i setningar, og fordi det å unngå å markera dette medan ein jobbar med ein tekst, krev at ein fortløpande analyserer kvar setning for å sjekka om konstituentane er i same setning eller ikkje. Viss teksten ein analyserer, har ein hypotaktisk stil, med fleire lag av leddsetningar «skrudde inn i kvarandre», er det ei krevjande oppgåve. Og kva med setningar med predikativledd som kan seiast å vera refererande så vel som beskrivande – korleis skal ein avgjera kva ledd ein skal inkludera i kjeda, og kva ein skal «hoppa over»? Jamfør setninga «**Flodhester** er det forskerne kaller for **økosystemingeniører**. **De** flytter viktige næringsstoff fra et økosystem til et annet.» (Schjølberg 2020; mine uthevingar)

Ei anna form for presupposisjon, kalla **homofori**, er skildra i Maagerø (2005, 177). Ved homofori er det presupponerte elementet å finna i kulturkonteksten. Vi nyttar typisk berre bestemt form når vi refererer til allment kjende entitetar i verda/samfunnet som sola, månen, kongen, regjeringa osv.

Halliday og Hasan (1976) skriv at kohesjon vert uttrykt dels gjennom grammatikk og dels gjennom vokabular, og dei skil derfor mellom leksikalsk og grammatisk kohesjon. Leksikalsk kohesjon vert delt inn i **gjentakning** (*reiteration*), som har undergruppene *repetition* (t.d. *mushroom–mushroom*), *synonym* (*climb–ascent*), *superordinate* (*Jaguar–car*) og *general word* (*Geneva–the place*) (s. 278), og **kollokasjon**, der kohesjonen er basert på assosiasjon mellom ord som regelmessig opptrer saman, som t.d. *boys–girls*, *boy–child*, *crowded–deserted*, *skip–play*, *Tuesday–Thursday*, *basement–roof*, *car–brake*, *blade–sharp*, *ill–doctor* (s. 285).

Grammatisk kohesjon har i deira modell undergruppene *reference*, *substitution* og *ellipsis*. Slik forklarar Halliday og Hasan (1976, 31) namnet på kategorien *reference*:

There are certain items in every language which have the property of reference, in the specific sense in which we are using the term here; that is to say, instead of being interpreted semantically in their own right, they make reference to something else for their interpretation. In English these items are personals, demonstratives and comparatives.

Kategorien *substitution* er mellom anna illustrert med døma *My axe is too blunt. I must get a sharper one* og *You think Joan already knows? – I think everybody does*, der «one

substitutes for *axe*, and *does* for *knows*» (Halliday og Hasan 1976, 89). Kategorien *ellipsis* er definert som «substitution by zero» (s. 89).

Parallelt med inndelinga av leksikalsk og grammatisk kohesjon opererer dei med ei inndeling av referensiell relasjon for såkalla leksikalsk gjentakning (*lexical reiteration*) som består av følgjande variantar: same referent, inkluderande, ekskluderande, urelatert (Halliday og Hasan 1976, 283, 288). Analyseapparatet presentert av Halliday og Hasan (1976) er sær finmaska og detaljert, og det går ut på å nytta ein kombinasjon av analysekodar og notering av konstituentar for ei rekkje eigenskapar, mellom anna talet på konstituentar som inngår i referentkoplingar i setninga, og avstanden mellom konstituentane (dvs. kor mange setningar som eventuelt kjem mellom dei konstituentane som står i eit bindingsforhold til kvarandre). Kohesjonstypen skal markerast med eit detaljert kodesystem som består av fem hovudtypar med ei rekkje undertypar og undertypar av undertypar. Kodesystemet fyller heile seks sider i boka!

Halliday og Hasan opererer altså med to parallelle kategoriseringar, grammatisk versus leksikalsk kohesjon. Analyseapparatet deira er sær arbeidskrevjande å skulle operera med i praksis, og kodesystemet som skal nyttast, er reine mastodonten. Det å insistera på eit skilje mellom grammatisk og leksikalsk referentkopling fører til mykje ekstraarbeid for den som skal analysera. Veksling mellom ubestemt og bestemt form av substantivet inneber t.d. per definisjon også alltid gjentakning av substantivet. Halliday og Hasan (1976, 346) analyserer dermed eit døme som *a temple wall—the temple* todelt. Dei markerer binding mellom *the* og den føregåande konstituenten *a temple wall* og mellom *temple* i *the temple* og *temple* i den føregåande *a temple wall*. Å konsekvent skulle gjennomføra ein slik finmaska og «dobbeltløpa» analyse vil lett kunna føra til droppa trådar og fullstendig floke for den som analyserer.

Andre og meir fundamentale problem ved Halliday og Hasan sin modell vil bli drøfta seinare i teksten.

## 2.2 Fossestøl

På om lag same tid som Halliday og Hasan skreiv si bok, skreiv norske Bent Fossestøl avhandlinga *Tekst og tekststrukturer* (Fossestøl 1980), som i norsk språkdrakt tek for seg det nye forskingsfeltet tekstlingvistikk, herunder det han på s. 149 kallar «relasjonar mellom leksemer», der han kjem inn på referentkopling. Tre år seinare gav han ut boka *Bindingsverket i tekster* (Fossestøl 1983), som inneheld avsnittet «Koherensmekanismer»<sup>6</sup> (s. 105–119), der han tek for seg referentkopling og setningskopling. Fossestøl (1983) skriv følgjande på s. 105 under overskrifta «Referentkopling»:

---

<sup>6</sup> Fossestøl bruker ikkje termen *kohesjon*.

Sentralt i all tekstforming er det vi betegner som gjentakelse eller repetisjon. Det vil si at et element i en setning blir gjentatt i en eller annen form i neste setning:

1 Kari og Per er søsken. Kari er eldst.

2 Per er bror av Kari. Han er eldre enn henne.

Merk at Fossetøl her baserer sin definisjon på at element i ei setning vert gjenteke (i éi eller anna form) i neste setning. Dette har han truleg frå Halliday og Hasan (1976), som deler leksikalsk kohesjon inn i gjentaking (*reiteration*) og kollokasjon (*collocation*).

Å basera seg på «gjentaking» er problematisk på to måtar: Det krev ei ganske vid tolking av verbet *gjenta* for å godta at *Han* er ei gjentaking av elementet *Per* i føregående setning, sjølv om dei to elementa tvillaust refererer til same referent, og det oppstår ein logisk brest når Fossetøl skriv om strykingar og ellipsar, som han meiner fungerer anaforisk «med samme funksjon som repetisjon» (s. 111). Stryking har altså same funksjon som gjentaking, ifølgje Fossetøl.

Gjentaking i ordets rette forstand, dvs. repetisjon av eksakt same språklege (leksikalske) materiale, er relativt utypisk – det vanlege er å nytta eit proord eller ei modifisert (oftast redusert) utgåve av føregående konstituent. Enkvist (1974, 201) peikar i tillegg på at repetisjon av eit ord i påfølgjande setningar ikkje automatisk markerer eller vitnar om underliggjande koherens: «En bil körde just förbi huset. Orden bil och hus har båda tre bokstäver. Hus har golv och bilar ratt. En råtta språng just förbi ratten.»

Fossetøl (1983, 105–106) skriv vidare:

I 1 har vi identisk gjentakelse, *Kari* forekommer i begge setningene, og vi taler da om *morfologisk identitet*. I 2 er det ikke morfologisk identitet, men *Per* og *han* på den ene siden og *Kari* og *henne* på den andre siden betegner same person. Vi sier da at det foreligger *referensiell identitet*. Også i 1 er det referensiell identitet, men i tillegg altså morfologisk identitet. [...] Når to eller flere uttrykk refererer til samme objekt, sier vi at uttrykkene er *koreferente*. *Per* og *han* og *Kari* og *henne* er da koreferente ord for henholdsvis en mannlig og en kvinnelig person. Vi kan altså referere flere ganger til samme objekt med a) morfologisk identiske uttrykk eller med b) et pronomen. En tredje vanlig referansemulighet er c) bestemt form av substantivet [...].

Fossetøl set altså opp eit skilje mellom morfologisk og referensiell identitet, noko som minner om Halliday og Hasan (1976) si doble kategorisering på basis av leksikalsk kohesjon av typen «reiteration» versus referensiell relasjon. Men lik Halliday og Hasan baserer Fossetøl sine leksikalske referentkoplingstypar på semantiske relasjonar mellom ord, sjølv om referanse openbert er sentralt i hans modell (jf. sitatet over). Fossetøl opererer med følgjande kategoriar:

- **Identisk gjentaking**
- **Proformer** (anafor og katafor), dvs. pronomen, proadjektiv og proadverb

- **Strykingar/ellipsar**, som er definert som fjerning av rekonstruerbare element som er identiske eller nesten identiske med eit føregåande korrelat
- **Generalisering–spesifikasjon**, der ein går frå ei mengd til ei delmengd, og der ein ikkje har koreferanse, men ev. kospesifikantar
- **Synonymi**, som byggjer på referensiell identitet, men inneber stilistiske skilnadar mellom dei koreferensielle orda. Fossetøl understrekar her at synonymi vert definert ut frå kva som gjeld som synonymt i teksten og ikkje i isolasjon. Til dømes kan ord som står i hyponymirelasjon til kvarandre semantisk, fungera som synonym i ein gjeven tekst, som *kjole–plagget*, og synonymien kan òg vera «en ren ad hoc-laging», som *sjefen–den tufsen* (Fossetøl 1983, 115).
- **Hyponymi**, som har samanheng med spesifikasjonsomgrepet, men som gjeld ord som inngår «i et semantisk begrephierarki, slik at vi har å gjøre med overbegrep (hyponym) og underbegrep (hyponym), eller flere underbegrep (kohyponymer) under samme overbegrep.» (s. 115). Fossetøl skriv at vi kan ha tilfelle der uttrykka er både kohyponym og kospesifikantar som i *kjøretøyer–bilene, syklene–motorsyklene* (s. 115).
- **Antonymi**, der to eller fleire ord eller frasar viser til ulike referentar og kontrasterer på éin eller annan måte. Føresetnaden for antonymi er ifølgje Fossetøl at referentane har mange likskapsunkt og tilhøyrer same gruppe eller kategori, og at vi slik sett ofte får ein kombinasjon av antonymi og hyponymi.
- **Komparasjon**, som inneber samanlikning av typen *Jens er snill, Terje er snillere / ikke snill*, som «lett kan oppfattes som en form for antonymi eller kontrast mellom grader [...] eller rett og slett som en spesifisering av grader» (s. 116).
- **Kontiguitet** (semantisk slektskap), som ifølgje Fossetøl er

[...] en form for assosiasjoner som skapes gjennom semantisk slektskap. [...] Det er alltid mulighet for kopling av hvilke som helst par av leksemer som på en eller annen måte er assosiert med hverandre. Assosiasjonene er selvsagt av skiftende fasthet, fra kombinasjoner som *vin* og *drikke*, *blondt* og *hår*, *lys* og *skygge* til fjernere forbindelser som bare kan etableres i den konkrete tekst. (s. 118).

Fossetøl kommenterer ikkje at to av døma hans her vel så gjerne kan vera døme på høvesvis hyponymi/hyperonymi (*vin* og *drikke*) og antonymi (*lys* og *skygge*). Han skriv at kontiguiteten kan følgja ulike assosiasjonslinjer som heilskap:del, logisk føresetnad, objekt:eigenskap og fenomen:utøvar.

- **Transformativ ekvivalens**, som gjeld gjentakning «der ordklassen kan skifte fra setning til setning, mens det semantiske innholdet blir beholdt» (s. 118). Den vanlegaste endringa er ifølgje Fossetøl nominalisering av verb, verbfrasar eller adjektiv.

Heilskapsinntrykket av Fossetøl si kategorisering er at det er ein del overlapp og uklåre grenser mellom kategoriane, og at det til dels er uklårt kva relasjon det er mellom dei koplingane som ikkje er baserte på (full) referensiell identitet i form av koreferanse, altså at uttrykka refererer til same objekt, nemleg spesifisering, hyponymi, antonymi, komparasjon og kontiguitet. Relasjonen del:heilskap er nemnd under kontiguitet, men det verkar ulogisk at ein slik relasjon ikkje er tilgodesedd med ein «sterkare» relasjon enn assosiasjon, all den tid spesifisering og hyponymi og kontrast og samanlikning har fått eigne oppføringar, og del:heilskap handlar om relasjonar knytte til éin og same entitet.

Vidare er kategoriane til Fossetøl ei assortert blanding, dvs. at det ikkje er noko overordna, styrande prinsipp eller noka grovinndeling av lista over så ulike fenomen som identisk gjentaking, ellipse, proord, bestemt form, synonymi, ordklasseskifte, komparasjon, assosiasjonsbasert kopling av leksem og så vidare. Dette genererer ein del praktiske problemstillingar, til dømes denne: Viss eit proord vert repetert, skal det då reknast som døme på kopling ved hjelp av identisk gjentaking eller proform? Fossetøl skriv om kategorien synonymi at han byggjer på referensiell identitet, men inneber stilistiske skilnadar mellom dei koreferensielle orda, og understrekar samstundes at synonymi vert definert ut frå kva som gjeld som synonymt i teksten og ikkje i isolasjon. Spørsmålet blir då kva som eigentleg er den prinsipielle skilnaden mellom koreferensielle konstituentpar som *sjefen–den tufsen* og *sjefen–han*? Både *den tufsen* og *han* er koreferensielle med *sjefen*, og dei fungerer begge som synonym (dvs. uttrykk med ulik form, men lik referanse) til *sjefen* på den aktuelle staden i den aktuelle teksten, men ikkje i isolasjon. Dreiar skilnaden seg utelukkande om at det må kunna seiast å vera stilistiske skilnadar mellom dei to konstituentane for at det skal vera ei synonymi-kopling? Og kva viss vi har ein frase som inneheld eit proord som er koreferent med føregåande konstituent, men som samla sett står i eit generaliserings/spesifikasjonsforhold til føregåande konstituent, som t.d. *studentane–dei flinkaste av dei*? Korleis analyserer ein dette paret? Som spesifisering, som proord, eller som begge delar, dvs. som ein spesifiserande frase som inneheld eit proord?

### 2.3 Källgren

Ei svensk doktoravhandling frå 1979, som Fossetøl siterer frå i sin omtale av ellipsar, er Gunnel Källgren si *Innehåll i text*. Källgren baserer seg til dels på ei relasjonstypeinndeling av Nils Erik Enkvist (1974). Ho skil (som Fossetøl) ikkje mellom grammatisk og leksikalsk kopling og opererer med følgjande kategoriar for referentbinding:

- **Identitet**, som tilsvare «identisk gjentakelse» hjå Fossetøl. (Merk at termen *identitet* har potensial til å gje assosiasjonar til relasjonar mellom referansen til kvar av konstituentane, medan Fossetøl sin term *identisk gjentakelse* eintydig viser til gjentakning av det språklege uttrykket.)
- **Modifisert identitet**, som omfattar ordklasseveksling og endringar i bestemtheit, jf. Fossetøl sin kategori «Transformativ ekvivalens»
- **Synonymi**, som inkluderer metafor
- **Kontrast**, som tilsvare antonymi hjå Fossetøl
- **Komparasjon**, som tilsvare komparasjon hjå Fossetøl, men i motsetnad til Fossetøl hevdar Källgren at typen òg kan oppfattast som ei form for hyponymi i tillegg til ei form for spesifisering eller kontrast.
- **Spesifisering/generalisering/kospesifisering**, som i motsetnad til Fossetøl sin kategori med same namn dreiar seg om både inherente delar av ein samansett entitet og delmengd/heilmengd
- **Hyponymi/hyperonymi/kohyponymi**, som tilsvare Fossetøl sin hyponymikategori
- **Pronominalisering/antesedent**, som inkluderer ulike typar proord. Antesedent er ei binding der ein går frå proordet til(bake til) «dess huvudord» (s. 75).
- **Ellipse/Ekspansjon**, som dreiar seg om tilfelle der noko vert lagt til eller tatt vekk. Det omfattar ikkje tilfelle der «huvudordet» ('kjernen i frasen?') vert behalde og referansen er lik. Fossetøl har ikkje med typen ekspansjon i sin modell (s. 76).
- **Inferens**, som vel motsvarer kontiguitet hjå Fossetøl, dvs. «när två begrepp i någon bemärkelse är associerade med varandra» (Källgren 1979, 77). Källgren hevdar at bindingstypen er av avgjerande tyding for samanheng i tekst, men òg den mest problematiske av bindingstypene, sidan grenseoppgangen mellom inferensbinding og inga binding er ei vanskeleg og svært subjektiv vurdering. (Merk at termen *inferens* gjev assosiasjonar om slutningsprosessar hjå mottakar heller enn til semantisk slektskap (Fossetøl 1983) eller kollokasjonar mellom ord (Halliday og Hasan 1976).)
- **Homonymi**, som Källgren omtalar som ei «kvasibinding» fordi ho ikkje er semantisk, men formelt basert. Bindinga førekjem i konstruerte ikkje-velforma tekstar (jf. dømet frå Enkvist ovanfor) og i t.d. lyrikk, vitsar og ordspel.
- **Eksofor**, som i Halliday og Hasan ikkje vert rekna som ein type kohesjonsmekanisme, men som Källgren (1979, 79) omtalar som «en litet avvikande bindningstyp, eftersom den inte binder inom texten utan till företeelser utanför texten».

Det er noko uklårt kvifor Källgren vel å inkludera dei to siste i lista over bindingstypar, og eg har i skrivande stund ikkje sett andre forfattarar som brukar dei. Källgren understrekar, som Fossetøl, at relasjonane mellom konstituentane er tekstlege, og at det er den tekstlege konteksten som avgjer bindingsrelasjonen. Problemet med overlapp mellom kategoriane freistar ho å løysa ved å innføra eit bindingshierarki basert på

«styrken» til dei ulike bindingstypene, dvs. kor mange og kor strenge kriterium som er knytte til bindingstypen. Dersom ei binding oppfyller krava for fleire bindingstypar, skal ein markera den sterkaste bindingstypen. Såleis vert den svakaste bindingstypen inferens, sidan kravet her berre er at konstituentane «ska vara semantiskt associerade med varandra» (Källgren 1979, 81). Den nest svakaste er hyponymi, så kjem spesifisering, så komparasjon, kontrast og synonymi på delt tredjeplass, så modifisert identitet, så identitet, som er den sterkaste bindinga fordi ho krev fullt samanfall i både form, innhald og referanse. Källgren skriv at det er vanskeleg å plassera ellipse/ekspansjon og pronominalisering eintydig i hierarkiet, og at dei to «närmast [kan] ses som formella medel att realisera semantisk identitet» (s. 81). Vidare skriv ho at eksofor og homonymi ikkje er plasserte i hierarkiet fordi dei høvesvis «inte är en inomtextuell bindning» og «inte [...] en semantisk bindning» (s. 81). Styrkehierarkiet kan dermed setjast opp slik:

identitet > modifisert identitet > kontrast/komparasjon/synonymi

> spesifisering > hyponymi > inferens

Styrkehierarkiet til Källgren løyser det problemet med overlapp som Fossetøl balar med i sin modell. Men kategoriane hennar er lik Fossetøl sine ei assortert blanding. Og mange av Källgren sine kategoriar har òg namn etter semantiske relasjonar mellom ord. Hennar definisjon av synonymikategorien illustrerer kva problem dette medfører: «Synonymi är i stort sett det man vanligtvis menar med termen, dvs. olika beteckningar för samma företeelse. [...] Här som alltid gäller det vad som är synonymt i kontexten, inte vad som är synonymt i isolering.» (s. 72–73) Det ein vanlegvis siktar til med termen *synonymi*, er jo nettopp 'ord med same tyding isolert sett'!

## 2.4 Nyström

Ein monografi som opererer med ei forsøksvis meir prinsipiell grovinndeling av kategoriane, er Nyströms *Hur hänger det ihop?* frå 2001. Nyström si kategoriinndeling er i all hovudsak basert på den til Källgren (1979), men ho har i tillegg laga ei grovinndeling som består av tre kategoriar. Nyström sitt system er presentert på s. 39 i boka og i tabell 1 her (omsett til norsk av meg).

I staden for å grovinndela i grammatiske og leksikalske koplingar, slik Halliday og Hasan (1976) gjer, deler Nyström (2001) koplingstypene inn i **identitetsbindingar**, der konstituentane har identisk referanse (med unntak av typen delidentitet), og der det som skil typene, er «den lexikaliska formen» (s. 40), **bindingar baserte på semantisk slektskap**, «där de olika leden står i någon etablerad semantisk relation till varandra» (s. 40), og **inferensbindingar**, som «omfattar bindningar som bygger på att vi uppfattar leden som relaterade till varandra, inte genom semantiskt släktskap, utan



därför att vår erfarenhet av verkligheten säger oss att leden hör samman» (s. 39). Ho skriv om dei tre kategoriane at om ein vil spissformulera (*hårdra*), så kan ein seia at «identitetsbindingar är semantisk-lexikaliska bindingar, medan bindingar byggda på semantisk släktskap och inferensbindingar är mera renodlat semantiska» (s. 40).

| Identitetsbindingar            | Bindingar bygde på semantisk slektskap | Inferensbindingar |
|--------------------------------|--|-------------------|
| Identitet (id)                 | Komparasjon (ko)                       | Inferens (in)     |
| Modifisert identitet (mi)      | Kontrast (kn)                          |                   |
| Delidentitet (di) <sup>7</sup> | Hyperonymi (hn)                        |                   |
| Pronominalisering (pr)         | Hyponymi (ho)                          |                   |
| Antesedent (an)                | Kohyponymi (kh)                        |                   |
| Ellipse (el)                   | Generalisering (ge)                    |                   |
| Tilbakestilling (ts)           | Spesifisering (sp)                     |                   |
| Synonymi (sy)                  | Kospesifisering (ks)                   |                   |

Tabell 1. Nyström (2001) sine kategoriar

Det er uklårt kva ho siktar til med 'semantisk-leksikalsk', all den tid somme av typane i kategorien identitetsbindingar dreiar seg om erstattingsord og stryking av ledd. Og det tykkjest sjølvmotseiande at ho omtaler inferensbindingar som «reindyrka semantiske» og samstundes omtaler kategorien som 'ikkje bygd på semantisk slektskap' og slik:

Den grupp av relationer mellom konstituentar som kallas inferens bygger på ett släktskap som inte är entydigt i språkssystemet utan snarare konstruerat i texten. Sådana bindingar bygger till stor del på läsarens förmåga att själv bygga in sammanhang i texten. Bindningstypen inferens är därför den som är svårast att förklara; det handlar om ett ospecifikt men tydligt släktskap mellan två begrepp. (s. 47)

Ho presenterer deretter følgjande døme på ei inferenskjede: *brasan–brinnande tjärved–röken* og skriv så: «Sambandet mellom de markerade leden i exemplet torde stå klart för normalläsaren. Detta är grundvillkoret för en inferensbinding; referenterna är relaterade i vår gemensamma erfarenhet.» (s. 48).

«Reinodla» semantikk dreiar seg vel om denotasjonen til ordstammer i isolasjon. Å illustrera med ein konstituent som består av eit ledd med to ord (*brinnande tjärved*) sår derfor tvil om kor reinodla semantisk kategorien er, særleg når slektskapet som nemnt

<sup>7</sup> Dette er ein «restkategori» som det ifølgje Nyström sjeldan er bruk for. Slik eg forstår det, er han tenkt brukt for samansettingsledd der andre bindingstypar ikkje er aktuelle.

over «inte är entydigt i språkssystemet utan snarare konstruerat i texten» og dreiar seg om referentar som er «relaterade i vår gemensamma erfarenhet». Den omtalte basisen for kategorien, nemleg «läsarens förmåga att själv bygga inn sammanhang i texten», tykkjest heller ikkje særleg reinodla semantisk, snarare som ein kombinasjon av språkleg kunnskap, bakgrunnskunnskap og slutningskapasitet.

Nyström poengterer på s. 11 at det er referansen til orda som er basis («[g]rundvilkoret») for referentkopling, ikkje orda si form på tekstoverflata. Ho eksemplifiserer variasjon i språkform med konstituentparet *persilja–den tvååriga kryddväxten* (Nyström 2001, 12). Likevel knyter ho referentkopling til semantikk heller enn til den kontekstuelle referansen til frasar, med ei noko uklår grunngeving:

Begreppet *referens* och *referent* för tankarna till semantiken och referensbindning kan sägas vara en delvis semantisk bindning. Det är ju som vi har sett inte textytan, ordens form, som avgör om en bindning föreligger, utan ordens referens. Detta förhållande gör att referensbindning har ett slags dubbelfunktion i textbindningen. Den bidrar både till textens kohesion og till dess koherens. (s. 12)

Eg kjem tilbake til det Nyström kallar «dobbeltfunksjonen» til referentkopling, avslutningsvis.

## 2.5 Tanskanen

Den siste modellen eg vil presentera, er den til Tanskanen (2006), som har undersøkt leksikalsk kohesjon i engelsk. Modellen hennar inkluderer bruk av pronomen fordi dei «function in a fashion very similar to genuine lexical repetitions» (s. 50). Ho gjer eit poeng av å unngå å bruka termar frå semantikken, noko som ifølgje ho gjer det mogeleg «to regard discourse as the starting point» (s. 49), jf. at relasjonen mellom to konstituentar er eit produkt av teksten. Tanskanen vel å ekskludera ellipse fordi, som ho skriv: ingenting kan seiast å eigentleg mangla eller saknast; teksten fungerer fint slik han er, og dette er både avsendar og mottakar innforståtte med. Tanskanen «låner» Halliday og Hasan si grovinndeling av leksikalsk kohesjon i kategoriane gjentaking og kollokasjon. Hennar kategoriar er som følgjer:

### Reiteration

1. **simple repetition**
2. **complex repetition**
3. **substitution**, som dreiar seg om bruk av pro-ord

4. **equivalence**, som tilsvarer det som i andre modellar er kalla for synonymi. Tanskanen gjer her eit poeng av å inkludera konstituentpar som inkluderer ulike ordklassar, som t.d. *pausing—a breather*.
5. **generalisation**, skildra som «the relation between an item and a more general item» (s. 57)
6. **specification**, som er skildra som det motsette av *generalisation*
7. **co-specification**, som er skildra som «the relation between two items which have a common general item» (s. 58). Tanskanen skriv vidare: «Of course, it is not necessary for the general item to appear in the text; in example (23), *RP speakers* and *Standard English speakers* are related even without the mention of the general item *English speakers*» (s. 58).
8. **contrast**, som er skildra som «the relation between an item and another item which has an opposite meaning; considered to be related by contrast, used in a contrasting way in a particular text» (s. 59). Her held det altså at teksten set opp ein kontrast mellom to konstituentar.

### Collocation

1. **ordered set**, som er ei mengd av leksikalske element (*items*) som t.d. (namn på) fargar, tal, månadar osv.
2. **activity-related collocation**, der relasjonane mellom elementa er basert på ein aktivitet, t.d. *meals—eat*, *driving—the same car*
3. **elaborative collocation**, som er skildra slik: «This is a category for all those pairs whose relation is impossible to define more specifically than stating that the items can somehow elaborate or expand on the same topic» (s. 63). Døme er t.d. *LA Times—the news article* og *the Holocaust—the Nazi point of view*. Tanskanen forlèt her tekstnivået og trekkjer inn «the frame concept» som basis for kategorien, dvs. Fillmore sin rammesemantikk (*Frame Semantics*):

Frames thus create a general basis for coherence, but they are conceptual, i.e. not visible on the surface of the text. However, frames can be related to another concept, which may also be helpful in establishing a relation between items and which, unlike frames, is materialised on the surface of the text; this is the concept of the trigger. (s. 63)

Eg forstår det slik at Tanskanen med *trigger* siktar til det språklege uttrykket som aktiverer ei gjeven ramme: «In example (39), *evening class* and the more general item *classes* function as the triggers which make possible the mention of *the lecturer* a little later» (s. 64). Vidare skriv ho at slike assosiasjonar kan vera baserte på generell kunnskap eller i somme tilfelle spesialisert kunnskap, og at dei skapar samanheng i teksten dersom assosiasjonane er identifiserbare for

mottakar. Og det krevst både tekstkunnskap, verdskunnskap og samarbeidskunnskap hjå både avsendar og mottakar for at triggjarar skal fungera.

Tanskanen (s. 55) har eit godt poeng når ho insisterer på at det er den konkrete teksten og ikkje den abstrakte semantikken som bør vera utgangspunktet for referentkopplingsanalysar: «Using non-lexical-semantic terms draws attention to the fact that the justification and explanation for a relation between lexical items can and should be sought for in the text in which the items occur.» Men etter mitt syn går hennar modell ikkje langt nok i å fjerna seg frå tidlegare modellar. Viss ein ikkje skal gå ut frå den semantiske relasjonen mellom ord, men frå den tekstlege relasjonen mellom «items», som vel er hennar ord for konstituentar, så er det logisk å basera kategoriseringsmodellen for referentkopling på relasjonar mellom referentane og ikkje på dei mangearta språklege relasjonane som eksisterer mellom dei sterkt varierende tekstlege uttrykka (konstituentane) som refererer til desse referentane. Dette ligg jo de facto nedfelt i den norske termen for fenomenet: **referentkopling!**

### 3 Kopling mellom referentar, ikkje konstituentar

Heile poenget med å kommunisera, anten det er ved hjelp av språklege ytringar eller andre middel, er å oppnå kognitiv koordinasjon med mottakar, dvs. å få den andre til å tenkja på det ein sjølv tenkjer på: «The point of a linguistic utterance, in broad terms, is that the first conceptualizer invites the second to jointly attend to an object of conceptualization in some specific way, and to update the common ground by doing so» (Verhagen 2005, 7). Langacker (2008, 460) formulerer det slik:

A nominal grounding element, described as singling out a referent from the range of candidate instances, can equally well be characterized as an instruction for the hearer to find the referent. [...] A discourse is thus a series of interactive events, in each of which the speaker exerts some influence on an actual or imagined interlocutor.

Språket underspesifiserer og fungerer utelukkande som stikkord for å danna on-line mentale representasjonar av det tankeinnhaldet som blir (forsøkt) kommunisert. Språket er middelet, ikkje målet. Målet er at mottakar forstår kva og kven avsendar snakkar om, og kva som er relasjonane mellom desse elementa. Jamfør Brown og Yule (1983, 199–201), som i sin gjennomgang av Halliday og Hasan (1976) kritiserer deira insistering på at kohesjon er noko som utelukkande baserer seg på tolking på basis av «the original referring expression». Brown og Yule (1983, 200–201) meiner at det er usannsynleg at det eksakte refererande uttrykket vert hugsa ordrett etter kvart som teksten utfaldar seg, då dette er ein lite plausibel prosesseringsmodell:

We shall suggest that it seems more likely that the processor establishes a referent in his mental representation of the discourse and relates subsequent references to that referent back to his mental representation, rather than to the original verbal expression in the text. If this view is correct, the distinction between endophoric and exophoric co-reference becomes much harder to draw. In both cases, we must suppose, the processor has a mental representation. In the one case he has a mental representation of what is in the world, in the other he has a mental representation of a world created by the discourse. In each case he must look into his mental representation to determine reference.

Langacker (2008, 486) skildrar det slik:

As a discourse unfolds, at each stage we have some memory of what has gone before. Briefly, at least, we are able to recall the specific form of expressions and hence the construal they impose on the content evoked. For a longer period, sometimes extending through a considerable stretch of discourse, we remember the content expressed, i.e. the conceptual structure that has been progressively built up. Over a longer term, even when memory of a discourse has long been forgotten, some of that content may be retained in the guise of expanded knowledge, altered beliefs, and the like.

Å forstå ein tekst inneber altså å vera i stand til å danna seg mentale representasjonar av dei intenderte referentane til dei språklege uttrykka i tekstane og av relasjonane mellom dei. Dei språklege uttrykka i teksten fungerer som stikkord for konstruksjon av meining i form av mentale representasjonar av scener og aspekt ved scener (Evans og Green 2006, 363). Fauconnier sin teori om mentale rom (*Mental Spaces*) søkjer å visa korleis slike mentale representasjonar oppstår «for purposes of local understanding and action» (Fauconnier 2010, 1). Desse mentale romma er, som Evans og Green (2008, 363) skriv, «linked to one another in various ways, allowing speakers to 'link back' to mental spaces constructed earlier in the ongoing linguistic exchange». Mentale rom inneheld element som anten er konstruerte on-line eller preeksisterande i omgreps-systemet. Elementa vert ifølgje mentale rom-teorien representerte av substantivfrasar med definitt tolking, dvs. at dei presupponerer eksisterande kunnskap, eller indefinitt tolking, dvs. at dei introduserer nye element i diskursen. Desse to tolkingstypene er representerte ved høvesvis bestemt og ubestemt form. Presupponerte element spreier seg saman med sine eigenskapar og relasjonar gjennom nettverket av mentale rom med mindre ny informasjon som eksplisitt blokkerer spreinga, dukkar opp i diskursen (Fauconnier 2010, 371–372). Dette kan forklara kvifor ellipse vert inkludert i dei fleste modellar av referentkopling, med den grunngevinga at stryking fungerer på same måte som «gjentaking». Det forklarar òg kvifor t.d. Tanskanen hevdar at pronomen i praksis fungerer som leksikalsk gjentaking, ein tankegang som finst allereie hjå Halliday og Hasan (1976, 281):

All the types of lexical cohesion that we have considered up to this point have involved identity of reference; no matter whether the reiterated item has been a repetition, a synonym, a superordinate or a general word, it has been assumed to share a common referent with the original. Keeping to this assumption for the moment we can shift our point of view from the grammatical to the lexical and look at reference<sup>8</sup> from the lexical angle, interpreting it as a means of avoiding the repetition of lexical items and thus making it clear that if the lexical item had been reiterated it would have had the same referent. The simplest illustration of this is provided by proper names. Suppose we have

[6:9] John took Mary to the dance. John was left all alone.

– how do we know whether it's the same John? The answer to this is, if you want to make it clear that it is the same John, don't call him *John*, call him *he*. In other words, we use a reference item; and this conveys the meaning 'the present sentence is related to the last one by the fact that both contain a reference to the same individual'.

Langacker (2008, 466) er inne på det same når han skriv at «[a] personal pronoun, like *she*, carries with it the expectation that its referent will be evident to the hearer by virtue of being salient in the transient context».

Bruk av ellipsar og proord er ikkje «gjentakningar» av setningselement, slik Fossetøl (1983, 105) hevdar, det er signal om at referansen ikkje har endra seg!<sup>9</sup> Såleis bidreg ellipsar og proord til å sikra den vidare spreinga av eit presupponert element i nettverket av mentale rom. Bruk av bestemt form av substantivet fungerer på same måte, medan bruk av ubestemt form blokkerer for vidare spreing og signaliserer eit skifte i referanse.

For å illustrera korleis disambiguering av referanse kan tenkjast å fungera i eit konkret tilfelle, kan vi ta for oss (1) i større detalj.

(1) **Stoffene forskerne først hadde tenkt å bruke**, viste seg vanskelige å kombinere fordi det ikke var noe overlapp i temperaturer **stoffene** kan trives i. Dermed ble forskerne tvunget ut på netthandel etter **stoffer som kanskje kunne la seg bruke**. (Melteig 2020; mine uthevingar)

(1) demonstrerer korleis grammatiske verkemiddel, semantiske relasjonar og konteksten alle bidreg med viktige leietrådar når det gjeld mottakar si disambiguering av referanse. For det første: Bruken av bestemtheit i (1) signaliserer eit skifte i referanse i

<sup>8</sup> Jamfør at Halliday og Hasan primært siktar til proord når dei snakkar om kategorien 'reference'.

<sup>9</sup> Ein av fagfellane har kommentert at det er nettopp dette som gjer at språk som t.d. vietnamesisk fungerer, trass i utbreidd «pro-drop» og ingen verbmorfologi.

den andre heilsetninga ved at substantivet *stoff* har bestemt form i dei to første konstituentane og ubestemt form i den tredje konstituenten. Substantivfrasen som utgjør den første konstituenten, er «strippa» ned til berre kjernen i den andre konstituenten. Det identifiserande fellesleddet [*som*] *forskerne først hadde tenkt å bruke* er stroke, og vi har dermed eit tilfelle av ellipse, noko som signaliserer ei vidareføring av referansen. For det andre: Konteksten gjev eksplisitt informasjon om at dei stoffa som er refererte til i den første og andre konstituenten, viste seg å måtte erstattast, og dermed er grunnlaget lagt for skiftet i referanse i konstituent 3: «Stoffene forskerne først hadde tenkt å bruke, **viste seg vanskelige å kombinere fordi det ikke var noe overlapp i temperaturer stoffene kan trives i. Dermed ble forskerne tvunget ut på netthandel etter** stoffer som kanskje kunne la seg bruke.» Altså: Den første planen viste seg å ikkje fungera pga. eigenskapane til dei utvalde stoffa. Forskarane vart derfor nøydde til å returnera til utgangspunktet att, nemleg å starta søket etter eigna stoff. Dette poenget er Halliday og Hasan (1976, 289) òg inne på når dei skriv:

Without our being aware of it, each occurrence of a lexical item carries with it its own textual history, a particular collocational environment that has been built up in the course of the creation of the text and that will provide the context within which the item will be incarnated on this particular occasion. [...] The lexical environment of any item includes, naturally, not only the words that are in some way or other related to it [...] but also all other words in the preceding passage, and all of these contribute to its specific interpretation in the given instance.

For det tredje: Bruken av preteritum perfektum (såkalla førfortid) i den første konstituenten, *Stoffene forskerne først hadde tenkt å bruke*, står i kontrast til bruken av preteritum futurum («framtid i fortida») i den tredje konstituenten, *stoffer som kanskje ville la seg bruke*, og desse står igjen i kontrast til bruken av preteritum («enkel fortid») i «Stoffene [...] **viste seg**», «fordi det ikke **var**» og «Forskerne **ble** tvunget». Vi har her ei tidslinje med tidspunkt/-periodar der forskarane opphavleg hadde valt ut eit sett med stoff (førfortid) som dei testa, fann ueigna og måtte forkasta, for så å prøva å finna nye stoff på nettet (enkel fortid) som berre framtida ville visa om kunne brukast (framtid i fortida). Det er altså ingen tidsmessig overlapp mellom dei to setta med stoff, det første er forkasta og «ute av biletet» før det potensielle andre settet (eller fleire sett) er handla inn. Verba og verbformene i tekstsekvensen i (1) set opp tre mentale rom (Fauconnier 2010; Oakley og Hougaard 2008):

- A (hypoteserom): Kva forskarane *tenkte (trudde) før eksperimentet starta* (førfortid), nemleg at det første settet med stoff ville vera eigna;
- B (realitetsrom): kva det første forsøket *de facto viste* (enkel fortid), nemleg at desse stoffa *ikkje* var eigna, og at det var naudsynt å gå på leit etter andre stoff;

C (mogelegheitsrom): nokre av (dei nye) stoffa som forskarane etter kvart netthandla, *ville kanskje lata seg bruka* (framtid i fortida).

Medan stoffa som er refererte til i den første og andre konstituenten (som er element i rom A og B), utgjør ein spesifikk og kjend storleik, er stoffa som er refererte til i den tredje konstituenten (som er eit element i rom C), ein uspesifikk og ukjend storleik, og det kan til og med henda han ikkje eksisterer i røynda i det heile, berre i (ønskje)-tenkinga til forskarane.

Merk at Halliday og Hasan (1976, 282–284) brukar eit liknande døme (dvs. ikkje-koreferente konstituentar med same substantiv som kjerne) som grunnlag for å hevda at referanse er irrelevant for kohesjon:

Properly speaking, reference is irrelevant to lexical cohesion. It is not by virtue of any referential relation that there is a cohesive force set up between two occurrences of a lexical item; rather, the cohesion exists as a direct relation between the forms themselves (and thus is more like substitution than reference). (s. 284)

Men som dei sjølve vedgår, så er det «a weak relation of coreference» (s. 282) mellom konstituentar som refererer til høvesvis eit individ og til arten (undermengd–overmengd). Og alle framstillingar av referentkopling inkluderer ein kategori som har ‘motsetnad’ som basis for koplinga, og der er det per definisjon ikkje snakk om nokon overlapp i referanse. Halliday og Hasan er ikkje noko unntak i så måte. Like etter påstanden om at referanse er irrelevant for leksikalsk kohesjon, går dei over til å snakka om kategorien *collocation*, som er den andre hovudtypen av leksikalsk kohesjon ved sida av gjentakning (*reiteration*) i deira modell. Der drøftar dei ordpar som t.d. *boy–girl*, som er omtalt som «mutually exclusive categories» og «members of lexical sets», som t.d. *dollar–cent*, *red–green*, *mouth–chin*, *chair–table*.

Her meiner eg at Halliday og Hasan snur ting fullstendig på hovudet. Desse ordpara vert nytta for å referera til kategoriar og medlemmar av kategoriar utanfor språket, altså til *referentar* som står i motsetnadsforhold, del:heilskapsforhold, er over-/under-type av kvarandre osv. Orda i seg sjølve er ikkje «mutually exclusive categories». Grunnen til at ord kan seiast å t.d. stå i eit motsetnadsforhold til kvarandre, er at dei denoterer fenomen «ute i verda» som vi oppfattar som motsetnadar til kvarandre! Viss ord kan seiast å vera semantisk relaterte til kvarandre, er det utelukkande fordi vi oppfattar at det dei denoterer utanfor språket, er relatert på ein eller annan måte. Det er altså ikkje forhold i språket som avgjer dette, men våre oppfatningar av forhold ute i verda. Referanse er altså ikkje irrelevant for kohesjon, det er sjølve basisen for (oppfatta) kohesjon!



I tekstutdraget i (1) refererer substantivfrasane i den første setninga til ein referent som teksten set opp som ein motsetnad til referenten til substantivfrasen i den andre setninga på same måte som *boy* og *girl* refererer til gjensidig utelukkande kategoriar «ute i verda». Og på same måte som *boy* og *girl* «very definitely contributes to the texture», som Halliday og Hasan (1976, 285) skriv, så bidreg motpartane *Stoffene som forskerne først hadde tenkt å bruke* og *stoffer som kanskje kunne la seg bruke* heilt klårt til kohesjonen i (1).

#### 4 Forslag til ein ny analysemodell for referentkopling

I dette avsnittet lanserer eg mitt eige forslag til ein analysemodell for referentkopling. Modellen er inspirert av følgjande: Nyström si tredeling; Halliday og Hasan si inndeling i referensielle relasjonar; Källgren si rangering av koplingsstyrke; Tanskanen sin modell, som har undertypar av inferensrelasjonar, som unngår å låna inn termar frå semantikken, og som trekkjer inn rammer (*frames*); og Brown og Yule sin alternative prosesseringsmodell for referentkopling. Modellen min består av ei grovinndeling i fire referentkoplingstypar som igjen er delte inn i kvar sine undertypar. Grov- og fininndelingane i min modell er utelukkande baserte på relasjonen mellom referentane til dei to aktuelle konstituentane. Dei fire overordna kategoriane er: **same referent (SR)**, **overlappande referentar (OR)**, **parallele referentar (PR)** og **referentar i same domenematrikse (DR)**. I det følgjande vil eg gjera greie for desse fire typane i detalj.

**Same referent (SR):** Konstituentane er her (nokolunde) koreferente, dvs. at dei har den eksakt same referenten, eller den same referenten i vidare (for ikkje å seia «rausare») forstand, som i (3), (4) og (5), der dei to siste er døme på «raus koreferanse».<sup>10</sup>

(3) **Erna Solberg** skulle styrke beredskapen. **Hun** feilet. (BT-leiar 16.4.21)

(4) **Høstutstillingen** er ikke hva **den** var. (Bjerke 2020).<sup>11</sup>

(5) **Nefud-ørkenen i Saudi-Arabia** er rundt 25 mil bred, og består av store, karakteristiske sanddyner. Men for over 100 000 år siden var **dette** et mye frodigere landskap, med flere ferskvannsinnsjøer og store gressletter, ifølge den nye forskningen som er publisert i tidsskriftet *Science Advances*. (Biørnstad 2020a)

Raus koreferanse er truleg relativt utbreidd. Som Brown og Yule (1983, 201–202) peikar på, viser pronomenet *them* ikkje eigentleg tilbake til akkurat det same som frasen *six*

<sup>10</sup> Merk: Alle uthevingar med feit skrift i døma er mine. Eg nyttar kursiv i attgjevinga av konstituentar frå døma.

<sup>11</sup> Refererer *Høstutstillingen* til det same som *den* her? Skal vi tru avsendar, så er jo faktisk svaret 'nei'!

*cooking apples* i «epledømet» til Halliday og Hasan som er drøfta i 2.1, men til ei preparert og redusert utgåve av epla, nemleg epla etter at dei er utkjerna, dvs. epla minus eplekjernane. Brown og Yule presenterer eit eige og meir makabert døme for å illustrera dette: «Kill an active, plump chicken. Prepare it for the oven, cut it into four pieces and roast it with thyme for 1 hour» (Brown og Yule 1983, 202). Som tidlegare nemnt, underspesifiserer språket, og det er opp til mottakar å koma fram til rett referanse.

**Overlappande referanse (OR):** Ein av konstituentane har her ein referent som inkluderer referenten til den andre konstituenten, som i (6), der alle konstituentane med unntak av den siste har referentar som inkluderer referenten til dei påfølgjande konstituentane.

- (6) Ser vi til **den tidlige barnelitteraturen**, florerer det av **tekster som skulle lære barn vettug pengebruk**. Ofte tok denne opplæringen form av **fortellinger**. Et **tidlig eksempel** er Mary Wollstonecrafts *Original Stories from Real Life* (1788) om den unge Caroline som bruker alle sine penger på leketøy under en bytur med sin søster Mary og huslæreren Mrs. Mason. (Kaasa 2020)

Denne kategorien omfattar det som andre modellar kallar hyponymi/hyperonymi og spesifisering/generalisering, dvs. over- og underkategoriar, over- og undermengder og heilskap:del-relasjonar. Desse relasjonane kan uttrykkjast med hyponymi- eller meronymi-relasjonar mellom orda i (eittords)konstituentar, eller med presiserande tillegg til kjernen i fleirordskonstituentar, eller ein kombinasjon av desse, som i konstituentparet *tekster som skulle lære barn vettug pengebruk–fortellinger* i (6), der kjernane *tekst* og *forteljing* semantisk sett er høvesvis hyperonym og hyponym til kvarandre. Dei kan òg bli uttrykte av konstituentar som ikkje står i noko semantisk forhold til kvarandre, og som ikkje har presiserande utfyllingar til kjernen, men som lesaren treng bakgrunnskunnskap og/eller slutningskapasitet for å relatera til kvarandre, som i konstituentparet *fortellinger–et tidlig eksempel*. Den tekstlege nærleiken mellom dei to konstituentane legg til rette for slutninga at den andre konstituenten refererer til eit tidleg eksempel på ei forteljing, og den engelskkunnige veit i tillegg at norsk *forteljing* tilsvare engelsk *story* (jf. tittelen *Original Stories from Real Life*).

**Parallell referanse (PR):** Dei to konstituentane har her kvar sin referent som er i det same hierarkiet, eller som er delar av den same heilskapen, som i (7), der fotballaget [Manchester] United er heilskapen og spelarane er delane. Denne kategorien omfattar det som andre modellar kallar kohyponymi og kospesifisering. Desse relasjonane kan uttrykkjast med kohyponymi- eller komeronymirelasjonar mellom orda i (eittords)konstituentar, eller med presiserande tillegg til kjernen i fleirordskonstituentar, eller ein kombinasjon av desse. Dei kan òg bli uttrykte av konstituentar som ikkje står i noko semantisk forhold til kvarandre, og som ikkje har presiserande utfyllingar til

kjernen, men som lesaren treng bakgrunnskunnskap og/eller slutningskapasitet for å relatere til kvarandre, som i (7).

- (7) Men etter en sjekk av videobildene ble det klart at United nok en gang hadde marginene på sin side, og også dette målet ble godkjent. [...] Tre minutter etter scoret **Rashford** igjen, og fem minutter etterpå satte **Anthony Martial** inn 4-0 fra straffemerket. (Hoel 2020)

I (7) treng ein på ingen måte å ha førehandskunnskap om at både [Marcus] Rashford og Anthony Martial spelar for Manchester United for å forstå at dei er lagkameratar. Konteksten åleine gjev den naudsynte basisen for denne slutninga. Det at «United nok en gang hadde marginene på sin side» og at «også dette målet ble godkjent» indikerer at United på dette tidspunktet stod oppført med meir enn eitt mål. Deretter får vi vita at Rashford scora igjen, og så at Martial sette inn 4–0. Firetalet føre og nullen etter tankestreken og bruken av *igjen* om scoringa til Rashford sperrar for alle andre tolkingar enn at både Rashford og Martial spelar for United!<sup>12</sup> Dette er eit døme på korleis ein kan tileigna seg ny kunnskap ved å lesa (eller høyra) tekst.

Kategorien ‘parallell referanse’ (PR) føreset ein eksplisitt eller implisitt overkategori eller heilskap. Det kan vera kategoriar eller heilskapar som er presupponerte utanfor teksten, som bakgrunnskunnskap (*common ground*). Eller det kan vera teksten sjølv som indikerer at to konstituentar har parallell referanse i same tekstuelte genererte system med ein implisitt<sup>13</sup> eller eksplisitt overkategori eller heilskap som «bakteppe». Sidan min modell byggjer på referensielle relasjonar, er det som tidlegare modellar kallar kospesifikasjon og kohyponymi e.l., altså ein eigen kategori i min modell, då det per definisjon korkje er koreferanse eller overlapp i referanse her. Merk at denne kategorien inkluderer det tidlegare modellar har kalla antonymi eller kontrast, sidan det òg her er snakk om parallell referanse på basis av ein sams forståingsbakgrunn som teksten set opp, som i *stoffene* (*forskerne først hadde tenkt å bruke*) og *stoffer som kanskje kunne la seg bruke* i (1), drøfta over.

**Referentar i same domenematrise (DR):** Konstituentane har her korkje overlappende eller parallell referanse, men har to distinkt ulike referentar som ikkje er i

---

<sup>12</sup> Uttrykket «å setja inn frå straffemerket» er utelukkande brukt for å referera til straffespark, dvs. ein type dødballsituasjon der spelaren legg ballen i ro på straffemerket og i fred og ro kan prøva å utlista målmannen på motstandarlaget og scora mål. Teoretisk sett kan ein tenkja seg at ein lesar som er heilt ukjent med dei språklege konvensjonane knytte til fotball, kan få tankar om ei alternativ tolking, nemleg at Martial sette ballen i eige mål, men dette tykkjest nokså søkt.

<sup>13</sup> Jamfør at eg i 2.5 siterte Tanskanen (2006, 58), som i skildringa av kategorien *co-specification* skriv at: «Of course, it is not necessary for the general item to appear in the text; in example (23), *RP speakers* and *Standard English speakers* are related even without the mention of the general item *English speakers*».

det same hierarkiet eller delar av same heilskap (i vid forstand). Her har eg plassert «asymmetriske» relasjonar som årsak:verknad, då dei skil seg frå dei «symmetriske» relasjonane i 'parallell referanse'-kategorien; årsak:verknad dreiar seg om temporale prosessar der noko forårsakar noko anna.

Tanskanen nyttar Fillmore sin rammesemantikk i si drøfting av underkategorien *elaborative collocation*. Eg føretrekkjer å bruka omgrepet domenematrise for å forklara min kategori (som har likskapstrekk med kategoriar som i andre modellar er kalla *collocation*, *kontiguitet* eller *inferens*). Det kan nemleg vera meir enn éi forståingsramme som er aktuell for mental aktivering via ein gjeven språkleg «triggar». Croft og Cruse (2004, 25) skriv at

a concept may presuppose (be profiled in) several different domains. For example, a human being must be defined relative to the domains of physical objects, living things and volitional agents (and several other domains, e.g. emotion). The combination of domains simultaneously presupposed by a concept such as HUMAN BEING is called a **domain matrix**.

Ifølgje Croft (2003) kan meir enn eitt domene bli framheva på éi og same tid, men av ulike kontekstuelle triggarar, dvs. at eitt språkleg element kan referera til ulike domene eller fasettar samstundes. Croft (2003, 196) illustrerer dette fenomenet med dømet «I cut out this article on the environment», der *article* refererer både til OBJEKT og INNHALD, triggja av høvesvis *cut out* og *on the environment*. Jamfør denne passasjen frå Kaasa (2020): «Barnebladet har til hensikt å oppdra barn til å bli lesere og abonnenter [...]», der *Barnebladet* refererer til både INNHALD og HANDELSVARE, triggja av høvesvis *lesere* og *abonnenter*.

Eit døme på referentkopling mellom referentar i same domenematrise har vi i (8):

- (8) – Vi kjøpte tre ulike kjemikalier med molybden og prøvde å **varme** dem opp under vakuum. Et av stoffene **dampet** ved **60 grader** og var stabilt også ved høyere temperaturer. (Melteig 2020)

I kategorien 'referentar i same domenematrise' (DR) er det primært bakgrunnskunnskap (og ev. on-line-slutningar) om forhold i verda som er basis for den oppfatta relasjonen. DR dreiar seg om å oppfatta samanheng mellom konstituentar med kvar sin referent som kan seiast å tilhøyra same domenematrise, men som har ein «lausare» eller meir asymmetrisk referensiell relasjon samanlikna med dei andre kategoriane i min modell. Kva samanhengar som vert (eller ikkje vert) oppfatta, vil i stor grad kunna variera frå mottakar til mottakar. Dette siste kjem seg av at ulike mottakarar har ulik grad av bakgrunnskunnskap og andre ressursar som kan danne grunnlag for assosiasjonar og slutningar. Det er «symmetriske» relasjonar mellom referentane i 'parallell referanse' (PR) og meir «asymmetriske» relasjonar i DR, som konstituentpara i (8)

viser. Det er ein slags årsak:verknad('resultat')-relasjon mellom (*å*) *varme (opp)* på den eine sida og *dampe* og *60 grader* på den andre sida. Paret *60 grader–høyere temperaturer* er derimot døme på parallell referanse, nærare bestemt ein motsetnadsrelasjon. Apropos komparativbøying av adjektiv: 'Komparasjon', dvs. kopling mellom adjektiv som er antonyme eller bøygdde i to ulike komparasjonsgrader, er ein type binding hjå Halliday og Hasan (1976), som kategoriserer det som ei grammatisk kopling, hjå Fossetøl (1983, 116), som meiner at det lett kan oppfattast som ei form for antonymi/kontrast eller spesifisering av gradar, hjå Källgren (1979, 73), som hevdar at det er nærliggjande å sjå det som ei form for hyponymi eller spesifisering (av gradar), eller kontrast, og hjå Nyström (2001, 45), som peikar på at denne typen kopling ikkje er «så vanligt förekommande». (Tanskanen (2006), som berre omhandlar leksikalsk kohesjon, har ikkje med denne typen binding.) Eg har ikkje med komparasjon som ein eigen kategori i min modell, jf. at han er sjeldan å finna i autentiske tekstar. Dersom ein ønskjer å handsama adjektiv som sjølvstendige konstituentar og markera bindingar mellom dei, kan ein handsama dei som overlappande referanse, altså som ulike grader («mengder») av ein eigenskap, når det er snakk om ulike komparasjonsgrader av same adjektiv, og som parallell referanse når det er snakk om antonyme adjektiv.

#### 4.1 Underinndeling av kategoriane

Kvar av kategoriane 'same referanse', 'overlappande referanse', 'parallell referanse' og 'referentar i same domenematrise' har undertypar, og kategorien 'overlappande referanse' har i tillegg undertypar av undertypane. Ved analyse set eg opplysingar om bindingstypen inn i hakeparentesar etter den andre konstituenten i bindinga. Ein «grovanalyse» som undersøker berre dei overordna bindingstypane, er relativt rask å utføra og kan uansett få fram problematiske og/eller interessante sider ved tekstbindinga i ein tekst, som i (9).

- (9) Selv om spreke folk har mindre depresjon og angst enn andre, har noen av dem det.  
(Brandslet 2020)

I (9) har vi fleire tilfelle av uklår tekstbinding i samband med bruk av prooord. Har konstituenten *noen av dem* same referent som 'nokon av dei spreke folka', eller er han koreferent med *andre*, dvs. 'ikkje-spreke folk'? Logikken tilseier at svaret er førstnemnde, sidan *spreke folk* er subjektet i leddsetninga og dermed i fokus, men i teorien kan både 'spreke folk' og 'andre' vera referentkopla til *dem*. Det er endå fleire teoretisk (om enn ikkje logisk) mogelege alternativ for kva konstituenten *det* er koreferent med: *mindre depresjon og angst enn andre*, *mindre depresjon og angst* eller *depresjon og angst* – eller det som er det klårt mest sannsynlege og logiske alternativet, men som vel å

merka ikkje finst på tekstoverflata som ein konstituent i den føregåande konteksten – ‘depressjon og/eller angst’. Dette dømet viser tydeleg korleis referentkopling er ei kopling mellom on-line-konstruerte referentar (element) i mentale rom, ikkje mellom konstituentar i teksten! Konstituentane i teksten er berre stikkord for å konstruera desse elementa, og stikkorda er ikkje nødvendigvis veldig presise. Ofte krevst det ein del mentalt «fotarbeid» for å koma fram til rett referanse ut frå desse stikkorda, jf. døme (4) «Høstutstillingen er ikke hva den var».

I tabell 2 gjer eg greie for kategoriane i den mest detaljerte forma for analyse. For å halda ulike bindingskjeder frå kvarandre i analysesamanheng nyttar eg ulike typar uthevingar for kvar kjede.

| Referanse                 | Undertypar                                 | Symbol          |
|---------------------------|--|-----------------|
| <b>Same (SR)</b>          | eksakt identitet                           | =               |
|                           | tilnærma identitet                         | ≈               |
| <b>Overlappande (OR)</b>  | overtyp:undertype                          | #               |
|                           | <i>oppskalering</i>                        | +               |
|                           | <i>nedskalering</i>                        | -               |
|                           | heilskap:del                               | @               |
|                           | <i>oppskalering</i><br><i>nedskalering</i> | +<br>-          |
| <b>Parallell (PR)</b>     | ko-undertypar                              | #//             |
|                           | ko-delar                                   | @//             |
|                           | motsetnad                                  | /></            |
| <b>Referentar i same</b>  | årsak:verknad                              | → eller ←       |
| <b>domenematrise (DR)</b> | motivasjon:handling                        | <≈ eller ≈>     |
|                           | anna                                       | ev. spesifisert |

Tabell 2. Referansekategori med undertypar

Eit anna døme er følgjande replikkveksling frå BBC-komedien «Fawlty Towers» («Hotell i særklasse»), der hotelleigaren, spelt av John Cleese, har opprørt ei gruppe tyske hotellgjestar ved å stadig koma inn på den andre verdskrigen, eit tema dei ber han innstendig om å få sleppa som samtaleemne:

- Will you stop talking about the war?
  - You started it.
  - We did not start it!
  - Yes, you did! You invaded Poland!
- (Fawlty Towers, sesong 1, episode 6: «The Germans»)

Dette kan seiast å vera reinspikka tekstbindingshumor. Poenget er at hotelleigaren og hotellgjestane opererer med kvar si oppfatning av kva pronomenet *it* refererer til. Hotelleigaren siktar til *the war*, medan hotellgjestane siktar til *talking about the war*. Så begge partar kan seiast å ha rett når dei hevdar at dei *didn't start it*. Ein annan ting er sjølv sagt referansen til pronomenet *you*. Medan det er opplagt at tyskarane sin bruk av *you* refererer til hotelleigaren, er det vesentleg meir diskutabelt om hotelleigaren sin bruk av *you* eigentleg kan seiast å referera til hotellgjestane i det heile.

#### 4.1.1 Same referanse (SR)

Undertypane av kategorien 'same referanse' (SR) er eksakt identitet, som i (2) ovanfor, og tilnærma identitet, som i (3) og (4) ovanfor. Eksakt identitet er markert med eit lik-skapsteikn, og tilnærma identitet med eit 'tilnærma lik'-teikn.<sup>14</sup> I (10) viser eg korleis kategorien vert markert.

- (10) **Manchester United** spiller en nøkkelrolle i topp fire-racet. Denne uken møter **de røde djevlene** [SR=] både Leicester og Liverpool hjemme. Basert på tabellposisjon, er det den tøffeste gjenstående kampen for begge lag [SR=]. Samtidig er **Manchester United** [SR=] midt i et ekstremt tett kampprogram. Dermed kan det bli **to vidt forskjellige lag** [SR≈] som møter Leicester og Liverpool [SR=]. (Corneliussen 2021)

*Kommentar til analysen i (10):* Fotballaget Manchester United har kallenamnet «the red devils». Dette kan lesaren anten ha førehandskunnskap om, eller hen kan tileigna seg denne kunnskapen som følgje av at hen les denne teksten (jf. drøftinga av (7)). Tabellposisjonen i journalistens skrivande stund var at United låg over både Leicester og Liverpool på tabellen, og dermed er dei respektive kampane mot United dei tøffaste gjenstående for både Leicester og Liverpool. Det tette kampprogrammet til United i den aktuelle perioden ville etter alt å døma tvinga klubben til å stilla med eit reserveprega lag i éin av kampane, slik at spelarane i den såkalla førstelevaren kunne få tid

---

<sup>14</sup> *Merk:* Dersom ein er interessert i formelle sider ved teksten ein skal analysa, t.d. som ledd i ei vurdering av elevtekstar, er det mogeleg å dela dei to typane inn i formbaserte underkategoriar basert på relasjonen mellom den språklege forma til konstituentane. Ein får då ein heterogen formkategori med følgjande to hovudtypar: rein repetert form og endra form. Sistnemnde inkluderer alt frå endra bøyingsform (bestemt/ubestemt), endra ordklasse, tilføring eller fjerning av ledd i samansettingar, endring på frasenivå (tilføring eller fjerning av utfyllingar, fullstendige ellipsar osv.) til ulike former for omskrivingar, deriblant metafor og metonymi. Pronominalisering og andre grammatisk baserte koplingar (proord) høyrer òg til i kategorien 'endra form'.

til å restituera seg. Det er altså snakk om to ulike «inkarnasjonar» (lagoppstillingar) av fotballaget Manchester United i den siste setninga, derav markeringa [SR≈].

#### 4.1.2 Overlappende referanse (OR)

Undertypane av kategorien 'overlappende referanse' (OR) er baserte på kva type overlapp det er mellom referentane til konstituentane. I OR inkluderer referenten til ein av konstituentane referenten til den andre konstituenten. Det er to typar overlappende referanse: overtyp:undertype og heilskap:del. Kvar type har to underkategoriar: nedskalering av referentomfanget eller oppskalering av referentomfanget. (11–14) viser korleis underkategoriane vert markerte.

**1. Overtyp:undertype** dreiar seg om taksonomiske relasjonar ('X er ein type Y'). Som Fossetøl (1983, 115) peikar på, finst det tilfelle der relasjonen mellom referenten til konstituentane kan seiast å vera både overtyp:undertype og overmengd:delmengd. Her kjem styrkeinndelinga til Källgren, der overmengd:delmengd-relasjonar er rekna for ein sterkare relasjon enn overtyp:undertype-relasjonar, oss til hjelp. Som tidlegare nemnt har Källgren som prinsipp å alltid markera den sterkaste bindingstypen dersom ei binding oppfyller krava for fleire bindingstypar. Dette medfører at overmengd:delmengd alltid vil «vinna» over overtyp:undertype, og at sistnemnde kategori dermed vil vera relativt sjeldan samanlikna med førstnemnde. Men dersom det ut frå den aktuelle tekstpassasjen gjev meir meining å seia at den eine konstituenten refererer til ein undertype av referenten til den andre, enn at den eine konstituenten refererer til ei undermengd av referenten til den andre, som i (11) og (12), markerer eg det som overtyp:undertype. Dette gjer eg ved hjelp av eit «nummerteikn» #, som symboliserer eit taksonomisk hierarki. Oppskalering vert markert med eit plusteikn, nedskalering med eit minusteikn, sjå (11) og (12).

- (11) **Bakterier** kan gi betennelse, som er kjent at kan drive kreftutviklingen. **Noen bakterier** [OR# -] kan gi mutasjoner i DNA hos mennesker, skriver Straussman. (Borgan 2020)
- (12) **Flest forskjellige bakterier** var det i brystkreft, ifølge studien som er publisert i det vitenskapelige tidsskriftet *Science*. Funnene føyer seg inn i en rekke studier som viser at vi kanskje har undervurdert hvilken rolle **bakterier** [OR# +] spiller i utviklingen av kreft [OR# +]. (Borgan 2020)

**2. Heilskap:del** dreiar seg om del–heilskaps-relasjonar ('X er ein del av Y') i vid forstand, herunder delmengder/heilmengder som ikkje er døme på taksonomiske relasjonar (som i (13) nedanfor), eller der dei taksonomiske relasjonane ikkje er fokuserte på i teksten (jf. drøftinga ovanfor), og veksling mellom generisk referanse (art) og indi-



viduell referanse (einskildindivid), som jo er ei form for delmengd:heilmengd-relasjon. Heilskap:del-koplingar markerer eg med ein krøllalfa (som er ein a «innkapsla» i ein sirkel). Oppskalering vert på same måte som ved overtyp:undertyp markert med eit plussteikn, og nedskalering med eit minusteikn. Ved veksling mellom generisk og individuell referanse vert endringa i referanse spesifisert, som i (14).

- (13) **Forskere** har visst om fenomenet siden 1911, da **den nederlandske fysikeren Kammerlingh Onnes** [OR@ -] oppdaget at kvikksølv ikke hadde noe elektrisk motstand ved 269 minusgrader. (Biørnstad 2020b)
- (14) **Flodhester** er ikke enkle å ha med å gjøre, og å gjennomføre disse tiltakene vil være både farlig og kostbart. Ifølge nettstedet skal det ha kostet 5000 amerikanske dollar å flytte **én av flodhestene** [OR@ -, +individuell referanse] til en dyrehage. (Schjølberg 2020)

#### 4.1.3 Parallell referanse (PR)

Undertypene av kategorien 'parallell referanse' (PR) er baserte på kva type parallellitet det er mellom referentane til konstituentane: plassering i same hierarki av referentar eller delar av same heilskap. Hierarkiet og heilskapen kan vera presupponerte, dvs. kjent utanfor teksten, eller dei kan vera etablerte i teksten. Eg markerer parallell referanse med to skråstrekar (dvs. to parallelle linjer saman med anten nummerteikn eller krøllalfa, avhengig av type parallellitet. Ved parallell referanse utan ein eksplisitt referanse til overkategorien eller heilskapen på tekstoverflata kan den felles overkategorien eventuelt (forsøksvis) spesifiserast, som i (15).

- (15) Blir det **regnvær** tar vi på regnjakka. Blir det **kaldt** [#// 'vêrtypar'] tar vi på luer, votter og skjerf [#// 'ytterplagg']. (Schou 2020)

Underkategorien motsetnad, som mange tidlegare framstillingar opererer med under namn som *antonymi* eller *kontrast*, er i min modell plassert i PR-kategorien, med følgjande spesifikasjonar: Dersom to konstituentar refererer til referantar som i utgangspunktet kan seiast å vera i same hierarki (eller overmengd), som t.d. kvinne/mann, hund/katt, som er underkategoriar av høvesvis overkategoriane 'vaksne menneske' og 'kjæledyr', men poenget i teksten er å omtala motsetnad eller kontrast mellom desse to, markerer eg det med to motståande spissparentesar mellom to skråstrekar, som i (16) og (17).

- (16) **Menn** er fra Mars, **kvinner** [/></] er fra Venus (Gray 1995)
- (17) Man sier at **hunden** er menneskets beste venn, og at **katten** [/></] er helt sin egen. (Hildebrandt 2009)

Dersom poenget i teksten snarare er å referera til underkategoriar av ein overkategori, som til dømes at både hund og katt er vanlege kjæledyr, vert bindinga markert med [#//].

Underkategorien 'motsetnad' viser kor lite tenleg det er med kategorinamn henta frå semantikken. Antonymi er t.d. ein semantisk relasjon mellom einskildord frå same ordklasse, men motsetnadar kan òg uttrykkjast med ord som ikkje er semantisk sett antonyme. Òg ord som i semantikken er rekna for synonyme, kan i gjevne kontekstar framstillast som motsetnadar på basis av ulik («motsett») verdilading, som i dette sitatet frå Språkrådet si «veiledning til deg som ønsker å bidra til en mer kjønnsbalansert språkbruk»:<sup>15</sup>

Ver merksam på at vi har ein tendens til å bruke ulike ord for same eigenskap hos kvinner og menn:

**prinsippfaste** menn og **sta** kvinner

**forsiktige** menn og **forsagte** kvinner

**sterke** menn og **dominerande** kvinner

(Språkrådet 2003; mine uthevingar)

Eg ønskjer ikkje å kalla kategorien 'kontrast', som ein del framstillingar gjer, då eg ikkje opplever dette som fulldekkjande. Til dømes vil konstituentar som *hund-katt* og *lærer-elev* kunna bli oppfatta som motsetnadar, men dei står ikkje i 'kontrast' til kvarandre slik t.d. *lys-mørker* gjer.

#### 4.1.4 Referentar i same domenematrise (DR)

Undertypane av kategorien 'referentar i same domenematrise' (DR) er årsak:verknad, dvs. at noko forårsakar noko anna, som er ei relativt «sterk» relasjon, motivasjon: handling, som er noko «veikare» enn årsak:verknad ved at det her dreiar seg om ei valfri og tilsikta handling (i vid forstand) av eit tenkjande og viljestyrt vesen, og i tillegg ein samlekategori som eg i mangel av eit betre ord har kalla *anna*, og som omfattar ulike typar oppfatta assosiasjonar mellom referentar i same domenematrise. Kategorien årsak:verknad vert markert med ei pil slik: → dersom den første konstituenten refererer til årsak og den påfølgande til verknad, og slik: ← dersom det er vice versa, som i (18). Kategorien motivasjon:handling vert markert med ei «tilnærma lik-pil» slik:

---

<sup>15</sup> Merk at dømet ikkje strengt teke inneheld tilfelle av referentkopling, slik fenomenet vanlegvis vert definert, all den tid konstituentane ikkje opptrer (i kvar si setning) i ein løpande tekst. Dømet er teke med for å illustrera kontrasterande bruk av synonyme ord med ulik verdilading.

≈> dersom den første konstituenten refererer til motivasjon og den påfølgande til handling, og slik <≈ dersom det er vice versa, som i (19). Kategorien 'anna' vert ikkje markert med noko symbol, men relasjonen vert om mogeleg/ønskjeleg spesifisert, som i (20).

- (18) **Kreft** er noe som oppstår i våre egne celler. Når **noe går galt** [DR ←] inni dem. Genene som pleier å holde cellene våre i sjakk, **får mutasjoner** [DR ←]. Og cellene **begynner å dele seg ukontrollert** [DR →]. Men nye metoder gjør det mulig å undersøke **svulstene** [DR →] enda nøyere. (Borgan 2020)

*Kommentar til analysen i (18):* I analyse av tekstbinding markerer ein binding bakover til den nærast føregåande konstituenten. Dermed må markeringa av bindingar gjelda parvise relasjonar mellom konstituentar. I (18) har eg oppfatta *Kreft* som den første konstituenten og *noe går galt* som den andre. Her har eg tolka og markert bindinga som DR og verknad-årsak (←), sidan sistnemnde konstituent refererer til ein uønskt prosess på cellenivå som fører til kreftsjukdom. Denne prosessen startar som følgje av mutasjonar i genane, nærare bestemt mutasjonar som får cellene til å dela seg ukontrollert (og altså ikkje kontrollert, slik dei skal gjera). Då oppstår det ein svulst som kan vera godarta eller vondarta. Når svulsten er vondarta, kallar vi det kreft, og førekomsten av konstituenten *Kreft* innleiingsvis gjer at mottakaren forstår at konstituenten *svulstene* i den siste setninga er av den vondarta typen. *Kreft* fungerer m.a.o. som triggar for aktivering av domenematrissa. Årsakskjeda er om lag slik: det oppstår mutasjonar på cellenivå → mutasjonane får cellene til å dela seg ukontrollert → celledelinga fører til ein vondarta svulst → det har oppstått kreftsjukdom. Konstituenten *noe går galt* samanfattar dei to første ledda i årsakskjeda.

Medan årsakskjeda i (18) dreiar seg om ikkje-viljestyrte prosessar som uavvendeleg går sin gang dersom dei ikkje på éin eller annan måte vert stoppa, dreiar situasjonen i (19) seg om ei meir eller mindre frivillig og medviten handling som er motivert av ei erfaring pluss vurderinga av denne erfaringa, nærare bestemt eit møte med ein fattig familie og oppfatninga om at ein bør gje pengar til denne familien.

- (19) Når de like etter møter på **en fattig familie**, gir de to **almisser** [DR ≈>] mens Caroline står skamfull tilbake, flau over pengebruken sin. (Kaasa 2020)

*Kommentar til analysen i (19):* Konstituenten *almisser* kan seiast å vera kopla til *en fattig familie* fordi fattigdommen til familien motiverer pengegåva. Ordet *almisse* ('gåve til trengande') gjev signal om kven som gjev, og kven som får, og dermed er det ikkje naudsynt med noko mottakarledd i setninga.

I (20) finn vi konstituentar som kan seiast å vera element i det ein kan kalla ei arkeologi-domenematrise:

- (20) **Mye ny kunnskap om menneskehetens tidlige tider** har kommet fram de siste årene. Blant annet ble det beskrevet **over 300 000 år gamle Homo sapiens-levninger** [DR anna

‘kjelde til ny kunnskap om tidlegare kulturar’] fra Marokko i 2017, mye eldre enn det **arkeologene** [DR anna ‘dei som søkjer (kjelder til) ny kunnskap om tidlegare kulturar’] tidligere kjente til i Afrika. (Biørnstad 2020a)

*Kommentar til analysen i (20):* Arkeologar (jf. konstituent 3) leitar etter og undersøker fysiske leivningar (jf. konstituent 2) for å få meir kunnskap om tidlegare kulturar (jf. konstituent 1). Konstituentane refererer høvesvis til forskingsbasert kunnskap, forskingsmateriale og forskarar.

## 5 Avslutning

Det viktigaste føremålet med tekstbindingsanalyse er å undersøkja og få innsyn i korleis ulike element på tekstoverflata bidreg til at vi oppfattar ein sekvens av setningar som ein samanhengande tekst (eller ikkje), og å kunna identifisera og kommentera eventuelle problematiske eller interessante trekk ved tekstbindinga i den aktuelle teksten. Ved å utføra slik analyse vert ein meir medviten både som skrivar og som lesar.

Eg har i denne artikkelen lansert eit forslag til analyseapparat for analyse av referentkopling som eg meiner vil gjera det lettare å utføra slike undersøkingar. Ved å basera analysemodellen på relasjonar mellom referentane til konstituentane og ikkje på (eventuelle) semantiske relasjonar mellom (element i) konstituentar, kan ein unngå forvirring knytt til mange-til-mange-forholdet mellom semantikk og referanse.

Eg vil presisera at denotasjonen til – og eventuelle semantiske relasjonar mellom – leksikalske ord i konstituentar sjølvsagt gjev svært viktige leietrådar til disambiguering av referanse i mange tilfelle. Og som drøfta over kan proord, bestemtheit og ellipsar òg bidra med viktige leietrådar. Mitt poeng er at desse semantiske og formelle aspekta ikkje utgjer «heile historia». Det er fleire tilgjengelege ressursar enn dette som vert mobiliserte i tolkinga av referensielle forhold i ein tekst, og det er ofte meir enn berre éin type ressurs som gjer seg gjeldande i eit konstituentpar. Derfor blir det både villeiande og uhensiktsmessig å basera analysemodellen på semantiske og formelle kategoriar som t.d. ‘synonymi’, ‘hyponymi’, ‘ellipse’ og ‘proord’.

Ved å nytta ei referansebasert tilnærming unngår ein òg det problemet som automatisk oppstår når ein prøver å skilja mellom kohesjon og koherens i samband med referentkopling. Jamfør dette sitatet av Nyström (2001, 35), som demonstrerer desse vanskane:

Referensbinding kan sägas vara den allra viktigaste bindningsmekanismen i text, den bindning som ingen text klarar sig utan. Bindningen bidrar både till textens koherens och till dess kohesion – referenterna utgör en väsentlig del av textens innehåll och de referanser som återfinns på textytan bidrar till textens kohesion.

Her ser Nyström ut til å skilja mellom referentar, som bidreg til teksten sitt innhald og dermed òg koherens, og «de referanser som återfinns på textytan», og som dermed bidreg til kohesjon. Dette tolkar eg som ein påstand frå Nyström om at det finst referentar i teksten som ikkje er refererte til på tekstoverflata, men som likevel inngår i referentkoplinga til teksten. Dette er i beste fall ei unødvendig komplisering av fenomenet referentkopling.

Det finst referentkopling – i den tydinga eg nyttar ordet i – i alle tekstar som har koherens. Kohesjon er mest aktuelt å snakka om i samband med setningskopling, der ein bruker markørord for å eksplittera relasjonar mellom situasjonar som er refererte til i ulike setningar. Bruk av setningskopling er ofte ei frivillig sak, og markørorda refererer i mange tilfelle ikkje til noko utanfor teksten. Men tekstar utan «semantisk kohesjon» eller grammatisk markerte relasjonar mellom konstituentane kan utmerkt godt seiast å vera koherente og ha stor grad av referentkopling både fordi avsendar sjølv har intendert koherens og referentkopling i teksten, og fordi mottakar med sitt sett av tilgjengelege ressursar greier å finna fram til referansen til dei språklege uttrykka og gjera slutningar om samanhengar mellom dei, som t.d. ved lesing av Wergeland sitt dikt «Den første Sommerfugl», som vart drøfta innleiingsvis. Sjølv om ein tekst ikkje kan seiast å vera særleg «samanhengande» på tekstoverflata i semantisk eller grammatisk forstand, kan han sjølv sagt vera samanhengande i førestillinga til avsendar. Og ikkje minst kan teksten fint bli oppfatta som samanhengande av mottakar, fordi mottakaren på basis av ymse tilgjengelege ressursar i og utanfor teksten greier å danna seg mentale representasjonar av dei referentane som på ymse vis (eksplisitt eller implisitt) er referert til med ulike konstituentar i teksten, og av relasjonane mellom desse referentane.

## Referansar

### Primærkjelder

Asbjørnsen, Peter Christen og Jørgen Moe. (1843–44) 1994. Norske folkeeventyr. Innskrive og retta av Kjell Nedrelid. Sist forandra 31. oktober 1994.

<http://runeberg.org/folkeven/006.html>.

Bergens Tidende, leiar. 2021. «Erna Solberg skulle styrke beredskapen. Hun feilet». *Bergens Tidende*, 16. april 2021.

<https://www.bt.no/btmeninger/leder/i/VqJz43/erna-solberg-skulle-styrke-beredskapen-hun-feilet>.

Biørnstad, Lasse. 2020a. «Dette er et av de tidligste sporene etter moderne mennesker på den arabiske halvøya». *Forskning.no*, 19. september 2020.

<https://forskning.no/arkeologi/dette-er-et-av-de-tidligste-sporene-etter-moderne-mennesker-pa-den-arabiske-halvoya/1743522>.

Biørnstad, Lasse. 2020b. «Forskere hevder å ha laget en superleder som fungerer ved romtemperatur». *Forskning.no*, 27. oktober 2020.

<https://forskning.no/materialteknologi/forskere-hevder-a-ha-laget-en-superleder-som-fungerer-ved-romtemperatur/1759941>.

Bjerke, Mona Pahle. 2020. «Reddet av en utstilling i utstillingen». *nrk.no*, 19. september 2020.

<https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse-hostutstillingen-2020-1.15163132>.

Borgan, Eldrid. 2020. «Bakterier i svulster gjør at forskere må tenke nytt om kreft». *Forskning.no*, 29. oktober 2020.

<https://forskning.no/bakterier-kreft/bakterier-i-svulster-gjor-at-forskere-ma-tenke-nytt-om-kreft/1760673>.

Brandslet, Steinar. 2020. «Fysisk aktive sover bedre, selv under pandemien». *Forskning.no*, 28. oktober 2020.

<https://forskning.no/forebyggende-helse-ntnu-partner/fysisk-aktive-sover-bedre-selv-under-pandemien/1757711>.

Corneliussen, Arve. 2021. «Kan gi Liverpool stor ulempe: – Ikke skyld på meg». *tv2.no*, 11. mai 2021.

<https://www.tv2.no/sport/13993822/>.

Gray, John. 1995. *Menn er fra Mars, kvinner er fra Venus : kunsten å forstå det motsatte kjønn*. Oslo: Hilt & Hansteen.

Hildebrandt, Sybille. 2009. «Hvem er smartest – katter eller hunder?» *Forskning.no*, 3. juli 2009.

<https://forskning.no/zoologi/hvem-er-smartest--katter-eller-hunder/914746>.

Hoel, Yasmin Sunde. 2020. «30 magiske minutter sikret kalasseier: – Beste fra United under Solskjær». *nrk.no*, 28. oktober 2020.

<https://www.nrk.no/sport/united-knuste-sorloths-leipzig-etter-marginale-var-avgjorelser-1.15219976>.

Kaasa, Janicke S. 2020. «Knuste sparegriser og lommepenger i barnelitteraturen på 1700-tallet». *forskersonen.no*, 8. desember 2020.

<https://forskersonen.no/barn-og-ungdom-boker-etikk/knuste-sparegriser-og-lommepenger-i-barnelitteraturen-pa-1700-tallet/1782381>.

Melteig, Elina. 2020. «Dette kan være verdens nest minste universitetslogo». *Forskning.no*, 18. september 2020.

<https://forskning.no/kjemi-materialteknologi-nanoteknologi/dette-kan-vaere-verdens-nest-minste-universitetslogo/1740177>.

Schjølberg, Ulla Gjeset. 2020. «Narkobaronen Pablo Escobars 4 flodhester kan bli flere tusen i løpet av noen tiår». *Forskning.no*, 2. februar 2020.

<https://forskning.no/dyreverden/narkobaronen-pablo-escobars-4-flodhester-kan-bli-flere-tusen-i-lopet-av-noen-tiar/1631417>.

Schou, Ingrid. 2020. «Klimaendringer kan gjøre det vanskelig for dyr å ta smarte valg». *Forskning.no*, 27. oktober 2020.

<https://ung.forskning.no/dyreverden-fugler-klima/klimaendringer-kan-gjore-det-vanskelig-for-dyr-a-ta-smarte-valg/1761791>.

Språkrådet. 2003. «Kjønnsbalansert språk». Publisert 2. november 2003. [Netteksten er ifølge Språkrådet henta frå brosjyren «Kjønn, språk, likestilling», utgjeven av Norsk språkråd og Kompetansesenter for likestilling (1998).]

<https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Kjoenn/>.

Wergeland, Henrik og Harald Beyer. 1947. *Wergeland for hvermann: lyrikk og prosa*. Oslo: Gyldendal.

## Sekundærkjelder

Brown, Gillian og George Yule. 1983. *Discourse analysis*. Cambridge: Cambridge University Press.

Croft, William. 2003. «The role of domains in the interpretation of metaphors and metonymies». I *Metaphor and metonymy in comparison and contrast*, redigert av René Dirven og Ralf Pörings, 161–205. Berlin: Mouton de Gruyter.

Croft, William og D. Alan Cruse. 2004. *Cognitive linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.

Danbolt, Anne Marit V. 2001. «Tekstbinding i minoritetslevers tekster: En studie av leksikalsk kohesjon og setningskopling i fortellinger skrevet av minoritetslever i 8. klasse». *NOA: norsk som andrespråk* 23: 15–50.

<http://hdl.handle.net/11250/2368515>

Eide, Monica. 2018. «Setningskopling, referentkopling og blanda kopling i andrespråkstekstar – ei undersøking av tekstar på nivå A2, B1 og B2». Mastergradsoppgåve, Universitetet i Bergen.

Enkvist, Nils Erik. 1974. «Några textlingvistiska grundfrågor». I *Språket i bruk*, redigert av Tor G. Hultman og Ulf Teleman, 172–206. Lund: Liber.

Evans, Vyvyan og Melanie Green. 2006. *Cognitive linguistics: an introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.

Fauconnier, Gilles. 2010. «Mental spaces». I *The Oxford handbook of cognitive linguistics*, redigert av Dirk Geeraerts og Hubert Cuyckens. Oxford: Oxford University Press. DOI: 10.1093/oxfordhb/9780199738632.013.0014

- Fossestøl, Bernt. 1980. *Tekst og tekststruktur: veier og mål i tekstlingvistikken*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fossestøl, Bernt. 1983. *Bindingsverket i tekster*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Halliday, M.A.K. og Ruqaiya Hasan. 1976. *Cohesion in English*. London: Longman.
- Källgren, Gunnel. 1979. *Innehåll i text*. Lund: Studentlitteratur.
- Langacker, Ronald W. 2008. *Cognitive Grammar - a basic introduction*. Oxford: Oxford university Press.
- Maagerø, Eva. 2005. *Språket som mening : innføring i funksjonell lingvistikkk for studenter og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Noström, Catharina. 2001. *Hur hänger det ihop? En bok om textbinding*. Uppsala: Hallgren & Fallgren.
- Oakley, Todd og Anders Hougaard. 2008. *Mental spaces in discourse and interaction*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Renkema, Jan og Christoph Schubert. 2018. *Introduction to discourse studies: New Edition*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Tanskanen, Sanna-Kaisa. 2006. *Collaborating towards coherence: Lexical cohesion in English discourse*. Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Verhagen, Arie. 2005. *Constructions of intersubjectivity. Discourse, syntax, and cognition*. Oxford: Oxford University Press.
- Wilson, Deirdre og Dan Sperber. 2006. «An outline of relevance theory». I *Communication theories* (band 2), redigert av Paul Copley, 180–200. London: Routledge.
- Zwicky, Anja. 1984. «Om tekstbinding i gode og dårlige skolestiler». Hovedoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Øgreid, Anne Kristine. 2005. «Struktur og sammenheng i argumenterende elevtekster: makrostrukturer og referentkopling i tiendeklassetekster». Mastergradsoppgåve, Universitetet i Oslo.

## Abstract

This article presents some previous presentations of cohesive devices, seen from a Scandinavian perspective, and discusses the problems that may occur when one uses these models as basis for analyses of cohesion in authentic texts written by relatively experienced language users. In light of these problems, the author presents a proposal for a new model of understanding and a new method of analysis for lexical cohesion that is based on relations between the referents of phrases rather than semantic relations between word stems. The purpose of the work has been to try to find a



solution to the challenges associated with denotation and reference in the analysis of lexical cohesion, and the work is based on insights from Cognitive Linguistics and Relevance Theory. Examples taken from various texts on the Internet are employed as illustrations of both existing problems and possible solutions.

Helga Mannsåker

Universitetet i Bergen

[helga.mannsaker@uib.no](mailto:helga.mannsaker@uib.no)



# Merkelappar brukte på bokmål og nynorsk med subvarietetar

Margunn Rauset

Måten vi omtalar bokmål og nynorsk på, er i endring, og frå politisk hald blir det lagt opp til at den hevdvunne *målform*-nemninga skal erstattast med *skriftspråk*. Ei anna endring ser vi i omtalen av subvarietetane som i varierende tydeleg grad har danna seg i bokmål og nynorsk. Sjølv om det ikkje er semje om kva *konservativt*, *moderat* og *radikalt bokmål* denoterer, er det ein lang tradisjon for å omtale samanfall i valfrie ordformer på denne måten i bokmål. I forskingslitteraturen og språkteknologien har desse nemningane i seinare tid òg meir eller mindre ukritisk blitt overførte til ulike subvarietetar av nynorsk. Artikkelen utforskar korleis bokmål og nynorsk blir omtalte i nye, tonegejvande samanhengar, og i kva grad endringane i nemningsbruken betyr eit skifte i synet på kva bokmål og nynorsk er, medan hovudvekta ligg på nemningar som blir brukte om subvarietetane av bokmål og nynorsk.

## 1 Bakgrunn, forskingsspørsmål og metode

Ein kan sjå på norsk som eit skriftspråkleg villnis eller ein godtebutikk av ulike former og måtar å skrive på – éin ting er at vi har dei to skriftspråksvarietetane bokmål og nynorsk, noko anna er alle undergruppene av desse igjen.<sup>1</sup> Dei fleste ser ut til å meine at det kan identifiserast ulike stilnivå eller samanfall av former både i bokmål og nynorsk, og det har vore forska på at språkbruken i begge samlar seg i *normklyngjer* i tydinga 'ei gruppe av tekstar med stor grad av samanfallande formval', som ein kan

---

<sup>1</sup> Takk til Helge Dyvik for refleksjonar knytte til nemningsbruken i bokmål og til Lars Vikør for innspel til utforming av språkbruksdøme i samnorsk i figur 3 og råd og vink på ulike stadium av skrivingprosessen. To anonyme fagfellar gav særskilte grundige og konstruktive tilbakemeldingar på eit utkast av artikkelen, desse har vore til uvurderleg nytte.

karakterisere som t.d. radikale, moderate og konservative (Helset 2017, 12, 60). Desse normklyngjene fell saman med det som i denne artikkelen blir omtalt som *subvarietetar* ('underordna språkvarietet') av bokmål og nynorsk. Det heile inngår i ein normteorisk diskusjon, jf. del 2 og 3, som i desse dagar har blitt aktualisert ved at det er ei endring på gang i korleis bokmål og nynorsk blir omtalte i den nye norske språklova og i den internasjonale standarden for språknamn, ISO 639.

For bokmål sin del har ein hovudsakleg diskutert kor mange subvarietetar som finst, og kva ein skal kalle dei. I normeringsretningslinjene til Språkrådet frå 2015 er det lista opp tre subvarietetar (eller *operative subnormer*, som dei er kalla der) og eit ukjent tal på mellomformer mellom desse, utan at det er gjort meir greie for kva mellomformene er:

Et resultat av tilnæringsperioden er at skriftlig bokmål i dag oppviser større variasjon mellom alternative ordformer enn det som ellers er vanlig i moderne skriftspråk.

Tekstmaterialet viser en del samvariasjon mellom de ulike formvalgene, slik at vi kan snakke om operative subnormer av bokmål, tradisjonelt kalt «konservativt», «moderat» og «radikalt» bokmål, med mellomformer. (Språkrådet 2015, 9)

I den parallelle skildringa av nynorsk i normeringsretningslinjene står det ikkje noko om slike subnormer i nynorsk, og det er truleg langt frå tilfeldig. Frå nynorskhalda har det vore større skepsis til den faglege verdien av å «objektivisere» subvarietetar (jf. Sandøy 2004, 6; Vikør 2007, 73). Den gjengse språkbrukaren kan kombinere dei valfrie formene hen ønskjer, med eller utan målsetjing om konsekvens for enkeltord eller grupper av ord i ulike kategoriar. Frå forskinga veit vi at mange nynorskbrukarar i høgare grad enn bokmålsbrukarar er opptekne av å setje sitt personlege preg på skriftspråket sitt, heller enn at skriftbildet skal vere einskapleg, eller at språkbruken skal vere mest mogleg nøytral (Berg 1999, 73; Selback 2001, 144). I ein nynorsksamanheng er det difor ikkje uproblematisk å kategorisere ulike formval som ulike gjevne storleikar kalla subvarietetar, særleg om det resulterer i at skriveprogram, lærarar, språkrettarar osv. legg meir avgrensingar for språkbrukarane i kva former og ord dei kan kombinere.

Uavhengig av kva ein tykkjer om det, har det blitt meir snakk om nynorske subvarietetar dei seinare åra, både i lingvistisk forskning (jf. del 6) og ikkje minst som eit resultat av utvikling av språkteknologiske reiskapar. To sentrale døme på det er at Tansa AS har laga eit automatisk retteprogram der val av éi form automatisk «rettar» seinare valfrie former slik at alle følgjer same stilnormal, og Nynodata har utvikla eit omsetjingsprogram frå bokmål til ein enten konservativ, moderat eller radikal nynorsk stilnormal. Dessutan gav Språkrådet i etterkant av 2012-rettskrivinga (der skiljet mellom hovud- og sideformer gjekk ut) ut ei rettleiing om konsekvent nynorsk, særleg

retta mot personar som skriv i arbeidet. Der står det m.a. at når det finst fleire rett-skrivingsvariantar av eit ord, er det «rimeleg at ein held seg til ein og same skrivemåte av enkeltord gjennom ei tekst», og dei gjev råd om at ein bør behandle liknande ord likt (Språkrådet u.å.). Det er med andre ord god grunn til å rette søkjelys mot nemningane som blir brukte om subvarietetane, og meir overordna mot ein slik forståingsmodell av språket som oppdelt i meir eller mindre avgrensa storleikar. Artikkelen tek dermed føre seg nokre relaterte forskingsspørsmål: Korleis skal vi omtale *bokmål* og *nynorsk* – og kva er dei? Kva nemningar har tradisjonelt og i nyare tid blitt brukte om subvarietetane i bokmål og nynorsk, og korleis har det blitt argumentert for dei ulike nemningane?

Metodisk er den meir teoretiske delen om nemningsbruken knytt til skriftspråksvarietetane bokmål og nynorsk (2) ei jamføring av språklova og språkstandarden ISO 639. Målet er å finne ut om den pågåande endringa i nemningsbruken byggjer på ei endring i synet på relasjonen mellom dei to. Vidare prøver eg å applisere den nye skriftspråksnemninga i ein forenkla modell av det norske språklandskapet, som òg involverer subvarietetane (3). Analysedelen av artikkelen tek føre seg nemningar som er brukte om subvarietetane av bokmål og nynorsk, og eg viser fram argumenta som blir brukte for dei ulike nemningane. Ein litteraturgjennomgang av nemningsbruken i bokmål (4) viser at dette er eit gammalt stridstema, som til dels heng saman med at nemningane er språkpolitisk ladde, og at det er uklart kva nemningane denoterer. Gjennomgangen av forskingslitteraturen om nynorsk (5) blir nødvendigvis noko annleis enn bokmålsdelen, då eg først må avklare om det er grunnlag for å snakke om subvarietetar i nynorsk – sidan det tradisjonelt ikkje har blitt gjort. Eg problematiserer tendensen i nyare språkforskning og språkteknologi til å direkte overføre nemningane brukte om bokmålssubvarietetane til nynorsksubvarietetane, og eg ser på om det finst betre alternativ som byggjer på ein sjølvstendig nynorsk språkbrukstradisjon.

## 2 Bokmål og nynorsk – frå målformer til skriftspråk

Tradisjonelt har bokmål og nynorsk både i allmennspråket og faglitteraturen vore omtalte som to *målformer*, som illustrert ved tyding 1 i artikkelen *nynorsk* i *Nynorskordboka* i figur 1.

Særleg i språkvitskaplege tekstar har *målform* gjerne blitt definert som ‘ein varietet’. *Varietetar* er språkssystem som ligg så nær kvarandre reint språkleg at dei kan reknast inn under det same språket (Vikør 2007, 2017). Sjølv om vi skal sjå at *målform*-nemninga kan vere på veg ut av faglitteraturen, meiner eg at det ligg til grunn ei forståing av at bokmål og nynorsk er nærskyldte varietetar, og at språket norsk er ei form for overbygnad over dei to.

**ny|norsk** I m1, n. (Etymologi: av nynorsk (II))

1. sidan 1929 nemning på den offisielle målforma i Noreg som har vakse fram av det skriftmålet Ivar Aasen skapte på grunnlag av norske målføre; jamfør bokmål 2 og landsmål 1 skrive (på *nynorsk*)
2. i språkvitskap: norsk språk i nyare tid (etter 1500), til skilnad frå *gammalnorsk* og *mellomnorsk*

Figur 1. Artikkelen *nynorsk* i *Nynorskordboka* i Korpuskel-visning

Den internasjonale standarden for representasjon av namn på språk, ISO 639, skil mellom *Individual Languages* ('individuelle språk') og *Macrolanguages* ('makrospråk'). Eit ISO-døme på makrospråk er *Arabic*, medan 35 distinkte varietetar av arabisk, t.d. *Egyptian Arabic*, *Moroccan Arabic* og *Uzbeki Arabic*, er lista som individuelle språk. *Norwegian* (med språkkoden *nor*) er kategorisert som eit makrospråk med *Norwegian Nynorsk* (nno) og *Norwegian Bokmål* (nob) som individuelle språk (SIL u.å.-b). Vurderingar knytte til om to varietetar skal reknast som dialekter av det same språket eller eigne (dvs. individuelle) språk, heng i ISO 639 saman med faktorar som lingvistisk likskap, om brukarane forstår kvarandre, om det finst felles litteratur, korleis språkbrukarane ser på forholdet mellom språk og identitet, osv. «Konklusjonen» i denne standarden er altså at bokmål og nynorsk er to individuelle språk. Det kan tolkast som ein meir sjølvstendig status for bokmål og nynorsk enn den tradisjonelle *målform*-nemninga. På den andre sida er det rundt om i verda klyngjer av nærskyldte språkvarietetar som kan bli rekna som individuelle språk, men der ein i visse brukskontekstar har behov for ein felles språkidentitet for dei, med andre ord eit makrospråk: «[T]here must be some domain in which only a single language identity is recognized.» (SIL u.å.-a). Det er utan tvil tilfelle for norsk: I norsk kontekst skil fagfolk t.d. ikkje mellom bokmålske og nynorske talemål, talemåla innan Noregs grenser er norske (sjølvsagt med unntak av dei samiske språka, kvensk mfl.), og ofte snakkar vi om den norske språkhistoria.

ISO-klassifiseringa av norsk samsvarer med språkbruken i den første heilskaplege språklova i Noreg, lov om språk (Språklova 2021), som blei vedteken våren 2021 og trer i kraft ved årsskiftet 2021/2022. Lovarbeidet byggjer på ein analyse av at engelsk på fleire sentrale samfunnsområde utgjer eit press mot det norske språket, og at det difor er nødvendig med ei lovfesting av norsk og dei andre språka den norske staten har eit ansvar for (Innst. 253 L (2020–2021), 1). § 1 i språklova er formulert slik:

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for. (Språklova 2021)

I lova og tilknytte dokument blir bokmål og nynorsk omtala som to *skriftspråk*, t.d. står dette i § 4 i språklova: «Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk» (Språklova 2021). I proposisjonen som følgjer med språklova, blir dei òg omtala som *skriftstandardar*: «norsk har to offisielle skriftstandardar, bokmål og nynorsk» (Kulturdepartementet 2020, 84). Norsk blir gjennomgåande omtalt som *fellespråket norsk*, forklart som eit *samfunnsberande språk* («overordna fellesspråk som blir bruka til administrasjon og samfunnsdebatt i det moderne, fleirkulturelle samfunnet vårt, som held storsamfunnet saman og gjev det identitet») (Kulturdepartementet 2020, 86). § 4 slår dessutan fast statusen til norsk som *hovudspråk* i Noreg: «Med termen hovudspråk er det meint å uttrykkje reint deskriptivt at norsk språk er fleirtalsspråket og dermed det språket som alle i Noreg må mestre for å vere deltakarar i demokratiet» (Kulturdepartementet 2020, 151). Det blir presisert at norsk språk både er bokmål og nynorsk (Kulturdepartementet 2020, 100).

Vi kan rekne med at språklova blir mønsterdannande for korleis ein kjem til å omtale bokmål og nynorsk i framtida, uavhengig av om ein tykkjer omgrepsbruken med to norske skriftspråk stemmer overeins med det lingvistiske terrenget. Men så lenge ISO-klassifiseringa legg til grunn at individuelle språk som korresponderer med eit sams makrospråk, er nærskyldte varietetar, og det i proposisjon 108 L blir understreka at «det å rekne bokmål og nynorsk som to separate skriftspråk ikkje står i vegen for å omtale norsk som eitt språk» (Kulturdepartementet 2020, 84), representerer både ISO-standarden og språklova meir ei endring i nemningsbruken enn synet på tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. I proposisjonen blir det dessutan lagt vekt på at ordet *målform* framleis kan brukast – og at det i visse samanhengar kan vere nødvendig når ein skal omtale tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Det vil m.a. vere tilfelle i ein språkhistorisk kontekst. Språkrådet rår heller ikkje til at termene *hovudspråk* og *sidespråk* erstattar *hovudmål* og *sidemål*, men opplæringsfeltet blir i proposisjonen oppmoda til å bruke *bokmål* og *nynorsk* der det er mogleg (84).

I denne artikkelen vekslar eg mellom å bruke nemningane *skriftspråksvarietetar* og den noko kortare varianten *varietetar* om bokmål og nynorsk, då eg ser på dei som ulike skriffestingar av det same felles- eller makrospråket.<sup>2</sup> Eg meiner det er i tråd

---

<sup>2</sup> Andre les språklova annleis og sidestiller *skriftspråk* med *språk*: «– Nå snakker vi ikke lenger om nynorsk og bokmål som to målformer av det norske språket, men som egne språk, sier Unn Røynealand, professor ved Senter for flerspråklighet ved Universitetet i Oslo. [...] – Et språk defineres ikke bare på lingvistisk grunnlag. Det er en historisk, politisk, kulturell og sosial størrelse som det knytter seg mye følelser og identitet til, sier hun. – Det nynorske skriftspråket har etter hvert en stor og viktig litterær

med tankegodset i ISO 639 og språklova, og det gjev rom for å vidareføre nemninga *subvarietet*, som i dei seinare år har blitt vanlegare bruke om ulike måtar å skrive på innanfor bokmål og nynorsk (jf. del 3). Sjølv om det er eit nokså stort spenn mellom ytterkantane av subvarietetar, frå riksmål til høgnorsk, er det eit sentralt poeng i denne artikkelen at dei til saman utgjer eit kontinuum av det mangfaldige språket norsk.

### 3 Vide skriftspråksnormalar

Ein *skriftnormal* er det samanhengande systemet av fastsette normer for ein språkvarietet. Bokmålsnormalen og nynorsknormalen er to ulike skriftnormalar, med kvar sine sett av fastsette normer for kva som er rett å skrive. Dei vide offisielle normalane vi i dag har for bokmål og nynorsk, er ikkje berre ein konsekvens av samnorskpolitikken, der mange nye former blei innførte som eit ledd i freistnaden på å føre målformene nærare kvarandre. Valfridomen i formverket handlar òg om at det i Noreg, meir enn det som er vanleg dei fleste stader, blir sett på som ein verdi å kunne skrive i samsvar med sitt eige talemål: «Dette er i tråd med eit språksyn som legg stor vekt på at talespråket er primært i forhold til skriftspråket, og at dette derfor så langt som råd skal spegle av talespråket og variasjonen i dette, også på fonologisk og morfologisk nivå» (Rødningen 2000, 67). Her spelar den norske talemålsvariasjonen og usemja om kva variant(ar) som skulle ligge til grunn for utforminga av eit fornorska skriftspråk, òg inn (Kulbrandstad og Kinn 2016, 101). Og sjølv om valfridommen både innanfor bokmål og innanfor nynorsk er omfattande, er det uansett berre ein liten flik av det totale mangfaldet som norsk språk med alle sine talemålsvariantar utgjer, som det er funne plass til innanfor normalane (Wangensteen 1998, 182f).

Helge Dyvik hevdar at den store graden av valfridom i skriftspråksnormalane her til lands bidreg til å gjere dei mindre profilerte, og han spør seg kor mange normer som ligg skjulte i ein slik masse av valfridom (Dyvik 1993, 173). Sjølv antydar han at ein oppvakt utlending som prøver å forstå seg på den norske språksituasjonen, kan kome til å konkludere slik: «Dere har et sted mellom syv og ti skriftspråk i Norge» (159). I nyare tid har det blitt vanleg å omtale *normer* i denne tydinga som *operative subnormer* eller *subvarietetar* ('underordna språkvarietetar') (sjå t.d. Dyvik 2012, Fjeld 2015, Helset 2017).

Figur 2 er mitt forsøk på å illustrere breidda i skriftleg norsk og å finne brukande nemningar, særleg på nynorsksida, då det i faglitteraturen ymsar svært korleis subvarietetane er omtalte. Tanken bak denne forenkla og skjematisk framstillinga er å

---

tradisjon og en rik kulturhistorie, og det oppfattes som mer enn bare en måte å skrive norsk på.» (Lilleslått 2021)



vise korleis dei ulike nivåa og subvarietetane nokolunde forhold seg til kvarandre, men det er viktig å minne om at språknemningane i figuren ikkje refererer til udiskutable gjevne storleikar i den verkelege verda; den norske språkrøynda inneheld ikkje så klart avgrensa kategoriar som figuren kan gje inntrykk av. Sjølv om det finst etablerte nemningar som t.d. *konservativt bokmål*, betyr ikkje det automatisk at det denoterer ein definert skriftnormal, eller at det er semje om kva former som høyrer til kva subvarietet.



Figur 2. Fellesspråk, skriftspråksvarietetar, normalar og subvarietetar i norsk

Den øvste delen av figur 2, med linjene i horisontal, gjer greie for korleis eg ser på tilhøvet mellom fellesspråket norsk (jf. del 2), skriftspråksvarietetane bokmål og nynorsk og dei offisielle normalane for bokmål og nynorsk, slik dei er forvalta av Språkrådet. Når figuren deler fellesspråket norsk i to jamstore delar, byggjer det på at skriftspråka bokmål og nynorsk politisk sett er jamstilte og likeverdige, det representerer på ingen måte reell tekstproduksjon i dei to; då hadde bokmål vore langt meir dominerande. Eit sentralt poeng er at dei offisielle normalane for begge skriftspråka ikkje dekkjer alle former som førekjem i skrift, og bokmålsnormalen omfattar i større grad enn nynorsknormalen dei konservative formene.

Subvarietetane med svart skrift i nedste delen av figur 2 er innanfor dei offisielle normalane bokmål og nynorsk, medan dei i raudt delvis ligg utanfor, med *høgnorsk* og *riksmål* som kvar sitt ytterpunkt. I figuren er dei likevel rekna som ein del av skriftspråka bokmål og nynorsk, men med den forskjellen at høgnorsken ligg utanfor den offisielle normalen, medan berre delar av riksmålet er på sida av den offisielle normalen. Her må det presiserast at det ikkje er semje om plasseringa av riksmålet i ein slik modell. Det Norske Akademi for Språk og Litteratur frontar riksmål som ein normal på linje med dei normalane som er normerte av Språkrådet: «For moderne norsk eksisterer det som kjent tre forskjellige skriftspråksnormer: 1. nynorsk; 2. bokmål; og

3. riksmål» (Askedal et al. 2003, 93), og i ein artikkel frå 2012 blir det hevda at varieteten dei fleste brukar («Standard Norwegian»), har to subvarietetar: bokmål og riksmål (Fjeld og Henriksen 2012, 937). Lars Vikør har argumentert for at riksmålet er ei privat kodifisering av dei mest konservative formene i bokmålet – stort sett i tråd med den offisielle bokmålsnormalen, men ikkje alltid – og difor er å betrakte som ein subvarietet av bokmål (Vikør 1986). Den tendensen blei forsterka i 2005-reforma, så i figuren reknar eg alt til venstre for samnorsk som subvarietetar av skriftspråket bokmål, og alt til høgre reknar eg som nynorsk. Ved å skilje klart mellom skriftspråka og dei offisielle normalane, kan eg i figur 2 både rekne riksmål som ein del av skriftspråket bokmål og høgnorsk som ein del av skriftspråket nynorsk, sjølv om det berre er høgnorsken som klart ligg på utsida av den språkrådsforvalta normalen.

Høgnorsk utgjer i praksis ein ganske fast normal, bygd på dei tradisjonelle formene i 1917-normalen for nynorsk (Vikør 2007, 76). Sjølv legg høgnorskkrøsla stor vekt på at dei byggjer på arven etter Aasen:

[H]øgnorsken [...] byggjer [rett nok] på det norskrøtte tilfanget i målføri, men tek mål av seg til å vera den mynstergilde samnemnaren for målføri som Aasen tenkte seg, det norske standardmålet, nasjonalmålet, riksmålet, normalmålet, landsmålet eller kva namn me no vil bruka. (Krokvik 1995)

Samnorsken ligg i figur 2 midt i lendet, slik ein såg føre seg at dette framtidsspråket skulle gjere, men det verken er eller har vore ei nemning mange har brukt om eige skriftspråk. I den grad skrift har blitt karakterisert som samnorsk, er det ofte som ein negativ karakteristikk av radikale former i bokmål.

«At man ikke er helt i stand til å redegjøre for hva som er forskjellen på radikalt bokmål og samnorsk, eller på moderat bokmål og riksmål, er det naturlig å tilskrive egen vankundighet», skreiv Helge Dyvik i 1993 (162). Fleire kan nok kjenne seg råka av slik vankunne, og det er ikkje intensjonen i denne artikkelen å gjere greie for kva som konstituerer subvarietetane, men å fokusere på nemningane. Eg har likevel valt å konstruere eit døme i figur 3 som inneheld eit knippe variablar som illustrerer somme av forskjellane, vel vitande om at ei kort setning ikkje får fram nyanserikdommen i dei ulike subvarietetane. Det at subvarietetane verken er eintydig definerte eller nødvendigvis dokumenterte i eigne grammatikkar eller ordbøker, gjer tvillaust at somme hadde knytt andre formval til subvarietetane enn eg har gjort her.

Nokre formval i figuren krev ein kommentar. Den valfrie forma *etter* står i parentes og viser til forma *etter* i den siste utgåva av *Riksmålsordlisten*, utgjeven av Riksmålsforbundet og oppdatert med dei siste normeringsvedtaka som er godkjende av Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Når eg har valt å bruke *etter* i dømet, er det fordi denne forma tradisjonelt har vore ein riksmålsmarkør. Det kan òg diskuteras at

eg har gjeve opp konservativt og moderat bokmål som to subvarietetar i figur 2 og 3, utan å bruke ulike former i det aktuelle dømet, for som Helge Dyvik påpeikar: «'konservativt bokmål' og 'moderat bokmål' brukes mye om hverandre, og uttrykker mer en nyansse i synsvinkelen hos den som bruker ordet enn en nyansse i selve den denoterte språkformen. Jeg ville si at de denoterer det samme» (personleg kommunikasjon i e-post, 05.05.2021). Grunnen til at eg valde å føre dei som to, er mellom anna dei omtalte normeringsretningslinjene til Språkrådet, som refererer til «operative subnormer av bokmål, tradisjonelt kalt «konservativt», «moderat» og «radikalt» bokmål, med mellomformer» (Språkrådet 2015, 9).

**Riksmål:** *Syv timer efter at vi kom frem, skinte solen og sneen smeltet – nu var det sommer.*  
**Konservativt bokmål:** *Syv timer etter at vi kom frem, skinte solen og snøen smeltet – nå var det sommer.*  
**Moderat bokmål:** *Syv timer etter at vi kom frem, skinte solen og snøen smeltet – nå var det sommer.*  
**Radikalt bokmål:** *Sju timer etter at vi kom fram, skein sola og snøen smelta – nå var det sommer.*  
**Samnorsk, bokmålsretta/nynorskretta:** *Sju timer/timar etter at vi kom fram, skein sola og snøen smelta – nå var det sommer/sommar.*  
**Tilnæringsnynorsk:** *Sju timar etter at vi kom fram, skein sola og snøen smelta – nå var det sommar.*  
**Midtlinjenynorsk:** *Sju timar etter at vi kom fram, skein sola og snøen smelta – no var det sommar.*  
**Tradisjonell nynorsk:** *Sju timar etter at me kom fram, skein sola og snøen smelta – no var det sumar.*  
**Høgnorsk:** *Sjau timar etter at me kom fram, skein soli og snøen braana – no var det sumar.*

Figur 3. Dømesetning formulert i dei ulike norske subvarietetane

Å formulere setninga i figur 3 på samnorsk er ei tvilsam øving, då det ikkje finst noka normkjelde for ei språkform som tilhengjarane alltid såg på som eit framtidsmål, ikkje ei eksisterande språkform. Når eg har valt å gjere det med ei skråstreksløyseing, er det fordi det var ein føresetnad at ein skulle kunne skrive ein bokmålsretta eller ein nynorskretta samnorsk der det ikkje finst fellesformer (Lars Vikør, personleg kommunikasjon i e-post, 06.05.2021).

#### 4 Subvarietetar av bokmål

Ruth Vatvedt Fjeld (2015, 37) slår fast at valfridommen i bokmålsnormalen er større enn i nynorsknormalen. Truleg er det stikk i strid med folkelingvistiske oppfatningar på området – iallfall blir valfridommen oftare trekt fram som eit pedagogisk problem i nynorsk enn bokmål. Fjeld peikar òg på at skriftspråksvarietetet bokmål blir brukt av dei fleste nordmenn, som dermed både kjem frå ulike sosiale lag og spreidde område av landet, noko som gjer at det ligg meir til rette for subvarietetar i bokmål enn i

nynorsk. I denne delen skal vi sjå på ein del forskning som har vore gjort på bokmåls-subvarietetane og somme av diskusjonane som har vore om nemningsbruken.

Dyvik (1993, 2003, 2009, 2012) har kartlagt dei operative normene og normklyngjer i bokmål og delvis nynorsk, og han konkluderer med at det er mønster i korleis språkbrukarane utnyttar valfridommen. Trass i at skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål blei oppheva i 2005, og alle bøyingsformer og stavemåtar no formelt har same status og kan kombinerast fritt på enkeltordsnivå, har tekstar ein statistisk tendens til å samle seg i klyngjer, då val av visse former i praksis impliserer val av andre former. Dyvik (2012) gjorde ei pilotundersøking av statistisk baserte klyngjer av tekstar i eit avgrensa utval av avistekstar. Der fann han ein klar tendens til ei moderat normklyngje (med former som *kastet*, *treningen* og *kvinnen*), medan det var klart mindre tydlege klyngjetendensar på den radikale sida (t.d. *kasta*, *tida* og *utviklinga*); tekstane med radikale former var meir spreidde i rommet av moglege val. På grunnlag av dette meiner han å finne støtte for påstanden om at 'moderat bokmål' er ein avgrensa, eksisterande subvarietet av bokmål, medan 'radikalt bokmål' i større grad er ein abstraksjon som snarare nemner eit sett av moglege avvik frå moderat bokmål som i langt mindre grad blir valde saman i mange tekstar:<sup>3</sup>

A claim which is sometimes made is that moderate Bokmål is more of a real, identifiable subvariety of Bokmål than radical Bokmål, which may be more of an abstraction in the sense that it refers to the sum of possible departures from moderate Bokmål without itself being a subvariety about which language users tend to have consistent intuitions. (Dyvik 2012, 201)

Termene *konservativt*, *moderat* og *radikalt* bokmål kan ha ulike tydingar for ulike språkbrukarar. Legg ein vekt på språkhistoriske aspekt, skal vi sjå at *konservativ* tyder nær opphavet og *radikal* langt frå opphavet. Andre legg større vekt på språkpolitiske aspekt ved termene, som då får andre konnotasjonar. Ein god illustrasjon på det er at tekstane i den konservative avisa *Aftenposten* utgjer ein del av den moderate normklynga i undersøkinga til Dyvik (2012), medan *Klassekampen*, som høyrer til på den politiske venstresida i Noreg, òg er den språkleg mest radikale av dei undersøkte.

---

<sup>3</sup> Slik eg les Dyvik, koplar han nemninga *subvarietet* til klare normklyngjer som dermed utgjer ei veldefinert språkform ein kan møte i mange tekstar, medan han omtaler andre, lausare definerte undergrupper av bokmål og nynorsk som *subnormer*. Ei subnorm har ikkje på same måte som moderat bokmål ei stor samling av språkleg nokså konsistente tekstar som ein kan lære varietetten frå, og brukarane har heller ikkje same grad av intuisjon om kva former varietetten inneheld. Eg brukar *subvarietet* om alle, sjølv om eg deler oppfatninga hans om at dei i ulik grad framstår som egne skriftnormalar.

Geirr Wiggen peika på at det tradisjonelt har det vore vanleg å omtale bokmålsnormalen som delt i «to atskilte system, henholdsvis «radikalt» og «moderat» bokmål». Det har kommet klart og ofte til uttrykk både i lekmannsordskifter og i skrifter frå offisielt hold, f.eks. frå Norsk språknemnd/Norsk språkråd» (Wiggen [1977] 1979, 212). Todeling, heller enn tredeling (slik vi i nyare tid har sett frå Språkrådet), blir brukt og delvis argumentert for av fleire som har forska på utviklingstendensar i bokmålet, m.a. Eric Papazian (1985, 16; 2002, 157), Kjersti Wictorsen Kola (2014) og Ruth Vatvedt Fjeld (2015, 41).

Ifølgje Wiggen har nemningane *moderat bokmål* og *radikalt bokmål* utvikla seg frå tydinga moderate og radikale endringar i høve til rettskrivinga av 1917. Før nemningane hadde festa seg i bruk, tok ei rekkje valfrie former i bokmålet til å bli behandla en bloc i samband med utviklinga av hovud- og sideformer i 1938-normalen. Språket i lærebøkene skulle tene utjamninga mellom bokmål og nynorsk, og tilrådinga var at samformene blei brukte så langt som råd. Seinare har dermed *radikalt bokmål* blitt forstått som ein bokmålsvariant som er prega av tilnærmings- eller samformer, dvs. nynorskformer eller nynorskprega former (Wiggen [1977] 1979, 213). Dessutan har *radikale former* i bokmål blitt brukt som synonym til *folkemålsformer* (særleg austlandske dialektformer), og desse to delvis motsetningsfylte og uklare definisjonane av *radikal* som nynorsknaer og dialektprega gjer det vanskeleg å bestemme denne bokmålsvarianten i praksis, for tilnærmingsformer og folkemålsformer er ikkje alltid like.

Eric Papazian, som gjennom val av språklege former plasserer seg på den radikale sida av bokmålet, er òg blant dei som meiner at *radikal* betyr «relativt ny, ny i forhold til de tradisjonelle formene» (Papazian 1985, 17). Han argumenterer for at inndelinga av formene må vere absolutt og gjord på språkhistorisk grunnlag, ikkje gradert på stilistisk grunnlag, for dei ulike konservative og radikale formene blir slett ikkje oppfatta som like konservative eller radikale av dei ulike brukarane av bokmålet. Konsekvensen han dreg av dette, er at motsetninga til *radikal* ikkje kan vere *moderat*, men *konservativ*, og det radikale bokmålet bør definerast i forhold til det konservative bokmålet, ikkje i forhold til nynorsk eller dialektene. Papazian spør om det kan vere slik at *moderat* er eit plussord, som det er om å gjere for tilhengjarane av den aktuelle bokmålsvarianten å bruke, medan *konservativ* er eit minusord som motstandarane, t.d. tilhengjarar av det radikale bokmålet, helst brukar (1985, 16f).

Marit Julien har peika på at det ikkje finst noko som er *nøytralt*, sosialt sett, når ein snakkar om språknormer: «Same kva for skriftlege former ein bruker, vil det sende ut signal om kven ein er, og kanskje òg om kva for språkpolitisk oppfatning ein har» (Julien 2017, 102). Poenget til Julien viser kor problematisk det er å setje likskapsteikn mellom 'moderat' og 'umarkert', slik Stig Jarle Helset gjer når han definerer *moderate former* på denne måten: «former som ikkje kjennest markerte på noko vis» (2016, 141)

– sjølv om han rett nok brukar nemninga om former som ligg mellom dei konservative og radikale både i bokmål og nynorsk.

Vidare skal sjå på korleis ein del av miljøa på konservativt bokmålshald gjer greie for språksituasjonen og brukar nemningane:

I en normsituasjon som den norske, der valgfriheten på alle nivåer (rettskrivning, bøyninger, ordvalg, syntaks) er formidabel, ligger det til rette for utviklingen av delnormer, dvs. stilistiske varianter av sortimentet, gjerne bundet sammen av en forestilling av stilistisk slektskap mellom de former og uttrykksmåter som blir valgt. Man snakker således om moderat og radikalt bokmål (og tilsvarende for nynorsk). (Vinje 2004, 139)

Artikkelen *bokmål* i *Norsk ordbok* (Guttu) definerer dei to subvarietetane med *riksmål* som målestokk:

*moderat bokmål* bokmål som (i hovedsaken) ikke fjerner seg mer fra riksmål enn den offisielle rettskrivning krever / *radikalt bokmål* bokmål som gjennom tilnæringsformer fjerner seg påfallende fra riksmål, bokmål med nynorskpreg

Samanlikna med Wiggen og Papazian, som argumenterer språkhistorisk for bruken av nemningane, ser vi her døme på lingvistar som legg meir vekt på språkpolitiske aspekt og stilistikk. Verken Finn-Erik Vinje eller Tor Guttu, begge sentrale riksmålsfolk, har med perspektivet om at radikale bokmålsformer ofte fell saman med folkemålsformer, slik vi såg det hos Wiggen ([1977] 1979, 212) og slik det er med i denne definisjonen av *radikale ordformer*: «Med 'radikale' ordformer meiner eg former som blir tekne inn i rettskrivinga ut frå eit ønske om tilnærming til den andre målforma og/ eller eit ønske om å inkludere folkemålsformer» (Helset 2016, 141). Helset (148f) hevdar at det finst nokså eksplisitte skriftfestingar av kva som ligg i omgrepa radikalt, moderat og konservativt bokmål, og han viser til Finn-Erik Vinje (2004, 2005) som ein av dei som har drøfta og eksemplifisert dei grundig, medan Vinje sjølv opererer med ei todeling mellom moderat og radikalt bokmål.

Vinje framhevar at det er viktig å vere klar over at etter dei språkpolitiske omveltningane på det offisielle nivået dei siste åra er riksmålsnorma berre marginalt ulik den moderate versjonen av språkrådsnorma.<sup>4</sup> Slik blir det òg presentert i fleire andre artiklar og kronikkar frå språkkonservativt hald (t.d. Askedal et al. 2003, 93; Fjeld og Henriksen 2012, 936; Waage 2017), slik dette utdraget kan stå som døme på: «[M]er

---

<sup>4</sup> Det har òg vore gjort endringar i riksmålsnorma. I dag er det tillate både med *sne* og *snø*, *farve* og *farge*, så det har vore ei viss tilnærming frå begge sider.

enn 80 prosent av alle bokmålstekster er skrevet på moderat bokmål. Og moderat bokmål er i alle praktiske henseender det samme som moderne riksmål» (Nordgård og Uri 2017).

Representantar for Det Norske Akademi for Språk og Litteratur (Akademiet) argumenterte i 2017 for at ansvaret for å normere bokmål burde bli flytta frå Språkrådet til Akademiet – som i 1953 blei oppretta for å verne om riksmålet, og som i dag har *Det Norske Akademis ordbok*, NAOB, som sin viktigaste publikasjon (Det norske akademi 2020). I den samanhengen gjorde dei ei uvanleg kopling mellom riksmålsformer og *folkemål*:

Det er ikke behov for en proaktiv, eksperimenterende og politisk styrt normering av bokmålet. Det har funnet sin operative hovednorm [moderat bokmål]. Dette er den formen for bokmål som Akademiet allerede arbeider for. Å la Akademiet overta bokmålsnormeringen er altså å slippe **folkemålet** til. (Nordgård og Uri 2017; mi utheving)<sup>5</sup>

Bokmålsskrivende er ikke interessert i alle disse formene. Nå bør **normen følge folket**. Vi vil ha språklig demokrati, ikke språklig skrivebordsbyråkrati. Har Høyre et poeng når de vil vurdere å la andre enn Språkrådet normere bokmålet? (Egeland, Iunker og Uri 2017; mi utheving)

Det spesielle i dette retoriske grepet ligg i at riksmålsforkjemparar sidan opprettinga av Riksmålsforbundet i 1907 har vore leiande i kampen mot den offisielle språkpolitikken og tilnærminga mellom bokmål og nynorsk *på norsk folkemåls grunn* (Fjeld 2004, 2). Det Akademiet her gjer, er å omdefinere *folkemål* frå den hevdvunne tydinga 'talemål som ikkje er basert på ei skriftspråksnorm', altså det motsette av talt riksmål, til å bli skriftspråksvarianten dei fleste brukar, «i alle praktiske henseender det samme som moderne riksmål». Forfattarar og skribentar som ikkje brukar nynorsk, men som heller ikkje kjenner seg heime i riksmål og moderat bokmål fordi det ligg langt frå talemålet deira, blir her ikkje rekna blant «folket». I tillegg vender Nordgård og Uri på nemninga *operativ subnorm* (m.a. brukt i Språkrådets normeringsretningslinjer (2015) og av Helge Dyvik (2012)) til «operativ hovednorm», som truleg framstår med større tyngde. Akademiet fekk ikkje gjennomslag for dette framlegget, og i den nye språklova blir det slått fast at Språkrådet skal ha ansvaret for å normere bokmål og nynorsk (Kulturdepartementet 2020, 22). Den offentlege politikken er framleis at normeringa

---

<sup>5</sup> Torbjørn Nordgård er styreleiar for Akademiordboken AS, som står for drifta av *Det Norske Akademis Ordbok* (NAOB), ein oppdatert, modernisert og digitalisert versjon av *Norsk Riksmålsordbok*, og Helene Uri var i 2017 visepreses i Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, som m.a. har som oppgåve å normere riksmålet og er eineiegar av Akademiordboken AS.

må ta omsyn til all variasjonen og rikdommen som finst i heile bokmålet, både for bruksbeskriving og som grunnlag for rettskrivingsendringar (jf. Fjeld 2004, 5).

I NAOB blir *moderat bokmål* brukt som eit honnørord: «NAOB søker å gi en gjennomført entydig norm for den som ønsker å benytte moderat bokmål, en norm som vil passe når man uttrykker seg i sakprosa, f.eks. når man skriver et avisinnlegg, en jobbsøknad, en eksamensbesvarelse eller en faglig artikkel» (naob.no/om). Med ei slik formulering kan ein få inntrykk av at radikalt bokmål skulle vere mindre eigna til sakprosa, og den offisielle bokmålsnorma inneheld meir variasjon enn det media og dei fleste bokmålsbrukarar nyttar:

Kort sagt er situasjonen for bokmål i dag slik at ein i teorien har stor valfridom, men i praksis liten, eller i einskilde tilfelle ingen. Ein moderat varietet ser ut til å ha fått feste seg særleg i media, som i dagens samfunn utgjør ein sentral maktfaktor òg i språkleg samanheng (Berg 1999, 28).

Kjersti Wictorsen Kola er blant dei som skriv om *konservativt* og ikkje *moderat bokmål* som motpolen til det radikale bokmålet. I masteroppgåva si viser ho at konservative variantar er i klart fleirtal samanlikna med dei radikale variantane i alle typar bokmåls-tekstar i Leksikografisk bokmålskorpus. I undersøkinga hennar av bruken av 184 morfologiske og ortografiske variantar er den relative frekvensen til dei konservative formene 84 %, medan radikale former og talemålsnære variantformer i sum blir brukte i 14 % av tilfella (Kola 2014, 113). Irmelin Kjelaas hevdar at ein i bokmål må bruke moderate former for å bli teken seriøst, basert på erfaringar med at fagfellar i eit tidskrift opptredde som normagentar ved å «stusse på» at ho brukte hokjønnsartikkelen *ei* og *a*-endingar i ein akademisk tekst (Kjelaas 2017; Müller 2017). Ingunn Indrebø Ims (2007, 3) omtalar radikalt bokmål som den mest stigmatiserte språknormalen i Noreg i dag. Det er noko av bakteppet for at Foreninga for radikalt bokmål blei danna i 2019, for å jobbe for auka anerkjenning av radikale og talemålsnære bokmålsformer (Foreninga for radikalt bokmål 2020). Blant bokmålsbrukarar ser vi, på ein ganske annan måte enn på nynorskhalda, at det er ulike grupperingar som arbeider aktivt for å fremje sin føretrekte subvarietet, og at desse grupperingane er aktive i det offentlege ordskiftet. I den samanhengen blir nemningsbruken i seg sjølv ein del av argumentasjonen for bruk av visse valfrie former i bokmål.

## 5 Subvarietetar av nynorsk

For nynorsken sin del er nemningane i endå mindre grad opplagde. Eit teikn på det er at ein kan finne definisjonar av termene *moderat bokmål* og *radikalt bokmål* under *bokmål*, mens tilsvarende nemningar ikkje er å finne under *nynorsk* verken i *Bokmålsordboka*



eller *Nynorskordboka*. For sjølv om dei valfrie formene i nynorsk òg kan bli rekna som tradisjonelle/konservative eller nye/radikale i forhold til ei meir tradisjonell rettskriving, som landsmålsnormalen til Ivar Aasen eller 1917-rettskrivinga, har ikkje *konservativ* og *radikal* festa seg om ulik bruk av nynorsk på same måte som for bokmål (Ims 2007, 25).

Helset har undersøkt om det finst normklyngjer i moderne nynorsk, og han meiner at bruken av omgrepa som skildrar dei ulike språklege linjene, ser ut til å vere meir skiftande innanfor den nynorske diskursen enn innanfor bokmålsdiskursen, og han hevdar at «[d]en skiftande omgrepsbruken innanfor den nynorske diskursen kan i seg sjølv vere med på å utydeleggjere konseptane som ligg bak» (Helset 2016, 149; 2017, 62). Sjølv brukar Helset nemningane *radikale*, *moderate* og *konservative* om 1) nynorske former og 2) meir eller mindre dominerande subvarietetar av det nynorske skriftspråket, med *bokmålsnær*, *nøytral* og *tradisjonell* som nærsynonym. I denne delen skal vi sjå at det definitivt er ei terminologisk forvirring i nynorsk, men eg stiller meg tvilande til at forsøk på direkte overføring av ideologisk ladde bokmålsnemningar til nynorskruynda bidreg til klargjering. Det at *moderat bokmål* (slik det er definert av NAOB og Akademiet) har etablert seg som ein normal med eigne ordbøker og grammatikk, gjer det ikkje utan vidare riktig å overføre denne og andre nemningar til nynorsk. At *Norsk Ordbok* i figur 4 definerer *moderat* på motsett vis i tyding 3b «(om nynorsk) lite konservativ» og 3c «(om norsk-dansk) konservativ» viser iallfall at nemningsbruken til Helset ikkje er i tråd med slik ordet tradisjonelt er brukt i nynorsk.

**b.** (om nynorsk) lite konservativ

*eg syng på ein svært moderat nynorsk* (Litterær kjelde: GulaT 1986)

**c.** (om norsk-dansk) konservativ (1)

*"moderate" former* (Litterær kjelde: NoAllk IV,645)  
*moderat og radikalt bokmål*

Figur 4. Tyding 3 av *moderat* i *Norsk Ordbok*

Det er ikkje usemje om at det finst ulike stillag av nynorsk, og det har lenge vore tendensar til meir markerte stilforskjellar i nynorsken mellom ein meir litterær høgprosa og ein meir daglegdags kvardagsprosa (Venås et al. 1983, 26). Tankegangen om at visse former høyrer til same stillag, ser vi òg når ei gruppe kompetente nynorskbrukarar i ei undersøking av Endre Brunstad rangerer *manglande konsekvens i rettskrivinga er dårleg nynorsk* på tredjeplass av overordna prinsipp for god nynorsk språkføring, medan *stilistisk sikker* ligg på topp over generelle språkføringsideal uttrykte av respondentane

(Brunstad 2009, 98ff).<sup>6</sup> Dette blir eksemplifisert ved at ein respondent meiner at bruk av den tradisjonelle forma *gjev* og tilnærmingsforma *noen* i ein og same tekst er eit normbrot, og ein annan hevdar at manglande konsekvens er å vingle mellom dialekt-nært, moderne og arkaisk, utan å vite kva ein gjer (101). Brunstad konkluderer med at sjølv om det offisielt berre finst éin nynorsknormal med variasjon, er det på same tid ei forventning blant kunnige nynorskbrukarar om stilistisk og varietetsmessig konsistens (101). Funna i Helset (2016), som byggjer på ei spørjeundersøking mellom det som kan karakteriserast som særleg kompetente nynorskbrukarar, byggjer òg opp under det at det eksisterer klare førestillingar om (kva som kjenneteiknar) subvarietetar av det nynorske skriftspråket, sjølv om svara viser at det ikkje er absolutt konsensus om kva for språklege former som soknar til kva subvarietet.

På den andre sida viser ei undersøking av Celia M. Berg at nynorskbrukarar i vidaregåande skule i større grad enn bokmålsbrukarar har eit personleg prega fundament for skrivemåten sin; dei gjer formval ut frå egne ønske om korleis skriftspråket skal sjå ut – fordi språket er «ein del av personlegdomen deira og/eller har ein kulturell verdi som dei ønskjer å halde i hevd» (Berg 1999, 73). Ho skriv vidare at for dei fleste bokmålsbrukarar ser språket ut til å utelukkande vere eit kommunikasjonsmiddel, og dei færreste meiner dei kan karakterisere språket sitt som personleg. Dersom det er eit generelt trekk ved språkhaldningane, har Brunstad (2009, 95) peika på at ein kan forvente at nynorskbrukarar lettare vil akseptere språkleg valfridom og variasjon enn bokmålsbrukarar.

Med sosiale medium har dialektnær skriving sett sitt tydelege preg på mykje av den norske tekstproduksjonen særleg yngre skrivarar står for (sjå t.d. Røyneland og Vangsnes 2020), og fleire studiar peikar på at nynorskungdom i større grad enn bokmålsungdom ser ut til å veksle mellom nynorsk, bokmål og dialektnær skriving (sjå t.d. Helset og Brunstad (2020) for ei oppsummering av delar dette forskingsfeltet, som har vore i sterk vekst dei seinare åra, men som det ikkje er rom for å gå nærare inn på i denne artikkelen). Helset og Brunstad slår fast at unge nynorskbrukarar som språkvekslar «har eit *medvit* om denne tekstkulturelle kompetansen, dvs. at dei har eit medvit om kva for språkformer som kulturelt sett «passar» i ulike situasjonar» (2020, 108). Når unge nynorskbrukarar avhengig av medium, mottakar, sjanger og kontekst trekker inn trekk frå talemålet når dei skriv, og elles vekslar mellom bokmål og nynorsk,

---

<sup>6</sup> Dette blir også reflektert i somme brukarrettleiingar til ordlister, som her hos Kulbrandstad, Veka og Øygarden (1996, II): «ELEVAR KAN VELJE FRITT BLANT ALLE FORMENE I ORDLISTA. Det einaste du bør vere merksam på, er at eit tilfeldig val av former kan føre til stilbrot, men altså ikkje 'feil' i vanleg meining. Dersom du vel å skrive ei litt eldre form som [sumar] for sommar, bør du velje tilsvarende former i resten av stilen også.»

er det ikkje urimeleg å tru at aksepten blant desse for variasjon har blitt ytterlegare styrkt.

Bente Selback fann i ei undersøking blant «vanlege språkbrukarar» at nynorsk-informantane frå kjerneområdet Førde, i Sogn og Fjordane, ikkje er opptekne av at skriftbildet skal vere einskapleg, eller at språkbruken skal vere mest mogleg nøytral. Når dei skriv, vel dei fleste av desse informantane å bruke det dei sjølve karakteriserer som *moderat nynorsk* på ein akse med konservativ, moderat og radikal nynorsk. Nesten alle randsonereinformatane som skriv nynorsk, skriv derimot radikalt og er dei mest negative til tradisjonelle nynorskord (Selback 2001, 144). Selback gjev som ei mogleg forklaring at for desse er ikkje nynorsk automatisk rekna som ein del av den regionale kulturen og er difor ikkje eigna som identitetsmarkør. Skal ein bruke nynorsk der for å markere kven ein er, og kvar ein kjem frå, kan ein gjere det ved å bruke talemålsnære ord og former. Når eg går vidare i analysen av nemningane brukte om nynorske subvarietetar, er det likevel med det atterhaldet at for mange nynorskbrukarar er det viktigare med personleg preg på skrifta og kva ein uttrykkjer gjennom det, enn kva andre måtte forvente av stilistisk konsistens.

Lars Vikør meiner at *midtlinjenynorsken* har festa seg som det ein kan kalle prototypisk nynorsk (Vikør 2003, 302; 2007, 213), og dette blir støtta av empirien, som arbeida til Helset (2015, 2016, 2017) med å undersøkje subvarietetane med statistiske metodar. I ei stor empirisk undersøking av tilhøvet mellom språklege variablar i eit nynorsk-korpus med tekstar han vurderer som normdannande, finn Helset (2017, 163ff) at det eksisterer ein dominerande subvarietet av det nynorske skriftspråket med det han kallar moderate former. Svært radikale former blir sjeldan brukte, medan fordelinga mellom svakt radikale former og moderate former er mykje jamnare. Dei svært radikale formene (t.d. *flo*, *noen* og *mye*) blei i stor grad tekne ut i 2012-normalen. Sterkt konservative former (t.d. *sumar*, *tidi* og *jentor*) er forsvinnande lite brukte, medan svakt konservative former (t.d. *fyrst*, *gjev* og *lukke*) omtrent blir like mykje brukte som moderate former (t.d. *berre*, *noko* og *mykje*).<sup>7</sup> Det er også grunnlag for å rekne med ei radikal, men i mindre sikker grad ei konservativ normklyngje av nynorsk; begge er meir usikre enn den statistisk stabile og tydelege klyngja av moderate former. At somme former

---

<sup>7</sup> Vikør (personleg kommunikasjon i e-post 14.10.17) stussar på at det ikkje er grunnlag for å snakke om ei konservativ normklyngje i nynorsk; han meiner at det finst ein svært klar og fast slik subvarietet, brukt i publikasjonar frå sterkt ideologiske krinsar kring Vestmannalaget o.l. og frå «høgnorske» enkelt-individ. Når det er vanskeleg å få den fram i statistikken, kan det kanskje henge saman med at slike former blir brukte i forholdsvis få tekstar i korpuset Helset har sett saman. Dessutan er nesten alle former som kunne ha gjeve grunnlag for å finne ein slik varietet, utelatne i variabelutvalet hans (jf. Helset 2017, 157f). Merk at formene *tidi* og *jentor* gjekk ut av rettskrivinga i 2012.

plasserer seg mellom dei ulike normklyngjene, viser at dette ikkje er kategoriske storleikar, men klyngjer av prototypisk karakter: «At mange individ brukar mange av dei same moderate formene, til dømes, tyder ikkje at alle desse brukarane av moderate nynorske former brukar alle dei same moderate formene» (170).

Eg har ingen grunn til å så tvil om funna til Helset, men eg tykkjer altså at nemningsbruken hans er problematisk. Spørsmålet er då kva nemningar ein skal bruke på dei ulike subvarietetane i nynorsk på nynorskens eigne premisser. For det første er termen *konservativ nynorsk* problematisk på grunn av talemålsgrunnlaget i nynorsken, då det kan vere samsvar mellom dialekttrekk hos den enkelte språkbrukaren og dei formene Aasen og etterfølgjarar valde for målforma, sjølv om språkbrukaren ikkje tillegg forma ein konservativ eller arkaisk valør. *Tradisjonell nynorsk* er ei oftare brukt nemning i nynorskdiskursen (jf. t.d. Vikør 2003, 298; Kulbrandstad og Kinn 2016, 103), og eg meiner ho treffer betre.

*Moderat nynorsk* er av somme brukt som ein direkte parallell til *moderat bokmål*, slik vi såg at t.d. Vinje (2004, 139) hevda at todelinga *moderat* og *radikalt* òg gjeld for nynorsk. Det ser ut til at dei som i dag nyttar nemninga *moderat nynorsk*, stort sett er riksmålsbrukarar eller byggjer på modellar utvikla for bokmålet, slik vi ser døme på i Selback (2001) og Helset (2017), for å kunne jamføre resultat. I figur 2 har eg valt å halde meg til det etablerte *midtlinjeynorsk* for subvarieteteten som baserer seg på hyppig brukte former i vår samtid, som ikkje av ideologiske eller andre grunnar søker mot former frå eldre rettskrivingar eller mot bokmålsformer (jf. t.d. Vikør 2003, 299f; [2007] 2011, 11; Fretland 2009, 135; Rettskrivingsnemnda for nynorsk og Språkrådet 2011, 32, 41, 199; Kulbrandstad og Kinn 2016, 103). Når ein har ein god og dekkjande nynorskterm, ser eg ingen grunn til å erstatte han med den uklare termen *moderat*, som heller ikkje på bokmålsida blir einskapleg brukt.

Subvarieteteten nærast samnorsk og radikalt bokmål i figur 2 er utan tvil der nynorskdiskursen sprikjer mest. Nokre nemningar som er i bruk i omtale og undersøkingar av normalen, er *radikal nynorsk* (m.a. Selback 2001, 182; Fretland 2002; Kulbrandstad og Kinn 2016, 103), *bokmålsnær nynorsk* (Vikør 2003, 297; Kulbrandstad og Kinn 2016, 103) og *moderne nynorsk* (Aanes 2009, 37; Brunstad 2009, 101). Eit alternativ er *nynorsk med tilnæringsformer* (Omdal 2003, 222), som Finn-Erik Vinje (1978, 360) òg brukar om språkprøver med dei nyinnførte formene i 1917- og 1938-reformene. Nemninga korresponderer med *tilnæringsnynorsk* (Fretland 2009, 135) og *tilnæringsretta normering* (å leggje nynorsken tettast mogleg opp til radikalt bokmål) (Vikør 2003, 297).

Det som gjer det så krevjande å finne ei treffande nemning til denne subvarieteteten, er at omgrepet både må romme dei som medvite brukar slike former (både med talemåls- og bokmålsnær argumentasjon), og dei som på grunn av bokmålspåverknad nyttar mange bokmålsformer, utan at det ligg eit aktivt val bak. Fleire undersøkingar

har peika på at elevar med nynorsk som hovudmål har mange ortografiske og morfologiske normavvik når dei skriv nynorsk, og desse avvika kan dels forklarast som talemålsnær skriving og dels som påverknad frå bokmål (Eiksund 2020, 32). Den umedvitne bokmålsinterferensen går gjerne både på skrift og tale, slik nynorskelevar og språkbyteelevar sjølve rapporterer om at dialekta er blitt «utvatna», og det gjer det vanskeleg å halde seg til nynorsk (Proba 2014, 34). Slett ikkje alle norske talemål, som nynorsken byggjer på, ligg tett opp mot dagens bokmål, tradisjonelt var det tvert om – men ut frå korleis unge menneske opplever den generelle bokmålpåverknaden, er det ikkje overraskande at mange unge har internalisert ei stor mengde bokmålsord i talemåla sine (jf. òg Berg 1999, 71).

Eit argument mot å bruke nemninga *radikal nynorsk* om dei mest austnorske formene i 1917-reforma, var at det språkrevolusjonære prosjektet til Aasen var det som verkeleg var radikalt (Liestøl 1927, 48). Aasen-normalen er for lengst etablert som tradisjonell, men det er likevel noko som skurrar med å kalle bokmålsnære former i nynorsk for radikale. Frå ein språkpolitisk ståstad er det underleg om merkelappen *radikal nynorsk* blir brukt om skriftspråket til ein person som ikkje legg noko anna i formvalet enn at det nokså likt måten hen snakkar på. Trass alt har det at ein kan skrive talemålsbasert, vore eit hovudargument for å få folk til å velje nynorsk – og eit kjenne-teikn ved «god nynorsk», men det gjeld moglegvis berre for dei med «reint nok» talemål. Slik eg ser det, heng denne floken saman med at *radikal* i språkleg samanheng i så stor grad er knytt til det radikale bokmålet, og derifrå er vi vande med at nemninga nettopp har ein politisk dimensjon. Mange av dei som brukar *radikal* om nynorsk, ser derimot ut til å leggje til grunn eit språkhistorisk perspektiv, basert på at desse formene er yngre enn dei tradisjonelle. Dei unge informantane til Berg (1999, 73) assosierer *radikal nynorsk* med noko moderne og ungdommeleg, ikkje med politisk radikalisme. Denne måten å skrive nynorsk på lét seg vanskeleg kople til ein politisk valør, men er eit resultat av medviten og umedviten tilnærming. Ofte handlar det om eit ønske om å bli forstått og ikkje vere for markert for (bokmåls-)lesarar.

Langt på veg er *bokmålsnær nynorsk* ei dekkjande nemning, men problemet er at ho dekkjer til at dette er former mange har i talemåla sine. Eit stort innslag av bokmålsord og bokmålsnære former blir av mange tolka som «dårleg språk» meir enn som ein subvarietet som ein medvite kan bestemme seg for å bruke, og i ein slik samanheng får *bokmålsnær nynorsk* raskt ein negativ klang. På denne bakgrunnen har eg i figur 2 landa på å bruke nemninga *tilnæringsnynorsk* og legg i det at ein legg seg nær både bokmålsnære og, for somme, talemålsnære former.

## 6 Oppsummering

I språkstandarden ISO 639 blir bokmål og nynorsk omtalte som *individuelle språk* og norsk som eit *makrospråk*, ein term som blir brukt der to språkvarietetar har behov for ein fellesnemnar. Ut frå beskrivingane i språkstandarden ser dette ut til å korrespondere godt med tankegodset og nemningsbruken i språklova som kom i 2021, der bokmål og nynorsk er nemnde som to *skriftspråk*, medan norsk m.a. er omtalt som *fellespråket norsk*. Særtrekka ved språk og kultur i bokmål og nynorsk blir såleis understreka, samstundes som det framleis blir trekt fram at bokmål og nynorsk til saman utgjer norsk.

Det er ikkje uvanleg at nynorskforskarar med referanse til Bourdieu trekkjer fram bokmål som maktspråket i Noreg, det som blir oppfatta som sjølv sagt og «naturleg» (sjå t.d. Helset og Brunstad (2020) og Røyneland og Vangsnes (2020)). Men det at sterke grupper har symbolsk makt til å få normene sine til å bli oppfatta som naturlege, gjeld i norsk kontekst ikkje berre i tilhøvet mellom bokmål og nynorsk, men òg internt i skriftspråksvarietetane, mellom dei ulike subvarietetane. Ordskiftet både i tidlegare tider og nyare publikasjonar viser at nemningane *konservativt*, *moderat* og *radikalt bokmål* ikkje er veldefinerte og uproblematiske; vi har sett at det varierer kva folk legg i nemningane, og om ein opererer med ei todeling, tredeling eller fleire subvarietetar av bokmålet. For somme handlar dikotomien *konservativt* versus *radikalt bokmål* om mindre og større endringar i norma i eit språkhistorisk perspektiv, medan skiljet mellom *moderat* versus *radikalt bokmål* for andre handlar om stilistiske forskjellar og at dei radikale formene er tilnæringsformer til nynorsk og/eller folkemålet på Austlandet. Frå riksmålshald har vi sett døme på at moderat og radikalt bokmål blir definerte ut frå avstand til riksmålet. Mange brukar nemninga *moderat* om konservative former, det gjeld ikkje minst dei som nyttar denne subvarieteteten. Samanlikna med nynorsk kan vi likevel slå fast at nemningane i bokmål er langt meir innarbeidde, men òg politiserte. For bokmål sin del har vi sett at ulike grupperingar aktivt og med svært medviten nemningsbruk promoterer sine føretrekte subvarietetar.

Det har ikkje vore like vanleg å kategorisere eit utval tekstar med samanfallande formval i nynorsk som subvarietetar, og det har blitt åtvare om at slike merkelappar kan skape eit inntrykk av eit sett normerte og veldefinerte språkformer, som i røynda verken finst i bokmål eller nynorsk. At det ikkje har vore tradisjon for å snakke om subvarietetar i nynorsk, kan ha samanheng med talemålsgrunnlaget for nynorsken og den sterke vekta ein i lang tid har lagt på verdien av å kunne velje former som svarer med eiga dialekt. Ein kan likevel sjå tendensar til at nemningane som er etablerte for bokmål, meir eller mindre ukritisk har blitt overførte til nynorsk innanfor ein del nyare forskning og språkteknologiutvikling, men det finst òg ei heil rekkje andre som spring ut frå nynorskbruken sjølv. Det er krevjande å finne brukbare nemningar

for dei nynorske subvarietetane, og sjølv om eg ser det problematiske ved å i det heile gjere det, er det fordi eg meiner at vi iallfall bør unngå å berre kopiere nemningane som er brukte for bokmål. Det eg fryktar, er at vi kan ende opp med å framstille statistiske tendensar til samvariasjon av former på gruppenivå som definerte subvarietetar ein på individnivå *må* velje mellom. Dette kan i verste fall føre til at dei som ser på valfridom og personleg svip på språket som ein føremon ved nynorsken, blir utsette for sterkare krav om konsekvens frå norsklærarar, språkrettarar, kollegaer osv. – og ikkje minst eit indirekte press via språkteknologiske reiskapar.

For dei formene innanfor den normerte nynorsknormalen som ligg tettast på formene Aasen og etterfølgjarar valde for skriftspråksvarietetet, rår eg til å bruke nemninga *tradisjonell nynorsk*. For hyppig brukte former i vår samtid, som ikkje av ideologiske eller andre grunnar søker mot former frå eldre rettskrivingar eller mot bokmålsformer, rår eg til å bruke den etablerte nemninga *midtlinjenynorsk*. Det er slett ikkje sikkert at andre oppfattar den doble tilnærminga til 1) bokmål og 2) talemålsnære former som eg legg i nemninga *tilnæringsnynorsk*. Meir enn å eigentleg tru at eg har løyst floken i nynorskterminologien, håpar eg at eg har klart å peike på at det er svært gode grunnar til at vi i forskning og språkteknologi må tenkje grundig gjennom kva nemningar vi brukar om subvarietetane i nynorsk.

## Referansar

### Ordbøker

*Bokmålsordboka*: Universitetet i Bergen og Språkrådet. Sist lese september 2020.

<https://ordbok.uib.no>

Guttu, Tor. *Norsk ordbok* (2. utg.). Kunnskapsforlaget. Publisert mars 2017.

<https://ordnett.no/butikk/norskeordb%C3%B8ker.norskordbok>.

Kulbrandstad, Lars Anders, Olav Veka og Bjarne Øygarden 1996. *Nynorskordliste : For den vidaregåande skolen*. Oslo: Aschehoug

NAOB = *Det Norske Akademis Ordbok*. Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Sist lese september 2020. <https://naob.no>

*Norsk Ordbok*: Universitetet i Bergen. Sist lese mai 2021. <https://no2014.uib.no>

*Nynorsksordboka*: Universitetet i Bergen og Språkrådet. Sist lese september 2020.

<https://ordbok.uib.no>

*Riksmålsordlisten*: Riksmålsforbundet. Sist lese mai 2021.

<https://www.riksmalsforbundet.no/riksmalsordlisten-na-pa-nett/>

**Annan litteratur**

- Askedal, John Ole, Tor Guttu, Arthur O. Sandved og Ole Michael Selberg. 2003. «Realiteter og prinsipper i bokmåls- og riksmålsnormeringen». I *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 93–119. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Berg, Celia Maria. 1999. «'La oss skrive slik det er naturlig og behagelig.' Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule». Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Brunstad, Endre. 2009. «Kva er god nynorsk språkføring?» I *Språknormering – i tide og utide?* redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 91–108. Oslo: Novus forlag.
- Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. 2020. «Forsiden». Sist lese september 2020. [www.detnorskeakademi.no](http://www.detnorskeakademi.no)
- Dyvik, Helge. 1993. «Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk». I *Standardspråk og dialekt. Seminarer i Oslo 1991 og 1992*, redigert av Knud Blaauw og Helge Nordahl, 159–174. Bergen og Oslo: Bergens riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- Dyvik, Helge. 2003. «Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning?» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 25–40. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Dyvik, Helge. 2009. «Normering i den post-samnorske æra». I *Språknormering – i tide og utide?* redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 109–121. Oslo: Novus forlag.
- Dyvik, Helge. 2012. «Norm clusters in written Norwegian». I *Exploring Newspaper Language : Using the Web to Create and Investigate a Large Corpus of Modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 193–219. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company. <https://doi.org/10.1075/scl.49.09dyv>
- Eiksund, Hjalmar. 2020. «Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjetten til tiande trinn». *Maal og Minne* 112 (1): 27–64. <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1800>.
- Egeland, Tom, Finn Iunker og Helene Uri. 2017. «Rydd opp i bokmålet!» VG. 1. april 2017. <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/j5qG9/rydd-opp-i-bokmaalet>.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2004. «Behovet for et større ordboksverk». *Språknytt* 32 (1): 1–6.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2015. «Språklige varieteter eller språklige rarieteter? Om bruk av valgfrie former i norsk bokmål». *LexicoNordica* 22, 35–56. <https://tidsskrift.dk/lexn/article/view/104035/152979>.
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Petter Henriksen. 2012. «The BRO-project, a bridge in the wild, Norwegian linguistic landscape». I *Proceedings of the 15th EURALEX International Congress*,



redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Julie Matilde Torjusen, 936–946. Oslo: Universitetet i Oslo.

- Foreninga for radikalt bokmål. 2020. «Foreninga for radikalt bokmål». Sist lese mai 2020  
[www.bokmal.no](http://www.bokmal.no)
- Fretland, Jan Olav. 2002. *Språket i Sogn Avis. Ei undersøking frå hausten 2001*. Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning.
- Fretland, Jan Olav. 2009. «Paradoks i framtidig nynorsknormering». I *Språknormering – i tide og utide?* redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 131–144. Oslo: Novus forlag.
- Helset, Stig J. 2015. «Tilhøvet mellom nynorsk normering og språkbruk. Ein statistisk studie av språkbruken i nynorske aviser». I *Nye røyster i nynorskforskinga*, redigert av Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland, 160–175. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Helset, Stig J. 2016. «Tilhøvet mellom konservative, moderate og radikale former i nynorsk. Ein studie av nynorskskrivaren sine språklege intuisjonar og val». *Maal og minne* 108 (1): 141–172.  
<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1267>.
- Helset, Stig J. 2017. «Norm og røyndom. Ein statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket». Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/16429>.
- Helset, Stig J. og Brunstad, Endre. 2020. «Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdommar i det nynorske kjerneområdet». I *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge*, redigert av Gudrun Kløve Juuhl, Stig J. Helset og Endre Brunstad, 93–118. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.  
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>.
- Innst. nr. 253 L. (2020–2021) *Innstilling til Stortinget frå familie- og kulturkomiteen*.  
<https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2020-2021/inns-202021-253l.pdf>
- Ims, Ingunn Indrebø. 2007. «'Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver' : En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis». Hovedfagsoppgave, Universitetet i Oslo.  
<http://urn.nb.no/URN:NBN:no-17680>.
- Julien, Marit. 2017. «Om språk og normer». *Syn og segn* 2017 (3): 98–105.
- Kjelaas, Irmelin. 2017. «De sier vulgært, jeg sier talemålsnært». *Forskerforum*. 19. juni 2017.  
<https://www.forskerforum.no/de-sier-vulgaert-jeg-sier-talemalsnaert/>.
- Kola, Kjersti Wictorsen. 2014. «Bokmålsbruk – hvorledes/hvordan/åssen og hvorfor? Om bruken av morfologiske og ortografiske varianter i bokmålsnormalen». Masteroppgave, Universitetet i Oslo.

<http://urn.nb.no/URN:NBN:no-45602>.

Krokvik, Jostein. 1995. «Ordet høgnorsk». Ivar Aasen-sambandet.

<http://www.ivaraasen.no/hognorsk.html>.

Kulbrandstad, Lars Anders og Torodd Kinn. 2016. *Språkets mønstre. Norsk språklære med øvingsoppgaver*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.

Kulturdepartementet. 2020. «Lov om språk (språklova)». Prop. nr. 108 L (2019–2020). Oslo: Kulturdepartementet, 2020.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>

Liestøl, Knut. 1927. *Målreising*. Oslo: Norli.

Lilleslåtten, Mari. 2021 «Nynorsk og tegnspråk blir egne språk». Senter for flerspråklighet.

[https://www.hf.uio.no/multiling/aktuelt/aktuelle-saker/2021/nynorsk-er-del-av-mangfold?kilde=fb-lme&fbclid=IwAR357-Cgz\\_JZb8jKQ8iSFNMP-uOs4u0I\\_fiG4OLFOrt2QAGRPUg87wWgT6M](https://www.hf.uio.no/multiling/aktuelt/aktuelle-saker/2021/nynorsk-er-del-av-mangfold?kilde=fb-lme&fbclid=IwAR357-Cgz_JZb8jKQ8iSFNMP-uOs4u0I_fiG4OLFOrt2QAGRPUg87wWgT6M)

Müller, Elin Rekdal. 2017. «Hvor mye a-ender kan du bruke og fortsatt bli tatt alvorlig?» Forskerforum. 14. september 2017.

<https://www.forskerforum.no/hvor-mye-a-ender-kan-du-bruke-og-fortsatt-bli-tatt-alvorlig/>.

Nordgård, Torbjørn og Helene Uri. 2017 «Å la Akademiet overta bokmålsnormeringen er å slippe folkemålet til. » Aftenposten. 08. mars 2017.

<https://www.aftenposten.no/meninger/debatt/i/9arvE/vi-trenger-ikke-en-politisk-styrt-normering-av-bokmaalet-torbjoern-nor>.

Omdal, Helge. 2003. «Lærernes rolle i implementering av norske språknormer». I *Krefter og motkrefter i språknormeringa. Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røstad, 221–238. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Papazian, Eric. 1985. «"Moderat" eller "konservativt" bokmål?: Om inndeling av bokmålet» «. *Språklig samling* 1985 (4): 16–18.

Papazian, Eric. 2002. «Flertall av intetkjønnsord i bokmål og østlandske dialekter - noen utviklingstendenser». I *MONS 9 : Utvalgte artikler fra Det niende møtet om norsk språk i Oslo 2001*, redigert av Inger Moen, Hanne Gram Simonsen, Arne Torp og Kjell Ivar Vannebo, 156–166. Oslo: Novus.

Proba samfunnsanalyse. 2014. «Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. Rapport 2014 – 07».

[http://proba.no/wp-content/uploads/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal\\_med-justerte-tabeller.pdf](http://proba.no/wp-content/uploads/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf).

Rettskrivingsnemnda for nynorsk og Språkrådet. 2011. «Ny rettskriving for 2000-talet : Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet».

<https://www.sprakradet.no/upload/Rettskrivingsnemnda/Innstilling%20nynorsk.pdf>.

- Røynealand, Unn og Øystein A. Vangsnes. 2020. «Joina du kino imårgå? Ungdommars dialekt-skriving på sosiale medium». I *Oslo Studies in Language* 11 (2): 357–392.  
<https://journals.uio.no/osla/article/view/8508/7504>.
- Rødningen, Dagfinn. 2000. «Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen». *Maal og Minne* 2000 (1): 65–84.
- Sandøy, Helge. 2004. «Språkstyring og språkending i Noreg. Politikk eller kulturelt hege-  
 moni?» Språkrådet. 31.05.2004.  
[https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Historikk1/Nye\\_veier/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Historikk1/Nye_veier/).
- Selback, Bente. 2001. «'Det er heilt naturleg.' Ei gransking av skriftspråkshaldningar». Hovud-  
 fagsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- SIL International. u.å.-a. *Individual languages/Macrolanguages*. Lese mai 2019.  
<https://iso639-3.sil.org/about/scope>.
- SIL International. u.å.-b. *Macrolanguage Mappings*. Lese mai 2019.  
<http://www-01.sil.org/iso639-3/macrolanguages.asp>.
- Språklova. Lov om språk av 21. mai 2021.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42?q=spraklov>
- Språkrådet. 2015. «Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk. Bokmålsversjon». Publisert 31. mars 2015.  
<https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-bokmalsversjon.pdf>.
- Språkrådet. u.å. «Rettleiing om konsekvent nynorsk». Lese mai 2021.  
<https://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Nynorskhjelp/Rettleiing-om-konsekvent-nynorsk/>.
- Venås, Kjell, Andreas Bjørkum, Alf Hellevik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. 1983. «Til-  
 råding om ordtilfanget i nynorsk». I *Heit strid om nynorsk. Dokument og meiningar 1980-83*, redigert av Arne Lauvhjell, 15–44. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1986. «Bokmål – riksmål. » *Språklig samling* 1986 (1): 9.
- Vikør, Lars S. 2003. «Statleg og privat normering i nynorsk». I *Krefter og motkrefter i språk-  
 normeringa. Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røstad, 295–305. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Vikør, Lars S. 2007. *Språkplanlegging: prinsipp og praksis*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. [2007] 2011. «Kva er nynorsk eigentleg?» I *Språk og samfunn - heime og ute*, redigert av Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 9–12. Oslo: Novus forlag.

- Vikør, Lars S. 2017. «Er nynorsk eit språk eller ei målform?» I *I teneste for nynorsken. Heidersskrift til Olaf Almenningen 70 år*, redigert av Knut E. Karlsen, Dagfinn Rødningen og Håvard Tangen, 181–188. Oslo: Novus Forlag.
- Vinje, Finn-Erik. 1978. *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. Oslo: Aschehoug.
- Vinje, Finn-Erik. 2004. *Enhet og mangfold. Språksituasjonen i Norge i historisk perspektiv*. 3. utg. Oslo: s.n.
- Vinje, Finn-Erik. 2005. *Norsk grammatikk. Det språklige byggverket*. Oslo: Kunnskapsforl.
- Waage, Arve. 2017. «Legg ned Språkrådet!» *Klassekampen* 01.03.2017, Atekst.
- Wangensteen, Boye. 1998. «Når normen blir for trong. Talemålsinnslag i norsk avisspråk». I *Normer og regler : Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen, 182–197. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Wiggen, Geirr. [1977] 1979. «Hva er radikalt bokmål? Ei problematisering». I *Språklig samling på folkemåls grunn. Artikler frå bladet Språklig Samling*, redigert av Lars S. Vikør og Geirr Wiggen, 212–217. Oslo: Novus.
- Aanes, Anders. 2009. «Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven?» I *Klamme former og sær skriving? : Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*, *Språkrådets skrifter* 1/2009, 16–43. Oslo: Språkrådet.

## Abstract

This article explores recent developments in terminology used in Norwegian legislation and ISO 639 (an international set of standards concerned with representation of names for languages and language groups) to designate the two written varieties of Norwegian, Bokmål and Nynorsk. Both varieties also allow for different ways of spelling and inflecting quite many words. Bokmål holds a tradition of describing clusters of forms or so-called *subvarieties* as *conservative*, *moderate* or *radical Bokmål*, although there is no consensus on how to define them. Traditionally, subvarieties in Nynorsk have not been identified as such, but due to new linguistic research and language technology, this is changing, and the number of terms used to describe the subvarieties in Nynorsk is even bigger than for Bokmål. This article argues against directly adopting the terminology developed for Bokmål on the subvarieties in Nynorsk.

Margunn Rauset

Universitetet i Bergen

[margunn.rauset@uib.no](mailto:margunn.rauset@uib.no)

# Snikstigmatisering

## Metonymisk representasjon av muslimar i kronikkar om *islamofobi* og *snikislamisering*

Mikkel Ekeland Paulsen

Kategorien MUSLIM og hans eigenskapar er, og har lenge vore, gjenstand for politisk debatt i Vesten. I kjølvatnet av eit terrorangrep mot ein norsk moské i 2019 deltok leiande norske politikarar i ein debatt om *islamofobi* og *snikislamisering*. I denne artikkelen analyserer forfattaren metonymiske framstillingar av muslimar i tre kronikkar frå denne debatten, skrivne av to leiande norske politikarar frå partiet Framstegspartiet. Kvar kronikk har metonymiske framstillingar som reflekterer korleis politikarane omgrepsleggjer kategorien MUSLIM. Med andre ord bidreg metonymane til å illustrere kva slags haldningar og handlingar politikarane oppfattar og framhevar som typiske for muslimar. I dei aktuelle kronikkane vert metonymi nytta for å generalisere handlingar og haldningar hjå eit avgrensa utval muslimar til muslimar som gruppe. Jamvel om det ikkje finst nokon døme på direkte islamofobisk metonymibruk i kronikkane, vidarefører metonymibruken til politikarane eit stigmatiserande omgrep om muslimar.

### 1 Innleiing

I august 2019 gjennomførte ein ung mann ved namn Philip Manshaus eit angrep på moskeen Al-Noor Islamic Centre i Bærum. Dette bidrog til å aktualisere ein debatt om islamofobi og høgreekstremisme i Noreg. Somme, mellom andre Abid Raja frå partiet Venstre, brukte dette høvet til å etterlyse ein handlingsplan mot islamofobi. Andre,

mellom andre Jon Helgheim frå Framstegspartiet (heretter Frp), brukte høvet til å påpeike at *islamofobi* er eit konstruert omgrep. Siv Jensen brukte det same høvet til å reaktualisere ein debatt om *snikislamisering*.

I denne artikkelen rettar eg eit kritisk blick mot eit utsnitt av ordskiftet som etterfølgde det nemnde angrepet. Meir spesifikt analyserer eg kva for omgrep om muslimar og islam som teiknar seg i det aktuelle materialet. For å undersøkje dette vil eg gjere ein metonymianalyse av tre kronikkar med eit einsidig fokus på metonymiske framstillingar av muslimar.

Metaforanalyse har etter kvart vorte ein mykje brukt metode for å analysere ulike typar diskursar. Metonymianalyse er på si side ikkje like mykje brukt, trass i at metonymi, som metafor, slett ikkje er noko sjeldsynt fenomen i korkje språk eller tanke. Det har etter kvart kome nokre internasjonale arbeid som analyserer metonymi i politisk språkbruk (sjå mellom anna Meadows 2006; Ferrari 2007; Biernacka 2013). I norsk kontekst finst det førebels berre nokre få undersøkingar av politisk språkbruk der analyse av metonymi spelar ei birolle i høve til analyse av metaforar (sjå mellom anna Paulsen 2018; Mannsåker 2018). Men det finst ikkje, som eg har funne, noko norsk arbeid som utelukkande konsentrerer seg om metonymibruken i ein politisk diskurs slik eg gjer i denne artikkelen.

Littlemore (2015, 1) påpeiker at metonymi er ei meir subtil og løynd tydingsoverføring enn metafor. Samstundes er ein av hovudfunksjonane til metonymi å abstrahere bort kompleksitet og å gi ei forenkla framstilling av røynda (Littlemore 2015, 65). Begge desse kjensgjerningane gjer metonymi til eit potensielt ynda verkemiddel i politisk språkbruk.

I denne artikkelen spør eg: Med utgangspunkt i metonymibruken, korleis vert muslimar omgrepsleggjorde av politikarar som etter eit terrorangrep retta mot muslimar, anten nektar for at islamofobi finst, eller pensar ordskiftet over på snikislamisering? Og korleis kan desse omgrepa seiast å byggje på stigmatiserande bilete av muslimar? For å svare på desse spørsmåla gjer eg fyrst greie for korleis metonymi kan knytast til kategorisering, sosiale representasjonar og islamofobi. Eg gir vidare ein gjennomgang av materialet og analysemetoden før eg presenterer dei viktigaste funna i analysen. Avslutningsvis diskuterer eg om det finst metonymiar i kronikkane som inngår i å skape islamofobe, stereotypiske eller på anna vis stigmatiserande framstillingar av muslimar.<sup>1</sup>

---

<sup>1</sup> Eg identifiserer ikkje meg sjølv som muslim. Ei heller har eg inngåande kjennskap til islam. Artikkelen er basert på ein reint språkleg analyse av språklege framstillingar av muslimar.

## 2 Teoretisk bakgrunn

I dette kapittelet framstiller eg metonymi som ei form for kognitiv snarveg i språk og tanke. Eg legg særleg vekt på korleis ein ved hjelp av metonymiske overføringar kan abstrahere bort kompleksitet i årsakstilhøve eller variasjon mellom medlemmar av same kategori. Denne abstraksjonen diskuterer eg i samband med prototypikalitet, sosiale representasjonar og islamofobi.

### 2.1 Metonymi og prototypikalitet

Metonymi oppstår som følgje av at språkbrukarar stundom tenkjer, snakkar eller skriv via kognitive snarvegar. Som Littlemore (2015, 65) er inne på, er ein av funksjonane til metonymi å abstrahere bort kompleksitet i tenking og kommunikasjon. Eit kjent døme på dette er ei formulering som «Churchill bomba Dresden», som berre i metonymisk forstand kan seiast å vere sann. Det var nemleg ikkje Churchill sjølv som slapp bombene over Dresden, men snarare utkommanderte pilotar som Churchill hadde øvste kommandoen over. Formuleringa abstraherer altså vekk kompleksitet frå det faktiske sakstilhøvet ho skildrar, samstundes som ho framhevar at Churchill hadde ansvar for bombinga.

I metonymiske framstillingar kan ein leggje opp til eit referensielt byte gjennom til dømes at ein brukar kjelda *sjukehus* for å referere til dei tilsette ved sjukehuset. Ein kan òg bruke ein proposisjon som *å trekkje på skuldra* for å framstille ein annan proposisjon, nemleg at ein ikkje veit (sjå til dømes Warren 2002). I dette høvet kan den metonymiske kjelda *å trekkje på skuldra* vere ei skildring av noko som faktisk finn stad fysisk og visuelt i røynda. Likevel kan ein med utgangspunkt i kva som er relevant i konteksten, avgjere at proposisjonen peiker på ein annan proposisjon, og at uttrykket er døme på metonymi.<sup>2</sup>

I denne artikkelen vil eg konsentrere meg om metonymi knytt til framstillinga av muslimar som gruppe og gudstrua islam. Som mange før meg har peika på, har språklege framstillingar evne til både å spegle og forme omgrepsleggjeringa av ulike fenomen (sjå til dømes Evans og Green 2006; Meadows 2006). I det følgjande tek eg for meg metonymi i samband med kategorisering, det vil seie samanhoping av einingar som anten formelt eller mentalt tilhøyrer éi og same gruppe. Eg gjer altså greie for kva slags rolle metonymiske uttrykk spelar med omsyn til å aktivere og forme mentale kate-

---

<sup>2</sup> Skuldertrekket opptrer ofte saman med eit svarord eller i tidsrommet der ein ville forventa eit svarord. Ut frå prinsippet om relevans vert det då tolka som ein stadfortredar for eller modifisering av svarordet, framfor som ei ubetydeleg fakte.

goriar. Eg vil bruke både *omgrep* og *mental kategori* for å referere til den mentale kunnskapsbasen hjå språkbrukarar knytt til fenomenet muslimar. *Omgrep* viser til vårt mentale bilete av kva ein muslim er, og kva slags konnotasjonar og assosiasjonar me har til dette fenomenet. Når eg brukar *mental kategori* om det same, er det for å framheve at omgrepet ein har for kva ein muslim er, bestemmer kva slags kjenneteikn og menneske ein sorterer inn i den verkelege gruppa med tilhengjarar av islamsk tru. Samstundes finst det ein distinksjon mellom den verkelege kategorien, altså gruppa med menneske som faktisk er muslimar, og vår oppfatning av han, det vil seie mellom den verkelege kategorien og vår korresponderande mentale kategori. Meir om dette i avsnitt 2.2.

Lakoff (1987) knyter metonymi til prototypikalitet og gir ei utfyllande skildring av tilhøve som gir opphav til kognitive prototypeeffektar. Prototypeeffektar oppstår på bakgrunn av asymmetri mellom medlemmane i ein kategori, som til dømes at somme medlemmar vert oppfatta som meir sentrale, typiske, viktige eller definerande enn andre (Rosch 1973). Det finst til dømes eit asymmetrisk tilhøve mellom ein struts og ein sporv som medlemmar i kategorien FUGL, og mellom ei adoptivmor og ei biologisk mor som medlemmar i kategorien MOR, der dei to sistnemnde i kvar kategori vert oppfatta som meir sentrale og typiske representantar for kategorien sin enn dei to fyrstnemnde. Ein typisk prototypeeffekt er at dei sentrale medlemmane kan verte brukte som stadfortredarar for kategorien som heilskap. Dei kan med andre ord verte brukte som kjelder i metonymiske framstillingar av kategorien.

Lakoff (1987, 84–88) gir eit oversyn over ulike eksemplartypar som kan gi opphav til nett denne prototypeeffekten. Han kallar dei *metonymiske modellar*.

- **Stereotypiske eksemplar:** Desse er ofte medvitne og gjenstand for offentleg diskusjon. Ein stereotypi vert brukt i resonnering og i kulturelle forventingar, sjølv om han ofte vert vurdert som usann og overdriven. Ein stereotyp ungkar er ifølgje Lakoff maskulin, promiskuøs og ikkje spesielt husleg. Ein faktisk ungkar som passar til desse skildringane, vert dermed oppfatta som ein meir typisk ungkar enn ein som ikkje gjer det. Ungkarsstereotypien gir med andre ord opphav til prototypeeffektar innanfor kategorien. Eit stereotypisk eksemplar kan verte oppfatta som representant for kategorien som heilskap. Til dømes kan ein brautande og høglydt bergensar i større grad verte oppfatta som ein representant for bergensarar som gruppe enn ein som er sjenert og saktmodig.
- **Typiske eksemplar:** Skilnaden på stereotypiar og typiske eksemplarar er at sistnemnde er undermedvitne. Dei vert på same måte som stereotypiar brukte til resonnering, men ikkje til kulturelle forventingar. Eit typisk eksemplar på ein fugl er til dømes ein sporv, medan ein struts er eit mindre typisk eksemplar. Dette fordi eigenskapane til ein sporv er nærare knytte til den overordna kategorien FUGL enn eigenskapane til strutsar. Lakoff påpeiker at denne skilnaden i



typikalitet gir opphav til prototypeeffektar. Til dømes vil me ofte generalisere ut frå ein meir typisk medlem til ein mindre typisk, men ikkje motsett. Me har lettare for å tenkje at eigenskapane til sporvar også gjeld strutsar enn vice versa.

- **Saliente eksemplar:** Det er ikkje uvanleg at særleg iaugefallande eller saliente medlemmar av ein kategori kan verte brukte til å stå metonymisk for heile kategorien. Til dømes er forliset til RMS Titanic eit særskilt salient eksemplar i kategorien SKIPSFORLIS, difor vert det truleg oppfatta som eit meir typisk skipsforlis enn andre. Lakoff siterer Tversky og Kahneman (1983) på at saliente eksemplar kan påverke sannsynsrekning gjennom at hypotetiske fenomen vert vurderte som meir sannsynlege om dei inneheld ein salient komponent. Til dømes vert det vigd meir merksemd mot dødsfall som følgje av bilulykker enn til dødsfall som følgje av lungesjukdom, og difor kan ein oppfatte det som meir sannsynleg at ein døyr i ei bilulykke enn at ein døyr av lungesjukdom (sjølv om det statistisk sett er mykje meir sannsynleg å døye av sistnemnde (sjå Strøm 2020)).

Prototypeeffektane som oppstår på bakgrunn av dei metonymiske modellane skildra ovanfor, kan leie til metonymiske representasjonar og oppfatningar. Det at sporvar vert oppfatta som meir typiske fuglar enn pingvinar, gir opphav til prototypeeffektar som at ein lettare ser for seg ein sporv enn ein pingvin når ein vert eksponert for ordet *fugl*. Dette utgjer då grunnlaget for at ein kan representere kategorien FUGL metonymisk gjennom til dømes eit bilete av ein sporv, mens eit bilete av ein pingvin berre representerer den underordna kategorien PINGVIN.

## 2.2 Forankring og abstrahering

I denne artikkelen vil eg som nemnt studere metonymi knytt til kategorien MUSLIM. Dette inneber òg å studere sosiale representasjonar av den bestemte gruppa. Moscovici og Duveen (2001) framhevar to grunnleggjande prosessar som formar sosiale representasjonar, nemleg «forankring» (*anchoring*) og «abstrahering» (*abstracting*) (Koller 2014).<sup>3</sup> *Forankring* knyter seg til menneske og korleis me uavlateleg forankrar menneske innanfor preformulerte kategoriar. I staden for å opprette ein ny kategori for kvar person me vert eksponerte for, forsøker me heller å plassere vedkomande innanfor den eksisterande mentale kategoriinndelinga vår. Sjølv om personen ikkje passar heilt til ein preformulert kategori, vil me, i staden for å justere kjenneteikna på dei mentale kategoriene våre, justere oppfatninga vår av personen slik at ho passar til éin eller fleire kategoriar. Om ein til dømes møter ein person frå ein

---

<sup>3</sup> Moscovici brukar ikkje denne termen sjølv, men forklarar innhaldet som Koller (2014) knyter til abstrahering.

minoritet som ikkje har dei eigenskapane ein forbind med minoriteten, vil ein truleg klassifisere vedkomande som ein atypisk medlem av minoriteten, i staden for å endre oppfatninga si av minoriteten. Me forankrar personen i høve til kategorien, og ikkje motsett. Til grunn for forankringsprosessen ligg ein prototypisk kategoristruktur. Me har ein klar idé om kva ein typisk medlem av ein kategori er, og me jamfører andre potensielle medlemmar av kategorien med denne prototypen. Prototypen kan med andre ord seiast å vere ein fordom som påverkar korleis me klassifiserer og fortolkar verda ikring oss.

*Abstrahering* inneber ifølgje Koller (2014) at ein vel ein vilkårleg eigenskap og brukar han som basis og referansepunkt for ein kategori. «Vilkårlege» plar likevel ikkje slike definerande eigenskapar å vere. Ofte er det slik at særskilt iaugefallande eigenskapar tener som referansepunkt for ein kategori. Om ein høyrar snakk om kyklop, vil ein truleg førestille seg ein skapning med berre eitt auge. Ulike folk har moglegvis varierende førestillingar om korleis ein typisk kyklop ser ut, men det eine auget er truleg tilstrekkeleg iaugefallande (!) til at det inngår i dei fleste. Denne eigenskapen tener såleis som referansepunkt og basis for kategorien KYKLOP. Eit anna ord for 'iaugefallande' er *salient*. Prosessen med abstrahering er nært knytt til Lakoff (1987) sitt omgrep om saliente eksemplar, gjennom at saliente eksemplar per definisjon har saliente eigenskapar, og at desse saliente eigenskapane kan tene som referansepunkt for den aktuelle kategorien. Til dømes kan ein tenkje seg at klede som burka, hijab eller nikab framstår som saliente eigenskapar ved muslimske kvinner, og at muslimske individ som har på seg slike klede, vert oppfatta som saliente og difor typiske eksemplar av kategorien MUSLIM. Muslimar med desse kleda kan såleis verte sett på som meir typiske enn muslimar utan. Samstundes finst det mange andre konnotasjonar knytte til kategorien MUSLIM, og det er difor ikkje med naudsyn slik at desse kledeplagga utgjør nokon basis for kategorien.

Når ein snakkar om abstraherte kategoriar eller prototypar av ein kategori, er det viktig å presisere at ein er på eit mentalt, førestilt nivå. Som påpeikt i avsnitt 2.1, finst det ein distinksjon mellom mentale kategoriar og verkelege ute-i-verda-kategoriar. Som Lakoff (1987) påpeiker, er tankeapparatet fantasifullt (*imaginative*), noko som påverkar dei mentale omgrepa våre og skapar ein avstand mellom det som reelt sett finst ute i verda, og det me førestiller oss at finst der. Førestillingsevna generaliserer over røynsla me har, noko som i tur skapar forventingar til det me møter. Om ein møter på ein framand muslim, vil ein forventast at vedkomande er omtrent slik ein har røynsle med at muslimar er. Dette er då basert på det mentale omgrepet ein har for muslimar ut frå eiga røynsle og eksponering, ikkje på kva som er reelt eller typisk for muslimar i verda, reint statistisk sett. Ein kan, for alt ein veit, ha urealistiske forventingar til korleis muslimar er, gjennom at ein har lite eller uvanleg røynsle med muslimar og islam.

Når eg snakkar om ute-i-verda-kategoriar, er det òg viktig å presisere at kategoriane ikkje har ein uavhengig eksistens utanom mennesket. Det er primært mennesket som kategoriserer, og kategoriane eksisterer ikkje som kategoriar utan vår mentale eller formelle samanhoping av einingar. Men einingane eksisterer, og det er dei eg refererer til med uttrykket verkelege (ute-i-verda-)kategoriar. Når eg nemner den verkelege kategorien med muslimar, meiner eg heilt enkelt den gruppa med menneske som definerer seg som dette, og som lyt reknast med om ein forsøker å seie noko om kva som gjeld for muslimar eller islam generelt. I denne gruppa finst det heilt klart ulne grenser mellom muslim og ikkje-muslim, og som eg kjem attende til, kan ein òg problematisere om det i det heile finst ei gruppe med menneske som det gir meining å sortere under paraplyen *muslim*.

### 2.3 Metonymi og islamofobi

Det er ikkje hensiktsmessig for denne artikkelen å gå altfor mykje i djupna på korleis ein kan definere islamofobi, då dette lett kan verte ein artikkel i seg sjølv. I staden nøyer eg meg med å presentere nokre kjenneteikn ved islamofobisk retorikk og islamofobiske førestillingar. Bangstad (2014) påpeiker at islamofobi alltid inneber éi eller anna førestilling om kva islam eller muslimar «essensielt sett er». Dette inneber at somme eigenskapar ved somme muslimar vert oppfatta som representative for samtlige som vedkjenner seg islamsk tru, og difor for religionen som heilskap. Med andre ord inneber islamofobi ei viss grad av abstrahering. Ein kan til dømes førestille seg at somme lèt særskilt saliente eksemplara av muslimar tene som prototypar, og at ein såleis har ein mental kategori for islam som er basert på desse saliente eksemplara. Ein lagar med andre ord ei abstrahert utgåve av den verkelege gruppa muslimar via eit knippe iaugefallande eigenskapar. Denne abstraheringa ligg som rettesnor når ein forankrar personar som muslimar, og styrer kva ein oppfattar som typiske og atypiske muslimar. Antipatiar mot islam kopla med det at ein trur og meiner at den abstraherte utgåva av kategorien er eit presist avbilete av den verkelege kategorien, eller representerer ein essens av den verkelege kategorien, er ifølgje Bangstad (2014) eit islamofobt utgangspunkt. Han påpeiker at det sjølvsagt ikkje finst noka overordna semje om kva som er essensen av islam mellom muslimar sjølve.

Ein viktig kritikk av termen *islamofobi* er at han gir eit feilaktig inntrykk av at det finst ein einskapleg storleik ved namn *islam* (Bangstad 2014; Halliday 1999) som er aktuell for alle muslimar. Sjølv om termen kan brukast for å kritisere fordomsfulle oppfatningar om kva religionen islam går ut på – og følgjeleg kva muslimar «er», underslår han moglegvis at religionen islam er noko som muslimar aktivt fortolkar og at det mellom sjølverklærte muslimske individ finst formidable mengder variasjon i korleis islam vert fortolka og praktisert. Eg vil i tråd med Bangstad (2014) operere med

Barna i undersøkinga vår er barn av innvandrarar frå andre land, barn av innflyttarar frå andre delar av landet og barn av bergensarar. Desse dimensjonane har ikkje blitt utforska i dei tidlegare undersøkingane av bergensk. Det finst mange norske undersøkingar som dokumenterer at barn av innflyttarar frå andre stader i Noreg tileignar seg den lokale dialekten, sjølv om dei ikkje nødvendigvis lærer seg alle dei språklege nyansane i den tradisjonelle lokale dialekten (jf. oversikt i Bugge 2019). Korleis barn av innvandrarar frå andre land tileignar seg den lokale norske dialekten der dei veks opp, er lite utforska i norsk og internasjonal sosiolingvistikk. Ein har først og fremst vore oppteken av å utforske dei språklege innovasjonane denne gruppa fleirspråklege ofte står for (dvs. multietnolektisk stil). Eit døme på dette er undersøkingane av multietnolektisk stil i Oslo, der ein har funne ut at ungdommar med fleirspråkleg bakgrunn vekslar mellom multietnolektisk stil og moderne Oslo-dialekt (Aarsæther

---

<sup>6</sup> Dette baserer vi på Bergen kommune si levekårsundersøking (Bergen kommune 2019). Der brukar dei ei meir finmaska inndeling i bydelar enn vi gjer i denne undersøkinga. Av omsyn til anonymiteten til barnehagebarna vil vi ikkje oppgjje nøyaktig kva liten del av Bergen kommune barnehagane ligg i, og vi oppgjev difor heller ikkje nøyaktige tal når vi seier at det er skilnader mellom bydelane.

<sup>7</sup> Jf. Bergen kommune sin informasjon til dei som skal søke barnehageplass (Bergen kommune 2021).



2010, 113–114), noko som også kan seiast å dokumentere at dei har tileigna seg den lokale dialekten. Men det kan også vere slik at desse ungdommane held på nokre av dei multietnolektiske trekka i språket sitt også når dei brukar ein formell del av registeret sitt, slik det er dokumentert frå Sverige (Bijvoet og Senter 2021). Her har ungdommane med seg ein «klang av förorten» også i formell tale og indekserer såleis tilhøyrsløse til lokalmiljøet sitt også når dei ikkje brukar den slangprega, uformelle multietnolektiske stilen.<sup>8</sup> Sidan barna i vår undersøking er så unge, er det ikkje lett å seie om dei kjenner til den språklege variasjonen som finst i den lokale dialekten. Vi stiller oss tvilande til at så unge barn kan gjere eit (umedvite) val mellom *v* og *k* i framlyd ut frå kva dei to variantane indekserer om sosial status og bydelstilhøyrsløse (jf. Bugge 2016). Vi legg likevel til grunn for undersøkinga vår at i Noreg tileignar også barn av innvandrarar frå andre land seg den lokale dialekten, og det er i så fall grunn til å tru at dei bidreg på lik linje med dei andre barna i same generasjon til å utvikle og endre dialekten.<sup>9</sup>

## 2.2 Barns språkutvikling og *k*- og *v*- i framlyd av ord

Barn lærer ikkje alle lydar dei treng på ein gong. Dei brukar dei lydane dei kan, og brukar ulike strategiar for å kome så nær målspråksforma som råd. Her er målspråksformene anten *v*- eller *k*- i framlyd.

---

<sup>8</sup> Om barn av innvandrarar brukar lokal dialekt, standardtalemål eller multietnolektisk stil, blir også utforska i temanummeret «Migration and Dialect Acquisition in Europe» av tidsskriftet *Journal of Multilingual and Multicultural Development* (Auer og Røyneland 2020) med data frå mange ulike språksamfunn i Europa. Ein av hovudkonklusjonane som redaktørane trekker på bakgrunn av artiklane, er at dialektbruken blant innvandrarane sine barn kjem an på samfunnet som heilskap: Barn som snakkar eit minoritetsspråk i heimen, kan sjølvsagt ikkje tileigne seg den lokale dialekten viss dei sjeldan eller aldri møter og snakkar med majoritetsspråklege dialektalarar. Difor blir det lite bruk av lokale dialekttrekk blant innvandrarane sine barn i samfunn der innvandrarbefolkninga bur tett og det er vanleg å snakke standardtalemål på skulen (f.eks. i Tyskland), medan i samfunn der innvandrarbefolkninga bur meir spreidd og dialektar er brukt meir på skulen og i samfunnet elles (som i Noreg), er det vanlegare at barn av innvandrarar tileignar seg den lokale dialekten (Auer og Røyneland 2020, 3–4). Redaktørane peiker også på at dette er tendensar som ikkje nødvendigvis gjeld for eit heilt land, for eksempel kan det vere at måten dei skildrar Noreg på, ikkje gjeld for Oslo, sidan det er ganske store buområde der med overvekt av innvandrarbefolkning (Auer og Røyneland 2020, 8). Vi nemner dette unntaket, sidan den eine barnehagen i undersøkinga vår ligg i eit buområde der mange innvandrarar bur, men samanlikna med Oslo er desse områda i Bergen små og spreidde.

<sup>9</sup> Jamfør endringane i Oslo-målet som har skjedd i same tidsrom som innovatørane og brukarane av multietnolektisk stil vaks opp i Oslo (Stjernholm 2014, 80–85).

I norsk kan vi godt ha ordinitielle konsonantgrupper, men den føretrekte strukturen er K+V+K. Dimed følger at både /kem/ og /vem/, /ka/ og /va/, /kør/ og /vør/ følger føretrekte fonotaktiske lydstrukturar. /k/ er ein lukkelyd, mens /v/ er ein frikativ.<sup>10</sup> Lydane blir produsert på bestemte stader i munnen, og med ein bestemt artikulasjonsmåte: /k/ blir uttalt gjennom eit velart lukke, mens /v/ blir uttalt ved labiodental friksjon. Generelt seier ein at lukkelydane er lettare å artikulere. Det er fordi eit lukke er lettare å få til reint munnmotorisk enn det er å få til den akkurat passe kontakten mellom nedre og øvre artikulatur i friksjonslydane. Dette burde gje eit fortrinn for realisasjon med /k/. På den andre sida er fronting eit kjent fenomen i barnespråksfonologien, det vil seie at ein erstattar ein konsonant produsert med innsnevring bak i munnen med ein konsonant som er produsert, ofte på tilsvarende måte, lenger framme i munnen. Dette kunne vere eit argument for at /v/ skulle bli meir brukt enn /k/. Jakobson ([1941] 1968) leita etter strukturalistiske universalier. Han hevda at rekkefølgja ein tileignar seg lydar i, er universell, men at tida ein treng på tileigninga, er individuell, og at det er grunnleggande eigenskapar ved lydane som gjer dei lette eller vanskelege å tileigne seg. Til dømes er der universelle tendensar til at dersom ein har tileigna seg frikativar, har ein også tileigna seg plosivar, men denne implikasjonspila går ikkje den andre vegen: Dersom ein har plosivar, betyr ikkje det at ein har frikativar. Clark (2003, 115) viser at desse tendensane ved første augekast ser ut til å følge liknande tendensar som konsonantinventar på tvers av språk: Somme lydar er lettare å produsere for artikulasjonsorgana, og dette er dei same lydane som barn tileignar seg tidleg, og som finst i mange språkssystem (O'Grady 2005, 152–153). I tillegg veit vi at barn har lettast for å produsere lydar korrekt i starten av ord. At dei eventuelt ikkje klarer å uttale /k/ eller /v/ i slutten av ord, betyr altså ikkje at dei treng å ha vanskar med å uttale dei i starten av orda (O'Grady 2005, 152–153).

Når barn lærer seg KVK-grupper, har dei ein tendens til først å føretrekke at dei to konsonantane har same artikulasjonsstad. Seinare klarer dei å differensiere og gje dei to konsonantane ulik artikulasjonsstad (Clark 2003, 116). Det burde indikere at dei første spørjeorda hadde forma /vem/ med to konsonantar med tilnærma same artikulasjonsstad (men med ulik artikulasjonsmåte). Etter kvart kan ein så få realisasjonen /kem/, der konsonantane har ulik artikulasjonsstad (men tilnærma same artikulasjonsmåte). O'Grady presenterer eit nokså typisk, og nokså universelt, konsonantinventar ved toårsalder: *p, t, k, b, d, g, m, n, f, s* og *w*. Ved fireårsalder har barna også

---

<sup>10</sup> Vi har brukt minst mogleg og enklast mogleg lydskrift av omsyn til lesarane. Når vi skriv /v/, kan det både vise til ein frikativ [v] og ein approksimant [ʋ]. Vi har ikkje teke stilling til om ungene brukar skarre-*r* eller ikkje, og /r/ svarar difor til alle *r*-uttalar.

tileigna seg /v/ (O'Grady 2005, 152). Ut frå dette kan ein tenke seg at spørjeord med *k-* vil vere den lettaste uttalevarianten.

Ni av informantane våre er fleirspråklege. Åtte av dei ni har ei språkutvikling som må beskrivast som suksessiv fleirspråkleg utvikling, då dei starta å tileigne seg norsk i barnehagen. Desse barna veks opp i heimar der foreldra har snakka andre førstespråk enn norsk til dei sidan fødselen, og har til samanlikning med dei andre barna ei viss forseinking i oppstarten av norskinnlæringa. Dei har dessutan også mindre innputt på norsk sidan den samla språklege innputten til desse barna er fordelte på fleire språk. Vi legg til grunn at desse barna tileignar seg norsk som andrespråk (tidleg andrespråkslæring, jf. Gujord, Neteland og Selås 2018; 2021). Eitt av barna, Julia (jf. tabell 1), har simultan fleirspråkleg utvikling fordi ho har møtt både norsk og engelsk heime frå ho vart fødd. Til liks med dei sju barna som er einspråklege i norsk, tileignar Julia seg norsk som førstespråk, men vi kan rekne med at også ho har noko mindre samla innputt på norsk enn dei einspråklege norske barna. Ifølge litteraturen på simultan fleirspråkleg utvikling er det grunn til å vente at Julia skal tileigne seg same fonologiske kompetanse som barna med einspråkleg førstespråksutvikling i norsk, sjølv om det også er forventa at barn som lærer to førstespråk samstundes, vil bruke noko lengre tid på å få uttalen på plass samanlikna med dei som berre skal lære seg eitt fonologisk system (Hammer et al. 2014; Serratrice 2013; Meisel 2006). Samstundes viser denne forskinga at denne forseinkinga oftast vil gjelde det språket barna møter minst. I dette tilfellet vil det vere engelsk og ikkje norsk.

Det er også forventa at dei åtte barna som møtte norsk dagleg først og fremst då dei starta i barnehagen, og som lærer norsk som andrespråk, på lang sikt vil oppnå tilnærma målspråklik fonologisk kompetanse i norsk. Andrespråkslæring er, i motsetnad til førstespråkslæring, i høg grad prega av individuell variasjon både undervegs i læringsprosessen og med tanke på læringsutfall, men det er godt dokumentert i litteraturen at tidleg oppstart er ein stor føremon i læringa av særleg fonologien i eit andrespråk (Herschensohn 2013). Medan andrespråkslæring i vaksen alder sjeldan fører til aksentfri andrespråksproduksjon, og kanskje også til at andre fonologiske skilnader i andrespråket ikkje blir oppfatta (t.d. skilnaden mellom /i/ og /y/ i norsk), er utsiktene innanfor dette området i språket altså annleis i tidleg andrespråkslæring. Sjølv om informantane som tileignar seg norsk som andrespråk, truleg vil tileigne seg det norske lydsystemet på lik linje med jamaldringane, kan det førekomme at språket deira i den fasen dei var i då vi gjorde opptak av den norske talen deira, er prega av utviklingstrekk som er typiske for den tidlege fasen i andrespråkstileigninga (t.d. forenklingar i uttalen av vokalar og i fonotaksen) og tverrspråkleg påverknad (transfer), som er eit typisk trekk ved andrespråksutvikling (jf. t.d. Berggreen, Sørland og Alver 2012; Gujord 2017). Fenomenet tverrspråkleg påverknad er også rekna for å gjere seg

gjeldande i størst grad på fonologiområdet (og vokabular), og det er også dokumentert at språka hos barn med (simultan og suksessiv) fleirspråkleg utvikling påverkar kvarandre. Vi kan altså ikkje sjå vekk frå fonologisk transfer frå Julia sitt engelske språk eller frå førstespråksfonologien til dei åtte barna som lærer norsk som andrespråk. I så tilfelle er det relevant å kjenne til om dei ulike førstespråka til informantane er ulike norsk når det gjeld om /k/ og /v/ inngår i konsonantinventaret, og om /k/ og /v/ kan stå i framlyd i førstespråka, slik dei kan i norsk.

Ifølge UPSID-databasen er /k/ blant dei ti mest frekvente konsonantane i verdas språk (Knudsen og Husby 2020, 67), og ei generalisering i forskingslitteraturen om tileigning av andrespråksfonologi er at dei lydane som er utbreidde i verdas språk, er uproblematiske å tileigne seg (Knudsen og Husby 2020, 67). K-lyden finst også i alle førstespråka til informantane. Konsonanten /v/ er mindre utbreidd enn det /k/ er, og i fire av førstespråka, karensk, somali, temne og amharisk, inngår ikkje /v/ i konsonantinventaret.<sup>11</sup> For Frank, Arion, Jonatan, Lana og Anna, som har høvesvis karensk, somali, temne og amharisk som førstespråk (jf. tabell 1), kan altså ein eventuell påverknad frå førstespråket innebære at ord med /v/ er vanskelegare å seie på norsk, fordi dei ikkje har /v/ i førstespråket.

### 3 Metode

Vi baserer analysane våre på videoopptak av 16 barnehagebarn som leiker med andre barn. Vi samla inn data i to barnehagar, Krappsvingen og Grاسبakken, og barna hørde til på same avdeling. I dei fleste videoane leiker barna i grupper på to eller tre. Opptaka er på om lag 20 minutt, og på 30 minutt når tre barn deltek. Vi gjentok opptaka med så mange som mogleg av barna etter om lag eit halvt år, og med nokre eitt år etter det igjen. Vi kan dimed følge den språklege og sosiolingvistiske utviklinga deira over tid.<sup>12</sup> I tabell 1 er det ei oversikt over barna som viser pseudonyma deira og pseudonymet til barnehagen dei gjekk i, kva språk dei utviklar, kor mange målepunkt dei var med på, og kor gamle dei var på dei ulike målepunkta. Ei tom celle i tabellen tyder at barnet ikkje deltok i undersøkinga på det målepunktet.

---

<sup>11</sup> Dette baserer vi på ein gjennomgang i UPSID-databasen (Johann Wolfgang Goethe-Universität Frankfurt, Abteilung Phonetik 2018) av fonologien i somali, kurdisk, amharisk, temne og karensk, og av tigrinja i databasen phoible (Moran og McCloy 2019).

<sup>12</sup> Det er ikkje sikkert at desse barna kan reknast som panelinformantar i sosiolingvistisk forstand, sidan det er så kort tidsrom mellom kvart målepunkt, men barns språk utviklar seg særst fort i denne alderen, og målepunkta bidreg såleis både til å dokumentere språkleg og sosiolingvistisk utvikling i tidleg barn-  
dom.

| Namn    | Barnehage    | Språk                     | Alder           |                |                 |
|---------|--------------|---------------------------|-----------------|----------------|-----------------|
|         |              |                           | Første målepkt. | Andre målepkt. | Tredje målepkt. |
| Arion   | Krappsvingen | somali, norsk             | 3;3             | 3;11           | 5;6             |
| Hermela | Krappsvingen | tigrinja, norsk           | 3;4             | 4;0            | 5;4             |
| Nathan  | Krappsvingen | kurdisk, norsk            | 3;4             | 4;0            | 5;11            |
| Jonatan | Krappsvingen | somali, norsk             | 3;5             |                |                 |
| Anna    | Krappsvingen | amharisk, tigrinja, norsk | 3;9             | 4;5            | 5;9             |
| Nooria  | Krappsvingen | kurdisk, norsk            | 3;9             |                |                 |
| Lana    | Krappsvingen | mende, temne, norsk       | 4;0             | 4;8            | 6;0             |
| Philip  | Krappsvingen | norsk                     | 3;6             |                |                 |
| Frank   | Grasbakken   | karensk, norsk            | 3;1             | 3;8            |                 |
| Olav    | Grasbakken   | norsk                     | 2;9             | 3;2            |                 |
| Helene  | Grasbakken   | norsk                     | 3;2             | 3;9            |                 |
| Synne   | Grasbakken   | norsk                     | 3;3             | 3;8            |                 |
| Monika  | Grasbakken   | norsk                     | 3;5             | 3;10           |                 |
| Håkon   | Grasbakken   | norsk                     | 3;5             | 3;10           |                 |
| Eirik   | Grasbakken   | norsk                     | 3;7             | 4;0            | 4;2             |
| Julia   | Grasbakken   | engelsk, norsk            | 3;3             | 3;8            |                 |

Tabell 1. Oversikt over barna som deltok i undersøkinga

Dataa om barna sin bruk av *k*- og *v*- i framlyd av spørjeord har vi analysert på følgande måte: To av oss gjekk, kvar for oss, gjennom videoopptaka og ekserperte alle spørjeord, og om barna sa *v*- eller *k*- i framlyd. Deretter blei desse oversiktene samanlikna, og i dei tilfella vi ikkje hadde notert det same, gjekk den tredje av oss inn i opptaka og sjekka kva som var rett.<sup>13</sup> Philip hadde ingen belegg på spørjeord og er difor ikkje med vidare i artikkelen. Vi har ikkje skilt mellom ulike *v*-uttalar, men kategorisert alt som høyrdest ut som ein /v/ i framlyd av spørjeord, saman i ei gruppe, og alt som høyrdest ut som /k/ i framlyd av spørjeord, i den andre gruppa. Dette var ikkje vanskeleg, sidan barna i undersøkinga snakka relativt tydeleg og hadde klar uttale. Vi har heller ikkje teke omsyn til rolleleikspråk. Barna er så unge på det første målepunktet at det ikkje er lett å tolke kva som er rolleytringar, og om dei i det heile teke har begynt å bruke

<sup>13</sup> I dei fleste tilfella vi oppdaga avvik, var avviket at berre ein av oss hadde høyrst spørjeordet. Dette er ei kjend utfordring med ekserpering, og blei enkelt løyst med at den tredje gjekk inn og sjekka at spørjeordet faktisk blei sagt og korleis det vart uttalt. Det var svært få tilfelle der dei to første lyttarane hadde høyrst ulik lyd initialt i ordet. Også desse blei sjekka av tredjelyttaren, som avgjorde kva som var rett.

språket på denne måten (jf. Høigård 2006, 80–83). Nokre få av ytringane på det tredje målepunktet er tydelegare rolleytringar med tilgjort stemme og austnorskliknande intonasjon.

Variabelen *k/v* i framlyd av spørjeord involverer fleire ord, som vi har kategorisert på same måte som Myking (1988, 21), men med visse modifikasjonar (sjå tabell 2).

| Spørjeord med /k/ i framlyd | Spørjeord med /v/ i framlyd |
|-----------------------------|-----------------------------|
| /ka/                        | /va/                        |
| /kala/                      | /vilken/ <sup>14</sup>      |
| /kem/                       | /vem/                       |
| /kor/                       | /vor/                       |
| /kordan/                    | /vordan/                    |
| /kofofor/                   | /vofofor/                   |

Tabell 2. Oversikt over spørjeorda i den språklege variabelen (basert på Myking 1988, 21)

Ut frå det vi veit frå tidlegare forskning om dette språklege fenomenet og om barns språklege og sosiolingvistiske utvikling (jf. del 2), og med omsyn til bakgrunnsdataa vi har samla inn om barna og familiare deira, har vi valt å inkludere dei sosiale faktorene vist i tabell 3 i undersøkinga vår.

| Sosial variabel             | Variantar (forklaring)                               |
|-----------------------------|--|
| Språkleg variasjon i heimen | Norsk (minst ein forelder snakkar norsk)             |
|                             | Andre språk (foreldra snakkar andre språk enn norsk) |
| Barnehage                   | Krappsvingen   |
|                             | Grasbakken   |
| Kjønn                       | Jente  |
|                             | Gut  |

Tabell 3. Oversikt over sosiale variablar og variantar

I dei sosiolingvistiske undersøkingane (del 4.1) har vi kalkulert relativ frekvens av bruk av spørjeord med *v-* på gruppenivå på første målepunkt, utan omsyn til individuell variasjon. Når vi ser på individuell tileigning (del 4.2), viser vi individuell

<sup>14</sup> Myking argumenterer for at spørjeordet /vilken/ må vere med i variabelen sjølv om det ikkje finst ein direkte ekvivalent som byrjar på /k/. Vi har her skrive inn /kala/ som eit alternativ. Myking nemner også /ka slags/ og /ka for en/ som alternativ for /vilken/ i bergensk. Poenget er at det finst alternativ til /vilken/ i bergensk som byrjar med /k/.

variasjon mellom *k*- og *v*- for kvart barn på kvart målepunkt (absolutte tal og relativ frekvens).

## 4 Bergenske barnehagebarns bruk av *k*- og *v*- i framlyd av spørjeord

### 4.1 Sosial variasjon på gruppenivå

I denne delen viser vi fram variasjonen som finst på gruppenivå på første opptakstidspunkt. På dette tidspunktet er dei fleste barna 3 år (jf. tabell 1). Totalt i heile barnegruppa er det 74 belegg på første målepunkt, og det blir brukt *v*- i framlyd i 51 % av tilfella. Dette er eit høgt tal samanlikna med tidlegare undersøkingar frå Bergen. Tabellane nedanfor viser relativ frekvens av bruk av *v*- i framlyd og reelle tal på kor mange belegg det er totalt (N). Først skal vi sjå at det ikkje ser ut til å vere skilje mellom kjønna når det gjeld om dei realiserer spørjeord med *v*- eller *k*- i framlyd (tabell 4).

|                       | Jenter | Gutar  |
|-----------------------|--------|--------|
| Prosentdel <i>v</i> - | 51 %   | 51 %   |
|                       | N = 35 | N = 39 |

Tabell 4. Prosentdel *v*- i framlyd av spørjeord, kjønn

Denne manglande kjønnskilnaden blant treåringane tolkar vi som at den språklege variasjonen vi finn, ikkje har nokon samanheng med kjønn. Som vi skal sjå, finst det andre sosiale variablar som ser ut til å gje langt tydelegare variasjonsmønster i denne aldersgruppa. Vi ser først på variasjonen i bruk av *v*- i framlyd mellom dei to barnehagegruppene: barna frå Grasbakken og barna frå Krappsvingen (tabell 5).

|                       | Grasbakken | Krappsvingen |
|-----------------------|------------|--------------|
| Prosentdel <i>v</i> - | 67 %       | 28 %         |
|                       | N = 45     | N = 29       |

Tabell 5. Prosentdel *v*- i framlyd av spørjeord, barnehagegrupper

Vi kan her sjå at det er stor språkleg skilnad mellom språkbruken i Grasbakken og i Krappsvingen. Barna i Grasbakken brukar *v*- i framlyd av spørjeord langt oftare enn barna i Krappsvingen. Vi minner om at desse to barnehagane ligg i to sosioøkonomisk ulike område av Bergen sentrum, der Krappsvingen er i eit typisk moderne arbeidar-klassestrøk med fleire innvandrarar og lågare medianinntekt enn området der Grasbakken ligg. I lys av dette er ikkje skilnadene mellom barnehagane så overraskande.

Den neste sosiale variabelen vi viser, er språkbruk i heimen. Her er det to grupper barn: dei som snakkar andre språk i heimen, og dei som snakkar norsk heime.<sup>15</sup>

|                       | <b>Andre språk</b> | <b>Norsk</b> |
|-----------------------|--------------------|--------------|
| Prosentdel <i>v</i> - | 26 %               | 73 %         |
|                       | N = 34             | N = 40       |

Tabell 6. Prosentdel *v*- i framlyd av spørjeord, språkbruk i heimen

Som ein kan sjå av tabell 6, er det store språklege skilnader mellom gruppa som snakkar andre språk i heimen enn norsk, og barna som snakkar norsk heime. Sidan *k/v* i framlyd av spørjeord er ein sosial variabel i bergensk og elles i norsk oftast kjem an på kva geolekt ein snakkar, er det interessant å sjå nærare på kva slags norsk varietet foreldra snakkar. Vi kjenner dialektbakgrunnen til dei fleste foreldra til barna som snakkar norsk heime. I denne gruppa er det slik at dei fleste har ein bergensk forelder og ein innflyttarforelder (Helene, Håkon, Julia, Monika, Olav), medan eitt av barna har to bergensktalande foreldre (Eirik), og eitt av barna har ein innflyttarforelder og ein engelsktalande forelder (Julia). Dei fleste innflyttarforeldra kjem frå dialektområde med *k*- i framlyd av spørjeord. Vi vil presisere at vi ikkje har lydopptak av foreldra, og at vi dimed t.d. ikkje veit kva slags bergensk varietet dei brukar. Vi kjenner heller ikkje til kva slags norske varietetar innvandrarforeldra snakkar.<sup>16</sup> Dette hadde vore nyttig for å kunne seie noko meir presist om kvifor det er så store skilnader mellom barna som snakkar norsk heime, og dei som snakkar andre språk i heimen. Ut frå dataa vi har, meiner vi det er sannsynleg at dei fleste barna som snakkar norsk heime, har foreldre som seier spørjeord med *k*- i framlyd. Vi kan dimed ikkje sjå at foreldra sine norske dialektar har nokon klar påverknad på barna sin språkbruk (jf. også Neteland 2019).

I tillegg til skiljet vi tidlegare har sett mellom dei to barnehagane, er dette ei mogleg skiljeline mellom barna, der dei som har foreldre som snakkar andre språk heime og ikkje byrjar å lære norsk før i barnehagen, brukar *v*- i framlyd langt sjeldnare enn dei som snakkar norsk i heimen. Sidan nesten alle dei fleirspråklege barna går i Krappsvingen barnehage, er det vanskeleg å skilje mellom desse to sosiale variablane. Vi veit altså ikkje om det først og fremst er barnehage (og dimed bydel) eller språkbakgrunn

<sup>15</sup> Julia, som snakkar både engelsk og norsk heime, er inkludert i norsk-gruppa her.


<sup>16</sup> Dette finst det lite forskning på i Noreg, men generelt kan vi seie at kva norsk varietet vaksne innvandrarar snakkar, både kjem an på kva standardskriftspråk dei (eventuelt) har lært på norskkurs, og på om dei har ønske om og moglegheit til å tileigne seg den lokale dialekten (jf. Van Ommeren 2010; Auer og Røyneland 2020).



(einspråkleg eller fleispråkleg) som er hovudårsaka til skilnadene mellom desse to barnegruppene. I neste del ser vi nærare på den individuelle variasjonen og dei språklege endringane som skjer etter kvart som barna blir eldre, og med utgangspunkt i det vil vi seie noko meir om korleis variasjonen kan henge saman med barnas språk og språkutvikling.

## 4.2 Individuell variasjon og endring

Den sosiolingvistiske variasjonen heng sjølvsagt tett saman med individuell variasjon og tileining av språket når barna er så unge. Individuell variasjon kan seie oss mykje om korleis barna tileignar seg norsk og bergensk. Vi vil her vise fram variasjon på individnivå. For dei barna vi har fleire opptak med, viser vi også korleis dei endrar bruken etter kvart som dei blir eldre (jf. oversikt over barnas alder, tabell 1). Figur 1 viser kor ofte barna brukar *v*- i framlyd av spørjeord. 0 % tyder at dei berre brukar *k*- (f.eks. gjeld dette Olav, målepunkt 1), medan ingen verdi tyder at dei ikkje seier nokon spørjeord i opptaket (f.eks. gjeld dette Hermela, målepunkt 1).



Figur 1. Prosentdel *v*- blant alle barna på alle målepunkt

Nokre av barna brukar mange spørjeord i opptaka, og andre seier få spørjeord. Prosentdelane *v*- i figur 1 viser difor til særskilte reelle tal på spørjeord med *v*- og *k*- i framlyd. I tabell 7 nedanfor viser vi kor ofte kvart enkelt barn seier eit spørjeord som byrjar på *v*-, og kor mange spørjeord barnet seier totalt i opptaket, både i absolutte tal, og i prosent av alle spørjeorda.

| Namn    | Målepunkt 1 |          | Målepunkt 2 |         | Målepunkt 3 |          |
|---------|-------------|----------|-------------|---------|-------------|----------|
|         | %           | N        | %           | N       | %           | N        |
| Anna    | 0 %         | 0 av 1   | 0 %         | 0 av 3  | 100 %       | 23 av 23 |
| Arion   | –           | ingen    | 100 %       | 1 av 1  | 83 %        | 5 av 6   |
| Eirik   | 71 %        | 17 av 24 | 90 %        | 9 av 10 | 89 %        | 8 av 9   |
| Frank   | 20 %        | 1 av 5   | 0 %         | 0 av 10 |             |          |
| Helene  | 100 %       | 2 av 2   | 100 %       | 5 av 5  |             |          |
| Hermela | –           | ingen    | 80 %        | 8 av 10 | 92 %        | 11 av 12 |
| Håkon   | 17 %        | 1 av 6   | 100 %       | 1 av 1  |             |          |
| Jonatan | 33 %        | 2 av 6   |             |         |             |          |
| Julia   | 73 %        | 8 av 11  | –           | ingen   |             |          |
| Lana    | 40 %        | 6 av 15  | 56 %        | 5 av 9  | 76 %        | 13 av 17 |
| Monika  | 100 %       | 2 av 2   | 25 %        | 1 av 4  |             |          |
| Natan   | 0 %         | 0 av 3   | 63 %        | 5 av 8  | 71 %        | 5 av 7   |
| Nooria  | 0 %         | 0 av 4   |             |         |             |          |
| Olav    | 0 %         | 0 av 1   | –           | ingen   |             |          |
| Synne   | –           | ingen    | 43 %        | 3 av 7  | 100 %       | 1 av 1   |

Tabell 7. Individuelle prosentverdier og reelle tal av realisasjonar med *v*-, alle barna, alle opptakstidspunkt

Ut frå desse individuelle tala kan vi sjå at dei fleste barna varierer mellom *v*- og *k*- i framlyd. Dei fleste varierer på kvart målepunkt, og dei som ikkje gjer det, har som regel variasjon på eitt av målepunkta. Det er berre Helene som alltid brukar *v*- i framlyd, og berre Nooria og Olav som alltid brukar *k*- i framlyd (og her er Olav sine tal usikre sidan han berre seier eitt spørjeord i første opptak og ingen i andre). Også i tidlegare undersøkingar frå Bergen kan ein sjå at dei informantane som brukar *v*- i framlyd, som oftast varierer mellom *v*- og *k*- (Myking 1988, 23; Nesse 1994, 154; Hassel 2019, 165–197). Her er ikkje våre data spesielle. Men i tidlegare undersøkingar har ein hatt ein stor del informantar som berre har *k*- i framlyd av spørjeord. Slike informantar har ikkje vi i vårt materiale. Dette fører til at vi også får eit uvanleg høgt gjennomsnittleg tal på bruk av *v*- i framlyd (jf. førre del).

Barna i undersøkinga vår er unge og språket deira er i utvikling. I del 2.2 viste vi til forskning som hevdar at *k*- er den lyden som barn tileignar seg først, og at /*k*/ er meir utbreidd enn /*v*/ i verdas språk. Dersom variasjonen mellom *v*- og *k*- heng saman med barna si fonologiske utvikling, vil vi forvente at dei brukar mykje *k*- i dei første opptaka, og at nokre av barna brukar meir *v*- etter kvart som dei blir eldre, medan andre heldt fast på *k*-uttalen. Ser vi nærare på dei barna vi har fleire opptak med, følger fleire av dei dette endringsmønsteret, der dei brukar meir *v*- etter kvart som dei blir eldre

(Anna, Eirik, Hermela, Håkon, Lana, Natan, Synne). Vi kan også legge merke til at Anna, Arion, Lana og Jonatan, som ikkje har /v/ i foneminventaret i førstespråket sitt, ikkje ser ut til å ha nokon særskilde utfordringar med å tileigne seg /v/, og dei brukar *v*- i framlyd av spørjeord like ofte som dei andre barna. Frank, som heller ikkje har /v/ i foneminventaret i førstespråket sitt, har eit litt anna mønster, der han brukar mest *k*- på begge målepunkta. Vi finn altså ikkje eit endringsmønster som er tydeleg knytt til fonologisk inventar i førstespråket, og heller ikkje til fonologisk utvikling i norsk som førstespråk. Likevel kan vi sjå nokre tendensar til eit slikt mønster i delar av data-materialet: Anna, Lana og Natan, dei tre fleirspråklege barna med flest belegg og tre målepunkt, har ulike variasjonsmønster, men endar alle opp med å bruke meir *v*- i det siste opptaket enn dei brukte første gongen vi møtte dei. Jamfører ein dette med tabell 6 i del 4.2, ser det ut til at dei fleirspråklege barna etter kvart kjem opp på den same høge frekvensen av *v*- i framlyd av spørjeord som dei einspråkleg norske barna. Dette kan godt henge saman med at *k*- er lettare å seie enn *v*- i framlyd, og at dei fleirspråklege barna brukar lengre tid på å tileigne seg *v*-uttalen. Men det kan også vere eit resultat av korleis dei orienterer seg i det sosiolingvistiske landskapet etter kvart som dei blir eldre. Dette kjem vi tilbake til i drøftinga i neste del.

## 5 Drøfting

Den sosiolingvistiske undersøkinga viser at barna frå Krappsvingen brukar mest *k*-, mens barna frå Grasbakken brukar mest *v*-. Grovt sett stemmer dette godt med tidlegare sosiolingvistiske undersøkingar frå Bergen, der lågare sosioøkonomisk status heng saman med meir bruk av *k*-, mens høg sosioøkonomisk status er kopla til meir *v*-. Likevel er dette ei forenkling, for alle barna brukar mykje meir *v*- enn det som er normalt i den vaksne befolkninga. Er dette ein indikasjon på at vi ser ei endring i bergensk, i retning av meir *v*-? Som tidlegare forskning har vist, er det ein auke i bruk av *v*- blant ungdommar på Nesttun (Doublet 2012), men ikkje i same aldersgruppe i Bergen sentrum og på Laksevåg (Hassel 2019; Sandøy, Anderson og Doublet 2014). Kanskje viser denne undersøkinga ein ny tendens til meir *v*-, også i Bergen sentrum. I så fall er ikkje dette lenger ein stabil sosial variabel i bergensk, men ein variabel som viser generasjonsvis endring. Det må seinare sosiolingvistiske undersøkingar stadfeste.

Skilnadene mellom barnehagegruppene i undersøkinga vår overlappar i stor grad med funna våre av skilnader mellom språkbakgrunn. Krappsvingen barnehage er dominert av fleirspråklege barn, medan Grasbakken har eit meir gjennomsnittleg tal fleirspråklege i barnegruppa. Funna våre viser også at barna som har andre språk i heimen enn norsk, brukar høvesvis meir *k*-, medan ungane som snakkar norsk i

heimen, brukar meir *v*-. Heng dette saman med den språklege utviklinga, for eksempel at *k*- er den enklaste lyden å seie i framlyd? Ser vi til den individuelle utviklinga til dei fleirspråklege barna, ser vi at dei brukar meir *v*- etter kvart som dei blir eldre, slik at dei blir meir like sine norskspråklege jamaldringar. Vi har ikkje data til å konkludere med årsaka til dette, men vil peike på to alternative forklaringar: Kanskje skjer dette fordi dei lærer seg å seie *v*- seinare enn dei norskspråklege barna, men det kan også skuldast det at dei får større omgangskrins og høyrer fleire bergenske (norske) barn som snakkar, og tilpassar seg språkbruken deira (jf. Bugge 2016). Det treng heller ikkje vere ein motsetnad mellom desse to alternativa – begge peiker i same retning. Denne undersøkinga kan dimed passe med Bugge (2016) sin modell, som viser at jamaldringar gradvis vert språklege orienteringspunkt for barnehagebarn.

At så å seie alle barna i undersøkinga varierer mellom *k*- og *v*-, i tillegg til at dei brukar «for mykje» *v*- i framlyd av spørjeord samanlikna med dei vaksne i Bergen, kan også tolkast som at 3–4-åringar ikkje kjenner til det sosiolingvistiske variasjonsmønsteret i samfunnet. Meir presist kan ein seie at barna truleg kjenner til at det er variasjon i bergensk, i og med at dei varierer mellom to variantar sjølve, men at det ikkje ser ut til at barnehagebarna har noko forhold til kva sosial tilhøyrsla dei ulike variantane indekserer. Dette meiner vi må tolkast som at barnehagebarn ikkje orienterer seg så breitt i samfunnet at dei kan ha kjennskap til heilskapen av dei sosiale variasjonsmønstra i bergensk; jf. Bugge (2016), som meiner at ein slik språkleg variasjon etter sosiale skiljeliner oppstår seint i barneskulealder, *etter* ein periode med språkleg homogenitet i jamaldringsgruppa. Men viss bruken av *v*- aukar blant unge bergensarar, er det ikkje sikkert at bruk av *v*- indekserer den same sosiale tilhøyrsla som tidlegare, og i så fall er det vanskeleg å tolke barna sin variasjon som noko anna enn at dei brukar mykje av den innkomande varianten.

Sjølv om vi ikkje kan vite kva som er årsaka til variasjonen mellom *k*- og *v*- i språket til barna, står det fast at undersøkinga vår viser at små barn i Bergen sentrum tileignar seg ein sosiolingvistisk variant som tradisjonelt har markert høgare sosial klasse i byen, og dei brukar denne varianten meir enn vi hadde venta. Dette gjeld både fleirspråklege barn i Bergen og barn av norske foreldre. Vi veit ikkje om dei kjem til å bruke mindre av denne varianten etter kvart som dei får meir innputt av dialekten rundt seg, eller om dette er byrjinga på ei endring i bergensk. Vi veit heller ikkje om dei fleirspråklege barna og dei einspråkleg norske barna kjem til å ha ulike gruppefrekvensar av *k*- og *v*- når dei blir eldre. I så fall kan den noko høgare frekvensen av *k*- vere ein konsekvens av seinare tileigning av *v*- blant fleirspråklege bergensarar, det kan vere ein måte å indeksere gruppetilhøyrsla på – eller begge delar.

Denne undersøkinga virvlar opp ein del spørsmål både om bruken av *v-* i ulike aldersgrupper, sosiale gruppeskilnader og skilnad mellom fleirspråklege og einspråklege barn som vi håpar at framtidens forsking på bergensk vil ta tak i og undersøke nærare.

## Referansar

- Auer, Peter og Unn Røyneland. 2020. «Modelling acquisition and use of dialectal, standard and multiethnolectal features in migratory contexts across Europe». I *Migration and Dialect Acquisition in Europe*. Spesialutgåve av *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, redigert av Peter Auer og Unn Røyneland.  
DOI: <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1730385>
- Bergen kommune. 2019. «Folkehelseoversikt – levekår og helse i Bergen 2019». Publisert 26. november 2019.  
<https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/2601126/Folkehelseoversikt-Levekar-og-helse-i-Bergen-2019>
- Bergen kommune. 2021. «Søke om barnehageplass». Oppdatert 02.03.2021.  
<https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/barn-og-familie/barnehage/barnehageplass/soke-om-barnehageplass>
- Berggreen, Harald, Kjartan Sørland og Vigdis Alver. 2012. *God nok i norsk? Språk- og skrivingutvikling hos elever med norsk som andrespråk*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Bijvoet, Ellen og Karin Senter. 2021. «Förortsförankrat tal – ett inifrån- och ett utifrån-perspektiv». *Språk och stil* 31 (1): 166–200.  
DOI: <https://doi.org/10.33063/diva-434155>
- Bjørn, Anders. 1995. «Jei vil ikk snakk – æ vil syng. Fem barn i studentbarnehagane i Trondheim». Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Trondheim.
- Bugge, Edit. 2014. «Språktradering i Bolsøy. En variasjonslingvistisk analyse med vekt på familietilhørighet som sosial variabel». Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/10372>
- Bugge, Edit. 2016. «Norske barns språksosialisering og språklige praksisfellesskap». *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 34 (1): 63–82.  
<http://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/1290>
- Bugge, Edit. 2019. «Foreldre, «filteret» og språkbrukeren». I *Fonologi, sociolingvistikk og vitenskapsteori. Festskrift til Gjert Kristoffersen*, redigert av Jan Kristian Hognestad, Torodd Kinn og Terje Lohndal, 63–78. Oslo: Novus forlag.
- Clark, Eve. 2003. *First language acquisition*. Cambridge: Cambridge University Press.

- De Vogelaer, Gunther og Matthias Katerbow (red.). 2017. *Acquiring sociolinguistic variation*. Amsterdam: John Benjamins.
- De Voegelaer, Gunther, Jean-Pierre Chevrot, Matthias Katerbow og Aurélie Nardy. 2017. «Bridging the gap between language acquisition and sociolinguistics: Introduction to an interdisciplinary topic». I *Acquiring Sociolinguistic Variation*, redigert av Gunther De Vogelaer og Matthias Katerbow, 1–42. Amsterdam: John Benjamins.
- Doublet, Maria-Rosa. 2012. «Bare fra Bergen, eller fra Fana i Bergen?» Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/5723>
- Gujord, Ann-Kristin H. 2017. «Språkutvikling hos barn i ulike språklærings situasjoner». I *Språkmøte i barnehagen*, redigert av Magnhild Selås og Ann-Kristin H. Gujord, 95–143. Bergen: Fagbokforlaget.
- Gujord, Ann-Kristin H., Randi Neteland og Magnhild Selås. 2018. «Framvekst av morfologi, syntaks og ordforråd i tidleg andrespråksutvikling – ein longitudinell kasusstudie». *NOA – Norsk som andrespråk* 34 (1–2): 93–127.  
<http://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1560>
- Gujord, Ann-Kristin H., Randi Neteland og Magnhild Selås. 2021. «Successive language learning in early childhood. The case of question formation». *RASK – International Journal of Language and Communication* 53 (1): 5–36.
- Hammer, Carol S., Erika Hoff, Yuuko Uchikoshi, Christina Gillanders, Dina Castro og Lia E. Sandilos. 2014. «The language and literacy development of young dual learners: A critical review». *Early Childhood Research Quarterly* 29 (4): 715–733.  
DOI: <https://doi.org/10.1016/j.ecresq.2014.05.008>
- Hassel, Øystein. 2019. «En sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet på Laksevåg i Bergen». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/20248>
- Herschensohn, Julia. 2013. «Age-related effects». I *The Cambridge handbook of second language acquisition*, redigert av Julia Herschensohn og Marta Young-Scholten, 317–337. New York: Cambridge University Press.
- Høigård, Anne. 2006. *Barns språkutvikling – muntlig og skriftlig*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jakobson, Roman. (1941) 1968. *Child language aphasia and phonological universals*. Omsett frå tysk av Allan R. Keiler. Hague: De Gruyter Mouton.
- Johann Wolfgang Goethe-Universität Frankfurt, abteilung phonetik. 2018. «UPSID database». Sist besøkt 21. april 2021.  
<http://web.phonetik.uni-frankfurt.de/upsid.html>

- Kerswill, Paul. 1996. «Children, adolescents and language change». *Language Variation and Change* 8 (2): 177–202.  
DOI: <https://doi.org/10.1017/S0954394500001137>
- Kleemann, Carola Babette. 2015. «Lek på to språk. En studie av språkalternering og kodeveksling i tospråklig rollelek på nordsamisk og norsk i en samisk barnehage». Ph.d.-avhandling, Universitetet i Tromsø.  
<https://hdl.handle.net/10037/8153>
- Knudsen, Cecilie Slinning og Olaf Husby. 2020. *Uttaleundervisning. Fra teoretisk innsikt til praktisk anvendelse i klasserommet*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Kristoffersen, Gjert. 1980. *Dialektutvikling hos skolebarn*. Oslo: Novus.
- Labov, William. 2001. *Principles of linguistic change. Social factors*. Malden: Wiley-Blackwell.
- Lanza, Elizabeth. 1997a. *Language mixing in infant bilingualism. A sociolinguistic perspective*. Oxford: Clarendon Press.
- Lanza, Elizabeth. 1997b. «Language contact in bilingual two-year-olds and code-switching: Language encounters of a different kind?» *International Journal of Bilingualism* 1 (2): 135–162.  
DOI: <https://doi.org/10.1177/136700699700100203>
- Larsen, Amund B. og Gerhard Stoltz. 1911–1912. *Bergens bymål*. Kristiania: Bymålslaget/Aschehoug.
- Meisel, Jürgen M. 2006. «The bilingual child». I *The handbook of bilingualism*, redigert av Tej. K. Bhatia og William C. Ritchie, 91–113. Oxford: Blackwell.
- Moran, Steven og Daniel McCloy (red.). 2019. «PHOIBLE 2.0». Jena: Max Planck institute for the science of human history. Sist besøkt 21. april 2021.  
<http://phoible.org>
- Myking, Johan. 1988. «Grammatiske kv-ord som sosiolingvistisk variabel». *Talemål i Bergen* 4, 5–38.
- Neteland, Randi. 2019. «Barns dialekttilegnelse – hvilken betydning har foreldrenes talemål?» I *Fonologi, sosiolingvistik og vitenskapsteori. Festskrift til Gjert Kristoffersen*, redigert av Jan Kristian Hognestad, Torodd Kinn og Terje Lohndal, 213–234. Oslo: Novus forlag.
- Nesse, Agnete. 1994. *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*. Bergen: Målføresamlinga.
- Nornes, Marianne Valeberg. 2011. «Bergensk i Bergenhus. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Bergenhus bydel». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/10647>
- O’Grady, Willam. 2005. *How children learn language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Sandøy, Helge, Ragnhild Lie Anderson og Maria-Rosa Doublet. 2014. «The Bergen dialect splits in two». I *Stability and divergence in language contact. Factors and mechanisms*, redigert



av Kurt Braunmüller, Steffen Höder og Karoline Köhl, 239–263. Amsterdam: John Benjamins.

Selås, Magnhild og Randi Neteland. 2019. «Norwegian children's acquisition of the dialect feature *r*». *RASK – International Journal of Language and Communication* 49 (1): 5–23.

Serratrice, Ludovica. 2013. «The bilingual child». I *The handbook of bilingualism and multilingualism*, redigert av Tej. K. Bhatia og William C. Ritchie, 87–108. Chichester: Wiley-Blackwell.

Smith, Jennifer og Mercedes Durham. 2019. *Sociolinguistic variation in children's language. Acquiring community norms*. Cambridge: Cambridge University Press.

Smith, Jennifer, Mercedes Durham og Liane Fortune. 2007. «'Mam, ma trousers is fa'in doon!': Community, caregiver and child in the acquisition of variation in a Scottish dialect». *Language Variation and Change* 19 (1): 63–99.

DOI: <https://doi.org/10.1017/S0954394507070044>

Smith, Jennifer, Mercedes Durham og Liane Fortune. 2009. «Universal and dialect-specific pathways of acquisition: Caregivers, children, and t/d deletion». *Language Variation and Change* 21 (1): 69–95.

DOI: <https://doi.org/10.1017/S0954394509000039>

Stjernholm, Karine. 2014. «Oslos sosiolingvistiske utvikling, eller en typologisk framstilling av utviklinga i oslomål». *Maal og Minne* 106 (2): 56–91.

<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/219>

Sæther, Frank O. 1982. «Dialekt og miljø. En undersøkelse av dialekten til åtte seksåringer i et dialektblanda miljø». Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.

Van Ommeren, Rikke. 2010. «Ja, jæi la an på å tåå oppdaling, ja: En sosiolingvistisk studie av språklige praksisformer blant voksne innvandrere i Oppdal». Masteroppgåve, NTNU.

Aarsæther, Finn. 2010. «The use of multiethnic youth language in Oslo». I *Multilingual urban Scandinavia. New linguistic practices*, redigert av Pia Quist og Bente Ailin Svendsen, 111–126. Bristol/Buffalo/Toronto: Multilingual Matters.

## Abstract

The article presents an investigation of variation between word initial *k*- and *v*- in question words among kindergarten children in Bergen with Norwegian as a first or second language. The investigation uses insights from sociolinguistics as well as child language acquisition to discuss how the children acquire this sociolinguistic variable. The data material that forms the basis for the investigation is recordings of conversations between two or three children playing together in their kindergartens. While Myking's investigation of the same variable from 1988 pointed to a development



where word initial *v-* could go out of use the Bergen dialect, later investigations have shown that *v-* is still used, also by young people in Bergen. The present results show that the children use word-initial *v-* with surprising frequency – far more than young people and adults in Bergen.

Randi Neteland  
Universitetet i Bergen  
[randi.neteland@uib.no](mailto:randi.neteland@uib.no)

Magnhild Selås  
Universitetet i Agder  
[magnhild.selas@uia.no](mailto:magnhild.selas@uia.no)

Ann-Kristin Helland Gujord  
Universitetet i Bergen  
[ann-kristin.gujord@uib.no](mailto:ann-kristin.gujord@uib.no)



# Gamle og nye blikk på *Sverresoga*

Rune Kyrkjebø

*Sverresoga* er eit karakteristisk verk som har hatt definerande kraft i norrøn litteratur. Soga var tidleg skriven og tett på hendingane og personane i handlinga, ikkje minst kong Sverre sjølv, som hadde ei aktiv rolle då soga først vart til. Ho er detaljrik og røyndomsnær, og prega på same tid av klassiske norrøne sagatrekk og tidas lærde og religiøse danning med fintilpassa bibelallusjonar. Spørsmål om tilblivinga av soga har oppteke filologar i lang tid, særleg spørsmålet om Gryla, soga sin første del. Ludvig Holm-Olsen gav eit viktig bidrag med sine studiar i 1953. Når vi tek status på forskinga i dag, er Þorleifur Hauksson si utgåve av *Sverresoga* frå 2007 eit tyngdepunkt i den nyare forskinga. Det vert opna for ein annan definisjon av Gryla.

## 1 Gruvling over Gryla

I det eg takkar dei anonyme fagfellane mine for hjelpsam og konstruktiv kritisk lesing av utkastet til denne artikkelen, som eg har prøvt å ta til følgje, varslar eg her i starten at artikkelen vil føre inn i spørsmål omkring Gryla, den første delen av *Sverresoga* som har synt seg så vanskeleg å avgrense. Eg vonar å klare å presentere sentrale resonnement i saka, og å vise korleis nyare forskning, nemleg den til Þorleifur Hauksson, kan opne for svar ved å sjå på sjølv spørsmålet på ny. Den nye islandske utgåva av *Sverresoga* som han gav ut, er den viktigaste referansen for forskingsstatus i dag. Men først vil eg gjere eit lokalt tilbakeblikk ikkje så langt attende i tida.

## 2 Glimrande innføring i språkhistoria, språknormene og «bindingsverket i tekster»

Grunnfagskullet som byrja på nordisk ved Universitetet i Bergen i august 1991, hadde framfor seg eit lærerikt og engasjerande år som for fleire av oss studentane vart vår beste tid til då. «Bindingsverket i tekster» er tittelen på éi av pensumbøkene våre den gongen (Fossestøl 1983). Eg tykkjer den symboliserer godt det vi fekk lære om korleis tekstar er sette saman av små og store språklege element som vert bundne i hop til større samanhengar, som igjen vert objekt både for språkvitskaplege og litteraturvitskaplege studiar med filologien som ein fellesnemnar. Tekstlingvistikk var berre eitt av dei mange emna dette året som Johan Myking underviste og rettleidde oss i. Særleg godt hugsar eg timane i språkhistorie. Det emnet eigna seg ypparleg for Johan til å lære oss ikkje berre systematikken i morsmålet vårt, men òg det som rakk vidare, nemlig kva som er gode arbeidsmåtar og rette kjenneteikn for *vitskapleg* språkarbeid. Komen som eg var rett frå fire års studium i naturvitskaplege fag, var eg særst mottakeleg for å lære om systematikken og metoden i eit humanistisk fag. Eg er takksam endå for det innsteget i språkvitskapen vi fekk den gongen, der Johan sine timar var berande på den språkvitskaplege sida. Takk òg til Johan for det fine samarbeidet om språksamlingane no dei siste åra, der nye aktivitetar er bygde opp i lag hjå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium og oss i Universitetsbiblioteket. Dei nye aktivitetane femner òg om mitt emne, norrøn filologi.

Tidleg på 1970-talet følgde Johan Myking i sitt nordiskstudium førelesingar av Ludvig Holm-Olsen om eddadikt. Holm-Olsen var på den tida rundt 60 år. Johan har fortalt meg at dei opplevde timane til Holm-Olsen som eit glimt av den gamle tida, å få sjå inn i den gode gamle filologitradisjonen.<sup>1</sup> Når Johan Myking feirar sin 70-årsdag, er det også 69 år sidan utgjevinga av Holm-Olsen si faghistorisk viktige avhandling *Studier i Sverres saga* som kom i 1953. Eg tenkte då det kunne høve å trekkje fram dei studiane her i festskriftet. Utan på nokon måte å kunne hevde eit fullt oversyn eller full innsikt i eit så stort tema, ville eg gjerne freiste å seie noko om saga, om Holm-Olsen sine studiar, og eitt eller anna om korleis ting ser ut frå der vi står i dag. Det siste fører oss naturleg til Þorleifur Hauksson si utgåve av saga frå 2007, som oppsummerer forskinga til då og legg fram viktige nye resultat og påstandar.

I mine og mange sine auge er *Sverresoga* ovleg interessant. Ho er sjølvsgt interessant som ein eigen narrasjon, ei samtidssoge, ei stor forteljing frå mellomalderen, med sin eigen teksttradisjon. Så er ho interessant i samspelet mellom sogene, mellom narrasjonane i mellomalderen.

---

<sup>1</sup> Magnus Rindal, seinare professor i norrøn filologi, arbeidde den gongen som universitetslærer same stad. Han har skrivne om Holm-Olsen i *Fagprofilar ved Nordisk institutt* (1996).

Filologien skridt langsamt fram, men han er omfangsrik og djup. Gamle spørsmål blir tekne opp og omhandla gong på gong på ny. Det kjem vel av det at ein del av målet med filologien er å dvele ved studieobjektet, sjå på det stadig frå ei anna side, i eit nytt ljøs, med nye spørsmål eller med ein ny og betre empiri enn før. Det vil vel alltid surre spørsmål rundt den historiske narrasjonen og diskusjonen om ein så framskoten person som kong Sverre. Holm-Olsen viste at *Sverresoga* er ein tekst der det av gode grunnar kan ventast å kome nær til det norrøne språket mot slutten av 1100-talet. Kva gode filologiske forskingsspørsmål kan vi stille denne soga i dag?

### 3 «Heimskringla» og *Sverresoga*

I åra 1996 til 2000 hadde eg gleden av å arbeide ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, med granskingar av teksten til første tredjeparten av *Heimskringla* (Kyrkjebø 2001). Med kjelde i det gamle diktet *Ynglingatal*, og etter kvart i yngre skaldedikt og tidlegare soger, blir kongesogene i «Heimskringla I» fortalde frå urtida av og framover. Desse sogene er skrivne med mål både om sant innhald og underhaldning, som var vanleg i mellomalderen. Her gjeld prinsippa som Heimskringla-prologen presenterer, om at den metrisk bundne forma bevarer innhaldet, sidan det er vanskeleg å endre på, og at augnevitneskildringar styrkjer truverdnet til det som er fortalt. Nett dei same prinsippa gjeld for den soga vi kjem til, *Sverresoga*.<sup>2</sup> Det er likevel, naturlegvis, ein annan distanse til hendingane i dei sogene som handlar om den eldste tida. Kanskje kan vi seie at dei dikta som ein gong vart laga midt oppi råskapen i samtida, dei blir i *Heimskringla* sitt tilfelle eit materiale som sogeprosasen samlar seg rundt og bearbeider over lang tid, slik at det litterære preget meir blir eitt av «historisk roman»<sup>3</sup> der handlinga er komen på lang avstand, enn av rykande fersk forteljing.

Dei arbeidde i mellomalderen med ei historiografisk tidslinje for auget. Soga om Olav den heilage er midtdelen av det vi kallar *Heimskringla*. Når soga om kong Olav Haraldsson låg føre som ein ferdig einskap, før skrivninga (eller redigeringa) av *Heimskringla*, så var den delen av tidslinja fylt ut, og det var då om å gjere å skøyte på med den første tredjedelen og den siste. Det har frå Gustav Storm si tid vore ein sterk tanke om *Heimskringla* som ein einskap, men studiane i desse tekstane seier oss at *Heimskringla* del I og *Heimskringla* del III har eit fellesskap i si tekstoverlevering som ikkje er

---

<sup>2</sup> *Sverresoga* sin prolog inneheld den same mellomalderlege topos om truverde av innhaldet. I *Sverresoga* sitt tilfelle med moglege tvitydige utsegner i prologen kan dette momentet om kva som har vore hovudintensjonen, vere relevant for tolkinga.

<sup>3</sup> Dette omgrepet brukt om kongesogene er sjølvstakt ein anakronisme, men Joseph Harris (1986) har synt at det er fruktbart å halde dei to sjangeromgrepa roman og saga opp mot kvarandre.

delt med *Heimskringla* del II, som er Olavssoga (vist av Jonna Louis-Jensen 1997 og referert i Kyrkjebø 2001, 128ff). Truleg vart to nye delar skrivne og lagde til på kvar si side av Olavssoga.

*Sverresoga* kjem vi til når vi «zoomar ut» eit hakk lenger på tidslinja. Ho stod<sup>4</sup> ferdig før den tid vi trur skivinga av *Heimskringla* skjedde, og definerte såleis den kronologiske grensa for *Heimskringla*: *Sverresoga* dekte allereie tidsrommet 1177 til 1202. Ein reknar med at *Sverresoga* kan ha vore skriven før 1210, medan *Heimskringla* tidlegast er rekna å vere skriven på 1220-talet.

Det var etter arbeidet med *Heimskringla* at eg hausten 2001 var så heldig å få halde timar på eit kurs i norrøn litteratur, med temaet filologisk og litteraturvitskapleg kommentar til to kongesoger. Eg valde då å gå inn på *Sverresoga* på grunn av karakteren ho har av å vere ei samtidssoge, den spesielle nærleiken ho har til hovudpersonen sin, og andre interessante trekk ved den sogas som mellomalderlitteratur. Ein del år seinare vart eg beden om å delta i eit symposium på Voss med tittelen «Voss som region og Vangen som regionsenter i mellomalderen», der eg valde å delta med eit bidrag om *Sverresoga*, blant anna med episoden med Sverre si ferd over Voss som tema (Kyrkjebø 2021 [under utgjeving]). Det var svært lærerikt for meg å få vere med der, særleg lærte eg mykje av dei kritiske og velorienterte lokale historikarane som deltok. Ein av mine lærarar og kollega til Johan, Bjarne Fidjestøl, framheva dette ein gong som ei av dei store gledene ved nordiskfaget, at det er mange utanfor universitetet som har svært god kunnskap om det og stor kjærleik til det. Ein ting som kveikte lysta mi til å arbeide med *Sverresoga* var òg ein metafor med *schwung* over hjå Gustav Indrebø, utgjevaren av det som vi skal sjå framleis tel som hovudhandskriftet av sogas, AM 327 4to, om at sogas er «livs livande og skori ut or det verkelege livet» (1920, LXIV). Kvifor vert *Sverresoga* oppfatta som så levande og livsnær? Teksten sin nærleik til hovudpersonen er éin grunn, det kan vi rekne som tvillaust. Personlegdomen til Sverre kjem fram på karakteristisk vis, og er med og pregar sogas. At Sverre var nært på, samhøver med dei kjende orda i prologen til sogas. Her i omsetjinga til Halvdan Koht:

Her tek forteljninga til om dei hendingane som har gått for seg no ei tid og er i minnet hos dei som har sagt føre denne boka, og det er om kong Sverre, son til kong Sigurd Haraldsson. Opptaket til boka er skrivi etter den boka som først abbed Karl Jonsson

---

<sup>4</sup> Som ei bok eller eit handskrift seier vi gjerne at ei soge «ligg føre», som eit arbeid kan ho likevel «stå» ferdig, tykkjer eg – analogien med det monumentale, eit mektig, samansett, komponert romansk eller gotisk byggverk er verd å ha med. Strukturane i mellomalderens estetikk kan vere overførbare mellom tekstleg byggverk og steinbyggverk. Portalar, spir, sentrale element, perifere element, ornamentikk, perspektiv etc.

skreiv, og kong Sverre sjølv sat med og rådde for kva han skulle skrive; den forteljinga har ikkje komi så langt. Der er fortalt om somme av hærsлага hans, og etter som det lid ut i boka, veks makta hans, og den makta spår om større ting; den luten av boka har dei difor kalla Gryla. Den siste luten av boka er skriven etter fråsegn av dei som kunne minnast at dei sjølve hadde sett og høyrte desse hendingane; somme av dei hadde vori med kong Sverre i hærsлага. (Koht [1913] 1995)<sup>5</sup>

Sverre hadde ein direkte påverknad på teksten, og teksten vart skriven nært i tid til dei tinga han handlar om. Som vi skal sjå, tyder forskinga på at vi kan sjå særeigne trekk ved Sverre sitt språk i saga.

#### 4 Den særmerkte *Sverresoga*

Fleire har kommentert at *Sverresoga* gjev inntrykk av å vere verkeleg og levande. Hovudpersonen sjølv, kong Sverre, kjem spesielt karakteristisk fram. Vi veit jo frå prologen til saga at kongen «sat med» Karl Jonsson og «rådde for kva han skulle skrive». Etter Indrebø si utgåve var Ludvig Holm-Olsen sin monografi *Studier i Sverres saga* i 1953 eit viktig steg framover i det språknære arbeidet med saga, og ei omfattande oppsummering og vurdering av granskinga av saga til då. Holm-Olsen gjorde mange gode filologiske observasjonar, ikkje berre som gjeld det språklege eller tekstlege, men òg som gjeld det intertekstuelle og litterære planet. Spørsmålet om lengda til den første saga, Gryla, får stor plass hjå Holm-Olsen, og her har han kanskje ført granskingane så langt som det er mogeleg å komme i det heile – då under føresetnaden om at Gryla kan avgrensast på denne måten. Ein kan ikkje gå ut ifrå at det vil vere mogeleg å avgrense kvast ei innarbeiding av ein tekst i ein annan. Men saga har språklege trekk som Holm-Olsen peikte på som karakteristiske for Gryla og nokre av dei truleg for kong Sverre sjølv. Dermed har vi eit språkmateriale som det er grunn til å tru er sær-eige i ein spennande grad.

---

<sup>5</sup> Hér hefr upp ok segir frá þeim tíðendum er nú hafa verit um hríð ok í þeira manna minnum er fyrir þessi bók hafa sagt. En þat er at segja frá Sverri konungi, syni Sigurðar konungs Haraldssonar, ok er þat upphaf bókarinnar er ritat er eftir þeiri bók er fyrst ritaði Karl ábóti Jónsson, en yfir sat sjálfir Sverrir konungr ok réð fyrir hvat rita skyldi; er sú frásögn eigi langt fram komin. Þar er sagt frá nokkurum hans orrostum. Ok svá sem á líðr bókina vex hans styrkr, ok segir sá inn sami styrkr fyrir ina meiri hluti. Kolluðu þeir þann hlut bókar fyrir því Grýlu. Inn síðarri hlutr bókar er ritaðr eftir þeira manna frásögn er minni hofðu til svá at þeir sjálfir hofðu sét ok heyrte þessi tíðendi, ok þeir menn sumir hofðu verit í orrostum með Sverri konungi. (Þorleifur Haukssons utgåve 2007, 3)

Røyndomsnærleiken til *Sverresoga* gjer at òg brutaliteten og kynismen i handlinga kjem sterkt fram for lesaren. Holm-Olsen sine sluttord for studiane hans høver såleis veldig godt, dei handlar om jern og kulde:

Sverre bar aldri gloende jern for sin rett, og han fikk heller ikke noen annen til å gjøre det for seg. Men Gud skiftet mellom ham og hans motstandere, ikke bare ved å gi hans kalde jern seier, men ved å kære ham til kongsgjerningen, som han engang hadde kåret David, og ved å følge ham gjennom alle farer og vanskeligheter. Slik fikk han gudsdommen for sin rett, og det var det han først og fremst ville vise gjennom skriftet som han lot abbed Karl utarbeide. (Holm-Olsen 1953, 104).

Det er gjort mykje godt metodisk og analytisk arbeid med saga etter Holm-Olsen sitt stykke. Sverre Bagge har forska i *Sverresoga* som ideologisk og politisk tekst. Han har granska framstillinga av kong Sverre som individ og personlegdom og samanlikna *Sverresoga* med den yngre saga om Håkon Håkonsson (Bagge 1996). Ved å byggje på litterære og tekstlege observasjonar og analyse syner Bagge korleis det er ein avstand i den sosiale og ideologiske konteksten mellom *Sverresoga* og seinare kongesoger. Bagge sitt blikk på korleis kong Sverre framstår som individ, er både historisk og litteraturvitskapleg ei verdifull utbygging av kunnskapen vår.

Eit klassisk kunstnarleg verkemiddel i *Sverresoga* er talane. Dei skaper nærleik og eit autentisk preg. Vi høyrer ekte norrøn talekunst i saga, det er eg viss på, og fascinerande er det at vi òg truleg høyrer meisterlege norrøne kalkeringar av latinsk talekunst i same saga (Knirk 1981; Stoltz 2011).

Sverresborg i Trondheim er arkeologisk interessant i samband med *Sverresoga*. Jan Ragnar Hagland har gått inn på dette temaet (2016, 2017). I *Sverresoga* kap. 137 er det fortalt om baglarane at dei «tok ein daud mann og styrta han på hovudet ned i brønnen, bar sidan stein dit og la over til det var fullt» (Hagland 2016, 35). Eit skjelett vart funne i brunnen på Sverresborg under utgravingane der i 1938. Det låg under steinar slik saga seier. I 2015 vart det publisert resultat som sa at skjelettet var av ein mellom 30 og 40 år gamal mann, og dateringa av beina høver med sagaen. Hagland meiner det er logisk noko uklårt korleis den daude mannen kjem inn i saga, sidan baglarane tok over borga frå birkebeinarane utan strid, alle fekk grid (2016, 37). Det er ikkje nemnt noko om kven det var dei heiv i brunnen. Men sidan det som hende, var at baglarane brende og plyndra borga, og gav ordre om at ho skulle rivast, så er her gjerne ein kontekst likevel som forklarar denne hendinga langt på veg: nemleg at borga skulle saboterast så godt som råd var. Då har dei vel tykt det var viktig å øydeleggje vasskjelda der for godt, med å få eit lik nedi slik at det ikkje var råd å få opp att så lett. Dermed var vatnet i brunnen ubrukande, og borga endå meir svekt. Eg tykkjer ikkje



vi treng å gå ut frå at den daude mannen hadde anna rolle i saga enn dette, og eg trur det kan vere slik at dei fann skjelettet av den mannen som er nemnd i kapittelet. Baglarane har vel kunna skaffe eit lik til denne taktiske bruken, anten på borga eller utanfrå ein stad. Eg har elles stor sans for Hagland si tilnærming med å analysere korleis tradisjonar er nytta til å komponere sagaen sitt narrativ. Men det er vel noko av det typiske med *Sverresoga* at ho stundom er nærare eit kaldt militært referat likevel, skal tru om ikkje det er tilfellet nett her?

## 5 Holm-Olsen om dei «karakteristiske trekk ved sagaens første del»

Ludvig Holm-Olsen arbeidde særleg grundig med spørsmålet om lengda på Gryla. Dette er eit spørsmål som andre granskarar òg har brynt seg på, både før og sidan. Holm-Olsen peikar i innleiinga si på det at vi veit at abbed Karl Jonsson kom til Noreg i 1185, året etter Sverre sin siger over Magnus Erlingsson ved slaget ved Fimreite i Norefjorden, og at han truleg blei her til 1188. I denne tida reknar han med at Karl har skrive boka si, som Holm-Olsen identifiserer med Gryla, slik det har vore vanleg å gjere. Den første boka skal så seinare ha blitt innarbeidd i den fullstendige saga (1953, 7–8). Holm-Olsen seier det vidare slik i føreordet til avhandlninga si:

Hvem det var som etter Sverres død fullførte sagaen, om det var Karl eller en annen, gir hverken prologen eller andre kilder opplysning om. Men så harmonisk har han smeltet Gryla inn, at det har vist seg meget vanskelig å avgjøre hvor langt den har nådd. [...] Hovedvekten vil bli lagt på å prøve å bestemme hvor stor del av Sverres historie Gryla har omfattet. (Holm-Olsen 1953, 8–9).

Som vi skal sjå i kap. 6 nedanfor, tilseier forskingsstatus i dag at det faktumet at lengda på Gryla er så vanskeleg å fastsetje, kan ha ei anna forklaring enn det Holm-Olsen godt uttrykkjer som harmonisk innsmelting, og som både han og Gustav Indrebø før han, og Lárus H. Blöndal etter dei, har utgreidd og undersøkt svært grundig. Konklusjonane er avhengige av tolking av ord og uttrykk i prologen til saga, korleis ein i større trekk ser for seg oppkomsten av denne saga i fleire steg, og kva ein tenkjer er plausibelt ut frå realopplysningar. Eitt godt grep i Holm-Olsen sine studiar er etter mi meining metoden hans med å «betrikte teksten i lys av prologens ord om at 'Sverre selv satt over og rådde for hva som skulle skrives', og prøve å etterspore hvor langt ut gjennom sagaen man kan merke Sverres personlighet bak beretningen» (1953, 57). Her i avsnittet som heiter «Karakteristiske trekk ved sagaens første del» er det då to ting Holm-Olsen legg til grunn og går ut frå. Det første er at Gryla er ein storleik som vil kunne sporast som eit lengdestrekk frå starten og eit stykke utover i den *Sverresoga* vi

no har. Dette utgangspunktet kviler på ei tilsvarande tolking av prologen til saga. Dette er noko ein i stor grad har rekna med i forskinga, men som på interessant vis er problematisert i nyare gransking.

Det andre Holm-Olsen her går ut frå, er at kong Sverre sin personlegdom vil kunne merkast i teksten. Indrebø gjorde ein stilistisk analyse i samband med utgåva si (1920). Dei stilistiske skilnadene Indrebø fann, meiner Holm-Olsen er så små at Indrebø neppe hadde «våget å regne med dem» om ikkje han på førehand visste at det var eit skilje i saga, og gjekk ut frå at det var «enten omkring kap. 40 eller etter kap. 100» (Holm Olsen 1953, 57). I handlinga er dei punkta etter Erling Jarls fall (kap. 40), og etter sigeren over Magnus Erlingsson (kap. 100) – viktige vendepunkt i saga. Indrebø seier rett ut at stilindisiane er veike, og han resonnerer godt omkring kvifor det er slik.<sup>6</sup> Det Holm-Olsen meiner kan gi sterkare resultat, er å undersøkje fenomen på det vi kan kalle det pragmatiske nivået, som dei eksplisitte kjeldetilvisingane til kong Sverre i saga, og korleis hovudpersonen sine kjensler, tankar og vilje språkleg kjem til uttrykk i saga. «Bruken av Guds navn» og «Innledningsformler» får òg eigne avsnitt i denne delen av studiane (1953, 57ff.). Holm-Olsen viser til Halvdan Koht, som har gjort denne typen undersøkingar i arbeidet sitt med *Sverresoga* (Koht 1914, 1921). Eg trur Holm-Olsen har rett i at desse trekka gjev det sterkaste grunnlaget for å peike på kva delar av teksten som er mest prega av kong Sverre sjølv – av hans stemme og hans synsvinkel. Vi veit ut frå kronologien at *Sverresoga* vart skriven forholdsvis kort tid etter at handlinga fann stad. Vi veit òg at kong Sverre på eitt eller anna vis «rådde for» delar av teksten. Vidare er det religiøse presentert som ei viktig biografisk side av hovudpersonen, og det å ha Guds vilje på si side er vove så tett inn i teksten at det verkar truverdig at dette er slik kong Sverre sjølv la det ut. At han kalla borga si i Trondheim for Sion, tykkjer eg seier mykje om kor reell jamføringa har vore i hans auge mellom

---

<sup>6</sup> «Resultatet av etterrøkjingi er at vi finn nokon ulikskap millom dei ymse bolkane av Sverresoga. Med umsyn til stilen, so er det noko fleire undersetningar, det vil segja litt meir samanfløkt setningsbygnad i den fyrste bolken enn seinare. Kanskje har denne bolken litt meir enn dei andre med kunstig stilprydna (alliterasjonar, antitetiske ordelag). [...] I fyrste bolken citerer han av munnlege heimelsmenn Sverre og han aaleine; etter kap. 43 kjem Sverre meir burt som heimelsmann, derimot er der ofte nemnt «folketales» o. likn. [...] gjennom heile boki er tendensen Sverre-venleg, men sterkast er han det i den fyrste bolken. Med det heng det saman at denne parten av saga er den som gneistrar mest av liv. [...] Og naar vi skal deila, veit eg ikkje nokon betre stad aa setja skilet enn etter kap. 43. Det synest meg som det er meir ulikskap millom bolken kap. 1-43 og det fylgjande enn millom heile bolken kap. 1-100 og det som deretter fylgjer. At ulikskapen ikkje er større enn han er, men tvert imot einskapen sterk fraa fyrst til sist, lyt ein forklaara av at e i n mann har redigert det heile til slutt. Gryla har vel daa i mykje vore mynster.» (Indrebø 1920, LXXIV).

hans eige liv, ambisjonar og makt, og det religiøse og bibelske. Det tyder ikkje at vi skal eller kan rekne med at alt ved denne sida ved saga går direkte tilbake til kong Sverre. Den kyrkjelege lærdomen og det kunnige spelet med hagiografiske mønster og allusjonar til undergjerningar i Det nye testamentet, ja, alle slags religiøse atterklangar, meiner eg vi kan rekne med har teke form både hjå abbed Karl og kven som helst andre som skreiv lærd norrøn litteratur. Dei skreiv for eit formål og for eit publikum, og vi kan rekne med at dei visste godt kva språk som fungerte. Vi vil difor ikkje kunne skilje desse innslaga etter opphav, men vi gjer nok rett i å tru at for *Sverresoga* går noko av det tilbake på hovudpersonen sitt språk og retorikken hans – både i situasjonane som han stod i, og i den ideologiske forminga av saga som han «sat over».<sup>7</sup>

### 5.1 Dei karakteristiske trekka ved første del av saga

Det første Holm-Olsen tek opp, er dei stadene Sverre er nemnd som kjelde (1953, 57ff). Det første dømet er frå kap. 5, der ein av Sverre sine draumar vert referert med denne innleiinga: «Með þeim hætti hefir Sverrir sagðan þenna draum».<sup>8</sup> Så er det døme frå kap. 33, flukta frå Magnus og Erling sitt overfall i Bergen i 1179, og vidare eitt døme i kvart av kapitla 40, 43 og 49. Holm-Olsen konkluderer at dei tre sistnemnde kapitla er skrivne «av en som stod begivenheten fjernere enn Karl gjorde, da han skrev Gryla i samarbeid med Sverre.» (1953, 61). Eit argument for dette er også ein variasjon i tempusbruk med perfektum i kap. 5 og 33, medan dei seinare døma har preteritum. Dette peikar mot eit skilje før kap. 40 då. Det neste kriteriet er korleis saga viser til Guds vilje, det skjer på ein spesiell måte i første delen av saga. Holm-Olsen listar opp åtte døme, eitt av dei er i kap. 18, «með því at almáttigr Guð og hin helga María hafa margan fagran sigr gefit Sverri konungi»<sup>9</sup> (1953, 62). Desse døma er i delen av saga fram til og med kap. 24, som har det siste. Det er klart at Sverre prøvde å vise at han var utkåra av Gud og hadde særleg hjelp og vern frå Gud, som kong David i Bibelen. Eg trur Holm-Olsen har heilt rett i at Sverre har lagt stor vekt på at slike merknader vart tekne med i den skrivne saga, og at det neppe er tilfeldig at slike døme finst berre i dei første kapitla (1953, 65).

---

<sup>7</sup> Det kan vere lag av bibelallusjonar, endå om saga samstundes er umiskjenneleg særmerkt norrøn i alle aspekt. Ut over dei meir openberre som at Sverre stiller stormen på ferda over Voss, i episoden som er kalkert over Meisternen som gjorde det same på sjøen i Mark 4, 35–41, ser vi kan hende ein parallell mellom *Sverresoga* og evangelia i det faktumet at spørsmålet «kven er han?» både er innbakt i saga – med tilhøyrande svar om at, jau, han er kongsson – og blir diskutert i all ettertid, òg i dag.

<sup>8</sup> «På denne måten har Sverre fortalt denne draumen».

<sup>9</sup> «fordi den allmektige Gud og den heilage Maria har gjeve kong Sverre mang ein fager siger».

Kriteriet om saga sin omtale av Sverre sine kjensler, tankar og vilje er eitt som er både litterært og språkleg interessant. Det handlar om synsvinkel og tekststader der forfattaren veit kva Sverre kjenner, tenkjer eller vil. Eit døme er «Honum fekk þessi saga mikillar áhyggju, ok reikaði hans hugr mjøk»<sup>10</sup> (kap. 4) (Holm-Olsen 1953, 5). Dette fenomenet når til kap. 11 eller 14.

Holm-Olsen fører til fleire tekststader, nye for forskinga, som viser at Sverre er meir subjektivt skildra i dei første kapitla av saga. Desse trekka går på karakteristisk språkbruk. Det er uttrykk med «hugr» ('hug'/'tanke'), «hug-» og «hyggja» ('tenkje'), uttrykket «fannsk honum þat» ('det tykte han ...'), som finst éin stad, verbet «sýndisk»/«sýndusk» (honum) ('det syntest/såg ut som for han') som finst sju gonger brukt om Sverre innanfor dei første 16 kapitla, og éin gong i kap. 32, elles ikkje i det heile. At Sverre «vildi» ('ville') eller «vildi eigi» ('ville ikkje') førekjem òg mest i den tidlege delen av saga. Eit interessant trekk er at verbet «sjá» har ein annan bruk i dei første kapitla enn i resten av saga. Berre i den tidlege delen vert det brukt i tydinga 'innsjá, skjöne', elles har det den direkte tydinga 'å sjá med auga' (Holm-Olsen 1953, 66). Eit døme på den første bruken er (kap. 6) «sér Sverri hversu mikill mótstöðumaðr erki-biskup hafði verit hans brœðrum».<sup>11</sup> Holm-Olsen (1953, 67) nemner 13 slike døme, alle innanfor strekket kap. 6 til kap. 22. Det er berre eitt døme frå seinare i saga. Det fell såleis om lag saman med førekomsten av tilvisingane til Guds styring, som rekk til kap. 24. Også uttrykka «þótti sér» ('tykte seg'), «hann þóttisk» ('han tykte seg') og «honum þótti» ('det tyktest for han') syner ein tendens i fordelinga som kan vere eit samanfall med dei andre trekka.

I kapittelet sitt om Gryla finn Holm-Olsen ei rekkje ord som er brukte mest i den første delen av saga, og elles helst i Sverre sine talar, «spesielt hvor han ser tilbake på de første, harde årene». Desse orda er (1953, 87f.): «erfiði» ('strev'), «erfiðligr» ('strevsam'), «erfiðr» ('strevsam'), «mœði» ('møde'), «nauð» ('naud'), «valk» ('omtumling'), «vandask» ('bli vanskeleg'), «vandi» ('vanske'), «vandkvæði» ('vanske', 'knipe'), «vandræði» ('vanskeleg stilling'), «vás» ('slit') og «vásbúð» ('slit', 'strev').

Det er fine observasjonar Holm-Olsen gjorde her, og som han utvida i ein seinare artikkel (Holm-Olsen 1977). Dette er trekk av slik type som kunne vere verd å undersøkje på ny i dag dersom teksten først var syntaktisk annotert til dømes som ein setningstrebant. Då kunne ein studere til dømes bruken av visse verb og verbrammer innanfor ein tekst, som denne saga, og i samanlikning med andre norrøne tekstar. Observasjonar som Holm-Olsen sine viser etter mi meining i tilstrekkeleg grad at vi må rekne med karakteristisk ulikt språk i delar av denne saga, og viss det er fleire

<sup>10</sup> «Han tenkte mykje på denne forteljninga, og han var uroleg til sinns».

<sup>11</sup> «Sverre innser kor stor motstandar erkebiskopen hadde vore mot brørne hans».

grammatiske skilnader enn dei som til i dag er undersøkte, ville det vore moro om dei kom fram.

## 6 **Þorleifur Hauksson si utgåve av *Sverresoga* (2007)**

Til 100-årsjubileet i 2005 for «det norske kongerikes gjenreisning 1905–2005» fekk Noreg ei gåve frå Island som eg meiner oppfyller eit ønske som Holm-Olsen hadde i 1953. Indrebø si utgåve var av eitt enkelt handskrift, AM 327 4to, som Indrebø, og Arní Magnússon før han (Þorleifur Hauksson 2007, CXXXVII), identifiserte som «codex optimus» av saga. Utanom for gjennomgangen av prologen bygde Holm-Olsen studiane sine på Indrebø-utgåva, som ikkje alle stader fangar opp tekstvariasjonen mellom handskriftene av saga. «En utgåve av Sverres saga som tar hensyn til hele håndskriftmaterialet, trenges derfor i høy grad», skreiv Holm-Olsen (1953, 10). Eg tykkjer det er ei stor gåve at Island og Þorleifur Hauksson i 2007 gav ut *Sverris saga* i ei ny tekstutgåve med variantar og innleiingar. Utgåva er i det prektige formatet til serien *Íslensk fornrit*. Den nye utgåva inneheld ei gjennomarbeiding og nygransking av hypotesane om det tekstlege stamtreet (stemmaet) for *Sverresoga*, og ho opplyser om tekstlege variantar i eit noteapparat under hovudteksten. Det er framleis handskriftet 327 som ligg til grunn, men teksten er alle stader samanlikna med dei andre stemmatisk teljande handskriftene, der dei dekkjer. Utgåveteksten til Þorleifur Hauksson tek inn endringar i høve til 327 i nokre tilfelle der dei andre handskriftene står saman om det som truleg er ein meir opprinneleg tekst (2007, LXXX).

Þorleifur Hauksson byggjer på dei tidlegare arbeida om *Sverresoga* og gjev godt oversyn over desse og gode referansar til dei. På viktige punkt fører han granskinga vidare på ein måte som syner god og allsidig mellomalderkunnskap, imponerande overblikk, og i mine auge er det metodisk trygt og balansert gjort. Eg har ikkje sett utgåva anmeld i Noreg endå, men kan hende har eg oversett noko. Eg vil her i festskriftet få gratulere til Island og takke utgjevaren for dette arbeidet og denne utgåva, som er ei stor nytte og glede å ha for handa for filologar og andre som er interesserte i *Sverresoga*. Innleiinga til Þorleifur Hauksson er på heile 90 sider. Tor Ulset har omsett ho til norsk i eit fyldig samandrag. Av innleiingsstoffet er det særleg to ting eg ønskjer å løfte fram, og som eg meiner er vitskaplege framsteg.

### 6.1 **Stemmatikk og tekstkonstitusjon hjå Þorleifur Hauksson**

Handskriftet som framleis gjeld som «codex optimus», er AM 327 4to frå omkring 1300, kalla A, som Indrebø òg la til grunn. Det er hovudtekst for den nye utgåva òg. Argumenta i filologien for dette valet er gode, og denne konklusjonen vert neppe radikalt revurdert. For studiar på det ortografiske nivået er Indrebø-utgåva framleis den

gjeldande utgåva fordi ho fer noko nærare ortografien i handskriftet, særleg ved å markere oppløyste forkortingar. Þorleifur Hauksson normaliserer ortografien noko meir, i tråd med malen som er standarden for serien *Íslensk fornrit*.

Den nye utgåva tilfører eit variantapparat bygd på ei ny vurdering av det stemmatiske tilhøvet mellom A og dei andre handskriftene. Þorleifur Hauksson sin hypotese er at det bevarte handskriftet A er på søsternivå med eit tapt handskrift \*B. Båe går tilbake på eit felles, tapt steg av teksten som er kalla \*X. Ulikt stemmaforslaga til Gustav Indrebø og Lárus H. Blöndal kjem han til at dei andre fire handskriftene alle samlar seg under det hypotetiske felles førelegget \*B, med ei vidare forgreining \*C. Dei handskriftene er AM 47 fol. Eirspennill (E) frå byrjinga av 1300-talet, Gl. Kgl. Sml. 1005 fol. Flateyjarbók (F) skriven mellom 1387 og 1394, AM 81 a fol. Skálholtsbók yngsta (Sk) frå 1400-talet og Stockh. Perg. fol. nr. 8 (8) frå omkring midten av 1300-talet. Lárus H. Blöndal sitt stemma var ulikt for kap. 1–100 og 101–182, i tilhøvet mellom A og F (Þorleifur Hauksson 2007, XLII; figurar). Indrebø sette opp eitt stemma, men det har F i ei stemmatisk mellomstilling mellom dei to hovudgreinene. Utgjevaren presiserer at eit heilt endeleg resultat er svært vanskeleg å nå på grunn av tilstanden på tekstoverleveringa og på grunn av at det ville krevje ei samanlikning av alle lesemåtar, men at dei fleste argument peikar i denne leia (2007, XLVI).

Þorleifur Hauksson arbeider stemmatisk med tekststader som har kome fram i arbeidet med den nye utgåva. Det er eit større materiale enn før som no er trekt inn, særleg nemner han handskriftet Stockh. perg. fol. nr. 8, som det finst ei avskrift av i AM 304 4to. Denne teksten er no for første gong brukt i tekstsamanlikninga, så langt han rekk (2007, XXXVI). Det er elles interessant å sjå korleis karakteren av teksten i A gjev eit haldepunkt for – eller eit tilleggsmoment i – det tekstkritiske arbeidet. Hovudhandskriftet sin tekst er særmerkt ved dei mange parallellismene sine. Þorleifur Hauksson viser til Indrebø og Lárus H. Blöndal og gjev så si eiga liste over stader der A har parallellisme medan dei andre tekstvitna ikkje har det – men dei har tilsynelatande bevart kvar sin halvdel av det som har vore ein opphavelig parallellisme. Eitt døme er (kap. 9): «bundu þeir ráð sín ok félag» ('dei inngjekk forbund og fellesskap') A, «bundu þeir sitt félag» F og E, «bundu þeir ráð sitt saman» Sk (2007, LI). Det er plausibelt at A faktisk har bevart parallellismene frå det eldre felles utgangspunktet for tekstane, og endå eit argument for at A har den mest opphavlege teksten.

Med dette utgangspunktet skulle Þorleifur Hauksson sitt prinsipp for val av lesemåtar i tekstutgåva vere godt underbygt: A er lagt til grunn som hovudtekst, men lesemåtar frå \*B er tekne inn der alle eller dei fleste handskriftene har felles lesemåte mot A (2007, CXXXVII).

## 6.2 Må «upphaf bókarinnar» i prologen vise til Gryla?

Eit verkeleg spennande grep tykkjer eg Þorleifur Hauksson gjer med spørsmålet om Gryla. Det er omhandla i utgåva (2007) og grundig i artikkelform i 2006. Når vi veit at abbed Karl kom til Noreg i 1185, er det i utgangspunktet usannsynleg at han ikkje fekk stoff til og skreiv minst fram til den tid, altså minst til sigeren ved Fimreite i 1184. Men dette strir mot fortalen slik han har vore tolka. Ein har vilja finne omfanget av Karl Jonssons Gryla ut frå desse kriteria: 1) Lengda på det Sverre sjølv fortalde, ut frå orda «den forteljninga har ikkje komi så langt», 2) innhaldet, «Der er fortalt om somme av hærsлага hans» og 3) at forteljninga er bunden til Sverre sin stad og synsvinkel og ikkje til motstandarane. Dei som med desse kriteria har prøvd å finne eit skilje mellom Gryla og den seinare delen, har kome til svært ulike resultat og med ulike argument. Skiljet er vorte sett ved kap. 17, 31, 39, 40, 43, 100 og 109 (Þorleifur Hauksson 2007, LVII; Holm-Olsen 1953, 30–32). Dette viser at det har vore vanskeleg å identifisere noko skilje i saga som passar med orda i fortalen slik som dei har vore tolka. Difor, meiner Þorleifur Hauksson, er det rett å vende merksemda mot korleis vi les prologen. Her meiner han at det einaste som fortalen utvitydig seier, er at *Sverresoga* er delt i to, og at den første delen, Gryla, har fått namnet sitt ut frå innhaldet, ikkje etter kven som skreiv. Det er ikkje sagt at prologen sitt «opptaket til boka» («upphaf bókarinnar») er det same som den delen av boka som var kalla Gryla (2007, LIX). Til styrking for denne tolkinga fører Þorleifur Hauksson Flateyjarbók sin lengre og yngre versjon av fortalen. Der er *Sverresoga* omtala som delt i to: Gryla og den seinare delen «perfectam fortitudinem», heilt uavhengig av kven som har «sagt føre» opplysningane. Namna er berre avhengige av innhaldet: den meir uvisse trusselen frå Sverre i første del og den fulle styrken hans i andre del. Viss denne tolkinga er haldbar, er definisjonen av Gryla løyst frå spørsmålet om kven som fortalde innhaldet, og kven som skreiv. Gryla er då *Sverresoga* frå byrjinga og så langt som ho handlar om den skremmelege framvoksteren av Sverre si makt. Etter dette resonnementet tenkjer Þorleifur Hauksson seg at Gryla kan ha rokke fram til slutten av kap. 100, der Sverre etter sigeren ved Fimreite er vorten konge over heile Noreg. Det gjev seg her ei naturleg avgrensing. Kap. 100 er éin av dei gamle hovudhypotesane, som òg Indrebø testa.

## 7 Oppsummering

Korleis høver denne omtolkinga av Gryla si lengd med Holm-Olsen og Indrebø sine resultat, som vi såg på ovanfor? Det er klart at augnevitnetrekka som er knytte til Sverre, samlar seg i dei tidlege kapitla, fram til og med kap. 24 ifølgje Holm-Olsen. Men dette er ikkje unaturleg, sidan det er der Sverre har fortalt om ting som skjedde for lengre tid sidan. Til hendingane som låg nærmare i tid, har det vore fleire som

kunne fortelje. Vi kan sjå det slik at denne første delen av saga er sterkare og meir einerådande prega av Sverre som augnevitne og forteljar. Det som Indrebø og Holm-Olsen og fleire har målt, er då innslaget av Sverre si eiga forteljing, og hans eige språk, i den delen der det er mest konsentrert.

No er det ei mogleg innvending mot den nye hypotesen at det faktumet at grensa ein har funne for Gryla si lengd, er diffus, ikkje er heilt uventande. Ein slik overgang kan medføre omredigeringar som strekkjer seg eit stykke, og dermed verte uskarp. Eg hallar likevel til at fordelane med Þorleifur Hauksson si nylesing av prologen veg tyngre, med tanke på forklaringskraft.

Holm-Olsen arbeidde seg setning for setning gjennom prologen (1953, 35ff.), og kom til konklusjonen om identitet mellom Gryla og det stoffet som Sverre rådde for at Karl skulle skrive. I tråd med si tolking av orda i prologen heldt Holm-Olsen fast på at Gryla, og abbed Karl sitt samarbeid med kong Sverre, berre rakk fram til kap. 31 (1977, 67). Han meinte samstundes at Karl kunne ha skrive heile resten av saga seinare. Vi kan seie at Holm-Olsen med fleire stod på hypotesen om den kortaste Gryla (Indrebø sette skiljet ved kap. 43).

Holm-Olsen la sterk vekt på det grammatisk formelle. Det er eit godt og rett prinsipp i filologisk nærlesing. Det inneber at ein vurderer andre mogleikar som formelt *kan* vere korrekte, sjølv om dei ikkje er føretrekte. Han byrjar med å seie at opplysningane som prologen gir om tilblivinga av saga, er uklare, og at undersøkinga difor er nødvendig. At opplysningane er uklare, opnar for at her kan vere fleire moglege tolkingar. Eg ettergår ikkje her Holm-Olsen sine resonnement i detaljane, men eg vil meine at med tanke på at det som er uklart, må sikte til referansekjeda som startar med frasen «er þat upphaf bókarinnar» ('det er byrjinga til boka') og endar med «kølluðu þeir þann hlut bókar fyrir því Grýlu» ('den delen av boka kalla dei difor Gryla') (jf. Holm-Olsen 1953, 35 ff.), så er den formelle opninga til stades for nylesinga til Þorleifur Hauksson, nemleg at det *ikkje er* identitet mellom «upphaf bókarinnar» og den delen av saga dei kalla Gryla. Då blir spørsmålet løyst frå kravet om ei språkleg eller stilistisk påviseleg grense, og Gryla si lengd kan setjast til kap. 100, som er det naturlege slutt-kapittelet for den delen.



## Referansar

AM 327 4to [katalogtekst og handskriftbilete].

<https://handrit.is/is/manuscript/view/da/AM04-0327>

Bagge, Sverre. 1996. *From gang leader to the Lord's anointed. Kingship in Sverris saga and Hákonar saga Hákonarsonar*. [Vol. 8. av *The Viking Collection. Studies in Northern Civilization*. Hovedredaktører Preben Meulengrach Sørensen og Gerd Wolfgang Weber.] Odense: Odense University Press.

Fossestøl, Bernt. 1983. *Bindingsverket i tekster*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hagland, Jan Ragnar. 2016. «Skjelettet i brønnen på Sverresborg: Om sagaens byggeklossar og Sverris saga» *Trondhjemske samlinger* 2016: 33–42.

Hagland, Jan Ragnar. 2017. «Om Torstein Kuga og borga på Steinberget». *Trondhjemske samlinger* 2017: 77–83.

Harris, Joseph. 1986. «Saga as historical novel». I *Structure and meaning in Old Norse literature. New approaches to textual analysis and literary criticism*, redigert av John Lindow, Lars Lönnroth og Gerd Wolfgang Weber, 187–219. [Vol. 3 av *The Viking Collection. Studies in Northern Civilization*. Hovedredaktører Preben Meulengrach Sørensen og Gerd Wolfgang Weber.] Odense: Odense University Press.

Holm-Olsen, Ludvig. 1953. *Studier i Sverres saga*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.

Holm-Olsen, Ludvig. 1977. «Til diskusjonen om Sverres sagas tilblivelse». I *Opuscula septentrionalia. Festskrift til Ole Widding 10.10.1977*, redigert av Bent Chr. Jacobsen, 55–67. København: Reitzel.

Knirk, James. 1981. *Oratory in the Kings' sagas*. Oslo: Universitetsforlaget.

Koht, Halvdan. 1914. «Norsk historieskrivning under kong Sverre, serskilt Sverre-soga». *Edda* 1914 (II): 67–102.

Koht, Halvdan. 1921. *Innhogg og utsyn i norsk historie*. Kristiania: Aschehoug.

Kyrkjebø, Rune. 2001. *Heimskringla I etter Jofraskinna : karakteristikk av tekstoitna samt tekstkritisk utgåve av Jens Nilssøns avskrift i AM 37 folio*. Bergen: Nordisk institutt.

Kyrkjebø, Rune. 2021 [Under utgjeving]. «Sverresoga – «livs livande og skori ut or det verkelege livet». I *Bok frå seminaret «Voss som region og Vangen som regionsenter i mellomalderen»*, Voss 25. og 26. mai 2018, redigert av Gunnstein Akselberg og Alf Tore Hommedal.

Lárus H. Blöndal. 1951. «Grýla». I *Á góðu dægri : afmælisveðja til Sigurðar Nordals 14. sept. 1951 frá yngstu nemendum hans*, redigert av Ragnar Jónsson, 175–204. Reykjavík: Helgafell.

Lárus H. Blöndal. 1982. *Um uppruna Sverrissögu*. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar.

- Louis-Jensen, Jonna. 1997. «Heimskringla – Et værk af Snorri Sturluson?» *Nordica Bergensia* 14: 230–245. Gjenoptrykt i festskriftet *Con amore*, med jubilentens egne artiklar, utg. ved Michael Chesnutt og Florian Grammel. København: Reitzel 2006.
- Rindal, Magnus. 1996. «Ludvig Holm-Olsen». I *Fagprofilar ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 1946-1996*, redigert av Jarle Bondevik, Willy Dahl og Sigurd Aa. Aarnes, 66–75. Bergen: Nordisk institutt.
- Stoltz, Hilde. 2011. «Fra Sallust til kong Sverre. Klassiske kilder, Rómverja saga og Sverris saga». *Collegium Medievale* 24: 87–112.
- Sverresoga*. 1995 [første utgåve 1913]. Omsett av Halvdan Koht. Oslo: Samlaget.
- Sverris saga etter Cod. AM 327 4°*. 1920. Utgjeve av Den Norske Historiske Kildeskriftkommission ved Gustav Indrebø. Kristiania.
- Sverris saga*. 2007. Utgitt av Þorleifur Hauksson. Innleiing på norsk omsettav Tor Ulset. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.
- Þorleifur Hauksson. 2006. «Grýla Karls ábóta». *Gripla* XVII: 53–166.

## Abstract

*Sverres saga* is a characteristic work that has had a defining influence on Old Norse literature. The saga was written early and close to the recounted events, even close to king Sverre himself, who had an active role when the saga was first written. The saga is rich in detail and close to the reality of the events, yet at the same time characterized by typical traits of Old Norse saga and the scholarly and religious learning of the time, with finely adapted biblical allusions. Questions about the creation of the saga have occupied philologists for a long time, especially the question of Gryla, the first part of the saga. Ludvig Holm-Olsen made an important contribution with his studies published in 1953. When we take stock of research today, Þorleifur Hauksson's edition of *Sverres saga* from 2007 emerges as a major contribution to recent research. Another definition of Gryla has been proposed.

Rune Kyrkjebø  
Universitetet i Bergen  
[rune.kyrkjebo@uib.no](mailto:rune.kyrkjebo@uib.no)

# Suffikskombinasjoner i norsk med adjektivsuffiks på første plass

Hva er tillatt, og hva er ikke tillatt?<sup>1</sup>

Thorsteinn G. Indridason

Artikkelen handler om suffikskombinasjoner i norsk med adjektivsuffiks på første plass, hva som styrer rekkefølgen av suffiksene, og hvor vanlige kombinasjonene er. Ved hjelp av Aviskorpus (bokmål) ble det gjort søk etter kombinasjoner av åtte adjektivsuffiks og ni suffiks som kan kobles til adjektivsuffiks, i alt 72 kombinasjoner. Belegg for 15 av de 72 ble funnet. I artikkelen blir ulike årsaker til at det ikke finnes flere slike kombinasjoner i norsk diskutert, hovedsakelig suffiksenes valgrestriksjoner. Restriksjonene går bl.a. ut på at noen suffiks bare kan kobles til grunnord som ikke selv er suffigert, og de kan derfor ikke delta i suffikskombinasjoner. Videre viser det seg at det er ganske vanskelig å bytte om på rekkefølgen av suffiksene i en kombinasjon, og det reduserer betydelig muligheten for flere belegg. I norsk finnes det derimot «kløyvd» suffigering, som delvis kompenserer for mangel på suffikskombinasjoner. Kløyvd suffigering innebærer at det skytes inn fuge mellom to suffikser som ellers ikke kan stå sammen i en kombinasjon. Fugen åpner da for videre suffigering.

## 1 Innledning

Det finnes rundt 50 avledningssuffikser i norsk bokmål som den vanlige språkbruker nokså lett kan skille fra grunnordet, jf. Askedal (2016). Hvis man forutsetter at disse femti suffiksene kan stå sammen i et ord, at deres innbyrdes rekkefølge kan endres, og

---

<sup>1</sup> Stor takk til to anonyme konsulenter og til Hans-Olav Enger for kommentarer til tidligere versjon av artikkelen. Videre takk til redaktørene for samarbeidet. Alle feil som fortsatt finnes i teksten, skrives på min regning.

at ingen av suffiksene kan kobles til seg selv, skulle vi finne 2450 suffikskombinasjoner.<sup>2</sup> Bekreftede kombinasjoner er likevel langt færre, og det indikerer at den innbyrdes rekkefølgen av suffikser ikke er fri, men temmelig fastlagt.

Undersøkelsen som blir presentert her, begrenses til kombinasjonene av åtte avledningssuffikser som lager adjektiver (adjektivsuffikser,) og ni avledningssuffikser som kan kobles til adjektiver, i alt 72 suffikskombinasjoner.<sup>3</sup> Undersøkelsen har et todelt mål: å finne belegg for aktuelle suffikskombinasjoner hvor adjektivsuffikset er på første plass av suffiksene, jf. (1), og å finne fram til de trekkene som styrer denne suffigeringen, dvs. hva det er som tillater disse suffikskombinasjonene, og hva det er som hindrer dem:

(1) grunnord + adjektivsuffiks + suffiks som kan kobles til adjektiver

I (2) er det vist noen dokumenterte suffikskombinasjoner fra undersøkelsen:

(2) råd-ig-het, skall-et-het, italien-sk-aktig, utren-sk-ing, lønn-som-het

Et eksempel på restriksjoner på suffikskombinasjoner er når et avledningssuffiks bare kan kobles til grunnord av en bestemt ordklasse (se f.eks. diskusjon hos Enger 2008). Gode eksempler på dette er *-het*, som bare kan kobles til adjektiv, jf. *svak* (adj.) – *svakh* (subst.), og *-inne*, som bare kan kobles til substantiv, jf. *lærer* (subst.) – *lærerinne* (subst.), se f.eks. Askedal (2016). Noen suffikser kan kobles til grunnord som allerede er suffigerte, jf. *-lig*, som kobles til *-bar* i *feil-bar-lig*, og *-het*, som kobles til *-som* i *hjelp-som-het*, jf. også eksemplene i (2).<sup>4</sup> Noen avledningssuffikser kan derimot bare kobles til enkle grunnord (dvs. de som har én stavelse), jf. *-som* i *plag-som* og *-sel* i *treng-sel*.<sup>5</sup> Suffikset *-som* er likevel åpent for videre orddanning, jf. *hjelp-som-het* ovenfor. Og andre suffikser, som *-sk*, kan ikke kobles til allerede suffigerte grunnord selv om de for øvrig kan kobles til grunnord på to stavelser, jf. *brundtlandsk* (se 2.4).

For å undersøke nærmere hvilke trekk det er som styrer suffigeringen i suffikskombinasjoner, blir følgende spørsmål stilt i artikkelen:<sup>6</sup>

<sup>2</sup> Blant de 50 tas ikke med suffikser av romansk og neoklassisk opphav som *-eri*, *-anse* og *-isme*, som det er rundt 30 av i norsk (se Askedal 2016). Tallet 2450 er tilkommet ved å høyne 50 suffiks i andre potens (2500) minus femti suffikser, idet suffikser vanligvis ikke kobles til seg selv (se Fabb 1988, 528).

<sup>3</sup> Her blir det fokusert på adjektivsuffikser på første plass, og suffikskombinasjoner med substantivsuffiks på første plass blir ikke omtalt. Det er et tema for en annen og større undersøkelse enn det er anledning til her.

<sup>4</sup> Flere slike kombinasjoner med *-het* er *søvn-løs-het*, *venn-lig-het* og *fukt-ig-het*.

<sup>5</sup> Det finnes riktignok ord som *mistenksom*, *omtenksom* og *ettertenksom*, men de er alle prefigerte.

<sup>6</sup> Manova og Aronoff (2010, 109) mener at slike spørsmål er sentrale innenfor lingvistikken.

- (3) a. Hvilke suffikser kan kobles til suffigerte grunnord og hvilke ikke?  
 b. Hvilke suffikser kan ta imot andre suffikser og hvilke ikke?  
 c. Kan man endre på den innbyrdes rekkefølgen av suffikser?

Artikkelen er organisert slik at i avsnitt 2 blir tre hypoteser om suffikskombinasjoner diskutert med hovedvekt på valgrestriksjoner, i avsnitt 3 blir resultater fra selve undersøkelsen presentert, og avsnitt 4 rommer analyse av resultatene i 3 og en diskusjon av om det er naturlig at det ikke finnes flere belagte kombinasjoner med adjektivsuffiks på første plass i norsk. I avsnitt 5 er det en oppsummering av hovedfunnene i artikkelen.

## 2 Tre hypoteser om suffikskombinasjoner

### 2.1 Innledning

Det teoretiske grunnlaget i artikkelen baserer seg i all hovedsak på ideen om valgrestriksjoner (*selectional restrictions*), jf. Fabb (1988) og Aronoff og Fuhrhop (2002). Men andre ideer om suffikskombinasjoner og hva som er mulig og ikke mulig blir også presentert, nemlig det lagdelte leksikonet innenfor leksikalsk fonologi, jf. Kiparsky (1982, 1984) og Mohanan (1986), og tydelighetshypotesen til Hay og Plag (2004). Dette er gjort for å illustrere noe av det som har vært diskutert på dette området de siste 30–40 årene. Vi begynner med det lagdelte leksikonet i 2.2, før vi i 2.3 går videre til hypotesen til Hay og Plag (2004). Til slutt blir valgrestriksjoner diskutert i 2.4.

### 2.2 Lagdeling av leksikonet

Innenfor teorien om leksikalsk fonologi (*Lexical Phonology*) var ideen om et lagdelt leksikon og samspill mellom lagdeling og applisering av fonologiske regler sentral (se f.eks. Kiparsky 1982, 1984, 1985; Rubach 1985; Mohanan 1986; Katamba 1993; Booij 1994). Teorien sa bl.a. noe om hvilke typer suffikskombinasjoner som var mulige i språk, og hvilke som ikke var det. Morfologien ble fordelt på bestemte lag i leksikonet, og denne lagdelingen var for det meste styrt av appliseringen av fonologiske regler. I lagene ble fonologiske regler applisert etter visse prinsipper; de fonologiske reglene ble i størst grad applisert over grensen mellom grunnord (stamme) og bøyningsendelser og i noen grad over grensen mellom grunnord og avledningssuffikser (avhengig av hvilket suffiks det var tale om), men i mye mindre grad over grensen mellom første og andre ledd i sammensetninger.<sup>7</sup> Der hvor det var slik at samme fonologiske

---

<sup>7</sup> I artikkelen blir det som suffikser kobles til, benevnt grunnord. Grunnord kan være av forskjellig art, enkle grunnord (røtter) eller mer komplekse grunnord (avledninger og sammensetninger).

regel ble applisert ulikt mellom grunnord og to avledningssuffikser, ble suffiksene delt på to lag; suffikser som satte i gang fonologiske regler som påvirket grunnordet fonetisk, kom på ett lag, og suffikser som ikke gjorde det, kom på et annet lag. Suffikser som forårsaket lydendringer i grunnordet, ble klassifisert som *Suffiks I*, men suffikser som ikke gjorde det, ble klassifisert som *Suffiks II*. Innenfor leksikalsk fonologi ble den innbyrdes rekkefølgen mellom suffiksgruppene slik at *Suffiks I* alltid kom innenfor *Suffiks II* når disse suffiksene stod sammen innenfor et ord. Selve lagdelingen skulle så gjenspeile det.

I norsk virker regelen om flytting av trykk på forskjellige måter avhengig av det aktuelle suffikset. Ved suffigering av visse suffikser flyttes trykket, mens suffigering av andre suffikser ikke har den effekten, jf. (4) (aksentmerket betyr hovedtrykk):

(4a) áktiv → aktivére, dráma → dramátisk (flytting av trykk)

(4b) útsette → útsettelse, féber → féberaktig (trykket flyttes ikke)

Dei tre konstruksjonane som eg undersøker her, har forholdsvis klare tilsvaret i engelsk: *N etter N* svarar til *N after N*, *N for N* svarar til *N by N*, og *N på N* svarar til *N (up)on N*. Jackendoff (2008) omtalar betydninga til alle dei tre engelske konstruksjonane som «succession» og peikar på at *N (up)on N* har eit tilleggselement av vertikal orientering som *N after N* ikkje har. Han nemner at liknande uttrykk med målesubstantiv i fleirtal, som *hundreds upon hundreds of demonstrators* og *buckets upon buckets of paint*, uttrykkjer uventa stor mengde.

Skal ein nærme seg ei forståing av forskjellane mellom *N etter N*, *N for N* og *N på N*, er det naturleg å ta utgangspunkt i preposisjonane. Preposisjonen *på* uttrykkjer grunnleggande ein relasjon som er slik at ein primærdeltakar er eller blir plassert ovanpå ein sekundærdeltakar. Dette kan òg vere betydninga i *N på N*, som i *lag på lag med jord*, men ofte er betydninga avsvekt slik at primærdeltakaren meir allment kjem i tillegg til sekundærdeltakaren, som i *(spise) skive på skive*.

Preposisjonen *etter* uttrykkjer typisk at ein primærdeltakar følgjer ein sekundærdeltakar i tid eller rom. Slik er det òg typisk i ein NPN som f.eks. *time etter time* eller *(drikke) flaske etter flaske*.

Preposisjonen *for* er noko meir spesiell i NPN-samanheng. Historisk er betydninga 'framfor, før', men det er lite att av den no. Det er ikkje enkelt å seie kva preposisjonen i seg sjølv betyr i f.eks. *skritt for skritt* eller *minutt for minutt*, så betydninga må søkjast i bruken av konstruksjonen *N for N*.

|                  | NO                                 | NAOB                          |
|------------------|------------------------------------|-------------------------------|
| <i>N etter N</i> | «ei samanhengande, ubroten rekkje» | «ubrutt fortsettelse»         |
| <i>N for N</i>   | «ei ubroten rekkjefylgje»          | «en stadig ubrutt rekkefølge» |
| <i>N på N</i>    | «ei samanhengjande rekkje»         | «ubrutt fortsettelse»         |

Tabell 2. Omtalen av NPN-konstruksjonane i NO og NAOB (s.v. *etter*, *for*, *på*)

Dei tre NPN-konstruksjonane er omtalte på temmeleg like måtar seg imellom i *Norsk Ordbok* (NO) og *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB). Eg har sett dei opp skjematisk i tabell 2. NAOB skriv dessutan om *N for N* at det dreiar seg om «noe som foretas, skjer eller utvikler seg jevnt eller gradvis» (s.v. *for*). Dette skriv ikkje NO, og noko

tilsvarande står det ikkje i ordbøkene om *N etter N* eller *N på N*. Som vi skal sjå, får NAOB fram eit særdrag ved *N for N* her.

### 3 Materiale og metodar

Undersøkinga har materiale frå Leksikografisk bokmålskorpus, eit balansert korpus med om lag 100 millionar ord (Fjeld, Nøklestad og Hagen 2020). Materialet her utgjer ein del av det som ligg til grunn for Kinn (2021), og eg viser til den detaljerte metode-skildringa der. Materialet inneheld til saman 5840 døme på dei tre NPN-konstruksjonane som eg undersøker.

Den vidare undersøkinga er tredelt. I alle delane er fokuset på samanlikning av konstruksjonane. Først har eg kategorisert døma etter syntaktiske funksjonar: adverbial, subjekt, objekt, komplement i preposisjonsfrase o.a. Dette gjer det mogleg å samanlikne dei syntaktiske profilane til konstruksjonane.

Den andre delen dreiar seg om å samanlikne leksikalske profilar. For å analysere tilhøvet mellom dei tre konstruksjonane og substantiva i dei brukte eg multippel distinktiv kollekssemanalyse (Gries og Stefanowitsch 2004). Til å utføre utrekningane brukte eg Stephan Th. Gries sitt R-skript for kollostruksjonsanalyse (Gries 2014). Med denne metoden undersøker eg kva for nokre substantiv som førekjem meir frekvent i éin gitt konstruksjon – sett i høve til konstruksjonen sin frekvens – enn i dei andre konstruksjonane. Tabell 3 syner dei tala som inngår i utrekninga for substantivet *mil* i konstruksjonen *N etter N*. *Mil etter mil* førekjem 51 gonger, mens *mil for mil* og *mil på mil* førekjem høvesvis éin og ni gonger. *N etter N* førekjem 2435 gonger med andre substantiv enn *mil*, og *N for N* og *N på N* førekjem høvesvis 1681 og 1663 gonger med andre substantiv.

|                  | <i>N etter N</i> | <i>N for N</i> | <i>N på N</i> | Sum  |
|------------------|------------------|----------------|---------------|------|
| <i>mil</i>       | 51               | 1              | 9             | 61   |
| Andre substantiv | 2435             | 1681           | 1663          | 5779 |
| Sum              | 2486             | 1682           | 1672          | 5840 |

Tabell 3. Døme på grunnlagstal for multippel distinktiv kollekssemanalyse

Ut frå kolonne- og radsummane kan ein rekne ut venta frekvensar. Når avviket mellom venta frekvens og observert frekvens for ein gitt substantiv–konstruksjonskombinasjon vert tilstrekkeleg stort, kan ein seie at substantivet er «tiltrekt» eller «fråstøytt» av konstruksjonen. R-skriptet nyttar ein einhala eksakt binomialtest og oppgir log-transformerte sannsynsverdiar for avvika. Ein slik verdi blir kalla kollostruksjonsstyrke og fortel kor sterkt substantivet er tiltrekt eller fråstøytt av konstruksjonen.

Styrkar over ca. 1,3 er signifikante på 5 %-nivå og viser tiltrekking. (Styrkar under ca. -1,3 viser fråstøyting.) Eit substantiv som når over 1,3 for ein gitt konstruksjon, er derfor eit distinktivt kollekssem for konstruksjonen. For *mil* i *N etter N* er kollostruksjonsstyrken 10,30, så *mil* er heilt klart eit distinktivt kollekssem for *N etter N*. (*Mil for mil* og *mil på mil* har derimot negative styrkar (høvesvis -7,59 og -2,05) og er såleis fråstøytte.)

Den tredje delen av undersøkinga tek utgangspunkt i at *N etter N* og særleg *N på N* viser seg å ha mange målesubstantiv som distinktive kollekssem. Slike uttrykk har gjerne eit modifierande tillegg som opplyser om den målte arten, t.d. som i *lass på lass med høy*. Dette er pseudopartitive konstruksjonar. Eg undersøker i kva grad dei tre NPN-konstruksjonane er brukte slik, og kva målesubstantiv som då inngår.

#### 4 Syntaktiske profilar: eksterne funksjonar

Eg har klassifisert dei 5840 døma i materialet etter den syntaktiske funksjonen til NPN-konstruksjonen. Kinn (2021) skilde berre mellom modifierande og nominal bruk. Ved modifierande bruk er det nesten alltid tale om eit adverbial, altså ein konstituent i ei setning eller ein verbfrase (sjå døme i avsnitt 1).<sup>13</sup> Den einaste nokolunde vanlege modifierande funksjonen elles er tillegg i substantivfrase, som i (11), der *dag for dag* er underordna *styringen*:

- (11) Styringen av arrangementene **dag for dag** vil blant annet skje ved hjelp av et digitalt kart

Dei nominale funksjonane er velkjende: subjekt, potensielt subjekt, (direkte) objekt, komplement i preposisjonsfrase og subjektspredikativ. Det er gitt døme på objekt og komplement i preposisjonsfrase i avsnitt 1. (12)–(14) gir døme på subjekt, potensielt subjekt og subjektspredikativ.

- (12) **Kroppsdel for kroppsdel** underlegges moteskapernes og de kreative brukernes fetisjistiske fantasi
- (13) i innboksen popper det fram **linje etter linje med feite bokstaver**
- (14) alt jeg kan se er **bunke på bunke med sider**

---

<sup>13</sup> Den semantiske typen av adverbial er ofte (distribusjons)måte, men adverbial for tid, frekvens og distanse er òg vanlege (jf. Kinn 2021). Det kan vere svært vanskeleg å trekkje klare skilje mellom dei semantiske typane, så eg oppgir ikkje tal for undertypar av adverbial.

Resultata av den syntaktiske klassifikasjonen er presenterte i tabell 4. Ved *N på N* har eg skilt ut *gang på gang*, som har heile 1061 dømme mot dei resterande 611, altså 63,5 % av materialet for konstruksjonen.

| Funksjon                  | N<br><i>etter N</i> |       | N<br><i>for N</i> |       | N<br><i>på N</i> |       | <i>gang</i><br><i>på gang</i> |       | Sum  |       |
|---------------------------|---------------------|-------|-------------------|-------|------------------|-------|-------------------------------|-------|------|-------|
|                           | N                   | %     | N                 | %     | N                | %     | N                             | %     | N    | %     |
| Adverbial                 | 1230                | 51,8  | 1473              | 89,9  | 57               | 11,2  | 1053                          | 99,7  | 3813 | 68,4  |
| I <i>ha-/med</i> -konstr. | 1                   | 0,0   | 0                 | 0,0   | 1                | 0,2   | 0                             | 0,0   | 2    | 0,0   |
| I substantivfrase         | 15                  | 0,6   | 23                | 1,4   | 0                | 0,0   | 3                             | 0,3   | 41   | 0,7   |
| I adjektivfrase           | 1                   | 0,0   | 0                 | 0,0   | 0                | 0,0   | 0                             | 0,0   | 1    | 0,0   |
| I adverbfrase             | 3                   | 0,1   | 0                 | 0,0   | 0                | 0,0   | 0                             | 0,0   | 3    | 0,1   |
| Sum, modif. bruk          | 1250                | 52,6  | 1496              | 91,3  | 58               | 11,4  | 1056                          | 100,0 | 3860 | 69,2  |
| Subjekt                   | 172                 | 7,2   | 22                | 1,3   | 83               | 16,4  | 0                             | 0,0   | 277  | 5,0   |
| Potensielt subjekt        | 22                  | 0,9   | 0                 | 0,0   | 44               | 8,7   | 0                             | 0,0   | 66   | 1,2   |
| Objekt                    | 351                 | 14,8  | 104               | 6,3   | 182              | 35,9  | 0                             | 0,0   | 637  | 11,4  |
| Kompl. i prep.fr.         | 570                 | 24,0  | 13                | 0,8   | 107              | 21,1  | 0                             | 0,0   | 690  | 12,4  |
| Subjektspredikativ        | 11                  | 0,5   | 3                 | 0,2   | 33               | 6,5   | 0                             | 0,0   | 47   | 0,8   |
| Sum, nom. bruk            | 1126                | 47,4  | 142               | 8,7   | 449              | 88,6  | 0                             | 0,0   | 1717 | 30,8  |
| Sum, klassifisert         | 2376                | 100,0 | 1638              | 100,0 | 507              | 100,0 | 1056                          | 100,0 | 5577 | 100,0 |
| Ikkje klassifisert        | 110                 |       | 44                |       | 104              |       | 5                             |       | 263  |       |
| Totalsum                  | 2486                |       | 1682              |       | 611              |       | 1061                          |       | 5840 |       |

Tabell 4. Syntaktiske funksjonar. Kolonnen for *N på N* har ikkje med *gang på gang*. Prosenttala er rekna ut frå summene av klassifiserte dømme.

Ein temmeleg stor del av materialet (263 dømme = 4,5 %) er uklassifisert. NPN-ar synest å opptre særleg ofte som overskrifter og i setningsfragment. Eit dømme på det siste er gitt i (15):

- (15) Jeg marsjerte raskt ut i hælene på vaktmannen som skulle følge meg ut. **Dør etter dør**, lange korridorer, nøkler som klirret. Jeg kunne ikke komme fort nok ut i friheten.

Overskrifter og setningsfragment har naturlegvis tekstlege funksjonar, men dei kan vanskeleg klassifiserast i tradisjonelle syntaktiske funksjonar. Det er knapt mogleg å avgjere om uttrykket *dør etter dør* i (15) er adverbialt eller nominalt.

Vi ser at det er store skilnader mellom dei tre konstruksjonane i fordelinga mellom nominal og modifierande funksjon. Innanfor dei nominale funksjonane er det òg monalege skilnader mellom konstruksjonane. Noko som går att i alle, er at subjekt er mindre frekvente (samla: 5,0 %) enn objekt (11,4 %). Det er påfallande sidan subjekt

generelt er vesentleg meir frekvente enn objekt. Noka forklaring på dette har eg ikkje.<sup>14</sup> *N for N* er sjeldan nytta som komplement i preposisjonsfrase (0,8 %), mens dette er den klart mest frekvente nominale funksjonen ved *N etter N* (24,0 %). Det siste kjem av at *N etter N* svært ofte er komplement til preposisjonen *i* (390 eksemplar, dvs. 16,4 %). Dei fleste av desse er tidsadverbial som *i time etter time*.

## 5 Leksikalske profilar

Den enkle syntaktiske profileringa av konstruksjonane i avsnitt 4 får fram tydelege skilnader mellom konstruksjonane. Det er likevel meir opplysende å sjå på kva for enkeltsubstantiv og semantiske grupper av substantiv som kjenneteiknar konstruksjonane. I tabell 5 presenterer eg dei ti mest frekvente substantiva for kvar konstruksjon.

| <i>N etter N</i> |           | <i>N for N</i>           |           | <i>N på N</i>    |           |
|------------------|-----------|--------------------------|-----------|------------------|-----------|
| Substantiv       | Eksemplar | Substantiv               | Eksemplar | Substantiv       | Eksemplar |
| <i>år</i>        | 367       | <i>skritt</i>            | 154       | <i>gang</i>      | 1061      |
| <i>dag</i>       | 289       | <i>dag</i>               | 134       | <i>lag</i>       | 141       |
| <i>time</i>      | 146       | <i>bit</i> <sup>15</sup> | 123       | <i>stein</i>     | 24        |
| <i>kveld</i>     | 113       | <i>ord</i>               | 98        | <i>rad</i>       | 19        |
| <i>gang</i>      | 99        | <i>trinn</i>             | 88        | <i>rekke</i>     | 16        |
| <i>natt</i>      | 97        | <i>år</i>                | 83        | <i>meter</i>     | 12        |
| <i>uke</i>       | 81        | <i>slekt</i>             | 71        | <i>hulle</i>     | 10        |
| <i>måned</i>     | 57        | <i>steg</i>              | 55        | <i>side</i>      | 10        |
| <i>mil</i>       | 51        | <i>linje</i>             | 36        | <i>kilometer</i> | 9         |
| <i>side</i>      | 40        | <i>punkt</i>             | 34        | <i>mil</i>       | 9         |

Tabell 5. Dei mest frekvente substantiva

Allereie her kan ein skimte visse særdrag ved konstruksjonane, men kolleksjeanalysen gir endå tydelegare resultat. Tabell 6 syner dei ti mest distinktive kolleksje

<sup>14</sup> Om eg skal tillate meg å spekulere: I Kinn (2022) antydgar eg at nominal funksjon kan vere ein innovasjon for NPN-ar, og at det opphavleg berre fanst modifiserande/adverbiale NPN-ar. Eg har ikkje historisk evidens for eller imot ein slik hypotese. Men dersom alle NPN-ar tidlegare var adverbiale, har dei typisk vore slutfeltsledd. Då er det kortare veg i form av reanalysar til objekt, som normalt står i slutfeltet, enn til subjekt, som står i forfeltet eller midtfeltet.

<sup>15</sup> *Bit* har betydninga 'del'. *Bit* 'minste informasjonseining' er skilt ut og førekjem òg, men langt mindre frekvent.

for kvar konstruksjon. Kolonnen «Styrke» oppgir kollostruksjonsstyrken til substantivet i høve til konstruksjonen.

| <i>N etter N</i>  |        | <i>N for N</i>    |        | <i>N på N</i>   |               |
|-------------------|--------|-------------------|--------|-----------------|---------------|
| Kolleksem         | Styrke | Kolleksem         | Styrke | Kolleksem       | Styrke        |
| <i>år</i>         | 63,92  | <i>skritt</i>     | 77,89  | <i>gang</i>     | $\infty^{16}$ |
| <i>kveld</i>      | 41,91  | <i>bit</i>        | 58,04  | <i>lag</i>      | 52,10         |
| <i>natt</i>       | 34,22  | <i>trinn</i>      | 45,77  | <i>rad</i>      | 5,90          |
| <i>dag</i>        | 25,70  | <i>ord</i>        | 43,64  | <i>rekke</i>    | 3,91          |
| <i>time</i>       | 24,56  | <i>steg</i>       | 29,73  | <i>glass</i>    | 3,80          |
| <i>uke</i>        | 19,60  | <i>slekt</i>      | 20,97  | <i>stein</i>    | 3,76          |
| <i>land</i>       | 11,67  | <i>centimeter</i> | 16,22  | <i>feil</i>     | 2,72          |
| <i>mil</i>        | 10,30  | <i>krone</i>      | 14,06  | <i>bunke</i>    | 2,54          |
| <i>generasjon</i> | 9,58   | <i>punkt</i>      | 13,33  | <i>avslag</i>   | 2,17          |
| <i>måned</i>      | 9,18   | <i>linje</i>      | 11,80  | <i>spørsmål</i> | 2,17          |

Tabell 6. Mest distinktive kolleksem for dei tre konstruksjonane

På dette stadiet går eg vidare slik det er vanleg i kolleksemanalysar: Eg prøver å finne mønster i resultatata. Dette er ein intuitiv, kvalitativ prosess. I alt er det 38 distinktive kolleksem for *N etter N*, 49 for *N for N* og 17 for *N på N*, til saman 104 substantiv. Eg har forsøkt å gruppere saman substantiv som høyrer til same semantiske felt. Ei slik gruppering byr på mange utfordringar og kan vanskeleg verte fullgod og uttømmende. Sidan eg viser fram heile grupperinga i tabell 7, er diskutabile avgjerder synlege. Eg kommenterer ein del spesielle tilhøve i fotnotar.

Det er no på sin plass å peike på ein veikskap med materialet. Reine frekvensar frå heile korpuset kan vere misvisande ved at somme uttrykk har svært ujamn spreiding i korpuset. Eg har merka meg *slekt for slekt*, *hæraavdeling for hæraavdeling*, *skift for skift* og *hode for hode* (brukt metonymisk om menneske). Dei opptrer (nesten) berre i eit repetitivt utdrag frå Bibelen. Dei har fått frekvenstal som opplagt ikkje er representative for bokmål generelt, og eg legg ikkje større vekt på dei her.

Utover at *N på N* er sterkt dominert av *gang på gang*, er det dei andre konstruksjonane som har distinktive kolleksem for tidsrom. *N for N* knyter seg til svært korte tidsrom, mens uttrykket for det kortaste tidsrommet ved *N etter N* er *time etter time*. Går vi til lengdesubstantiva, finn vi noko liknande: *Mil etter mil* er distinktivt for *N etter N*, mens den største lengda ved *N for N* er uttrykt med *meter for meter*.

<sup>16</sup> *Gang* har så høg kollostruksjonsstyrke i høve til *N på N* at skriptet som er brukt, returnerer verdien 'uendeleg'. Verdien er ikkje faktisk uendeleg høg, men talet er svært stort.



| Kolleksemkategoriar            | Kolleksem<br>til <i>N etter N</i>   | Kolleksem<br>til <i>N for N</i>   | Kolleksem<br>til <i>N på N</i>   |
|--------------------------------|---|---|--|
| <b>Tidsrom o.l.</b>            | <i>år, kveld, natt, dag, time, uke, måned, tiår, morgen, døgn, sommer, søndag, vinter; generasjon, slektsledd</i> | <i>sekund, minutt, øyeblikk</i>   | <i>gang</i>  |
| <b>Lengder o.l.</b>            | <i>mil; runde<sup>17</sup></i>  | <i>centimeter, meter, millimeter; etappe</i>  |  |
| <b>Flater, rom o.l.</b>        | <i>land, rom, by, kvartal, landsby, hus, skanse</i>   | <i>etasje</i>   |  |
| <b>Tekst o.l.</b>              | <i>bok, side, roman; film</i>   | <i>ord, punkt, linje, setning, bokstav, paragraf, kapittel, blad, strofe, stavelse, tegn, vers<sup>18</sup></i> |  |
| <b>Kroppsdelar</b>             |   | <i>finger, kroppsdel, hode, virvel, lem<sup>19</sup></i>  |  |
| <b>Små rørsler</b>             |   | <i>skritt, trinn, steg</i>  |  |
| <b>Delar generelt</b>          |   | <i>bit, stykke, del</i>   |  |
| <b>Andre små ting</b>          |   | <i>krone, dråpe, atom, sting, note, piksel, korn, mynt, tone, brikke</i>  |  |
| <b>Behaldarar o.l.</b>         | <i>flaske, kopp</i>   |   | <i>glass, kasse, lass, busslast, liter, hylle, hyllemeter<sup>20</sup></i> |
| <b>Grupper, mål o.l. elles</b> | <i>gruppe, par</i>  | <i>slekt, hæravdeling<sup>21</sup></i>  | <i>lag, rad, rekke, bunke, stabel</i>                                      |
| <b>Ukategoriserte</b>          | <i>liv, elev, sigarett, dør, buss, valg</i>   | <i>plagg, stokk, skift<sup>22</sup></i>   | <i>stein, feil, avslag, spørsmål</i>                                       |

Tabell 7. Semantiske grupper av distinktive kolleksem

<sup>17</sup> *Runde* viser ofte til strekningar, men kan òg gjelde kortspel og anna.

<sup>18</sup> *Punkt* kan gjelde anna enn tekst. *Blad* gjeld oftast ark og ikkje lauv.

<sup>19</sup> *Hode*: Sjø brødteksten. *Virvel* gjeld oftast bein i ryggen.

<sup>20</sup> *Hyllemeter* er i materialet alltid brukt som mål for store mengder av bøker og kunne alternativt ha vore plassert i tekstkategorien.

<sup>21</sup> *Slekt* og *hæravdeling*: Sjø brødteksten.

<sup>22</sup> *Skift*: Sjø brødteksten.

Motsetninga mellom *runde etter runde* og *etappe for etappe* er interessant. Ein etappe er utvitydig ein del av ein større heilskap, mens ein runde ikkje nødvendigvis er det. Vi skal sjå fleire tilfelle av at *N for N* har samanheng med delar av heilskapar.

Kategorien med flater og rom får eg ikkje så mykje informasjon ut av. Derimot er tekstorda opplysende. Med to unntak står kolleksema til *N for N* for mindre tekst-einingar enn *N etter N* sine. Det klaraste unntaket er *kapittel for kapittel*. Tilhøvet mellom *side etter side* og *blad for blad* er interessant, men ikkje aldeles klart. Substantiva *side* og *blad* har delvis overlappende betydning. Eg vurderer det slik at ei side er forstått meir som ein behaldar for tekst, mens eit blad er den minste fysiske delen av ei bok eller liknande. I så fall er sida stor i høve til teksten (og det vert mykje tekst), mens bladet er lite i høve til boka.

Dei tre neste kategoriane i tabellen har distinktive kolleksem berre ved *N for N*. Alle står for delar av ein større heilskap. Det er allmenne substantiv for delar, og det er ord for kroppsdelar og for minsteiningar i rørsle (og endring meir generelt). Dei fleste står for slikt som vi tenkjer på som nokså små delar av noko større. Kategorien av andre små ting er òg avgrensa til *N for N*. Her dreiar det seg ikkje nødvendigvis om delar, men det er fenomen som vi forstår som til dels svært små. Det er altså tydeleg at *N for N* har samanheng med små einingar.

Kategorien av ulike slags behaldarar inneheld kolleksem for *N etter N* og *N på N*. Med unntak av *glass på glass* tenderer uttrykka med *på* til å stå for større mengder enn dei med *etter*. Behaldarsubstantiva er målesubstantiv, og det same gjeld den neste kategorien av grupper og anna. Her finn vi det frekvente uttrykket *lag på lag*, som står litt for seg sjølv. Elles kan vi merke oss to par av uttrykk med nokså like betydningar: Det eine er *rad på rad* og *rekke på rekke*, og det andre er *bunke på bunke* og *stabel på stabel*. Alle desse fire viser til at det er store mengder av det som er arrangert i rader osv. Det er altså ein klar tendens til at *N på N* har samanheng med store kvantitetar.

Denne analysen gir grunnlag for følgjande karakteristikkar av dei tre konstruksjonane:

- *N etter N* har klar samanheng med lange tidsrom og lange tekstar, og truleg med lange strekningar.
- *N for N* har klar samanheng med korte tidsrom, korte strekningar, korte tekstar, delar av heilskapar og små fenomen generelt.
- *N på N* har samanheng med måling av store mengder, i tillegg til at *gang på gang* er høgfrekvent.

Mange av kolleksema til *N på N*, og i nokon grad kolleksema til *N etter N*, er målesubstantiv. Dersom det blir mange av dei einingane som målesubstantiva står for, blir

det mykje eller mange av den målte arten. I det neste avsnittet ser eg nærmare på pseudopartitive konstruksjonar, der arten er nemnd.

## 6 Syntaktiske profilar: pseudopartitive NPN-konstruksjonar

Dei fleste NPN-ar består av berre NPN-sekvensen. Det fremste unntaket for dei konstruksjonane som er undersøkte her, er pseudopartitive konstruksjonar, som i (16)–(18):

- (16) I jordskorpen finnes det **mil etter mil med kull**
- (17) Slik ble det pløyet og fjernet **lag for lag av ganske hard gråleire** til kjelleren var dyp nok
- (18) Bak befestningene sto **rad på rad av polske avdelinger** klare til kamp

Pseudopartitive konstruksjonar inneheld både eit målesubstantiv og eit artssubstantiv. I norsk har vi gjerne sidestilling av substantiva utan nokon preposisjon imellom, som i *en flokk sauer*. Men ofte brukar vi *med* eller *av*, som i *en flokk med sauer* og *en flokk av sauer*. Systematikken for sidestilling, *med* og *av* er svært innfløkt (Kinn 2001, Midtbø 2019), men i NPN-ar må det eintydig brukast ein preposisjon.

|                   | N<br><i>etter N</i> | N<br><i>for N</i> | N<br><i>på N</i> | Sum |                   | N<br><i>etter N</i> | N<br><i>for N</i> | N<br><i>på N</i> | Sum |
|-------------------|---------------------|-------------------|------------------|-----|-------------------|---------------------|-------------------|------------------|-----|
| <i>lag</i>        | 2                   | 3                 | 85               | 90  | <i>kasse</i>      | 1                   | 0                 | 4                | 5   |
| <i>mil</i>        | 10                  | 0                 | 9                | 19  | <i>bøtte</i>      | 2                   | 0                 | 2                | 4   |
| <i>side</i>       | 10                  | 0                 | 6                | 16  | <i>flaske</i>     | 2                   | 0                 | 2                | 4   |
| <i>rad</i>        | 1                   | 0                 | 14               | 15  | <i>hyllemeter</i> | 1                   | 0                 | 3                | 4   |
| <i>rekke</i>      | 2                   | 0                 | 9                | 11  | <i>tonn</i>       | 1                   | 0                 | 3                | 4   |
| <i>hylle</i>      | 1                   | 0                 | 8                | 9   | <i>brett</i>      | 1                   | 0                 | 2                | 3   |
| <i>meter</i>      | 0                   | 0                 | 8                | 8   | <i>bølge</i>      | 1                   | 0                 | 2                | 3   |
| <i>kilometer</i>  | 1                   | 0                 | 6                | 7   | <i>dag</i>        | 3                   | 0                 | 0                | 3   |
| <i>bunke</i>      | 0                   | 0                 | 6                | 6   | <i>dynge</i>      | 2                   | 0                 | 1                | 3   |
| <i>kopp</i>       | 5                   | 0                 | 1                | 6   | <i>liter</i>      | 0                   | 0                 | 3                | 3   |
| <i>lass</i>       | 2                   | 0                 | 4                | 6   | <i>mappe</i>      | 2                   | 0                 | 1                | 3   |
| <i>time</i>       | 5                   | 0                 | 1                | 6   | Andre             | 37                  | 3                 | 29               | 69  |
| <i>generasjon</i> | 4                   | 0                 | 1                | 5   | Sum               | 96                  | 6                 | 210              | 312 |

Tabell 8. Målesubstantiv i pseudopartitive NPN-konstruksjonar

Tabell 8 listar opp dei substantiva som er brukte som målesubstantiv i minst tre eksemplar av pseudopartitive uttrykk i materialet. I gruppa «Andre» skjuler det seg ni substantiv som er brukte to gonger, og 51 som er brukte éin gong.

Tala viser tydeleg at *N for N* er lite brukt i pseudopartitivar; døma utgjer berre 0,4 % av alle eksemplara for denne konstruksjonen (6 av 1682). Det er ein del meir slik bruk ved *N etter N*: 3,9 % (96 av 2486 eksemplar). Her er det *N på N* som er verkeleg interessant. Om vi held *gang på gang* utanfor (alltid modifierande og derfor heller ikkje pseudopartitivt), utgjer pseudopartitivane heile 34,4 % av eksemplara med *N på N* (210 av 611). Denne NPN-konstruksjonen må dermed kunne seiast å ha pseudopartitiv kvantifisering som ein heilt sentral funksjon.

Kravet om bruk av preposisjon har NPN-ane til felles med pseudopartitive konstruksjonar med overflodsfleirtal av målesubstantivet, t.d. *flokkevis med/av sauer*, og med vanleg ubestemt og umodifisert fleirtal med overflodsbetydning, som *flokker med/av sauer* (jf. Kinn 2001; 2005). Pseudopartitive NPN-konstruksjonar inneber ofte akkumulering av einingar til store mengder. Dette går eg nærmare inn på i avsnitt 7.

## 7 Samanliknande drøfting

Analysane ovanfor viser klare forskjellar mellom konstruksjonane:

- Konstruksjonen *N for N* er mykje oftare adverbial enn nominal og er svært lite nytta i pseudopartitiv konstruksjon. Han har ein klart sterkare tendens enn dei andre konstruksjonane til å opptre med substantiv for små einingar.
- Konstruksjonen *N etter N* er omtrent like ofte brukt adverbialt som nominalt og er noko nytta i pseudopartitiv konstruksjon. Han har ein sterk tendens til å opptre med substantiv for tid, og gjerne med substantiv for store einingar.
- Om vi ser vekk frå *gang på gang*, er konstruksjonen *N på N* mykje oftare nominal enn adverbial, og han er ofte nytta i pseudopartitiv konstruksjon. Han opptrer ofte med substantiv for store einingar, men sjeldan med substantiv for tid.

Dette er kortfatta bruksprofilar for dei tre konstruksjonane. I det følgjande vil eg prøve å gjere greie for betydningsforskjellar som kan motivere dei syntaktiske og leksikalske profilane. Eg begynner med *N for N*, som skil seg tydelegast ut. Deretter går eg til *N etter N* og viser betydningsforskjellane i høve til *N for N*, før eg tek for meg *N på N* og fokuserer særleg på korleis den konstruksjonen skil seg semantisk frå *N etter N*.

## 7.1 *N for N*

Preposisjonen *for* i *N for N* har som nemnt ei opphavelig betydning 'framfor, før'. Men synkront er denne betydninga ikkje salient, og preposisjonen har lite eigenbetydning utover den betydninga han får ved å vere brukt i *N for N*-konstruksjonen. Det er då den betydninga vi må prøve å gripe. Slik eg forstår *N for N*, byggjer konstruksjonen på eit omgrep om ein heilskap som er oppbygd av delar. Substantiva viser til slike delar,<sup>23</sup> og heilskapen kan vere eksplisitt eller implisitt. Heilskapen er der i utgangspunktet og gjennomgår ikkje endring. Delane vert handsama enkeltvis i ein prosess. Dei er ofte små, og det fører til at utviklinga går sakte. Ved at prosessen tek for seg små delar, er han gjerne grundig – kanskje ressurskrevjande og slitsam.

Vi kan sjå nærmare på dette med to konstruerte og eitt autentisk døme. I (19) antydar *arbeiderne* heilskapen, gjerne ei større bedrift. Samtalane føregår i éi avdeling om gongen, og talet på besøkte avdelingar aukar mens talet på ikkje-besøkte minkar. Heilskapen, bedrifta, er derimot uendra. I (20) er heilskapen heilt implisitt. Men vi forstår setninga likevel slik at avdelingane høyrer saman i ein større heilskap som er gitt og uendra.

(19) Direktøren snakka med arbeiderne **avdeling for avdeling** (konstruert)

(20) Direktøren besøkte **avdeling for avdeling** (konstruert)


(21) Jeg sliter meg gjennom **side for side**, undres over ordene som stokker seg (= (9))

I (21) kan ein tenkje seg at sidene er delar av t.d. ei bok, som då er heilskapen. Lesaren tek for seg éi side om gongen. Boka blir verande som før, mens talet på lesne sider aukar og dei ulesne vert færre. Ei side er ikkje ei svært lita eining, men i relasjon til ein potensielt vesentleg større heilskap går det sakte framover. I dette dømet bidreg sjølv-sagt verbuttrykket *slite seg (gjennom)* òg monaleg til forståinga av at det går sakte og tungt.

Figur 1 visualiserer betydninga til *N for N*-konstruksjonen. Tre suksessive del-situasjonar er viste frå venstre mot høgre. Pila symboliserer tidsaksen. I kvar del-situasjon har ein den same relasjonen (loddrett strek) mellom det som er nemnt utanfor NPN-en (vassrett strek) og éi eining (del) av den kategorien som substantiva i NPN-en står for (svart kvadrat). Dette er ei ny eining for kvar del-situasjon. I bakgrunnen for dei ligg det ein heilskap (bleikt grå). Til høgre for den har vi einingar som prosessen

<sup>23</sup> Heilskapen kan òg ha andre delar.

ikkje har komme til (prikkete), og til venstre er det einingar som prosessen har tilbake-  
lagt (stripete). Ein kan tenkje seg at det totale talet på einingar er stabilt, mens talet på  
behandla einingar veks.<sup>24</sup>



Figur 1. *N for N*-betydning

## 7.2 *N etter N* samanlikna med *N for N*

Slik eg forstår *N etter N*, ligg det til grunn ei forståing av einingar som vert bygde opp  
til ei mengde. Einingane vert handsama enkeltvis og utan avbrot, og dei blir akkumu-  
lerte. Mengda oppstår og veks etter kvart; det er ikkje gitt at det finst nokon heilskap  
frå før. Einingane kan vere store, og det fører ofte til at mengda blir omfattande.

Vi går nærmare inn i dette gjennom tre døme som liknar dei med *N for N* ovanfor.  
I (22) vert det uttrykt at direktøren besøkjer ei rekkje avdelingar, slik at det etter kvart  
blir mange besøkte avdelingar. Avdelingane må nødvendigvis vere delar av noko  
større (det ligg i betydninga til substantivet), men det er ingenting ved *N etter N* som  
viser til nokon heilskap. Dette gir oss eit grunnlag for å forklare korfor (23) er ei litt  
underleg setning.<sup>25</sup> Her antydar *arbeiderne* ein heilskap, mens *avdeling etter avdeling*  
akkumulerer ei mengde som ikkje vert relatert til den heilskapen. Dei to delane av  
setninga legg ulike situasjonsforståingar til grunn.

- (22) Direktøren besøkte **avdeling etter avdeling** (konstruert døme)  
(23) ? Direktøren snakka med arbeiderne **avdeling etter avdeling** (konstruert døme)  
(24) Han bladde seg igjennom **avis etter avis**, speidet etter et mulig mønster (= (8))


I (24) er det uklart (og truleg uviktig) om det finst nokon heilskap (t.d. ein bunke) i  
utgangspunktet. Han som blar, tek for seg éi avis om gongen. Det blir akkumulert ei

<sup>24</sup> I figuren vert alle dei viste delane handsama, men rekkja kan brytast før det kjem så langt. Dette vil normalt ikkje vere klargjort i det språklege uttrykket.

<sup>25</sup> Eg vil ikkje vurdere setninga som ugrammatisk; det er flust av underlege setningar i NPN-materialet.

veksande mengde av gjennombladde aviser. Ei avis er kanskje ikkje ei svært stor eining, men det ligg i betydninga til *N etter N*-konstruksjonen at den akkumulerte mengda skal forståast som stor.

Betydninga til *N etter N* er visualisert i figur 2, som kan haldast saman med figur 1. Her òg ligg tre suksessive delsituasjonar langs ein tidsakse. I kvar delsituasjon har ein den same relasjonen (loddrett strek) mellom det som er nemnt utanfor NPN-en (vassrett strek), og éi eining av den kategorien som substantiva i NPN-en står for (svart kvadrat). Det er ei ny eining for kvar delsituasjon. For kvar ny delsituasjon vert éi eining lagd til dei som er der frå før (stripete), og mengda av einingar veks. Forskjellen mellom *N etter N* og *N for N* er fråvær vs. nærvær av ein gitt heilskap.



Figur 2. *N etter N*-betydning

*N etter N*-konstruksjonen inneber oppbygging av ei mengde som minner mykje om ei vanleg fleirtalsbetydning. Hovudforskjellen er at mens einingane i *N etter N* er sekvensielt ordna, er dei ikkje det i vanleg fleirtal. Semantikken til *N etter N* gjer det dessutan naturleg at substantiv for tid og ulike substantiv for relativt store mengder er vanlege.

*N for N* kan brukast nominalt, men det er forholdsvis lite frekvent. Sjølv om konstruksjonen har kjedebetydning, er det eit klarare fokus på éi og éi eining enn ved *N etter N*. Konstruksjonen *N for N* har tilleggselementet med ein heilskap som einingane inngår som delar av, og inndeling framstår som viktigare enn akkumulering. Dette fører til at *N for N* er mindre fleirtalsaktig enn *N etter N*, og dette kan i sin tur forklare korfor nominal bruk er såpass sjeldsynt ved *N for N*. Særleg inngår *N for N* sjeldan i pseudopartitiv konstruksjon samanlikna med dei andre konstruksjonane, av same grunn. Dei semantiske eigenskapane vi ser ved *N for N*, motiverer altså dei syntaktiske mønsterane som skil denne konstruksjonen frå dei to andre. Det er òg ein klar samanheng mellom del–heilskap-semantikken til *N for N* og tendensen til bruk av substantiv for små einingar.

### 7.3 *N på N samanlikna med N etter N og N for N*

Forskjellane som *N etter N* oppviser i høve til *N for N*, finn vi stort sett att som forskjellar mellom *N på N* og *N for N*. Konstruksjonane med *på* og *etter* liknar mykje på kvarandre. Begge dreiar seg om akkumulering av einingar til ei mengde som er forstått som stor i samanhengen, utan nokon gitt heilskap som dei er delar av. Men det er òg klare skilnader som kan knytast til preposisjonsbetydningane. *Etter* har ei ibuande sekvensbetydning som fører med seg at dei relaterte einingane blir knytte til ulike punkt på tidslinja. Ei slik temporal ordning har ikkje *på* som ein del av den ibuande betydninga si – men konteksten tilfører ofte slik ordning. Mest bokstaveleg ordnar *på* dei relaterte einingane vertikalt (jf. Jackendoff (2008) om engelsk *N (up)on N*). Men ofte er betydninga avbleikt frå ‘på toppen av’ til ‘i tillegg til’. Dette samsvarar med omgrepsmetaforen MEIR ER OPP; di høgre einingane er «stabla», di større er mengda. Kombinerer ein temporal og vertikal utvikling, veks «stabelen» etter som tida går; det vert stadig meir.

Generelt ser det ut til at valet mellom *N etter N* og *N på N* er slik at ein brukar *etter* når ein vil ha fram at einingane opptrer sekvensielt, og at *på* er meir motivert når slik betydning ikkje er i fokus. Ved *N etter N* er det knapt nokon tvil om at tidsbetydninga til *etter* har mykje å seie. Uttrykk for tid og hendingar/handlingar som er realiserte i tidsdimensjonen, favoriserer klart *N etter N* framfor *N på N*.<sup>26</sup> Substantiv for tidsrom som følgjer like etter kvarandre, som *år* og *time*, kan fungere som målesubstantiv.<sup>27</sup> Men sjølv om slike ord generelt er frekvente, er dei ikkje så ofte nytta i pseudopartitive konstruksjonar, som *fem år med krig*. Temporal kvantifisering skjer oftare med adverbiale preposisjonsfrasar med *i*, som i *Krigen varte i fem år*. Det førekjem pseudo-partitive NPN-konstruksjonar med målesubstantiv for tid, som *år etter år med krig*, men mykje vanlegare er det at slike substantiv inngår i adverbiale preposisjonsfrasar, som i *Krigen varte i år etter år* (sjå avsnitt 4). Sidan substantiv for tid er kjenneteiknande for *N etter N* og ikkje for *N på N*, kan dette vere med på å forklare at *N etter N* er mindre brukt i pseudopartitiv konstruksjon enn *N på N*.

Det verkar som om *N etter N* er føretrekt ved lange einingar når repetisjonen skal gi større lengde, som i *mil etter mil*, *runde etter runde* og kanskje *kvartal etter kvartal*.<sup>28</sup> Dette kan stå i motsetnad til at ein brukar *på* ved lange einingar der repetisjonen heller gir større areal enn større lengde: *rad på rad* og *rekke på rekke*. Substantiv for einingar

<sup>26</sup> Eit markant unntak er *gang*, men sjølv om *gang på gang* dominerer sterkt, er òg *gang etter gang* vanleg (99 eksemplar).

<sup>27</sup> I høgre grad enn substantiv som *kveld* og *søndag* for tidsrom med intervall imellom.

<sup>28</sup> *Kvartal* har oftast betydninga ‘byggningskompleks avgrensa av fire gater’ (og ikkje ‘eit kvart år’).



som opptek eit areal og kan leggest eller ligge oppå kvarandre, har ein preferanse for *N på N* framfor *N etter N*. Slike uttrykk er f.eks. *lag på lag*, *stein på stein*, *bunke på bunke*.

## 8 Oppsummering

*N for N* legg til grunn ei situasjonsforståing der det finst ein eksplisitt eller implisitt heilskap. Substantiva viser til allereie eksisterande delar av heilskapen som deltek i ein prosess enkeltvis og slik blir «ferdigbehandla» og akkumulerte. Konstruksjonen er kjenneteikna av substantiv for delar og små einingar, noko som heng saman med inndelinga av ein heilskap i delar. *N for N* fungerer klart oftare modifierande enn nominalt og er sjeldan brukt i pseudopartitiv konstruksjon. Dette heng saman med at pseudopartitiv uttrykkjer mengde (ofte stor), mens *N for N* fokuserer meir på inndeling.

*N etter N* handlar òg om einingar som deltek i ein prosess enkeltvis og blir akkumulerte. Men konstruksjonsbetydninga legg ikkje til grunn nokon førehandsgitt heilskap som einingane er delar av. Temporal sekvens står sentralt, og *N etter N* er kjenneteikna av substantiv for tid. Det er ofte tale om store einingar og dermed store mengder. Konstruksjonen fungerer om lag like ofte modifierande som nominalt. Han er nokså sjeldan brukt i pseudopartitiv konstruksjon, men oftare enn *N for N*. At pseudopartitiv er såpass lite frekvent ved *N etter N*, heng saman med at substantiv for tidseiningar sjeldan er brukte slik, trass i at dei kan fungere som målesubstantiv. I staden har ein svært ofte tidsadverbial der *N etter N* er komplement til preposisjonen *i*, t.d. *i år etter år*.

*N på N* er i eksemplarfrekvens dominert av *gang på gang*, som berre fungerer modifierande. Elles er *N på N* lite brukt med substantiv for tid, og temporal sekvens er mindre viktig her enn ved *N etter N*. Konstruksjonen er mykje brukt med substantiv for store einingar og kan seiast å ha som ein sentral funksjon å vise til store mengder. Det kan bidra til å forklare at *N på N* (utanom *gang på gang*) fungerer klart oftare nominalt enn modifierande og er mykje oftare brukt i pseudopartitiv konstruksjon enn dei andre konstruksjonane.

NPN-konstruksjonane *N etter N*, *N for N* og *N på N* har mange fellestrekk. Alle kan ha både modifierande (i hovudsak adverbiale) og nominale funksjonar, og det er ikkje opplagt korleis betydningane deira skil seg frå kvarandre. Eg har presentert resultata av ein korpusbasert studie der eg har laga enkle syntaktiske profilar for konstruksjonane og brukt kollekssemanalyse til å lage leksikalske profilar. Ved hjelp av desse metodane har eg kunna identifisere temmeleg klare forskjellar mellom dei tre konstruksjonane.

## Referansar

- Bauer, Laurie. 2001. *Morphological productivity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Borthen, Kaja. 2003. «Norwegian bare singulars». Doktoravhandling, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.  
<http://hdl.handle.net/11250/242756>
- Fjeld, Ruth Vatvedt, Anders Nøklestad og Kristin Hagen. 2020. «Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) – bakgrunn og bruk». I *Leksikografi og korpus. En hyllest til Ruth Vatvedt Fjeld. Oslo Studies in Language 11 (1)*, redigert av Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, 47–59. Oslo: Universitetet i Oslo.  
 DOI: <https://doi.org/10.5617/osla.8176>
- Gries, Stefan Th. 2014. «Coll.analysis 3.5. A script for R to compute perform collostructional analyses». Collostructional analysis resource page.  
<http://www.stgries.info/teaching/groningen/index.html>
- Gries, Stefan Th. og Anatol Stefanowitsch. 2004. «Extending collostructional analysis: A corpus-based perspective on ‘alternations’». *International Journal of Corpus Linguistics* 9 (1): 97–129.  
 DOI: <https://doi.org/10.1075/ijcl.9.1.06gri>
- Haïk, Isabelle. 2013. «Symmetric structures». *Corela* 11 (1).  
 DOI: <https://doi.org/10.4000/corela.2875>
- Jackendoff, Ray. 2008. «‘Construction after construction’ and its theoretical challenges». *Language* 84 (1): 8–28.
- Kinn, Torodd. 2001. «Pseudopartitives in Norwegian». Doktoravhandling, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/2586>
- Kinn, Torodd. 2005. «Ord på *-vis* i moderne norsk: samansetningar, avleiingar – og bøyingsformer?» *Maal og Minne* 2005 (1): 45–78.
- Kinn, Torodd. 2018. «Pseudocoordination in Norwegian. Degrees of grammaticalization and constructional variants». I *Grammaticalization meets Construction Grammar*, redigert av Evie Coussé, Peter Andersson og Joel Olofsson, 75–106. Amsterdam: Benjamins.
- Kinn, Torodd. 2021. «‘... men ble stående ansikt til ansikt i time etter time.’ Norske NPN-konstruksjonar». *Maal og Minne* 113 (1): 65–98.  
<http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1951>
- Kinn, Torodd. 2022. «Regular and compositional aspects of NPN constructions». *Journal of Linguistics* 58 (1), 1–35.
- Kinn, Torodd, Kristian Blenselius og Peter Andersson. 2018. «Posture, location, and activity in Mainland Scandinavian pseudocoordinations». *CogniTextes* 18.

DOI: <https://doi.org/10.4000/cognitextes.1158>

- König, Ekkehard og Claire Moyse-Faurie. 2009. «Spatial reciprocity: Between grammar and lexis». I *Form and function in language research: Papers in honour of Christian Lehmann*, redigert av Johannes Helmbrecht, Yoko Nishina, Yong-Min Shin, Stavros Skopeteas og Elisabeth Verhoeven, 57–68. Berlin: De Gruyter Mouton.
- Langacker, Ronald W. 1987. *Foundations of Cognitive Grammar 1. Theoretical prerequisites*. Stanford, CA: Stanford University Press.
- Midtbø, Elise. 2019. ««En smule konsentrasjon», «den siste skvetten med kaffe» og «haugevis av spørsmål». En undersøkelse av grammatisk og semantisk variasjon i pseudopartitive konstruksjoner på norsk». Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.  
<https://hdl.handle.net/1956/19268>
- Stefanowitsch, Anatol. 2013. «Collostructional analysis». I *The Oxford handbook of Construction Grammar*, redigert av Thomas Hoffmann og Graeme Trousdale, 290–306. Oxford: Oxford University Press.
- Travis, Lisa deMena. 2001. «The syntax of reduplication». I *Proceedings of the North East Linguistic Society (NELS) 31*, redigert av Minjoo Kim og Uri Strauss, 455–469. Amherst, MA: GLSA.
- Vindenes, Urd. 2017. «Complex demonstratives and cyclic change in Norwegian». Doktoravhandling, Universitetet i Oslo.

## Abstract

Norwegian NPN constructions with the prepositions *etter* 'after', *for* 'for, by', and *på* '(up)on' (such as *år etter år* 'year after year', *skritt for skritt* 'step by step', and *lag på lag* 'layer upon layer') are clearly productive and exhibit several commonalities. All three constructions are used in both modifying (mostly adverbial) and nominal functions, and the semantic differences between them are not evident. The present study is corpus based and develops syntactic and lexical profiles for the constructions *N etter N'N* after *N'*, *N for N'N* by *N'*, and *N på N'N* upon *N'*. The syntactic profiles are built on simple statistics describing how frequently the constructions are used in different syntactic functions, and how frequently they are combined with pseudopartitive constructions (for instance as in *år etter år med krig* 'year after year of war'). The lexical profiles are built on a collostructional analysis that identifies distinctive nouns for each construction. On the basis of these profiles, both similarities and differences between the three constructions can be accounted for.

376 Torodd Kinn

Torodd Kinn  
Universitetet i Bergen  
[torodd.kinn@uib.no](mailto:torodd.kinn@uib.no)

# Verbalsubstantiver, ikke-verbalsubstantiver, tellelighet og bruk av ubestemt artikkel

Øivin Andersen

I denne artikkelen lanseres fire forskningsspørsmål om verbalsubstantiver i norsk, mer spesifikt i bokmål: Er det et klart skille mellom mengdesubstantiver og tellelige substantiver i norsk? Hvis svaret er ja, vil ubestemt artikkel utelukkende opptre med objektsrefererende substantiver. Er dette skillet morfosyntaktisk eller semantisk/pragmatisk? Er grensen mellom verbalsubstantiver og ikke-verbalsubstantiver (prototypiske substantiver) diskret? Vil tilstedeværelsen av ubestemt artikkel fremtvinge en resultat-/objektsdenotasjon ved verbalsubstantiver med systematisk polysemi (dvs. blokkering), eller kan ubestemt artikkel forekomme med verbale substantiver med prosessbetydning? For å undersøke disse spørsmålene anvendes Norsk aviskorpus for bokmål. Det brukes kwic-konkordanser med manuelle analyser av verbalsubstantivene.

## 1 Innledning

Denne artikkelen fokuserer på forholdet mellom verbalsubstantiver og ikke-verbalsubstantiver og hvordan disse to typene substantiver forholder seg til tellelighet, en egenskap som assosieres med prototypiske substantiver. Verbalsubstantivene er, som termen tilsier, hybriddannelser. De er hybride former mellom kategoriene substantiv og verb, som i (1a). De kan opptre som prototypiske ikke-verbale substantiver, som i (1b).

- (1a) bygging av nye gjerder (hybrid form, DB210328)<sup>1</sup>
- (1b) ved at de brenner ned en bygning (ikke-verbalt substantiv med spesifikk objektreferanse, AA210327)
- (1c) Tre bygninger ble totalskadd i brannen. (med tallord, AA210317)
- (1d) Trengs disse bygningene i det hele tatt? (med demonstrativ, SA210327)
- (1e) Flere av dem lette etter slektninger som bodde i bygningen. (med bestemt artikkel, AA210328)

Prototypiske substantiver har spesifikk referanse og objektreferanse. Følgelig brukes de også med tallord og kan pluraliseres, jf. (1c). Videre kan de brukes med determinativer (dvs. demonstrativer og possessiver) og artikler (bestemte og ubestemte) som i (1d–e). De har ingen argumentstruktur og har typisk statisk denotasjon (Hopper og Thompson 1985).

